


ROMSDALS SOGA

BAND I.

FORNALDEREN OG SOGETIDA


AV

ASBJØRN ØVERÅS.



UTGJEVA AV
ROMSDALS UNGDOMSSAMLAG
1928.

R O M S D A L S S O G A



Romsdalshornet og Rauma.

ROMSDALS SOGA

BAND I.

FORNALDEREN OG SOGETIDA

AV
ASBJØRN ØVERÅS.



UTGJEVA AV
ROMSDALS UNGDOMSSAMLAG.

Innleiding.

For berre ein liten mannsalder sidan gjekk i røynda kunnska-pane um folket vårt - både i Romsdalen og i landet elles - ikkje so mange hundradåra attende. Me visste ikkje stort meir enn det Snorre og ymse andre norrøne sogeverker fortel oss, og dertil sumt me kunde vera so hepane å finna i ymse utanlandske bokverk; dette vil also segja: me kunde ikkje koma lengre attende enn den *skrivne* saga går, her heime ca. 1000 år attende berre. (Jfr. J. A. Schneiders arbeid um Romsdalen for ca. 25 år sidan. Han tek utan vidare til med Harald Hårfagre og rikssamlinga.) Den fyrste skrivne saga var heller ikkje alltid påliteleg. I røynda vart det berre ein mindre bolk av saga vår som soleis vart kjend; det skynar me greidt når me tenkjer på at folket vårt, her ser me burt frå moglege nye innsig, minst hev butt 4-5 gonger so lenge i landet *fyr* Kristus som etter! Og nede i Millom-europa att, der truleg dei første ættfederne våre er komne frå, der hev *mennesket* levt sitt naturbunde og primitive liv både 50 og 100 tusund år attende.

Det er dei nye greiner av sogevitskapen, arkeologi (fornkunne), etnografi (folkekunne), geologi (jordkunne) og filologi (språkkunne), som hev vore med og kasta ljøs yver hundrad- og tusundåra fyre den skrivne saga. Dei vanlege naturvitskapane: zoologi (dyrelære), botanikk (plantelære) og endeleg antomien (læra um korleis mennesket er bygt) hev og vore gode hjelpesmenner ved klårleggjing og løysing av mange fyrrhistoriske spursmål.

Livet - me tenkjer på menneske-, dyre- og plantelivet - vart sjølv sagt ikkje onnorleis rundt i bygdene våre, um sumt av det som hende vart *nedskrive*, og difor kann me med å halda saman det fyrste me hev av den skrivne saga, frå og med helleritingar og runor til dei eldste sogeverka og historiske dikta, med det gravfund og jordfund og buplassar fortel oss, kasta forvitnelegt ljøs attende og inn yver dessa hundrad- og tusundåra, jamvel um so mangt enno vert liggjande der i myrker, ja, det meste.

Noko, kann me då få tak i. So skilde bygdelaga låg, so lite det var av dei ymse metalla, og so vanskeleg dei var å vinna ut og so lite utvikla både teknisk dugleik og fargreidone var, synte ikkje hundradåra nett so store framsteg. So i bondeyrket og bondelivet. Byliv med handverk og handel høyrer fyrst heime i historisk tid, etter vikingtida.

Ei samanlikning millom gravfunda frå hundradåra straks etter Kristus med reidskapane i sogetida og utgjenom nytida, mange stader mest fram til vår tid, og for heile landet: heilt fram til den moderne teknikken med alle sine maskinor og „nye krefter“ sette inn kring 1850-talet, vil best syna det. - Berre røk etter! Sloga og skjøra (skjera), sigden og lauvjarnet, arden (alen), grevet, råka (trespade), øksa, hamaren og tonga, dei er umlag like gamle i landet som bonden sjølv og alle husdyra hans. Og veidereidskapane på land og på sjø, ved fjord og på fjell, i elv og i vatn: veidegraver, snaror, ongul, snøre, søkke, ljoster, garn, sløda og slødgard, teine, teinestade og teinegard er ikkje berre kjende i sogetida og vikingtida (Jfr. Tor på fiske og Loke som gjer seg um til ein laks), men hev rot i tida lenge fyre Kristus. Og dyra i skogen og fiskeslaga i fjordar, elvar og vatn var visseleg dei same då som no, berre større mengder fanst både av det eine og andre. So og når det gjeld dei ymse kornslaga, bær og andre matnyttige vokstrar. Og *garden* med *hus* og *heim* er urgamal. Den eldgamle stova med ljoren i taket er i mange bygder fyrst i siste mannsalderen vorta avleggs. Det kom nok ut gjenom sogetida (ca. 900-1319) ymse umskipnad i hus og husstell, i klæde og levemåte, men dette var helst hjå stormennene. *Folket* - den vanlege bonden - fann det gamle var best og levde som det gjorde både i „brennalder og haugalder“. Det er ikkje visst um bonden alltid hadde råd eller livskrav til anna heller.

Og det er ting jamvel i dag (folketru) som peikar attende på eit slags åndsliv langt attanum all åsareligion: Trua på alle dei forunderlege skapnader, vette, som fyllte all natura, levde i haug og hamar, i skog og mark, i elv og sjø. Me hev forvitnelege leivder m. a. i namneverket i bygdene våre til minne um desse, soleis um *veldige* trollkvende i grensefjella millom Nettet, Øksendal og Eirisfjord: Møysal og Frusal. *) Sjølv sagt var det alle dei uskynlege naturovringane som idag er so greide for oss alle ihop, men berre for ei 50 år

*) Det fyrste namnet er no best kjent i forma Mesalen (gardsnamn) og Mesalstranda, i gamalnorsk og hjå Aslak Bolt ca. 1400: Møyasalr.

sidan var gåtor, var yvernaturlege ting, som bar fram og heldt liv i haugkallar og gardvordar, tuftekallar, fossegrimar og draugar, huldrar og alvar og nissor, i gygrar og jøtnar, tussar og troll. *) Livet rundt i kring ein - og i ein -- var fyllt med gode og vonde vette. Dei skyna likso lite dei løynde makter i seg sjølve (tvidraget), som alle ulike ovringane i natura. At denne folkereligionen levde tvert igjennom yverklasse- og vikingreligion - åsatrua -, det veit dei seinste etter å fortelja. Ei trollfager gjente den dag i dag „ser ut som ei *hulder*“.

Desse ålmenne tankane kring det norske bondesamfundet sin tusundårige framvokster, gjeld tvillaust bonden i *Romsdalen* fullt so visst som bonden i landet elles. Tidene hev vore skiftande i bygdene våre ned i gjenom frå steinaldermennesket til kulturmennesket i dag. Framgangstider møttest mang ein gong med nedgangsbolkar, som i landet elles. Det er so mange „lover“ som råder for oppgang og nedgang. Men i hovudsaka kann me segja oss samde med professor A. W. **Brøgger** „at det er innstillingen av evnene og dyktigheten til på ethvert trin å utnytte landets muligheter“ det gjeld um til kvar tid. Det er hovudgrunnlaget for all kulturvokster, i eit land, i ein *landslut*. Denne innstilling av evnor og dugleik hev det vel vore so ymse med til dei ulike tider, både på øyane, i dalane og ved fjordane våre. Ikkje hev vel dei naturlege tilhøva heller vore dei beste i „Romsdalens stride land.“

Men *arbeidt* hev det vorte, ætt etter ætt, ikkje *berre* skipertak, det vitnar fagre bygder og velrudde bøyr yver heile Raumsdøla-fylket. Bjørnson slær det fast i „Romdalsdiktet“ sitt:

Fjellene vet det! *De* kjenner slekten!
De så den kløre
opefter rabben med sigd for foret.

De så den slite vondt under fisket
og vinne lite,
grøfte i myren og pløie i bakken,
baske med steinen omkapps med *Blakken*

men aldri gi sig. -



*) Ved Eikesdalsvatnet er fjelltinden Gjura (-- gygra).



Frå Miøy og Misund.

Tida fram til rikssamlinga.

Den eldre steinalder - fram til ca. 3000 f. Kr.

Istida, strandlinor og terassar.

Når det gjeld den aller eldste tida i Romsdals saga, vil me der støyta burt i mange av dei vande spursmåla som melder seg for den som skal skriva *Landssaga*. Soleis: Korleis såg landet ut fyrste gongen folk sette bu i det? Kor langt kann det vera attende i tida? Og kvar kom dei frå desse folka som fyrst fann seg heim langsmed fjordane og strendene våre, sette bu på øyane og vart dei fyrste veide- og rudningsmenn inne i dei skogtjukke fjord- og fjellbygdene våre? Og korleis såg dei ut, og kva liv levde dei desse folka? Korleis tala dei og kva trudde og tenkte dei? Korleis var dei i det heileteke budde til å greida tilværet med alle sine vanskar? Dette er spursmål som utan vidare reiser seg, men som sogegranskaren berre for ein mannsalder sidan skaut til sides som uløyselege. Mangt er det enno som er uklårt, men likevel skal me gjera ein freistnad på å svara på sumt i von um å vinna fram til eit slags bilete av livet kring Romsdalsfjorden i dei farne tusundåra fyre Harald Hårfagre og rikssamlinga.

For mange tusundår attende kvilde eit mektigt islag, ikkje ber-

re yver Norig og Norderlanda, men og yver store luter av Nordeuropa elles, heilt ned i Mid-Tyskland. Soleis og yver heile Nordsjøen, England og Island. Havet millom Island og burt imot Romsdalskysten var ope, men fullt av veldig drivis. Den svenske lærde, de *Geer*, hev etter grundige geologiske granskingar kome til at for ca. 12000 år sidan hadde isen drege seg attende heilt til Skånekysten. So alt lenge fyrr den tid må eit mykje mildare klima ha sett inn i Nordeuropa, og me må visstnok kunne gå ut i frå som ein røyndeting, at Romsdalskysten hev vore noko av det fyrste av den skandinaviske halvøya som hev vorte isfri, truleg fyrr Skånekysten vart det.*) Og i dei neste tusundåra kryp desse veldige ismengdene (Jfr. Grønlandsisen) endå meir saman, dreg seg nordetter og inneretter mot innlandet og høglandet, og for ei 7-8000 år sidan var det berre små brear att i høgste fjella. Smått um senn hev so landet stige fram av isheimen, skynar me, fyrst med berre øyar og nakne strender, so og med sine fjordar og fjell, dælder og dalar, botnar og berg. Merke etter denne istida hev me i all natura i Romsdalen. På vegen ut mot havet forma isen fjorden og dalen og botnen. Med si sliting og skuring og pløggjing av harde, tunge sigande ismengder mot lausare - ja, og mot det hardaste underlaget - gav han heile Raumsdølafylket form og skap. Fiskebankane utanfyre kysten skal nett vera jord og grus og stein skrapa ut or alle bygder og fjordar. Etter kvart som isen tina då han møtte havet, vart sauren og gruset liggjande att. Tenk og på korleis isen hév skapt Eikesdalsvatnet, med å leggja den veldige bredegarddungen (morene) i sudenden av det, - jord og grus samanskrapa or heile dalføret ovanfyre! Vatnet, eit av dei djupaste i heile landet, ligg berre 26 m. yver havflata; bredegarden derimot når ei høgde på 111 m. y. h. og er so stor i vidd at der ligg mange gardar, so mange at der er eigen skulekrins. Heller ikkje var høvet millom land og hav det same i istida og i tusundåra etter som no. Havet hev ein gong langt attende stått mykje høgre. Det vitnar so mangt um; soleis alle terrassane (hjellane, gamle marbakkar) rundt i fjordbygdene våre. Desse er frå ymse tidbolkar då havet stod i eit heilt anna høve til landet enn seinare. Sjøskjel og beinleivder etter ymse fiskeslag som er funne på plassar

*) Fleire granskarar er av den meining at Møre- og Romsdalskysten i den siste istida idet heileteke ikkje hev vore dekt med is, og det kunde då tenkjast, at desse kyststroka hev vore folka, medan isen enno dekte resten av Skandinavia. Dei eldste flintfunda kann og peika i den leida.

som ligg langt uppe frå sjøen no - altso på gamal havbotn - er tydelege prov. **A. Helland** (Romsdals Amt) fortel soleis at i 1873 fann dei beingrinda etter ein *kval* i eit grustak eit stykke ovanfyre brua yver Mittetelva. Og millom Aak og Halså i Grytten er det funne mergelbollar med beinrad av **sei** i og 9 ulike slag skjeljar. Liknande fund er gjorde, både av kval og ymse fiskeslag på Nordmør; soleis ein kval på Smøla og polartorsk på Hoås i Sunndalen. Skjeljar er sers vanlege. Ein holme i Eikesdalsvatnet ber namnet *Skjelholmen*, fordi dei finn sjøskjeljar der; ca. 20 ulike slag er funne der. Sameleis er fund gjorde eit par andre stader ved vatnet. Sokneprest O. *Olafsen* fortel i *Veøyboka* um skjelfund frå myra i Botnen, utmarka til Bergsvikgarden i *Veøy*. I Tresfjorden er det m. a. funne ymse slag skjeljar millom Rypdal og Øvstedal. På Eidet millom Vestnes og Tomrefjorden er det fleire stader gjorde skjelfund i store mengder, alt i alt 16 slag. Seinare skal me høyra at *buplassane* frå eldre steinalder fortel det same um høvet millom hav og land attende i tida. Det pålitelegaste og mest storslegne vitnemålet hev me likevel i *strandlinone* langsmed fjordane våre. Sjøen hev sjølv sett merke i fjellet kor høgt han hev gått, og der det hev vore sprekkor i fjellet eller lausare bergslag, hev han grave ut ei mengd holor, store og små. I Romsdalen er det 2 hovudstrandlinor, den eine noko høgre enn den andre. Båe skrånar utyver mot kysten, men den øvste mykje meir enn den nedste. Dette vitnar um at landet, korleis det no heng saman - det synest vandt å tru på den gamle læra um istyngda -, hev stige mykje meir inne i fjordane enn ute ved kysten. Lengst inne går den øvste strandlina i Romsdalen utruleg mykje yver 100 m., og lengst ute ved kysten er ho millom 30 og 40 m. y. h. Strandlinor og terrasr er ikkje -- serleg strandlinone - oppmælte so mykje ynskjande kunde vera i dei indre bygdene i Romsdalen; men me hev då ymse tal å halda oss til. Inne i Isfjorden er det ved Hen ein terrasse på 132 m. og dessutan trinterassar på 99 og 88 y. h. I Eikesdalen, ved kyrkja, er det tarassar på 70 m; uppe i dalen er terrasselandet dekt med veldig ur. I Nettet, ved Sunndalsfjorden, er det ein terrasse 100 m. y. h. ved Raudsand, og ein på 119 ved Mesalen. I nedre delen av Raumadalføret, ved Veblungnes, er ein terrasse på 65 m. Ved Skiri er det ein terrasse på 133 m. y. h. Enno er det uvisst um det er sjøen eller elva som hev laga denne. Elles er det i slike fjordbygder som Eirisfjord og Romsdalen ei mengd mindre terrasr. I *Veøy* er strandlinone i fjellet mange stader oppmælte. På nordsida av fjorden, ved Horsgårdsreiten, er høgda yver havflata 105 m., på Molde 103, på Skovik, Sekken, 98 m.; beint

yver for Åndalsnes, på nordsida av Isfjorden 99 m., ved Månsås 86 m., ved Hjellvik på Vågstranda 75 m., på *Gjermundnes* 91 m., i Futvika på **Gossa** 63, Drynesundet, Miøy, 56. I **Bolsøy** er desse strandlinone mælte: Ved Grønnes 57 m. y. h., ved Møriset 73 m. y. h. og ved *Molde* 40 m. y. h; i Frena er strandlinone ved Jendem 71 m., ved Hoem 58 m. og ved Innleggene 60 m. y. havflata. I *Vestnes* ved Mifjorden er strandlina mælt 31 m. y. h., ved Sanden 45 m. y. h., Faksen 54 m. y. h. og ved Furunes 76 m. y. h. - Det er greidt at bygdene våre hev skift utsjånad i høg grad etter so høgt havet hev stått. Serleg måtte det vera underleg då det stod ca. 100 m. høgre enn no!

Den fyrste busetnad.

Det er lett å skyna at fyrst etter at isen drog seg attende mot innlandet, vart tilhøva i bygdene våre slike at det vart vilkår for dyreliv og planteliv, og so etter kvart for folkeliv. Klimaet hev i tusundåra etter istida, fram til ca. 500 f. Kr., vore uti frå varmt og godt, men skifte noko millom turrare og våtare tidbolkar, med ein medeltemperatur som steig til ei 2-3 gradar høgre enn no. I den siste bolken av steinalderen og ut gjennom bronsealderen var klimaet serleg turt og varmt, men truleg var vintrane då sers kalde. Fyre denne turre og varme perioden (i yngre steinalder og bronsealder) var det (i siste luten av eldre steinalder) ein meir rå og våt tidbolk, men denne var og varm. Endå lenger attende var det atter ein turr varmebolk.*) Dette klimaet bar fram eit frodigt voksterliv. Steinalderfolka, fram til ca. 1800 f. Kr. og bronsealderfolka (1800-500 f. Kr.) levde på ein tett *skogklædd* kyst, med tolle og bjørk heilt ut på dei ytste øyar og med eik inne på istidgruset. Sjølv sagt fanst det mange andre kjende treslag og. Og skogen voks i denne tida både 400 og 500 meter høgre tilfjells enn no. Det er det mange vitnemål um i botnar og flyer den dag i dag rundt alle Romsdalsbygder. Tolla voks gjerne høgst. Soleis er det no heilt visst at heile Hardangervidda, som ligg 1400 m. y. h., i denne tida var klædd med veldige fureskogar. Sjølv hev me i botnar i indre Romsdalen set furerøter, der det no anten er berre myr eller der berre noko kreklebjørk veks. Og all denne skogen tok

*) Det er geologane som fortel om dette, ved å studera dei ymse *lag* i jorda. Dei våtare periodane hev sett av myrslag, medan me innimillom finn at her hev vore so turt at jamvel hasl og tolle hev vakse på staden.

av for vind og jamna ut væte og gjorde livet i fjell og ved fjord meir uneleg og triveleg. Lat oss tenkja oss Romsdalshalvøya og alle øyane ute i fjordgapet klædde med den gildaste skog, barskog og lauvskog, so vil me med ein gong skyna at mangt ved livet der ute i havgarden av den grunn og ovra seg onnorleis enn no, og natura derute må ha havt ei serskild yndefull venleiksbragd ved seg. Dyrelivet hev og vore mykje rikare enn no derute. Fyrst alle dei dyra og fuglane som no i det heile teke ikkje lenger finst, og so mange som berre høyrer skogen til, eller no finst i andre luter av landet. Det vitnar funda i *Litlehelleren* og *Sauhelleren* på Miøy best um. Dei fortel og um ein gong havet stod høgre og grov ut den svære Sauhelleren, som er 21 m. lang, og jamt yver 3 m.. breid og 10 m. høg. Han ligg no ca. 25 m. yver havflata. Villsvinet høyrde soleis heime i skogane, det døydde ut lenge fyrr historisk tid.*) So var det elg og hjort, båe av eit større og kraftigare slag enn dei som finst i landet i vår tid. Reinen var visseleg heller ikkje so langt undan, medan me no hev han berre på høg-fjellet i indre Romsdalen, serleg kring Eikesdal-Eirisfjord, på austsida. Vidare er det i helleren på Miøy funne beinleivder etter *bjor*, som me og hev vitnemål um i stadnamna ein gong hev halde til i bygdene våre (Jfr. t. d. Bjørbakk



Sauhelleren.

i Eirisfjord) Sameleis bein etter *ulv*, *bjørn*, *fjellrev*, *oter*, *røyskatt*, *mår*, *ikorn* og andre. Og ved strendene levde fjordselen i mengdevis. Orrfugl og tiur var då som no vanleg i skogane, det fortel desse Miøyfunda. Alt i alt var der restar etter 29 fugleslag. Av dei var 11 symjefuglar. Av reint sjeldsynte fuglar kan nemnast geirfuglen, som longe er utdøydd. Elles fanst der like til fjellrype og klippeduvor.

Dei ymse *fiskeslaga* hev visstnok Romsdalen alltid vore rikt

*) Villsvinet hev me ikkje leivningar etter i Romsdalen, men me går ut ifrå at det hev funnest der som andre stader i landet.


forsynte med, både i sjøen, i vatna og i elvane. Elles kann me ikkje vera fulltrygge på at det var aure i alle dei fjellvatna som han no finst i. Det er ei kjennsgjerning at auren er *boren* upp i ei mengd fjellvatn, dit han ikkje kunde koma av seg sjølv. Me kan jamføra innhaldet på runesteinen i Øystre Gausdal - frå 10 eller 11 årh. - som hev denne innskrifta: „Eiliv Alk bar fisk i Raudsjøen.” Raudsjøen ligg 940 m. y. h. At våre fedre hev gjort likso samfundsgagnlege ting når det gjeld alle fjellvatna i Romsdalen, kann me vera trygge på, Me kjenner mange av oss bønder i Romsdalen i *dag*, som gjer som Eiliv i *heidensk* tid og ber fiskeyngel i fjellvatna. Når me veit kva *gode sumrar* hev å segja både for fisken i sjøen og dyra og fuglane i skogane, so talar dette og for at det i desse gode klimatiske tidbolkare hev vore rikdom på noko av kvart.

I ei slik natur og i slike livshøve er det greidt at folk tidleg måtte finna seg tilrettes. Her var det letvint å livnæra seg av fangst og veiding, på land og sjø. „Vatn og veidestad“, veit me, hev vore dei likaste herlegdomane på gardane mest fram til vår tid, og då kann me tenkja oss korleis livet laut ovra seg i ei tid fast busetjing med åkerbruk og feal ikkje fanst. Det som kunde hentast frå skog og mark og sjø, var det einaste til å livberga seg med. Einaste husdyret som fylgde menneska på dei fyrste ferdene deira i dei namnlause dalane og ubygdte øyane i denne landsluten vår, som seinare fekk namnet *Raumsdølafylke*, var hunden. Når dei ymse øyar, elvar, fjordar og fjell, dalar og vatn i det heile hev fått namna sine, er likso uvisst som sjølve den *faste* busetjinga til kvar einskild bygd og gard, men heng visseleg nære saman med denne. I ei mengd tilfelle hev me no ikkje dei eldste namneformer. Det kann vera mange årsaker til det. Nye ætter med større intelligens og meir hage til å ordleggja seg, serleg når det hev vore nye innsig, - av framande folk kanskje -, dei hev tvillaust mang ein gong brote gamal namneskikk og grunnlagt sin eigen.

Å segje noko visst

kvar desse fyrste „fyregangsmennene” i Raumsdølafylket, er komme frå,

let seg iminsto enno ikkje heilt gjera. Men det er fleire ting som gjev oss ein peikepinn. Istida set grense attyver i tida for den eldste samanhengande busetnaden, og det er folkeslag frå sud, frå Mid-Europa, som etter kvart som dei klimatiske tilhøva tillet det, etter kvart som isen drog seg attende, fylgde med nordetter, so tidleg kanskje



Nordsjøen på denne tida. (Reid)

at berre vestkysten av Jylland og Noreg var isfri, d. v. s. so tidleg at det må ha vore på yvergangstida millom paleolittisk tid (gammal steinalderen) og neolittisk tid (nysteinalderen) i den europeiske tydinga av orda. (Både eldre og yngre steinalder i Norden ligg innanfyre neolittisk tid når det gjeld Europa elles.) Det er no prova at i siste luten av paleolittisk tid, stod sjøen i store luter av Vest-Europa mykje lågare enn no, i høve til landet. Landet steig sers mykje etter at isen kvarv. Seinare hev det sokke noko att. Beste vitnemålet er *Doggerbank*,

d. v. s. at alt havet millom England, Frankrike, Belgia, Tyskland og Danmark - og halvparten av Skagerak - då var fastland. Soleis og dei danske sunda, so Østersjøen var ein innsjø, det som då var isfritt, og Danmark landfast med Sverige. Fleire stader på Doggerbank er det ikkje no meir enn 60 fot djupt, og der er funne torv- og stubbelag. Englendaren C. Reid hev i ei bok - „Sokne skogar“ -- gjort greide for dette, og fortel at på djupner frå 60 til 120 fot er det teke upp ei mengd dyrebein og torv, som er vorten vitskapleg granska. Der er funne leivder av *bjørn*, *ulv*, *hyene*, *irsk kjempehjort*, *reinsdyr*, *rådyr*, *vill okse*, *hest*, *ullhårut nashorn*, *mammut*, *bjor* og *sel* og so ei mengd av dei mest ulike vokstrar. Etter dette skulde det vera råd ä koma fram til Noreg sine kystar både yver det smale Skagerakbeltet, jamvel um farkosten hev vore heller skral, og langsmed dei isfrie dansk-svenske strendene. Ein må helst tenkja på at folk er komne sjøvegen yver Skagerak, då me ingen stad hev eldre steinalderfund enn på nordvestkysten av landet vårt, ikkje minst på Romsdalskysten. Både *steinalderfunda* og ymse *helleritingar* fører tanken inn på vest-europeiske *reinsdyrfolk*, som må ha flutt etter reinen etter kvart han

i samhøve med klimabrigdet, drog seg nordetter og ut or Millom-Europa.*) Professor Shetelig sejer det so (Norges Forhistorie s. 9): „Det er trekk ved civilasjonen i Norges steinalder som vanskelig kan forklares uten ved direkte overlevering fra en paleolittisk befolkning. Me hev i hundratal av store *flintfund* frå ei mengd *flintplassar* i bygdene våre. I „Oversikt i Videnskapsselskapets Oldsakssamlings tilvekst årgangane 1910--1926 finst ca. 830 nr. på steinaldersaker frå Romsdalen. Storhopen er flintsaker, men det finst og andre steinsaker. Dette er altså berre for ei tid på 17 år, og det er uråd for ein som ikkje er arkeolog å tidfesta til eldre eller yngre steinalder dei ymse funda. So uhorvelege mengder det finst sume stader (flintplassar), lyt ein tru at her gjeld det busetjing gjennom lange tidbolkar. Ei mengd fund er då heilt fastslegne å høyra til anten eldre eller *yngre* steinalder. Det kann me i stor mun takka konservator *Nummedal* for. Han greider ut i Geologisk Tidsskrift for 1923 um sitt syn på busetnaden i bygdene våre ut frå det flintplassane fortel og kjem til at „*flintteknikken på våre flintplasser viser sig å være identisk med flintteknikken på rensdyrtidens boplasser i Frankrike*. Fra et *arkeologisk* synspunkt skulde det synes å være den naturligste forklaring av disse forhold å anta at flintplassene har vært bebodd i en sen priode av rensdyrtiden, og vi skal se,“ held han fram, „at denne antagelse ikke synes å komme i strid med flintplassenes geologiske stilling. Og so kjem han med ei grundig grunngjeving av dette.

Alle norske arkeologar er samde um at ein del av desse flintplassane er *eldre* enn noko anna fund etter menneske i landet vårt frå fyrr (Vistehola på Jæren og Nøst-tvedtfunda inni Bundefjorden ved Oslo), og då og eldre enn dei danske buplassane, „*køkkenmøddinger*“, som Vistefundet hev vorte jamført med i elde. Desse hev alltid vorte



Skivespaltar av flint,
Ranhella, Otrøy.

*) Fleire både geologar og arkeologar meiner elles at reinen i Norderlanda er komen austanfrå, frå Russland, då dei hev vanskeleg for å tru at reinen, slik dei meiner høvet millom hav og land då var, kunde koma seg fram sudfrå.



Pilodd av kvartsit, Gossa.

rekna til tida ca. 5000 f. Kr. Konservator Th. *Petersen* ved museet i Trondheim skulde ha den pålitelegaste kunnskap um desse. Han skriv i tidsskriftet „Naturen” i 1922, s. 106 „at det ikke kan være tvil om at disse fundene i betydelige mengder kan opvise rene paleolittiske former, som tildels ser eldre ut enn alt vi ellers kjenner i skandinaviske fund, frasett de mandelformede flintene. Enkelte av *flintplassene må være eldre, ja, kanskje betydelig eldre enn kjøkkenmøddingenes tid.*“*) Professor A. W. *Brøgger*, som er meir var enn dei andre arkeologane med å setja tidgrensa attyver når det gjeld dei fleste arkeologiske bolkane, seier (i „Det norske folk i oldtiden,” 1925, s. 118-120) „at der er kommet folk her til landet på Jæren (Vistehola) og til Nordvest-Norge (Møre, Romsdal) samtidig med sporene av de eldre kulturlag i dansk og sydsvensk stenalder.



Spjotodd av skifer frå Bud.

At vi finner dem først i det vestlige Norge, må vel henge sammen med de betydelige bedre betingelser for bosetning i disse områder, hvor havklimaets gunstigere virkninger har opveiet virkningen av formodentlig ennu da eksisterende isbreer i det indre av landet.“*)

Som det alt hev vorte peika på, hev fornkunnegranskaren funne verdifull hjelp hjå geologen (den jordkunnige) når det gjeld å avgjera alderen på desse flintplassane. Det er *lægjet* som då ofte vert det avgjerande, kor høgt dei ligg frå fjorden eller yver havflata; kva lag dei ligg i i jorda, hev og sitt å segja. Det ser ut til at buplassane i Romsdalen er knytte til tvo serskilde høgder (strandlinor) frå sjøen, den øvste, som inne i Langfjorden (Veøy) ligg vel 60 m. y. h., med rein *flintkultur*, og den lægste, med ein blanda buplasskultur, *flint*,

*) Understrika av oss.

grønnstein og skifer. Det er greidt buplassfolka hev levt nede ved sjøen, ofte i sjølve strandbeltet. Alle desse plassane ligg altso i høgder over havet svarande til det landet hev lyft seg sidan folk levde der.

Både flintkvaliteten, forma på flinta - d. v. s. forma på dei ymse reidskapane, og høgda yver havflata er med og avgjer *alderen*. på det einskilde fundet. Det er greidt det er veldig lenge sidan havet stod ca. 60 m. høgre enn no inne i Langfjorden, t. d. Og me er so hepe å ha tvo fund derifrå frå eldre steinalder, eit frå kvar sida av fjorden og baa i same høgde. Det eine fundet, som er gjort i 1890-åra på „Gjerdsetta“ på garden Bergsvik (på nordsida av fjorden), er diverre ikkje kome inn til museet i Trondheim og granska der, men O. *Olafsen* segjer i *Veøyboka* 1926, s. 32 og 312, at det var eit stort steinalderfund - berre flintsaker - *ein buplass* eller ein verkstad, og han legg til at det er 50-60 m. y. h.; men høgda er ikkje oppmælt. Det er fyrr nemnt at på den same garden er det, enno høgre uppe frå sjøen, i „Botnen“, funne ei mengd *sjøskjeljar*. Det andre er rett yver fjorden på sudsida, på Sandnes. Det er eit heilt nytt fund, som fyrst i januar 1927 var kome inn til Museet, og Konservator Th. *Petersen* meinte at dette var *serleg* gamalt, då der var ting i den innkomne flintsamlinga som berre finst på dei aller eldste flintplassane som er kjende. Høgda y. h. var her oppmælt og synte seg å vera 66 m. Desse funda hev og si serskilde interesse soleis at dei av dei funda som elles er gjorde rundt Langfjorden frå steinalderen er dei einaste som trygt kan segjast å høyra til den *eldre* steinalderen (fyre 3000 f.kr.)*) Fyrst og fremst lyt ein likevel halda fast det forvitnelege med desse tvo flintplassane: *same høgda* på kvar si side av *same* fjorden. Kunde geologane berre greida spursmålet: Kor lenge er det sidan fjorden stod so høgt som desse flintplassane ligg? var alt greidt; noko på veg kjem dei då, og professor *Shetelig* held fram nett med tanke på dette høgdespursmålet og geologane: „Utvilsomt kann på den veien vises at flintplassene er betydelig eldre enn kjøkkenmøddingenes (avfallsdungar på danske buplassar i eldre steinalder) periode i Danmark. De må skrive sig frå et ganske tidlig standpunkt under avsmeltingen av innlandsisen i Skandinavia, eller mulig ennu eldre. Selvsagt er ikke alle disse bosteder, samtidig; de representerer sikkert en meget lang periode; men vi fastslår altså at denne kulturgruppen fører tilbake til det tidligste vi kjenner av bosetning i Norden, og li-

*) I „Nidaros“ for 23. aug. 1927 fortel Th. *Petersen* um eit nytt eldre steinalderfund frå Langfjorden - frå garden *Holm* i *Veøy*.

keså tør vi med all sannsynlighet si, at det var etterkommere av paleolittiske rensdyrjegere (i europeisk gamal-steinalder), som den gang befolket de norske kyster ved Nordsjøen.“ - Me skulde etter dette ha ein tanke um når den eldste folkesetnaden hev funne fram til Romsdalen, kanskje i tida 8--6000 f. Kr., kanskje og endå lengre attende.

Bustad, livsvilkår og levemåte i eldre steinalder.

Desse *flintplassane* er bustad på opa mark; dei ligg gjerne i små dalgrøper, der det er livd mot veret, eller slik - soleis ofte ute på øyane -- at det er ein eller annan bergskolten som stikk upp på nordsida av dei og tek av for kaldaste nordanvinden. Namnet hev dei fått av alle dei tusund *flintsakene* som er funne der, ofte ferdig-forma primitive reidskapar av ymse slag, men helst berre flintbrot, som vitnar um at reidskapane hev vore laga på *staden*. Berre for nokre få år attende var det vanleg tru at all flinta var koma frå Danmark, men etter at det vart funne so *store mengder* av flint, vart denne teorien umogleg. Og ved nærare etterrøkjing synte det seg og at det fanst flint der ute ved kysten, i visse lag avsette i istida. Denne flinta er elles sjeldan av so god kvalitet som den *danske* flinta, som det og er funne mange reidskapar av i landet, serleg i Sud-Norig.*)

Flinta er so hard at ho hev greidt seg i „ver og vind“ gjennom alle tusundåra. Ved sida av flintreidskapane hev sjølvsagt desse bu-plassmenneska havt ei mengd reidskapar av *tre*, *bein* og *horn*. Men desse tinga, saman med andre organiske leivder, t. d. skjelett av menneske og dyr, som ein skulde venta å finna, hev morkna og kvorve i mold. Det einaste menneskeskjelettet me hev leivder av frå steinaldertida i Noreg, er eit frå Vistehola på Jæren, m. a. skallen av ein 15 års gut; men det er so forkome at det er umogleg å laga seg nokor rett meining um korleis denne karen hev vore. Hovudskåla tyder elles på, meiner dei lærde som hev granska ho, at guten hev havt engelsk sykja!***) Vil ein vita meir, lyt ein studera funda som er gjorde ut anum lande-

*) Th. Pettersen segjer, „at flinten på de *eldste* boplasser i Romsdalen er ofte av meget god kvalitet, likeså god som de danske. På de yngre boplasser blir den deimoi dårligere, mere kornet. Er den gode flint opbrukt siden den er så sjelden ?”

**) Sjø den svenske dr. Carl M. Fürst: „Når de døde vittna.“ Her finn ein mange døme, m. a. i Danmark, på at den engelske sykja var plagsam. Serleg barneskjeletta fortel det. *Gikta* hev i den tid vore serleg leid. Sjukdom hev det visselig vore nok av. Dårlege tenner - ja, reint berre rotne stubbar, er og vanleg på steinalderskjeletta.



Flintsag frå Moldegård.

dag i dag ikkje står høgre enn at dei må ha ljose dagen til hjelp for å gjera kvarandre kjende med meiningane sine, då fakter og andletsrørslor fyller ut når språkevena segjer stopp! Men utruleg hendige og hage hev dei likevel vore til å greida med reidskapane sine. Me kann beint fram tala um ein viss flintteknikk. Sameleis hev alt den sers viktuge oppfinniga *elden* vore kjend. Einskilde buplasssr ber merke etter eldstader med kolrestar. Dei slo gneistar med flint og svovelkis; det var heller ikkje so endefram ei sak. Gneistane fanga dei so inn med turr mose eller knusk. Då jarnet vart kjent, bruka folk flint og stål.

Korleis desse folka levde og elska og avla, ætt etter ætt, utan å kjenne so mykje som eit einaste av alle dei metallane me finn so naudsynlege i dag, det er ikkje so lett for det vanlege kulturmennesket å skyna. Men tek det fantasien tilhjelp og so set seg noko inn i tilhøva hjå dei naturfolka, som lever rundt jorda idag, eskimoar og negrarr t. d., kann det koma noko på veg. Det hev visseleg vore smått stell med *klæda* i både eldre og yngre steinalder; ei dyrehud slengd kring hoftene, trokla saman med senar og beinnåler, laut som oftast greida det, hardt herda dei hev vore i all slags ver (Jfr. ymse sibiriske folk, som går mest nakne jamvel på den kaldaste årstida). Til prynad hengde dei gjerne på seg tenner av vilde dyr, ymse andre beinsaker, fargestein, grønstein og skifer, og fram mot

grensone, helst i Frankrike. Det kann trygt segjast at desse folka, iminsto åndeleg set, ikkje hev vore mykje utvikla. Me veit at austrialnegrar den




Sjpotodd av flint frå Rød, Gossa.

bronsealderen kostesamt rav, som ein hende gong fann vegen hit frå Østersjøen. Prydnadsting av *rav* er funne m. a. på Orta, på Tornes i Frena og på Mevoll i Aukra. Desse tinga - og andre av skifer og grønstein, er ofte halvmåneforma, soleis fleire fund frå Frena. Det viktugaste til *levemåten* hev vore det dei hev kunna samla av bærslag og etande røter i skog og mark og ymse skjel-slag, t. d. ostre og blåskjel. Ymse snigleslag hev og vore vanlege. Elles hev nok fangsten av fugl og dyr i skogane og fisket på sjø og i elv til kvar tid vore avgjerande i det daglege hushaldet. Det er funne mange leivder av fiske- og fangst-reidskapar frå utgamal tid. Onglar av bein, frå fyrst av utan mothakar - og fiskesøkke syner at fangst med *snøre* er jamgamal med eldste folkesetnaden i bygdene våre. Ute



Hengjesmykke av Eikrem, Gossa.




Ravsmykke frå Mevoll, Aukra.

på øyane hev dei ikkje berre funne fiskesøkke i strandbeltet, førde dit av havet, men det hev hendt fleire gonger at dei hev vorte med frå havbotnen i garna. Ymse slag dyregraver hev og tvillaust vore kjende, serleg til å fanga *stordyra* i. Me kann berre minnst gardsnamnet Dyragrof på fleire stader i landet. Etter gamle jordebøker skal og dette namnet ha funnest i Nesset herad (1643.) Og i historisk tid er denne veidemåten velkjend. „Ulvestuor“ og andre dyregraver finst det visseleg fleire minne um i alle Romsdalsbygder enno i dag. Og so hev me mange minningar um den gamle veideskikken å jaga dyra, soleis hjort og elg, ofte i flokkevis, utyver hamrar og ovbratte ufser, anten slik dyra slo seg halv- eller heildaude, eller at sjøen eller eit vatn låg nedanfyre hamrane og tok imot dyra. Medan sume jaga, var då alltid nokon der i båt og gjorde ende på dyra so godt dei kunde.*) Og kjenner me heilt til dei seinste tider til underlege, visseleg utgamle fangstmåtar av kval og sel. Soleis skaut folk i Skogsvåg ved


*) I sumar (1927) fekk me av pålitelege folk greide på at i alle fjella på både aust- og vestsida av Eikesdalen og Eikesdalsvatnet er det ei mengd, visseleg utgamle leivder etter fangstliv i forne dagar, soleis graver og svære murverk, som skulde føra reinen i fella. Slike finst m. a. uppe i Fløtabotnen i fjellet millom Øverås og Vike. Mest kjende millom folket er kanskje Gravene i Grønbotn ved Fossafjella, rett upp. for Reitan. Uppe i Finnsetfjella er og fleire. Jamfør Kap. „Skogen og Fjellet“ I. A. W. Brøgger: „Det. norske folk i oldtiden.“

Bergen berre for ein mannsalder sidan kvalen med pil og boge, og på Møre--Romsdalskysten veit folk enno å fortelja at selen vart jaga på land med steinkast og slegen i hel med trelurkar! Det gamle gardsnamnet *Slenes (Sledanes)* i Eirisfjord fortel um den gamle fiskereidskapen *sleda* - ei sløda ----. Ordet lever enno i bygda i *sløgard*. Um utgammalt *garnlfiske* minner dei sokalla „*garnstikkor*“, som går attende til **eldre** steinalder. Når det gjeld steinalderfunda, både frå eldre og yngre steinalder, er dei so rike i kystbygdene og på øyane i ytre Romsdalen at det er uråd å koma noko inn på dei einskilde funda og dei einskilde fundplassane. Det er serleg *Frena* og *Bud* på fastlandet og *Gossa* og *Otrøy* av øyane som syner den mest utrulege fundrikdom, men og mange andre stader der ute - t.d. *Tautra*, *Miøy*, *Sandøy*, *Orta*, *Harøy* ber rike merke etter den same gamle folkessetnaden, ja, liketil på Ona skal det vera gjort steinalderfund. Årsmeldingane frå museet (avdeilda for fornfund) tek i dei siste 10-15



Tvieggja sag frå Eikrem,
Gossa.


åra jamnast til med *Romsdalen*. For 1923 heiter det: „Også i år har Romsdalen, særlig Aukra og Frena, ydet de største antall fund i steinalderperioden. Særlig tallrik er fundene i Frena denne gang, svære samlinger frå Havnes, Tornes, Sol-



bakken, Oksegrav, Kjørsvik, Stavik, Engelset m. fl.“ Og so kjem det utgreiding um piloddar av flint, men endå oftare av *skifer*, og øksar av grønstein, leivder av plateforma slipesteinar, handteinshjul og vevlodd av klebersteinskar, eineggja og tvieggja skiferknivar, flintdolkar, flintsager, bryne av skifer, klubbbehovud av stein - ja, liketil ei *kole* av kleberstein. Fleire av desse tinga går visseleg langt ned i bronsealderen, andre kann derimot vera utgamle. Kola og vevloddet t. d. må minst høyra til i yngre steinalder, mogleg bronsealderen eller heilt ned i jarnalderen med, då dei vitnar um fast busetnad helst, med hus og heim, jamvel um det no berre var elendige jordhyttor. *) Årsmeldinga 1924: „Som vanlig har Romsdalskysten, i sær Aukra og Frena, det største antall fund“. Her vert serskilt nemnde nokre *eldre* steinalder-

*) På *Øverås* (i Åsneset), der ein steinalderbuplass er konstatert, er og i sunnar (1927) funne leivder etter ei nedbrend leirklint steinalderhytte. Ho hev vore rund. Tverrmål ca. 2 m. Ho er diverre enno ikkje vitenskapleg undersøkt, men Th. Petersen er varsla. Tufta etter ei sovora hytte er og funna på *Tautra*.

fund, soleis eit større flintfund i Futvika på *Eikrem*, Gossa. Høgd 21 m. y. h. Meir forvitneleg, då det berst inn i fjordane, er funda på *Gjermundnes* og *Leikarnes* (Salt-kjelvika), som er tydelege *eldre* steinalderfund. Same året vart og funne ei grønsteinøks på Hjellvik, Vågstranda, som truleg høyrer til eldre steinalder. I 1925 var og „en større kontingent av fundene fra steinalderen som vanlig“ frå Romsdalen. Her er nemnde *eldre* steinalderfund på *Sæter*, *Sporsem* og *Rød* på Gossa og eit frå *Bjørnerem* på Miøy. *Heggdalsstrand* og *Heggdalsvik* på Otrøy bør og nemnast som serskilt rike flintplassar. I Tresfjord (Sylte) herad fortel *A. Helland**) um fund av ein slipestein på **Villa**. Sidan er 3 fund gjorde der - på Nerheim, Kjersheim og Sylte. I *Vestnes* er fund m. a. gjorde på Ås, Stokkeland, Nerås, Fiksdal,




Meisel frå Kalsvik, Bud.

Leirvik, Vestnes, Hjelstein, Frostad. Steinøydegarden, Gjermundnes og Leikarnes, alt i alt 12 fund frå steinalderen; i *Voll* er 2 fund gjorde, det eine på garden Vik. I *Eid* er 3 fund gjorde; soleis på Alsåker og Haukeberg (Søberg), i *Grytten* 2 fund - soleis ei flintøks frå Stavem, i *Hen* 3 fund, m. a. ei steinklubbe frå Breivik. **Veøy** hev ca. 30 kjende steinalderfund. Dei 4 eldre steipalderfunda frå Bergsvik, Holm, Sandnes og Hjellvik er nemnde fyrr. Dessutan hev me fund m. a. på prestegarden Vik, Gribbestad, Sølsnes, Berg, Vestad, Ødegård, Flovik, Aasvang, Steinså, Ottestadvika (2 slipesteinar av sandstein) Årset og Langneset. I *Eirisfjord* og *Vistdal* er minst 17 fund, m. a. på Øverås, Steinsvoll, Frisvoll, Nauste, Helle (ein flintdolk) **Nerland** (Njardarland) og



Spjotodd av skifer, Bjørnerem.

*) Helland: Romsdals Amt I og II, går berre til 1909.



1. Flintsag frå Nygaardsvoll, Frena. 2. „Pennekniv” frå Stavik, Frena. 3. Lita steinøks frå Heggdal. 4. Hengjesmykke av kleberstein frå Gossa. 5, 6, og 7 er piloddar av skifer, frå Bjørnerem, Miøy.

på Ut-Bogge. Nesset hev 11 fund. Soleis på Rød (10 flintsager), Ljøstra, Tovan (ein finfin flintdolk), Hargota, Hammarvoll og på Myra. *Bolsøy* hev minst 15 fund, serleg bør nemnast rike fund på *Dra- get*, vidare frå Røvik (ein flintbolle), Mauset, Ytterhaug og Rek- nestangen. Elles er ymse saker funne på Kringstad, Torhus, Lillebo- stad, Moldegård og i sjølve Molde.*) Desse funda provar at steinal- derfolka, i minsto i *yngre* steinalder, hev levt kring alle fjordane våre med; men endå me kann gå ut i frå at det er heller *lite* som er gøymt eller kjent av alt det som ned gjennom tidene er grave fram eller visseleg seinare vil koma for dagen av sovorne fund, kann me trygt segja at det er *ytre* Romsdalen som hev havt hovudbusetnaden både i eldre og yngre steinalder. Ja, det er mogleg at det er ingen buset- nad i dei inste bygdene og dalane i *eldre* steinalder. Her høver det å gjera ei jamføring med bygdene i Inn-Trøndelag. Ei slik storbygd som Skogn, heradet kring Levanger, hev soleis knapt eit einaste fund frå eldre steinalder, fortel Th. *Petersen* i Skognaboka (1926).**) Livet i den eldste tid er knytt serleg til kysten og sjøen.***) Dei uhorvele- ge mengdene av flintsaker i kystbygdene våre fortel um ein heller *stor* folkesetnad der. At desee folka hev havt eit slags samband med utanverda, vitnar best funda av *rav*, som prof. *Shetelig* meiner hev kome frå Prøyssen, med Sverige som millomland.

Den yngre steinalder (frå ca. 3000 til ca. 1800 f. Kr.) og den faste busetnaden.

Helleritingane på Bogge. Myrpålane. Harøyhytta og Ortagammen. Miøyholone. Krøter og Korn.

Ovanfyre er alt nemnde ymse ting vedkomande yngre steinal- der og. Den som ikkje er fagmann og hev høve og plass til å gje- nomgå kvar einskild ting av dei mange tusund steinaldersakene frå bygdene våre, lyt helst gjera det soleis. Jamvel for fagfolk er det fårleg nok å koma med for grannvare dateringar. - Når det gjeld des- se ymse ting som er tekne med i denne *yngre* steinalderbolken, må

*) Sume av desse funda som er nemnde ovanfyre går visseleg attende til eldre steinalder, men dei fleste er frå yngre.

**) Sjå likevel side 4 og 5 i nemnde verk um „garnstikka” frå Kolsan.

***) Nye radikale synsmåtar um den eldste busetnaden i Romsdalen held H. *Kaldhol* fram i «Møre fylkes kvartærgeologi III.» (Gjermundneskulturen). So vidt me finn, ser fagfolk enno med stor tvil på Kaldhols nybrotsarbeid.

og den serlege merknaden gjerast, at det er *strid um tidfestinga* både når det gjeld helleritingane på Bogge, myrpålane, Harøyhytta, Ortagammen og Miøyholone, men likevel finn me det rettsst å ta dei med her, utan me dermed tek stode til dei ulike meiningar.

Helleritingar, biletringar på bergflator, finst hjå dei fleste primitive folk yver heile jorda. „De har som regel ikke annen forbindelse med hverandre enn at de er utslag av samme livsytring. Det er mest av alt uttrykk for det *primitive sinns strev for å avfinne sig med alle livets ukjente makter, onde og gode*“ (Brøgger). Dette må me ha i tankane når me står framfor dei vidgjetne helleritingane på Ut-Bogge. ved (og i) Eirisfjord, oog ikkje bli ståande i den gamle trua -Jfr. Kielland nedanfyre - at det er *kunstprestasjoner* av: menntske som freistar å nå ut over det uvande naturlivet med sitt matjag!


I røynda hev me tvo slag helleritingar i landet, eit *eldre* slag, som fyrst og fremst sermerkjer seg ved at dyrebileta er so levande og realistiske framstelte; då dei fyrste funda helst hørde til i nørdeste luten av landet, fekk dei namnet „arktiske.“ Sidan hev det og vist seg a t dei finst andre stader, på Sørland, Austland og Vestland. Dei ber tydeleg merke etter påverknad frå vest-europeisk „kunst“ i istida. Den andre flokken, som *Boggeritingane* høyrer til, finn prof. *Shetelig* er frå *siste luten av steinalderen* og ber merke etter eit visst hopehav med Sverike og Finnland i denne tida, då liknande ritingar finst der. (Jfr. det som fyrr er nemnt um *rav* frå Øystersjølanda) Desse dyreringane er ikkje so naturalistiske, so levande og forseggjorde som dei andre. Dei syner ofte ei stivna, konvensjonell form, og det er ofte vandt å avgjera kva dyr det er som er framstelte.

Desse ritingane på Bogge, um dei ikkje er so framifrå som *kunstprestasjon*, so hev dei likevel sitt serskilte verd for oss romsdøler, slik dei fortel oss um utgamalt liv der lengst inne i Langfjorden for tusundår attende. Det er nok dei, soleis professor A. W. *Brøgger*, som meiner at dette siste slag ritingar nærmast høyrer til *bronsealderen* (1800-500 f. Kr.) Men då det på samme garden - tett ved helleritingane, er gjorde rike *flintplassfund*, som skulde peika på trygg busetnad alt i yngre steinalder - og er det funne ei grønsteinøks og ei slipa spissnakkøks der og ymse andre ting, skulde det og helst stadfesta at dei er eldre. *Th. Petersen* (i årsmeldinga for forfunddeilda ved museet i Trondheim i 1921) kallar og det siste fundet frå Bogge; gjort av *Nummedal* i 1921 „et typisk boplassfund“. I en åker, som støter like optil

de av ristingene, som er av *nordskandinavisk* eller *stenaldertype**), lyktes det nemlig Nummedal i en høide o. h. 18 m. å finne 2 spån-skrapere og nogen spaltestykker av flint. Noget lengere oppe, i en høide av 25-26 m. støtte han på en *ny flintplass*' - som altså var *ein typisk buplass*. Dette er reine ord um dateringa av helleritingane der, og fell heilt saman med professor Shetelig's meining um dei.**) Natura og det framifrå *lægjet* og dertil det eldgamle Boggenamnet, som ingen vitenskapsmann hev greidt å tyda, fortel det same um utgamalt liv på denne garden. Alt i alt er desse ritingane på ca. 35 figurar, alle hogne på eit svadberg millom 15 og 22 m. y. havflata. Høgda yver havet gjev ein og noko å halda seg til når det gjeld tidfestinga av både ritingane og buplassane: ein kjem nærmast til å tenkja på tida for storhopen av flintplassane på Gossa, t. d, som av dei fleste, soleis Th. Petersen, vert sette til yngre steinalder. Høgd y. h. fell umlag saman - og svarar til den *nedste* buplassstrandline i Romsdalen. Dertil so tyder alle dyrefigurane på at ritingane høyrer heime i ei tid truleg med rein *veidekultur*. Fyrst og fremst merkar me oss den sto-

*) Understrika av meg.

**) Etter dette var skrive, var me so hepe å koma yver ei avhandling Fra hvilken tid stammer de naturalistiske hellerristninger“? av Th. Petersen i 'Naturen', mars-aprilheftet 1922, s. 88-108. Konservatoren segjer der um ritingane på *Bogge*: Her har vi øverst en udmerket vakker elg og en hel del andre dyr, antagelig av hjorteslekten (eller måskje også geiter ?), de siste dog sterkt stilisert, noget nedenfor disse et par niser, og ennu lengere nede, like ved sjøen, skal der, efter hvad herr Hallstrøm velvillig har meddelt mig, være nogen skipsfigurer fra bronsealderen. I følge herr Nummedal er tapesøiden her ca. 30 m., høiden op til elgen 22 m. og til den nederste nise 14-15 m. Det er i dette tilfelle fristende å sette disse 3 forskjellige ristningslag, om man tør kalle dem så, i forbindelse med en forskjellig havstand under ristningstiden. *Samtlige dyr med tilhøre den yngre steinalder*, men for elgen (og de øvrige firfotede dyr) skulde vi da få en ristningstid, som ligger over den øvre grense av den datering vi er kommet til for de inntrønderske ristninger, i det nivåne for ristningene på Hell og Bardal representerer ca. 40 pct. av landhevningen siden tapessenkningens maksimum, men den øverste Boggeristningen kun ca 27 pct. Nærmere i dette tilfelle å presisere det øvre parti av Boggeristningen vil kun bli gjetning - *eldre dyssetid* eller måskje den forutgående periode? For oss er imidlertid nisenens forholdsvis lave nivå av større viktighet, og dette kann vel neppe settes tidligere enn til eldre ganggravstid. Men ennu vet vi jo geologisk så godt som ingenting om landhevningen i indre Romsdalen siden tapesetiden“. Eldre dyssetid“ skulde vera i *fyrstninga av yngre steinalder*, ca. 3000 f. Kr. I ein fotnote side 102 gjer Th. Petersen ein merknaad slik ein må tru at dei andre dyra, so stiliserte og skjematisk dei er, helst må vera noko yngre enn elgen. Merka seg bør ein dei *skipsfigurane* Hallstrøm fortel um. Her skulde me ha eit visst minne frå bronsetida og.




Frå Boggeritningane: Elgen og hjortane.

re *elgen* i midten, dessutan er det fleire figurar som er tekne for hjortar (solieis Brøgger). Og finst det nokre kvalar eller *ni-sor*, truleg det siste. Elg og hjort hev altso på denne tida vore kjende dyr i skogane våre. Sume hev halde fram at dei ymse dyra på ritingane skriv seg frå ulike tidbolkar og at elgen er eldst. Noko slikt kann lett tenkjast. J. Olafsen *Holm* held fram i Romsdals Sogelag si årsskrift 1923 at nokre figurar tyder på „geiter”*), og ein annan på ei „ku”. Ved å sjå på figurane hev „geitene“ mykje for seg, og det er ingen ting i vegen for at bøndene kring Langfjorden og i Romsdalen elles hev fått dei fyrste *husdyr* i yngre steinalder; me skal sjå nedanfyre at både arkeologar og filologar no er samde um å føra dei fyrste krøter og husdyrhaldet i landet attende til yngre *stein-alder*. Men ved å tenkja yver kva som ligg til grunn for ritingane, kva som er meint med dei, er det all grunn til å tru figurane høyrer heime i veidelivet; desse ritingane står der som vitnemål um korleis folket i bygdene våre alltid - i næring og liv - soleis og *sidan* feal og åkerbruk kom til - hev vore knytt til skogen og sjøen.

Desse Boggeritingane ligg sers sentralt til, samanlikna med so mange andre ritingar, d, v. s. set ut i frå tilhøva idag. Hovudve-

*) Dette dreg og Th. Petersen frampå um i artikkelen i “Naturen, 1922. Men han hev seinare sagt til oss at han trur ikkje på det er geiter lenger.



Frå Boggeritingane: Nisone.

gen går idag tett framom Boggegarden, og ritingane ligg innangjerdes, tett ved husa på garden. Dei tek etter måten ei stor vidd, ca. 1600 m². Det er godt mogleg det kann gjerast nyt fund der enno, då fleire er komne fram med di at berget hev vorte reinska for mosen og jordlaget, som tusundåra sidan ritingane vart gjorde, hev skapt. På siste ferda si i 1921 fann soleis Nummedal 3 nye nisor.

Kva er so meint med desse ritingane? hev visseleg mang ein mann gjennom tidene grunda og gruvla yver, når han ein gong undrande stogga upp framfor alle desse underlege - sume vil og kanskje segja - uferdige teikningane. Det er freistande å sitera noko av det. diktar-fylkesmannen vår, *Alexander Kielland*, skriv i tidskriftet *Naturen* i 1903 um sitt møte med desse utgamle bergritingane på Ut-Bogge, korleis han såg på denne „kunst“ til langfjordingane:

„Den lange, sammenhengende rekke i forskjellige grupper av dyr må uten tvil for samtiden ha vært et overveldende kunstverk, enten det nu skyldes en enkelt stor mester eller en rekke kunstnere. Blandt de mange mindre og små dyr er det et enkelt meget stort, som åpenbart er en elg; de andre er vel rensdyr,*) skjönt jeg undret mig på, at der ikke ved et eneste av dem finnes antydning til at hornene grener sig fremover.

Selve ristningen ser efter mitt skjønn ut til å være uhyre me-

*) Me hugsar at arkeologane finn at det er *hjort*.

get eldre enn de ristninger av vikingeskip, spiraler, skålformige fordypninger og lignende, som jeg kjenner fra min kant av landet.

Særlig synes jeg at elgsdyret ligner de aller eldste utskjæringer på ben og tenner som er funne blandt eskimoene.

Men hvad jeg fremfor alt beundrer, er at denne kunstner har funnet på å kaste et av dyrene på ryggen med benene i været.

Mens jeg stod og så på hin helleristning og stod på selve det skrå berg, hvor kunstneren for tusener av år siden hadde ligget på kne og hugget møisommelig med sine flintmeisler, då måtte jeg tenke på, hvilket over all måte betagende inntrykk dette store kunstverk måtte ha gjort på samtid og lenge efter. Her i dette landskap, som intet kan forandre, er de kommet hit, gående og roende, til dette berg, for å stille sig foran denne navnkundige skildring av deres egne dyr og deres liv fortalt i tegninger, som for dem naturligvis har vært så underlig mere talende, enn for oss med våre fordringer. Og jeg tenker en stormende latter har i århundrer rullet ut over Eirisfjorden over dette tykke dyr, som ligger på ryggen med benene i været, - et innfall av kunstneren, som uten tvil for sin tid står på høide med det ypperste av komikk, som senere er blitt berømt i kunst eller litteratur“.

Slik som *Kielland* segjer det her, slik såg folk flest på desse for 20 år sidan. Dei tenkte seg helst alt var gjort for moro og til tidtrøyte. No er me nådde fram til eit djupare og vidare - og visseleg sannare syn på kva meininga hev vore med alle desse figurane: Dei er led i deira gudedyrking, i deira *religion*, i deira høve til *stormaktene* til det ukjende.*) *Romsleg* hev visseleg deira religion ikkje vore og heller ikkje mykje utforma. Gud, gamalnorsk god, gotisk gop, av indogermansk ghu, tolkar mange det som *ein ropar til* (i inkjekynsforma ligg: *detukjende ein ropar til*). Og kva bønene til „*dette ukjende*“ galdt, kann me lett tolka og tyda når me set oss inn i desse ritingane: *Gjev oss i dag vårt daglege brød!* - Vidare gjekk vel ikkje deira høve til „det tilropte“ - i denne tid - hjå desse folka. Mange er ikkje nådde lenger enno idag! Ein kann på ei vis kalla desse berga med ritingar for *heilage berg*: Bileta er *bøner* til det store, overna-

*) Th. Petersen : „Boggeristningene (dyrefigurene) er neppe ledd i den tids gudedyrking (religion); men de er uttrykk for en primitiv tids magiske forestillinger, den vidt utbredte tro på billedets makt over den avbildede gjenstand (Billed- eller jaktmagi).“ Når det gjeld bronsealderritingane kjem det *religiøse* moment meir i trang, unnen.

turlege *vette*, er ynske um at desse fyrste forfederne våre derinne i fjordane fær rikeleg med fengd av alle slag, serleg då av desse dyre og-fiskeslaga, som var innrita i berget. Ein kann og segja det slik, som mange gjer, og som høver framifrå med utgamal tru hjå alle primitive folk: *Biletet* av dyret er for det primitive menneske identisk med *sjølve dyret*. Og dette biletet hadde ei serskild *magisk* kraft til å dra det avteikna dyret til seg. Helleritingane - me hev no rikelege døme på at einast so kann dei tydst --- hev altså sitt endelege fyremål i å hjelpa mannen i hans kav for føda, skapa rikdom på veidn av dei ymse slag. Og det er mogleg, som Kielland segjer, at hit kom langfjordingane gåande, serleg i sveltår og svartår, då fengda i skogen glapp og då fisken i sjøen og elva, i frostharde vintrar t. d., ikkje var god å få tak på. Nokon hogg nye bilete i berget, i von um rikare fengd og større velvilje frå stormakta, *det ukjende*, andre stod kanskje ålvorlege og underlege gripne og framfor dette heilage dyreberget, med syn og sans fyllte av alt dette forunderlege dei ikkje skyna, men kjende um seg, dette som skulde hjelpa dei med ny veidn i skogen att og fin fisk i sjøen. Me treng ikkje tvila på at det kunde vera hardt mang ein gong å halda ut dette veidemanslivet i jordhyttor og hellerar rundt bygdene våre. Ei mektig ljøsning måtte det bli i tilværet deira då dei nye hjelperådene til å greida det daglege livet med: *korn* og *krøter*, fann vegen fram til Romsdalsbygdene.

Sume andre helleritingar fortel og at desse steinalderfolka hev vore *soldyrkarar*. Det hev me elles og andre vitnemål um. Det er greidt at *sola* laut bli ei *hovudmakt* i deira liv, ho som kvart einaste år kom med varme og vår og sumar og rik grøda og trivnad og framgang for alt liv. Visseleg hev og ymse og ulike ting elles - ja, ymse stader eller plassar og, på ein eller annan måten fått noko *heilagt* ved seg. Ein kjend ting er at alle primitive folk lett hev funne noko stormerkeleg ved eit eller anna treet, som - kanskje ved vokster - hev skilt seg ut frå andre. Ei minning um dette er kanskje gardnamnet **Eik** i Veøy (Sekken). Og dei ymse naturkreftene, stormen og lynet og tora t. d. hev visseleg høyrte til stormaktene, til „det ukjende tilropte.” Aasatrua med Odin og Tor er 2-3000 år yngre. Dei er fyrst og fremst vikingtida sine gudar.



Frå Gossa.

Myrpålane.

Ein annan forvitneleg fornleivning, som det er grunn til å tamed her, er dei sokalla *myrpålar* - „de gåtefulle myrpeleer“, som soknepresten til Aukra, H. *Saxlund*, kallar dei i si avhandling um dei i Vitskapselskapet sine skrifer 1907. Ikkje alle er like gamle, sume går mogleg heilt fram til historisk tid, medan storhopen visseleg er mykje eldre, og ein del av dei etter alt å døma skriv seg heilt frå steinalderen. At dei er frå ulike tider, fortel det at dei finst i so ulike djupner i myra (jorda), frå ca. 30-40 cm. djupt til burtimot 2,5 m.! Dei som finst djupast, dei må vera *utgamle*. Det er funne tusundvis av desse pålane i myrane i ytre Romsdalen. Saxlund fortel soleis at i 1907 veit han um 40 ymse fundplassar berre i Aukra prestegjeld, og sidan fortel han i eit par nye skrifter um nye fund, både frå 1908 og 1909. Sidan er visseleg ei mengd komne til, og Saxlund hev sjølv sagt ikkje fått greide på meir enn ein liten lut av alle dei som i røynda er spadde fram or myrane. På 5 stader stod pålane i ringar, andre stader sumtid i ei slags rad, men oftast synest dei å vera nedsette berre på slump. Titt er pålane av fure, men sumtid og av hasl, rogn (funne på Tautra), bjørk (Aasgardsvik), *ask* (Uglvik) og *eik* og *eine* (Aksellvoll). Å døma ut i frå djupna dei er i myra, er pålane av lauvtre eldre enn dei av fure, undantekne dei få pålane som er funne serleg djupt ned, som alle er furepålar, Serleg på Otrøya er pålane

vanlege. På utsida av øya, fortel Saxlund, fanst desse pålane på kvar einaste gard, soleis -- frå nord mot sud - ved Sundsbø, Beinset, Ræstad, Rørset, Rakvåg, Raknes, Raknestangen, Uglvik, Akselvoll og Miusund. Sameleis fanst dei på dei tvo småøyane Bolholmen ved Sundsbø og Magerøy. På innsida av øya er og gjorde nokre fund, soleis på Nord- og Sørheggdal. På Gossa er og gjorde fleire fund, m. a. på prestegarden, Horrem, Småge, Solem, Aasgardsvik og Sæter. På Sandøy, Finnøy og Harrøy finst dei og, På fastlandet er dei funne m. anna i *Bud* (Male, Sandvik, Berset og Farstad) og på Tornes i Frena. Noko meir forvitneleg er at det og er gjort fund på *Grøtta i Isfjorden*.*) Slike myrpålar er og funne sume andre stader ved kysten, men visstnok ingenstad i slike mengder som på Gossa og Otrøy. Fyrr me går inn på spursmålet kva alle desse myrpålane kann ha tent til, berre innan Aukra prestegjeld er det visseleg i tusundtal av dei, so lyt me sjå noko på kor dei ser ut, og det er då best å lata Saxlund fortelja, som hev studert dette betre enn nokon, og som visstnok hev løyst „gåta“, so dei ikkje lenger er so „gåtefulle“. „De er gjerne trekantet tildannet, av kløvd furutre, står ofte på skrå, sterkt tilspisset nendentil. De finnes som oftest i nærheten av gården (snart nede ved stranden, som f. eks. ved Sør-Heggdal, snart høiere oppe), gjerne omtrent der hvor innmarken slutter og utmarken begynner, og sjelden eller aldri sammen med fururøtter eller sten, altså på sådanne steder, hvor der også den gang da pelene nedsattes var *myr eller åpne plasser* imellem skogteiger og bergrabber. At de overhodet er bevarte, har vi vel myren å takke for.“

Lengda på pålane skifter noko, helst millom 20 cm. og 60 cm. Dei skifter og mykje når det gjeld tjukkeleiken. Storflokken er laga soleis at det naturlege vyrket er kløyvd etter midten, og so er dei kveste frå rundsida, visseleg av den grunn at dei lettare skulde gå på *skrå* ned i jorda. Dei som ikkje er avrotne i øvre enden, ber merke etter hak, hol eller kluft. Kvessinga vitnar ofte um at arbeidet er utført av uvande folk eller med dårlege reidskapar,

Alt oberstløytnant *Ziegler* hev i sine „Undersøkelser i Romsdalen“**) vore inne på den tanken at „*de (myrpelene) er blitt benyttet under skjøtselen av den bedrift, hvortil stenalderfolket var så uvegerlig hen-*

*) Sidan dette var skrive, er det kome meldingar um nye fund på garden Flovik(holm) i Veøy. Ei mengd pålar er funne i ei høgd y. h. på ca. 10 m., i ei myrlægd, der det visseleg hev vore ei tjørn ein gong i tida.

**) Sjå Årsmeldinga um fornfunna 1891.

vist: *til jakten, altså som fangstmiddel,*“ Th. Petersen uttala til oss so seint som i 1927 at alt tyder på at sokneprest Saxlund hev løyst spursmålet, og då det resultatet han kom til fortel so mykje um *livet* i utgamal tid og fyller ut det som fyrr er nemnt um gamalt veideliv, er det all grunn til å ta med ordrett noko av arbeidet hans um dette (Vitskapselskapet si skrift nr. 3 - 1907): „Men hvad har da myrpelene vært benyttet til? Deres tallrikhet og store utbredelse peker bestemt, som av Ziegler først fremholdt, i retning av at de *har hatt betydning for fortidsbefolkningens daglige liv*. Og når man nu vet at det som denne befolkning vesentlig levde av, var jakt og fiskeri, kommer man uvilkårlig til innenfor detté område å søke besvarelse på spørsmålet om myrpelenes anvendelse. Men dengang som nu: Skal man drive jakt som næringsvei, vil man - for å få noget større utbytte - gripe til å benytte fangstinnretninger, idet bruken endog av de mest moderne skytevåben ikke i lengden kan måle sig, hvad utbyttet angår, med f. eks. snarefangst. Og for dem som bare hadde pil og bue, gjaldt vel dette i ennu høiere grad, selv når den tids ganske anderledes store viltbestand i sammenligning med nutidens tas med i betraktning. Man kunde derfor tenke sig myrpelene anvendte som underlag under en eller anden fangstinnretning, således at der f. eks. mellem de over jorden stående peler var anbragt *fuglesnarer* eller lignende. For forekomsten av myrpeler f. eks. på den ganske lille ubeboelige øi Bolholmen og den likeledes lille, om enn bebodde Magerøy, *utelukker all tanke på pelenes anvendelse ved fangst av større dyr*, som f. eks. hjort. Det samme gjør også pelenes smekkerhet m. m. Pelenes ujevne form og ringe størrelse utelukker også tanken på deres anvendelse som pallisader, piler eller lignende.


Fugleviltet var visstnok i gamle dager ganske anderledes tallrikt forekommende enn nu, og da især *trekkfugler*, og av disse igjen langs kysten vadefugler og forskjellige sorter *ender*. Gamle folk kan jo berette om et storartet fugleliv for ikke lenger enn en 50 år tilbake. Men selv nu (1907) har jeg på de ytterste øier enkelte år sett veldige flokker av sniper, heiloer, viper og andre trekkfugler.

Men her ute ved kysten på de åpne, flate myrstrekninger vilde det på grunn av det hårde, stormfulle vær ikke være praktisk å benytte snarer som var *fritthengende*. Endog inne i forholdsvis lune plantninger og lunder klarer således den slags snarer sig dårlig på disse kanter av landet. Tanken på fritthengende snarer i forbindelse med myrpelene må derfor opgis.”

Etter å ha dryft ymse nye myrpålefund, soleis dei frå *Uglvik*

og *Bolholmen*, som hadde si fulle lengd, då ikkje noko var burtrotna i øvre enden av dei, som på storhopen elles, so finn Saxlund at desse pålane ikkje hev vore so lange som dei fyrr tenkte, d. v. s. heile pålen hev vore slegen ned i myra, so ingen ting hev synt av honom „og at de har hatt *fot-snarer* befestet til sig, til fangst spesielt vår og *høst* av vadefugler og forøvrig også av andre fugler, f. eks. svømme-fugler, som ender og måser.“

Dette er visseleg rett. No kann me skyna kva haka og hola og kluftene i øvste enden på pålane skulde vera til: til feste for snarene, som truleg hev vore av tarmar, senar, tunne røter - eller og kanskje av *tråd*. *Vevkunsten* er eldgamal, gjeng visstnok attende alt til yngre steinalder. Og skråstillinga måtte vera naudsynleg, skulde ikkje den nyfanga fuglen i si flaksing tilvers slita pålen med seg. Og vil me skyna kvifor pålane helst er ved kanten av våtlendt mark, d. v. s. ved plassar der det visseleg fyrr hev vore små vatn eller tjørner. Dette skulde endeleg gjeva oss greide på kvifor dei fleste ser ut til å vera sette utan noko visst millomrom, so på slump, burtset frå dei som hev stått i *ring*. Der kjem spursmålet lett fram um det ikkje hev vore bruka lokkemat i ei eller onnor form for å få fuglane inn mot „ringen“. Og når sume av pålane er mykje meir hjelpelaust tilhogne enn andre, so kann me lett tenkja oss at dette hev vore gjort av borna eller kvinnone, som gjerne hev stelt snarone, medan mannen hev vore ute på ferder eller drive med meir kravstort arbeid. Liknande bruk av fotsnaror hev vore drive mange stader i landet heilt fram til vår tid, serleg då smågutane hev halde fast på denne veidemåten. Soleis var det vanleg i Finnmark, fortel Saxlund, den tid han var prest der. - Saxlund segjer forvisst at dei 8 siste pålane, som ingen var avrotna, frå Uglvik på Otrøya, var tilhogne med *steinreidpar*. Der var det fyrr funne burtimot 100, som alle utan vidare var burtkasta. Funddjupna der var ca. 2,20 m., so me må av det og gå ut i frå at det er uhorveleg lang tid sidan dei var komne der. Ein gong vil me visseleg nøgjare få fastslege tida for desse, når alle høgder yver havet for *flintplassane* og *myrpålane* og strandlinone vert oppmælte, dertil kunnskapen vert større um dei tidene som hev vore turlendte og skapt vokstervilkåra for både ymse slag lauvskog og fureskog, og um dei meir våte tidbolkanene, som hev avsett dei digre myrlaga ovanpå skoggrunnen. Her hev både arkeolog og geolog rike arbeidsfelt. Samarbeid og samanlikning av dei ymse resultatata frå myrfund, jordlaga og flintplassane kann koma til å løysa tidsspursmålet.



Myrpålar frå Ytre Romsdal.

Myrpålane fortel oss og mykje um det gamle *voksterlivet* der ute ved kysten. Dei meiner å ha funne liketil granpålar, dessutan altso av *eine*, *eik*, *ask*, *rogn*, *bjørk* og *fure*. Djupt nede i myra er elles fleire gonger funne verkeleg **ei**-kestokkar, som neppe kann

vera komne der som reketømmer.

Jfr. dei gamle gardsnamna *Eikrem* (Eikerheim), *Eikesdal* og *Eik*. Eika var eingong storskogen i Noreg og voks heilt nord til Nordmør.*)

Øyane derute hev minst havt 2 fureskogperiodar med ein lengre tidbolk i millom. Dei yngste furerøtene ligg tett upp i myrkanten, straks under lynget. Noko av denne skogen hev ein gong brunne upp. Dei næste laga av furestubbar er 1,6-2 m. nede i myra, og *denne* skogen ser det ut til heilt hev vore herja av skogbrand. På denne djupna finn ein jamt leivder etter brende

*) Det er ikkje alle som meiner at eikeskogen hev vore so vanleg nor-danfjells, då dei synest at då skulde dei ha funne meir eik i myrane. Når det er stader me hev minningar um eik i gardsnamna, karm sjølv sagt dette og tolkast slik at dei nett fekk dette namnet fordi her voks eik framum andre stader. Men me skal hugsa at namn samansett med bjørk eller fure t. d. er likso sjeldne, endå dette er hovudskogen i Romsdalsbygdene, og *hev vel vore* det og.

furestokkar og greiner, og kring stubbar og røter ligg ofte lag av trekol. Dette gjeld både Otrøy og Gossa. Bygdetradisjonen fortel at skogen på Gossa skal ha brunne ein gong kring 1300-talet e. Kr., noko som ikkje treng vera heilt umogleg, men som likevel ikkje utan vidare kann takast for visst. Denne branden laut då gjelda *siste* fureperioden.




Frå Harøy.

Harøyhytta og jordgammen på Orta.

Endå meir interessant og forunderleg enn desse myrpålfunda må det vel segjast å vera når myrskjerarar brått ein dag støyter med spaden burt i ein husvegg! Det hende ein fin sumardag i 1907 på Harøya (Aukra prestegjeld). Millom 2 og 3 meter nede i myra fann arbeidarane ved Harøy Torvfabrikk leivder etter ei hytte, som var bygd av einetømmer. Ho låg ca. 200 m. frå havet og 10 m. y. havflata. Hytta var bygd slik at einestokkane var sette skrått mot kvarandre som sperror i eit tak. Høgda på henne var umlag 1,70 m. Inne i hytta fann dei ymse småting av tre. Ho hev lege på eit lite nes ved ei lita tjørn, som var demnd upp av ein strandvoll av rullesteinsgrus. Noko nærare sjøen fann dei noko seinare ein *eldplass* og ymse restar etter ein *båt*. Og kann det nemnast at i same djupa i myra som hytta var i og tett ved denne, er funne ymse myrpålar, av bjørk og rogn. So her møter me atter vitnemål um det utgamle veidelivet, som må ha røter so langt attende det hev vore folkesetnad der ute ved kysten. Å avgjera um hytta hev havt buande folk året rundt er vandt, ja, so å segja umogleg. Ein kann og tenkja ho hev vore bygd med tanke på veidelivet - snarefangsten t. d. vår og haust.

Stutt tid seinare vart på øya Orta (Sandøy herad) funne ein *jordganme*, som låg umlag likeeins til som Harøyhytta når det

gjeld høgd y. h. og lengd frå sjøen, og endå denne hytta er bygd upp av torv, må ho likevel vera yngre enn hytta på Harnya, då ho ikkje låg so djupt nede i myra, nedste kant 1,80 m. djupt og „mønen“ var berre 40-



Flintkniv frå Eikrem.

50 cm. under jordflata. Forma på denne jordgammen var som ein vinkel. Dei tvo langsidane var 4 m. kvar og „innsidone“ umlag halvparten. Golvet var steinsett med ca. 200 større og mindre fjørresteinar, i minsto ein kunde takast for eit sæte. Fleire av steinane var store som eit mannslyft. Under steinane var eit. lag av greiner og ris. Ymse tresaker vitnar um at dei truleg

er laga med metall-øks, elles var det heller ikkje her funne ting som avgjerande kann fastslå kva tid ho høyrer heime i. Av interesse kann nemnast at det var leivder etter eit slags fotty, nærmast sandalar av skinn. Liknande vart i 1907 funne 75 cm. nede i ei myr på Tautra. Og var der eit trestykke som kunde tenkjast vera brukt ved *veving* eller når ein skulde binda *fiskegarn*. Sjølve *eldstaden* fann dei ikkje her, men han kann ikkje vera so langt frå hytta, då der fanst små kolrestar på staden. Ogso på Orta er funne myrpålar, men berre ca. 50 cm. nede i myra. Den eine var *heil* og hadde *hake* i øvste enden, liksom mange av dei som er funne andre stader utan å vera øydelagde av rot. Det er mogleg at både Harøyhytta og Ortagammen er „sesonghus“ til bruk i veidetida. A. W. Brøgger held fram i sitt verk „Det norske folk i oldtiden“ at det alltid hev



Lita steinøks frå Heggdal.

vore både jordbruk og veideliv, ikkje berre det eine, eller det andre. Dei tvo ting gjekk saman i bonden sitt liv som tattane i eit tog; og dette er ikkje berre eit *rett* syn på dei økonomiske grunnvilkåra til folket vårt ned gjennom tidene; det er *sjølvsagt* at det må ha vore so. Her hadde dei gjerne med seg heile huslyden i fangstida, - det er ting i Ortagammen som tyder på dei er tilordna for born -, og veidinga vart driva både på land og sjø. Er professor S. **Bugges** tolking av Ortanamnet rett: av gamalnorsk *urptir*, som tyder *verpestader*, so lvt me tru at her hev rett vore reir for sjøfugl!*)

*) Tvillaust kann enno mangt finnast i dei store myrane ute ved havkanten når berre folk er gaumsame og gløgge, og dei bør senda det dei finn til kunninge menn - eller gjeva melding um det, helst til museet i Trondheim.

Miøyholone.

At husa i steinalderen hev vore noko serleg likare enn den leirklinthe kvisthytta på Øverås i Eirisfjord eller einehytta på Harøya og torvgammen på Orta, er det ingen grunn til å tru. Det er ikkje visst at vanleg folk jamvel i bronsealderen, som på so mange vis syner so høg ein kultur, hev butt stort likare. *Gammen* hev visseleg vore vanleg i bygdene våre kanskje heilt fram mot Kristi tider. Og mange hev levt i *hellerar* og *holor*. Vitskapleg granska er berre so vidt me veit tvo av dei tri holone på garden Bjørnerem på Miøy, *Veslehelleren* og *Sauhelleren*. Den tredje, *Geithelleren*, hev ei forhall ca. 20 m. breid, 15 m. høg og 10 m. lang; deretter kjem ein smal gang på 10 m. inn til eit rom som kann røma 10-15 menneske sitjande. Då konservator *Nummedal* og lektor *Ryssdal* gjorde sine etterrøkjingar derute i 1912, vann dei ikkje so mykje med denne; dei tvo andre, serleg den veldige *Sauhelleren* (sjå s. 12), gav deim meir enn nok arbeid. So mykje såg dei då at der og var merke etter busetjing. Alle desse tri hellerane er laga av havet. *Geithelleren* ligg ei 10 m. høgare enn dei hine, og må soleis vera eldst. *Veslehelleren* hev ei grunnflate på ca. 10 m². Ved utgravingane av grunnen i denne fann dei som fyrr nemnt leivder etter ei mengd dyre- og fiskeslag, fugl og skjel. Av *reidskapar* fann dei nokre beinnåler eller beinsylar (prener), 1 flintstykke, 1 slagstein eller knusestein og eit brot av eit leirkar. Men det mest forvitnelege var ein fin *fiskekrok* med mothake, laga av hjortehorn. Den øvste enden av ongulen var skoren ut som hovudet på ein sel, med *snøre*-auga som auga. Etter det som fyrr er halde fram um dei primitive folka og *dyrebileta*, veit me at dei



Dolk og spjotodd
av bein.

skulde ha ei magisk kraft i seg, ei evne til å dra dyret eller fisken til seg. Me kan jamføra bergmålinga av laks på Honnhamaren i Tingvoll. Th. *Petersen* heldt fram i eit fyredrag i Vitskapsselskapet i Nidaros i 1926 um desse: „Hvorfor har man malet disse laksene på dette sted? Svaret må bli følgende: Det er for å lokke laksen på dens gang innover fjorden om denne berghammer og inn i *viken* og videre op i elven, som faller ut straks



Ongul frå
Veslehelleren.


innenfor denne hammer. Fiskebilledene på Honnhammer har således på magisk vis gjort samme tjeneste som de imiterte fossefall, som man i våre dager maler på berghammer hvor laksen har sin gang. Man vil også her legge merke til at alle fiskene vender hodet *samme* vei, og dette er ikke utover fjorden, men *innover*." Her finn me altso i *grannegjeldet* til Nettet, der Boggeritingane finst, ei bergmåling som stadfester det som fyrr er sagt um desse. Og at det same gjeld dyrehovudet på fiskekroken frå *Veslehelleren*, er det all grunn til å tru. Ved å gjeva ongulen hovudet av ein sel, fær denne noko av *selnatura* i seg, og *selen*, veit me, er kjend for ein framifrå fiskar.*) Den store *Sauhelleren*, som hadde eit tjukt buplasslag på umlag 1 m., vart langt frå heilt utgraven. Berre ca 12 m². vart undersøkt, og her fann dei leivder etter det same dyreliv og fangstliv som i *Veslehelleren*. På side 12 er det fortalt um dei ymse villdyrslaga som der var leivder etter, dessutan var det restar av 26 skjelslag, so det vitnar um at skjeljar hev spela ei stor rolle i det daglege hushaldet til dei som her hev butt. Men i denne hola fanst og ymse bein etter *hund*, *geit*, *sau*, *okse* (liten rase) *gris* og *hest*. Serleg var *sau*, *geit* og *okse* sterkt representerte. Det er greidd at denne busetjinga her *ikkje* kann vera *eldre* enn yngre steinalder, sidan dei ymse husdyra tek so breid ein plass i hushaldet, heller *yngre*, som me skal sjå. Og fann dei leivder etter sjølve *homo sapiens* - mennesket, men det var berre eit *sidbein*!

Ymse reidskapar fanst og, soleis ei øks av hjortehorn, ei *hakke* (*grev*) laga av akslebladet av ein okse, ein *dolk*, laga av fremste luten av underkjaken på ein hjort, lengd 12,2 cm. Elles var der ein spjotodd og fleire nåler og sylar av bein, alt i alt 18 stk. Av dei var 12 umlag heile. Serleg ei av nålene - og med hovud - 8,6 cm. lang, var yverlag fint tillaga. Og bør nemnast ein einhaka harpun av bein. Av steinsaker fanst m. a. ei øks, brot av ein skiferodd, eit søkke, noko av ein slipestein av sandstein og 7 flintstykke, visstnok brukte som eldf Flint. Ein eldstad eller ei gruve vart funnen umlag midt i hola. Dertil vart funne ymse brot av klebersteinskar og leirkar, som etter si form og sine ornament skulde tyda på at dei kanskje høyrer



**Beinsylar frå
Sauhelleren.**

*) Sjå Nummedal: Bjørneremfundet, s. II.




1. Skivespaltar frå Kjørsvik, Frena. 2. Sandsteinøks frå Haukebø 3. Øks frå Heggdalstrand, Otrøy. 4. Slipa flintøks frå Rypdal, Tresfjord. 5. Flintskrapar frå Orta-


til so seint som i eldre *jarnalder*. Funda syner also sermerkte *steinalder* reidskapar, men det er og visse fund (kleber- og leirkarleivder) som tvillaust høyrer til jarnalderen, endå der ikkje finst teikn til metallsaker, segjer Nummedal, som meiner at me her hev eit yvergangsfund millom steintid og jarntid. d. v. s. at dei folka som hev butt i holone hev stått på same *kultursteg som steinalderfolka*, soleis hev dei vore nøydde til å bruka stort set dei gamle reidskapane, men det hev vore so *seint* at dei hev havt *kjennskap til jarnet*. **A. W. Brøgger** finn og busetnaden i holone helst hev vore i fyrste hundradåra etter Kristus. Det er helst folk som elles hev havt si hovudnæring i krøterhald og korndyrking, som i veidetidene hev havt tilhelde i holone og havt med seg husdyra til beittings på øya. -

Konservator K. Rygh er samd med dei. I meldinga um nye fund i 1913 skriv han soleis: „Nummedal har oppfattet dette fundet som et overgangsfund mellem stenalder og folkevandringstidens jernalder, og som i sin helhet levning av en beboelse av hulen i det 5 årh. e. Kr. Et sådant hull på over 2000 år i den kulturhistoriske utvikling *lar sig ikke anta for Romsdalens vedkommende*. Fra bronsealderen (1800-500 f. Kr.) har vi efter norske forhold noksa rike levninger herfra. Fra Otrøy, som ligger tett ved Miøy, har vi tre fund av økser fra den *eldre* bronsealder, fra det nærliggende Gossa en spydspiss av bronse, fra Bud to celter (namn på eit serskilt slag heller små bronsealderøkser) fra periodens *midtre* del, og fra **Veøy** en spydspiss. Fra distriktet har vi jernalderfund, hvorav blandt sikkert daterbare nogen iallfall går tilbake til det 4. årh. e. Kr. og andre visst eldre. Det er heller ikke nødvendig å ty til en sådan antagelse. Av lerkarstykkene er det ikke noget, som efter former og ornament er ikke godt kan skrive sig frå stenalderen. At man her i Norge i stenalderen har forstått å arbeide kar av grøtsten (kleber) er meget trolig, men om de former de i tilfelle har havt, kan man intet vite, da vi mangler *gravfund* fra denne tid, og man i de egner i Norden, hvor de store stengraver forekommer (Danmark og Sud-Sverige) igjen mangler denne stenart, Forsåvidt derfor kulturlaget i Sauehelleren skriver sig fra en enkelt kulturperiode, må det efter min opfatning henføres til stenalderen, nærmere bestemt til ganggravernes tid (siste luten av y. steinalder). - Til desse meiningstmtsetningane er berre ein ting å segja: Dei lærde fær stridast til meiningane finn kvarandre. Men ein lekmann lyt få lov å koma med denne innvendinga : Når alle øyane i Romsdalsfjordmynnet hev so rike vitnemål um busetnad både i *eldre og yngre* steinalder, og i bronsealderen, so vilde det vera sers under-

leg i ei tid då folk levde likso gjerne i holor som i jordhyttor, at slike framifrå *naturalaga* „hus“ skulde ingen busetnad ha. Det er rimeleg havet hev laga desse holone alt i eldre steinalder-tid; men dei stod der i minsto i siste steinalderbolken ferdig til busetjing.*)



Saman med alle myrfunda og flintplassfunda gjev då desse holone eit utrulegt bilete av liv og tilhøve i utgamal tid i bygdene våre. Dette livet hev visst i dei eldste tider vore utruleg fredeleg. Mektige menn og maktrå - i stor stil - høyrer i røynda høgre *kultur* til. Likevel syner og Sauehelleren, som so mange andre holor som hev vore folka i gamal tid, leivder etter ein *mur* ved inngangen. Både Th. Petersen og A. W. Brøgger held desse murane for *for-svarsmurar*. Men desse treng ikkje gå attende til den *eldste* busetnaden av holone. Ein tenkjer heller på eldre jarnalder.



**Klebersteinskar-brot
frå Sauehelleren.**

En ny folkesetnad. Krøter og korn og fast busetnad.

Det som fyrst og fremst sermerkjer den yngre steinalder framum den eldre er dei mykje betre livsvilkåra som krøterhald og kornavl skaper for mennesket. Feal er tvillaust ein god mun eldre enn åkerbruk. Elles vitnar tida um kulturframgang på so mange umkverve. Flintteknikken m. a. når so høgt at einskilde nordiske flintreid-

*) Th. Petersen segjer so seint som 1927: Fundene i Sauehelleren m. m. er fremdeles uklare. Disse huler har nok vært åpne for bosetning allerede i eldre stenalder, men det må være visse kulturforhold, som har gjort at de først er blitt benyttet i yngre stenalder, og mulig også senere. Måskje er sesong- eller veideteorien riktig“. Denne sesong-veideteorien held A. W. Brøgger fram i „Det norske folk i oldtiden.“

skapar frå denne tida er so fint laga at ein ingenstad elles kann finna maken. Det hev vore ymse meiningar um denne framgangen hev si årsak i *vokster* utigjenom steinalder-tida, eller um han botnar i *innsig* av nye folkeslag, som hev ført med seg dei ymse husdyra og andre nye kulturelement - og ikkje minst : eit folkeslag som både åndeleg og lekamleg hev stått framum dei som var i bygdene fyrr, og soleis hev vore meir *kulturskapande*. Både arkeologar og filologar samlar seg no meir og meir um denne siste synsmåten: Den yngre steinalderkulturen må i høg grad hanga saman med eit nytt folkeelement, og dette må ha vore *germanar, dei verkelege ættfeder til folket i dag*. Me må gå ut ifrå at dette innsiget hev gått fyre seg smått i senn og at i mange - i minsto i avsides bygder - hev den gamle folkesetnaden i lange tider levt sitt eige liv som fyrr, då det skulde ein vel dig folkehop til å folka alle bygder i eit land med slike vidder. Men det kann tenkjast at den eldre busetnaden tidleg hev lært å kjenna både ku og korn o. a. av desse, og hev på ymse vis etterkvart eigna til seg desse nye kulturgodane. Det er mogleg at desse tvo folkeferdene sume stader etter kvart på *fredeleg* vis hev runne meir og meir saman. Andre stader, der dei kanskje fyrst støyter ihop, hev desse nye landnåmsmennene, som både i åndeleg og materiell kultur hev havt fyrespranget, gjort den eldre folkesetnaden til *trælar* - i noko mun og kanskje etterkvart teke den upp i seg - og teke *førarskapen* og soleis vorte *herre-*



Flintdolke frå Tovan, Nesset.

folket. *) Desse som hadde *sau* og *geit* og *gris* og *ku* og *hest*, dei trong ikkje fara den daglege fatigmanssvegen yver fjell og finne, frå fjord til fjord, fra dal til dal for å halda liv i husfolket sitt. Dei hadde noko fast å halda seg til i krøterflokkene sin. Dei kunde slå seg ned ein stad og verta buande for godt. Av notids partisipp på gamalnorsk : *buandi*, kjem nemleg det nynorske ordet *bonde*, d. v. s. *ein* som bur fast. Bonde er soleis eit gammalt adelsnamn i motsetnad til den farande, fatige nomaden, ustanseleg nøydd til sitt rekarliv. Og bonden fekk seg *korn*, *bygg* og *kveite* fyrst, i bronsealderu og *havre*. Sist kjem rugen. Frå fyrsten av hev visseleg feal spela hovudrolla ; i den tida *trong* dei ikkje bu fast. Dei kunde draga med bølingen frå beite til beite, men brysamnt var det på so mange vis. Fjell og fjord stengde og gjorde det vandt å koma fram. Beita i Isfjorden var og gjerne likso gode som i Vistdalen, og ikkje so visst var det at det var likare på Vestnes enn i Bud eller Bolsøy. Vinteren kunde og vera hard for både folk og fe. Vanskeleg var det i matvegen for dyra, og husnaua var endå verre i dette rekarlivet. Korn og åker kravde og fast busetnad, skulde det verta til noko. Og soleis ser me at sjølve *livet* nøydde nomaden til å setja bu for godt i bygda, um ikkje alle på ein gong. Klimaet og natura i Noreg kravde det. Og som me alt skynar: fast busetnad er og eit *kulturkrav*, då det er hovudgrunnlaget for all framvokster. Og so veks hus og heimar fram, hus som skulde hysa for heile livet, for all ætta - i all framtid, ikkje lenger berre for ein månad eller tvo. Og det merkelege er at både 2 og 3000 år etter at nordmennene hev reist seg *heimar* i dalane og fjordane våre, so lever ættefrendane våre i Mideuropa det gamle flutt-folklivet endå so seint som på Kristi tider.

So reint lettvent var det nok ikkje å reise desse heimane, grunna på husdyr og korn. Veidelivet heldt nok fram for alle ved sida av jordbruket og fehaldet, men for dei som ikkje nådde so langt at dei fekk seg *alle* desse husdyra, men berre *geita* eller *sauen* t. d., dei laut nok no som fyrr henta det meste av levemåten or skogen og sjøen. At mangt eit bu var berre lite og smått, det vitnar dette veraset or *Hávamål* um, som rett nok er dikta på yvergangen til historisk tid (ca. 900 e. Kr.), men som visseleg ber fram utgamle tradisjonar :


*) *Dr. Fürst* („*Når* de døda vittna“) finn at dei ljose langskalla, blåøygede, høgvaksne germanarhovdingane hev teke dei kortskalla myrke kvinnone til frillor, dåra av deira „trollska øgon“. Spursmålet um „langskalle“ og „kortskalle“ let me elles liggja, då det er stor usemje um dette.

Eit *lite* bu er betre enn *inkje*,
 heime er kvar mann **herre**. -
 Hev du *geiter tvo* og ein *togsperra sal*,
 då tarv du ikkje tiggja. --

Jamvel so **seint** er det tale um eit bu med geita som einaste husdyret ! --

Husa hev hjå alle i denne tida vore heller uvande ; gammar av stein, torv, leir og kvist ; berre nokre få meter i tverrmål hev mått greida seg.*) Rett nok var det rikeleg av tømmer i skogane ; men flintkniven og flintøksa, um dei var aldri so fintforma og velslipte, so var storskogen so eitrande hard i veden, utgamal han stod der, at han var ikkje greid å råda med. Men det er røynt at det utrulegaste kan gjeast med desse øksane, legg ein god vilje og stein**alder-tålmod** til!

Snart vart det jordlappar kring hyttone. Bygget voks godt, og kveiten med, når dei berre rota litt i molda med tregreva eller dei primitive „plogane“ sine. Verlaget var som fyrr nemnt utruleg lugomare enn no. *Sigden*, av hardt tre eller flint, var ein gong ei stor oppfinning, og den fyrste *sloga* vekte tvillaust glede, då bonden fekk sjå kor framifrå ho var til å få kornet frå halmen med. Og med desse reidskapane og so den framifrå „handkverna“ si av stein (kornknusarar) visste han å nytte ut kornavlinga si. Av mjølka hev dei og visst å laga smør,**) og ulla på sauene nytta dei vel. Vevlodd og vevteinar



Frå votivfundet på Rød, Nesset.

*) Sjå det som fyrr er sagt um steinalderhytta frå Øverås i Eirisfjord.

***) Sjå Th. Petersen : „Et merkelig fund på Ørlandet“ i „Nidaros“ 1. juli 1927. Der vert det fortalt um ein *neverkop med smør*, funne på botnen av ei myr. Dette er frå dei siste hundradåra fyrr Kristus, truleg. Men smørproduksjonen er kjend i y. steinalder - sjå same artikkel. 2 andre slike myrfund av smør er gjorde fyrr i landet, 1 i Buskerud og 1 på Jæren. Alle er dei utan tvil votivfund.

av stein er funne fleire stader i Romsdalen ; kor langt attende dei går, kann ikkje so visst segjast, men i nokre steinaldergraver andre stader i landet er funne restar etter *grovt ullty*, so *dei hev nok kjent kunsten å veva* alt no. Og at dette hev havt mykje å segja når det gjeld klæda, er greidt, endå skinn enno hev vore det mest vanlege, - kanskje ikkje minst av husdyr, då serleg sauskinn. Graver og gravgods fortel um *trua på eit liv etter dette*. Fund av samlingar av reidskapar, noko som hender ikkje so sjeldan, soleis dei 10 flintsagene på **Rød**, Nesset, og dei **6 steinøksar** utan skafthol, lagde ovanpå kvarandre, frå *Sandshamn*, Aukra, er vitnemål um ein serskild kultus, truleg av naturguddomar. Dei er gjerne kalla *votivgåvor*, d. v. s. offergåvor eller takkegåvor til gudane. „I det nordenfjelske er det *Romsdalen* som hittil særlig har ydet fund av denne art“. (Th. Petersen i „Nidaros“ 1. juli 1927.)

Bronsetida (ca. 1800-500 f. Kr.)

Når denne tidbolken ber dette namnet, so vil ein gjerne tru at det er bronse (eit hardt metall laga av kopar og tin*) *alle* reidskapar og våpen vart laga av. So er ikkje tilfelle. Dei fleste lyt nok halda seg til dei ymse steinslaga enno som reidskapsvyrke. Bronsen laut førast inn frå land lengre sud, og vart difor for dyr for vanleg folk. Men me ser at i dette tidsromet hev bronsen vore *kjend* i bygdene våre og landet vårt. Elles er det so at når me talar um bronsealder og bronsealderkultur, so tenkjer me helst på den *høggkultur*, kann me visst segja, dette tidsromet representerar, samanlikna med tida fyre og dei fyrste hundradåra etter (fyrste bolken av den eldre jernalder). Ein viss steinalderkultur lever alto, serleg hjå dei *lægge samfundsklassor* - me skal snart sjå at me no kann tala um sovorne - ved sida av bronsen. Serleg fortel eit interessant fund frå *Heggdalsvik* på Otrøy noko um denne blandingskulturen i den eldre bronsealder (fyre 1500). Der er det saman med ymse flintsaker funne ei av dei gildaste bruksøksane me hev av bronse. Dei fleste bronsefunda syner helst luksusting og småting berre, sjeldan bruksreidskapar. Desse bronsepyrdsakene er alle utifrå stilfullt og fint fråseggjorde. Bronsefund er sers sjeldne; fyre 1913 hadde me i Romsdalen 7 fund


*) 1 del tin, 9 delar kopar.

**) I 1927, fortel Th Petersen, hev Sunnmør 10 bronsefund, Romsdalen 10 og Nordmør berre 2.



Bronsøks frå Farstad.

(på Nordmør berre 1 og på Sunnmør 6). Av dei er tvo frå *Bud*, tvo små bronsøksar (celtar), ei funne på *Hustad* og ei på *Farstad*. 3 øksar er funne på *Otrøy*, (*Heggdalsvik* og *Rakvåg*), ein spjotodd på *Gossa* (*Øydegard*) og ein liknande spjotodd i *Veøy* (*Nesje*) Det er funne former av leir som fortel at folket hev gjort desse øksane sjølve. Ein liten prydnadsting




Bronsøks frå Eikrem, Gossa.

av bronse, ei bronsespenna, er funne på *Sun* i *Bud*. Det siste bronsetidfundet i *Romsen* vart gjort i 1924 - ei øks (celt) frå *Eikrem* på *Gossa*. Som me ser er desse bronséfunda serleg knytte til dei ytre bygdene i fylket, og det lyt segja oss at her var likaste folket og største busetnaden i denne tida og.*)

At det er framgang i denne tida når det gjeld busetnaden kring fjordane, er tvillaust. Jordflekkene på steinaldergardane voks, og krøterflokkene med, etter kvart ættleder kom - og kvarv. Og nye gardar og bygder fekk busetnad, i dal, vik og på øy. Jordbruket tok seg munaleg upp. På bronsesalderhelleritingar ser me t. d. ein mann som pløgjer. Oksar dreg den uvande treplogen. Alt tyder på at i denne tida hev det vakse fram ei *stormannsklasse*, berarar av den høgt utvikla bronsesalderkulturen, og ei underklasse, som - ja, langt inn i jernalderen (fra 500 f. Kr. til ca. 1000 e. Kr.) greidde seg med dei gamle stein-, tre- og beinreidskapane. Det er godt mogleg at den sosiale

*) Ved etterrøkjingar me gjorde saman med Th. Petersen i Eirisfjord sumaren 1927, kom tvo fine bronsøksar for dagen. Dei hadde i lengre tid lege på gardane *Bjørnes* og *Frisvoll*, der funda var gjorde. Ei er frå ca. 1300 f. Kr. og den andre (frå *Frisvoll*) frå ca. 9. årh. Det var reint tilfeldig at desse funda vart kjende, og me vil tru at kom alt som er funne av bronseting i bygdene våre til Trondheims Museum, vilde fagfolk få eit anna syn på bronsetida enn det A. W. Brøgger held fram.


ulikskapen alt hev vore så stor at einskilde bondeætter hev sete inne med jorda og makta rundt i bygdene (Sjå prof. Johnsen: Norges Bønder). I dette skulde då alt liggja rota til bygdeskiping - og smårikesamlinga seinare, slær sume granskarar frampå um. Desse yverklasseættene hev då etter kvart bore fram den forvitnelege og aristokratiske bronsealderkulturen, som småfolket stod utanum. Når det gjeld denne kulturen, er alle granskarar samde um at her er det ingen grunn til å tala um nye innfluttningar ; denne kulturen er vaksen fram i landet gjennom lange tider.



Skaftøks av bronse frå Heggdal

Mange hundrad *gravrøysar* rundt land og strand fortel um at desse folk hev havt si meining um *eit liv etter dauden*; difor skulde det stellast godt med dei døde. Sterke minningar um gamalt liv gjev desse gravene. Ute ved havkanten, i dei meir opne bygdene, er desse haugane helst av jord, medan på nes og åshøgder langsmed stren-

*) I eit bronsefund frå ca. 1300-talet f. Kr. i Vennesund ved Bindalsfjorden i Nordland er so seint som surnaren 1927 funne tvo slike barberknivar. I Romsdalen er ingen kjende. I Sør-Sverige og Danmark er dei nokso vanlege, gjerne funne saman med andre toalettsaker.



Bronseøksane frå Frisvoll og Bjørnes, Eirisfjord.

dene ligg store steinrøysar og minner um desse farne tider, I Roms-
len finst dei og. Sume kjende, men visseleg endå fleire ukjende.
Ei sovora gravrøys vart for ei tid attende. utgrava i Nesjeskaget på Nes-
jegardane i Veøy. Inst inne var i eit gravrom av hellor, 1,5 m. langt.
Der fann dei ymse reidskapar, soleis den spjotodden av bronse, som
fvrr er nemnd. Berre 20 m. frå denne var der ei onnor, der fann dei
berre brende bein, På *Nesjegardane* skal det i det heile teke vera eit
av dei største og rikaste gravfelte me hev på Vestlandet, og det er
gjort fund frå ymse fyrrhistoriske tidbolkar. At mange av gravene frå
bronsetida ikkje er rikare på fundsaker, heng visseleg saman med at
alt tidleg hev ein ny gravskikk, *likbrenning*, vorte rådande, og denne
må tvillaust hanga saman med eit eller anna brigde når det gjeld tan-
kar og tru um dauden og livet etter dette.*) Dei brende beinleivdene
frå bålet vert no jamnast gøynde i „småkistor“ av stein eller i leirurnor
og gjerne sette inn i gamle haugar og røysar, og det vert soleis slutt
med å reise nye storrøysar. Likbrenning vert stort set vanleg heilt
fram til kristendomen kom, med stuttare *gravhaugtider* inn i millom,
då serleg i vikingtida. Og denne *gravskikken* gjer visseleg mykje til

*) Den eine av dei tvo bronsealderøksane i Eirisfjord meiner Th. Pe-
ersen er gravfund, soleis den eldste (ca. 1300) frå Bjørnes - ubrend grav.
„Nidaros“ 23. aug. 1927.

at det i denne tidbolken er etter måten små og fatige fund. burtset frå sjølve vikingtida. Likevel må me ikkje tru at gravskikkane for kvar tidbolk hev vore *eins* i alle bygder. Nett det at sume bygder hev vore meir konservative og seine til å taka etter det nye, då som no, gjer at ymse graver kann vera vande å tidfesta.

Ovtru hev nok og rådt sterkt millom desse folka At det er dei som hev greidt med både trollskap og maning, tyder eit par bronsefund frå Danmark på. I beltet på ein død fann dei i ein lærpung m. a. dette : Enden av ein orm, noko av ei skjel - av eit slag som berre lever i Millomhavet, eit lite utskore trestykke, ein bette av ei ravperle, noko av ein raudstein, ei lita læhylster, som gøymde underkjaken av eit ikorn og nokre småsteinar, som var innballa i eit stykke av ei blære ! Hjø ein annan fann dei liknande små-saker, m. a. tvo bitar av hestetenner, ei gaupeklo, noko av ryggkvervlane på ein orm, eit stykke av luftrøyret på ein fugl, ein liten rognekvist o.s.b. - Dette kann tolkast på fleire vis. Høyrer dette til utgamal folkemedisin kanskje? Hev t. d. desse tvo vore „doktrar” - medisinmenn ? For å fylla ut eit hol i Romsdalsfunda må dette takast med, då me hev so rikelege med vitnemål um at livet elles her heime syner so tydelege parallellar med livet dernede.

Som alt nemnt : Bronsealdertida gjev oss ein tanke um at ei primitiv samfundsskiping er i gjære, berre *innanfor bygda*, truleg. Folk held på og kjem kvarandre nærare inn på livet. Og det fører med seg strid og krangel, kann tenkjast, um veideplassar, fiskegrunnar, beitemarker kvinnor. Og alt tyder på at sume er rike og mektige, og soleis kann skipa *sin* rett i bygda - for dei som t. d. berre hev eit bu på „to geiter” -- og er rettlause. I våre bygder --- som alle andre stader i verda - stig samfundet fram i soga som maktsamfund. Det lyt *høg* kultur til å skapa rettssamfund.

Jernalderen.

Den eldre jernalder frå umlag 500 f. Kr. til ca. 600 e. **Kr.**

Siste tidbolken fyre Kristus. Pyteasferda.

Den siste store hovudbolken av den fyrrhistoriske tida er *jernalderen*. Det er greidt at når folket vårt fekk jarnet til hjelp, måtte ei rik framgangstid koma. „Jernet åpnet nye uanede muligheter for jordbruket,” segjer prof. Johnsen, og det er sovisst sant. Jarnøksa og den jarnslegne plojen skapte nytt tiltak og framtak hjå bonden

utyver bygdene. Og då *ljåen* og *lauvjarnet* kom, vart verknaden visseleg ikkje mindre. Medan *sigden* er kjend alt i steinalderen (flintsigden), kann *ljåen* og *lauvjarnet* fyrst påvisast i gravene millom 600 og 700 e. kr. Med tida vart jarnreiskapar kvar manns eige, og då kunde skog rydjast, hus byggjast for folk og fe og jord odlast på ein heilt annan måte enn fyrr. No kunde bonden få „samle i lader” so det munna og soleis betre greida buskapen sin vinteren yver. Og med jarnet si hjelp kunde folk byggja heilt andre sjøgåande skutor og skip enn hittil. Alt romaren Plinius (død 79 etter Kr.) hadde store vorer um jarnet som hjelperåd for manneætta. Med det pløgjer me jorda, plantar tre, skjer havre, høgg stein og tømmer og gjer alt nyttigt arbeid elles, segjer han. Men samstundes synsest han det er ille at nett denne same ypperlege hjelperåda i kampen for det daglege tilværet og skulde fremja krig og plundreliv, slik det og kom til å gjera det i bygdene våre. Likevel, det vart no fyrst og fremst den store reidskapen for *bonden* i hans landvinnings- og jordodlingsarbeid.

På 1300-talet f. Kr. er jarnet kjent hjå Vesleasiafolk, so det tok eit lite tusundår fyrr det fyrst fann vegen nord til bygdene våre. Bronsen var og komen same vegen frå dei gamle kulturfolka i Orienten, so her hev me vitnemål um kulturelt hopehav mest so langt me veit attende med folka kring Millomhavet. Men det hev visstnok gått mange hundradår etter at jarnet var kjent, fyrr det vert ålment nytta ; dei funda me hev i landet vårt frå denne tida, d. v. s. frå dei siste 500 åra f. Kr., er fatige, undanteke på Jæren, og syner helst småsaker og pydting, t. d. nåler, spenner, beltehakar og ymse små jarnknivar. I Romsdalen, og i det heile teke nordanfjells, finst visstnok ikkje fund eingong frå denne fyrste jarnalderbolken.*) Dei hev truleg mått greida seg med dei gamle steinreidskapane som fyrr, småfolk i minsto. Dette heng visseleg saman med det at jarnet laut innførast. Onnorleis vart det då me kring Kristi fødsel eller i fyrste hundradåra etter Kristus lærde å vinna jarnet ut or *myrmalmen* og soleis på dette viktuge umkverve vart sjølvberga. I *Veøyboka* fortel O. Olafsen um myrmalmvinna i *Veøy*. Slaggrestar finst visseleg i mange bygder, gjerne til fjells. Og vert det halde fram tvo andre årsaker til å forklara dette „tomromet” på ei 5 - 6 hundradår når det gjeld fundsaker. For det fyrste er sjølve *gravskikkane* slik, likbrenning utan nemnande haugleggjing av dei døde, ja, ofte berre små grøper i jorda fyllte med kol

*) Sume meiner at ei fin klebersteinskrukke frå Vikstrøm på Hitra er frå denne tida. Dessutan hev me smørfundet frå Austråt, nemnt ovanfyre.

og brende beinleivder, at ein må gjera rekning med at fornleivdene frå denne tida er både få og små og dertil hev vore sers utsette for øydeleggjing. Men endå meir veg det at i dei siste hundradåra fyrr Kristus hev dei klimatiske tilhøva i høg grad versna. Kaldt og rått hev det vore samanlikna med tusundåra fyrr. Det er serleg dei ymse laga i torvmyrane våre som fortel oss um dette. Det er helst i sovorne råde, våtvorne tider at myrane veks og trivst. Dette hev drege skoggrensa ned mot dalane og øydt skogen på øyane og gjort vokster- og levevilkåra på so mange vis verre enn i tidbolkanane fyrr. Og med den økonomiske attergangen fylgde ein *kulturell*. Me hev ikkje lenger slike vitnemål um hovdingliv og utvikla kunstsans, ja, kunstglede med, som bronsefunda fortel um. Og medan bronsetida tvillaust hev vore ei *stridstid*, der bondehovding hev stått mot bondehovding i bygda (eller bygdene), so tyder funda frå denne tida på eit jamt og fredeleg bondeliv, utan storhendingar og bråk. Det finst jamvel dei som på grunn av dei klimatiske tilhøva meiner, sidan Oslofjorddistriktet og Jæren t. d. syner etter måten mange fund frå denne tida og, og det nordanfjelske Norig i høgda berre hev tvo, at denne luten av landet beint fram hev vore avfolka i desse hundradåra nærast fyre Kristus. Og andre går i minsto so langt at dei meiner store luter av folkesetnaden hev drege lenger sudpå, so busetnaden i desse nördste lutene av landet hev vore heller ring.*) Dette um folkesetnaden kann trass alt likevel ikkje gjelda dei tvo-tri *fyrste* hundradåra av jarnalderen, sovisst forteljinga um den djerve greske opdagingsfararen *Pyteas* er rett, som me hev god grunn til å tru. På Aleksander den store si tid, kring år 330 f. Kr., gjorde nemleg *Pyteas*, frå den greske kolonibyen Massilia (Marseille) i Sud-Frankrike ei sjøferd til Bretland og sidan gjennom Irskesjøen nordanum Skottland til *Thule* eller Norig. Dei lærde hev funne ut at han landa på *Romsdalskysten* (i vissa på Møre-kysten). Sidan heldt han fram heilt nord til polarsirkelen. Um denne ferda fortel han sjølv i boka si „Um havet“. Og endå so mykje hopehav dei tri Norderlanda hev havt med Orientkulturen attende i utgamle tider, finn me her for fyrste gong Norig nemnt i *skriftlege* kjeldor hjå dei gamle kulturfolka ved Millomhavet.

Pyteas hev etter alt å døma vore ein glugg kar og hev sete inne med all den høgste hellenarkultur i Aleksandertida, og det vil ikkje

*) Og bør det merkast at dei klimatiske tilhøva visseleg førde til umleggjing av jordbruket, frå kornavl til fehald. Berre med ei 2-3 gradar lægre middeltemperatur vert det mest uråd å avla korn.

segja lite. Han hev gjort mange observasjonar og kjem med ymse merknader um folk og naturtilhøva. Her lyt me nørgja oss med å gjeva att det han fortel um folk og liv i bygdene våre (etter *Nansen* si umsetjing i *Nord i Tåkeheimen*) : „I desse stroka nær det kalde beltet vantar finare frukter, og der er få dyr, og folk lever av *hirse* (d. e. bygg) og anna, nemleg *grønsaker*, ville *frukter* og røter ; men *dei* som hev *korn og honning*, lagar seg ein *drykk* av dette. Då dei ikkje hev noko *klårt solskin*, treskjer dei kornet i *store bygningar*, etter at aksa er samla saman og førde dit, for det vert ubrukande på dei opne treskjeplassane på gruun av skort på solskin og regnskurene.“ ---- Diverre er storluten av Pyteas sitt verk øydelagt; me finn berre herma einskilde leivder hjå ymse seinare forfattarar, som hev bygt på dette, men det me hev, er då so forvitneleg at me lyt vera takksame at noko finst att. Kor fær me ikkje berre i desse få linone det mest storslegne bilete av livet i Romsdalsbygdene for godt og vel 2000 år attende! Det er *jorda* han held seg til her. At han hev skrive um *fiske* der ute ved kysten, er greidt; men som nemnt - storparten er burtkomen. Her fær me då høyra at dei dreiv *skikkeleg jordbruk*, og fordi veret kann vera so ymsande, som me veit det kann vera enno i bygdene våre, so lyt folk ha *lødor* til kornet sitt, noko som er uvant for han frå Sudlanda. der det alltid var turt ver og rikeleg sol. *Treskjing* er umtala. Me lyt då her tenkja oss dei bruka sloga. Mogleg er det og at dei no er nådde fram til betre og høvelegare *hus*, *firkanta trehus*, i staden for dei primitive jordgammane. *Store bygningar*, heiter det, og då er det lite truleg at han, som er van med herlege haller og andre byggverk kring Millomhavet på den tida skulde meina jordhyttor ! Og haddc dei *store* hus av tre, skuldc ein og ha lov å tru, at dei hev havt *jarnøkse* til hjelp. Og hev den gamle norske nasjonaldrykken, *mjøden*, laga av korn og *honning*, vore kjend. Biehald er gamalt i Norig. Honning hev vore bruka i staden for sukker heilt fram til utgangen av millomalderen (ca. 1500 e. Kr.), då *sukker* tok til å bli innført frå dei nyuppdaga landa - då særleg frå Amerika - Saman med so mange andre slag kolonialvaror. Merkeleg er ordlage „*dei som hev korn*“, det fær ein på den tanken at sume enno berre driv med fehald. Forteljinga um ferda til Thule, til landet „der det ved sumarsolkverv ikkje er natt, medan det ved vintersolkverv er ingen dag“, levde i hundradår, veit me, i romarhugen og var viseleg med og skapte den nyfikna og vitehugen, som førde dei mektige romarherane på Kristi tider både til England og langt inn i Germania (Tyskland), heilt fram til Elben ; ja, ein romersk flåte siglde på denne

tid jamvel nordum Jyllandskystane og „kom til steder stive av fuktighet”. Dette siste fortel Plinius den eldre oss, og det slær fast det som fyrr er nemnt um eit hardare klima på desse tider. Det må nemleg vera Skagerak som er „stiv av fuktighet” isfyllt.

I Pyteas si ferd hev me eit „fornminne“ i Romsdalen, som er verdfullare og forvitnelegare enn mange grav- og jordfund, og ho er ikkje berre med og fyller ut „tomromet” i fyrste jarnaldertidbolken for Romsdalen, men for heile Nord-Norig og heile landet.

Den romerske jarnalderen.

Dei fire fyrste hundradåra etter Kristus heiter vanleg i saga vår den *romerske* jarnalderen, fordi vår kultur på so mange vis i denne tida vert merkt av romarane, som kring Kristus hertek alle landa sud for Donau og vest for Rhin og soleis vert grannar til germanane i Tyskland, dei nære frendane til folket i våre bygder. Romerske sverd og pengar t. d. finn me ofte frå den tida i landet vårt,*) og dette tyder på at nordmenn hev vore med i krigane ved dei romerske grensone, eller at germanske frendar som hev vore med, seinare hev busett seg her i landet. Ei mengd nye kulturemne fekk me og no, soleis glas og sylv, og det er mogleg at me alt kring 200 - 250) fekk det *eldre runealfabet* på 24 teikn - altso grunnlaget for den fyrste bokstavskrifta vår, som me seinare skal sjå. Me hev fleire gravfund i Romsdalen som går attende til tida kring 3 - 400, siste luten av romersk jarnalder, soleis eit fund gjort på Monge i Grytten i 1914. ein spjotodd og eit økseblad. Det eldste funde me visstnok hev frå denne tida i bygdene våre, er eit som vart gjort på Sandnes (i Holm) i Veøy i 1921. I ei røys fann dei i eit lite gravrom ein bronsekjel fyllt med jord og brende bein (brandgrav). Kjelen hadde ei form „som såvidt vites ikke tidligere er påvist her i landet (Th. Petersen). Denne grava er i minsto ikkje yngre enn 300 e. Kr., heller eldre. På same garden er elles gjorde ymse forfund; me hugsar soleis serleg flintbuplassen frå eldre steinalder.

Etter prof. A. W. Brøgger si meining er det i denne tida fyrst at jarnet bryt sigrande inn i bondelivet og gjev folket slik vilkår for vokster og framgang og bonden slik makt til å nytta ut det natura

*) I eit fund på Ak i Grytten, frå romersk jarnalder, truleg, som me kjem nærare inn på seinare, er soleis ei romersk gullmyt fra tida til keisar Maxentius, død 353 e. Kr.

hadde å by på i bygdene våre, at me kann rekna desse siste hundrad-åra, folkevandringstida og småriktida (400 - 800) og vikingtida (800 -1000) til dei vidunderlega -



Bronsekjelen frå Sandnes.

ste grortider i folket vårt. Det er vokster yver alt landt, og evnor bryt fram, ikkje minst i Romsdalen, eller i Raumsdølafylket, som i desse tider visseleg vert namnet på bygdene våre. Heile folket er på mars fram i *sogedagen*. *Brøgger* kallar tida 300 - 600 „den store dannelsesetid i Norges eldre historie.” Og det som kjem etter denne, etter folkevandringstida si uro „er likefrem utbygningen av de forskjellige samfunds- og kulturområder, som efterhånden fører til dannelsen av et *Norge*.” Soleis ser og *Shetelig* det, som elles meiner, motsett *Brøgger*, at jarnet spelar ei mykje større rolle alt frå fyrsten av jarnalderen, soleis og at den nasjonale produksjonen av jarn, myrsmalmvinna, tek til fyrr : „Vår første jernalder er, tross det nye metallet, dog nærmere forbundet *med fortiden* enn *eftertiden*.”

Folkevandringstida og småriktida (400 -800).

Nytt folkeinnsig.

Mange vil visseleg undra seg yver at me i Romsdals-soga kann finna *på å tala um folkevandringstida*, for me veit alle at det er dei store hendingane ute i Europa på denne tida som hev skapt dette namnet for den ålmenn-europeiske sogas i dette tidsromet. Det er no *me* hev dei store *herferdene til dei gotisk-germanske folka* inn yver Vestromarriket, og som til slutt, fram mot 500-talet, gjer ende på dette; desse folka skaper nye rike innanfyre grensone til det gamle romarveldet. Dei mest kjende av desse nyrika vert Frankarriket og det angel-saksiske riket (England). Anglane og saksane, veit me, er våre nære ættebrør. Fyre utferda til England budde dei i Holstein og Sør-Jylland. Og Vest- og Sud-Norig hev tvillaust havt mykje samband med desse sjøleides, både *fyrr* og *etter* hersetjinga av *Britannia*.

Det hev me no so mange vitnemål um (Sjå soleis Shetelig „Norges forhistorie,“ 1925). *Norig* hev heller ikkje stått utanfor desse folkeflutningane ute i Europa. Gravfund, m. a. og i Romsdalsbygdene, syner at nordmennene hev vore med i dei store flodbylgjene av hermengder, som i desse hundradåra hev volte inn yver Romarriket sine grensor. I desse tider, veit me, etter at den fyrste store folkevandringsuroa ute i Europa hadde sett seg noko, hev det og vore eit *nytt inn-sig i landet vårt av germanske frendar* der utanfrå, m. a. egder, ryger, hordar og *raumar*. Ryger og hordar er kjende namn frå folkevandringstida; hordar, - *harudes*, er nemnde alt hjå Cæsar, år 58 f. Kr., då han slo dei i slag ved Øvre-Rhin. Stutt tid etter finn me dei att buande på vestkysten av Jylland, *nord for anglane og grannane til desse*; landsluten dei budde i heiter enno i dag *Hardesyssel*. Rygerne budde på den tid *aust for saksatte*, i det noverande Fram-Pommeren, og var altso *grannane deira*. Øya Rygen ber enno namn etter dei. Med å merka oss busetnaden til desse folka fyrr dei kom til Norig, er det mogleg me kann få ein peikepinn um kva *tid* dei er komne, då me kann gå ut i frå som fullvisst, at utflyttingane til England av anglar og saksar hev skapt uro og øsing hjå grannane, hordar og ryger; det vil altso segja at dette nye innsiget til Norig må ha vore umlag *samstundes med* hersetjinga av det keltiske Britannia av anglar og saksar. *Shetelig* „tenker sig også denne innvandring som en parallell til angelsaksernes i England.“ No er me so hepne at me veit at i 428 laut romarane draga ut or Britannia troppene sine for skuld germanar-åtaka på Rhin-Donaugrensone, og då vart britane utsette for harde åtak av dei ville skotane (sjørøvarfolk) frå Irland og piktane frå Skottland. I denne påkjenninga bad britade anglar og saksar, som lenge hadde drive plundreferder på Britannia, um hjelp mot desse, men det enda med at dei sette seg fast i landet for godt og dreiv burt i utkantane, soleis til Wales t. d., den gamle keltiske folkesetnaden. Dette hender etter alt å døma i dei fyrste 20-åra etter 428, altso innan 450. Og som nemnt er det grunn til å tru at innsiget av ryger, hordar og raumar hev gått fyre seg umlag samstundes. Den gotiske sogeskrivaren Jordanes, som levde i Konstantinopel i tida straks etter 500-talet, nemner i eit av sogeverka sint alle desse folka på vestkysten av landet vårt, og me skulde tru dei alt då er vel røtte i norsk jord, og dei var styrte av kongar, eller mogleg og av *ein* konge, som me skal sjå. *Raumane* er ikkje nemnde millom folkevandringsfolka ute i Europa, noko me heller ikkje kann venta, då det er ymse som tyder på at iminsto ein del av

dei hev vore erular, also aust-germanske folk, gotar, i motsetnad til te vestgermanske frendar, hordar og ryger, og at dei hev teke namn er *bustaden* sin.

Erulane var tida sine ypperste krigarfolk, veit me; dei herjar heile Europa. Flokkar av dei vart i folkevandringsstormne drivne nordetter og tok bustad i Norig, på Vestlandet helst. Høvet millom dei vestgermanske hordar og ryger og dei austgermanske erular er sers uklårt. I det heile teke er det noko underleg at me ikkje hev betre greide på desse folka, endå so ofte dei er nemnde av sogeskri-varane i tida, då serleg av grekaren Prokop (ca. 550) ved sida av Jordanes. Dei stig brått fram i saga i det 3. århundrad e. Kr. Dei herjar i Svartehavet og heilt ned på Hellas, samstundes som andre flokkar saman med *saksarane* (i Holstein) driv vikingferder langs kystane i Vesteuropa, serleg i Gallia og Spania. Sume gjekk og inn i dei romerske leigeherane, og andre hjelpte germanarhovdingar *Odovaker*, då han i 476 gjorde ende på det vestromerske keisarrike. Veldige vikingar og eventyrarar var dei, og likesæle og djerve til å slåst. Det må jamvel Prokop sanna, som elles fortel so mykje nedsetjande um dei. Det var vandt å finna ein erular som var rettvis og skikkeleg, segjer han, dei var trulause og fæle, på drykken, dertil rådrinke og giruge. Dei var høge av vokster, kvit hud og ljost hår, fortel han. Stort meir veit me heller ikkje um dei. Ved det som her er halde fram um *erulane*, er det tvo ting ein serleg bør merka seg: *sambandet* i millom og samlaget med vestgermanane i Holstein, *saksarane*, og *denne vikingånda*, som me møter hjå desse folka, både på deira tog på fastlandet og herjeferdene på kystane i Vesteuropa. Skildringane er som skorne ut or norsk vikingliv; det er hordar og ryger og raumar sine herjeferder på land og sjø nokre hundrad år seinare som fell ein i tanken. Hovdingen, kongen, var hjå erulane, som i vikingtida her heime, berre *den fyrste millom* likemenn. Kongemakta var veik, med eit utvikla aristokrati, her heime *storbønder*, ved sida av seg. Det vert fortalt at når ein grekar spurde dei kven dei var, svارا dei: *Erilar* (krigarhovding). Minner ikkje svaret um det Gange-Rolvmenne skal ha sagt, då dei ved si landing i Normandi var spurde kven som var hovdingen deira? „Me hev ingen herre; me er alle like!” - Erulane ser ut til å ha vore umsynslause og eventyrlystne folk, godt utvikla både åndeleg og lekamleg. Og at dei kverv i folkehavet, som so mange andre gotisk-germanske folkevandringsfolk, i denne umveltungs- og nyskapingstida, finn me rimeleg, slik dei i 200 -- 300 år umsynslaust øydsla og *spreidde* evnor og krefter. Det siste

erularriket på austerrisk grunn, vart ødyelagt av langobardane, eit anna germanarfolk, truleg i 512. Då veit me og at hopar vart drivne nordetter mot Skandinavia.*) At me finn att erulardådstrong og vikingånd hjå øy- og fjordbuar i vikingtida her heime, det treng me i minsto ikkje tvila på. I det heile teke er dei nordiske vikingferdene berre dei siste storbårone etter folkevandringane i Millomeuropa, og dei 6 Vestlandsættene Jordanes fortel um: Grenir (i Telemark), egdir, ey-nir, adalrygi, hordar og raumar + innsig av mindre erularflokkar til ymse tider, truleg meir eller mindre innblanda i dei alle, og kanskje mektigast og reint i yvertal hjå raumane, romsdølene, dei klårlegg tydeleg for oss *samanheng*en millom folke-vandringstid og vikingtid.

Sumt Jordanes fortel um, saman med ymse fornleivder frå bygdene våre, som det seinare skal peikast på, fær oss til å tru at ein erular-flokk må ha slege seg ned i Romsdalen alt fyre 500-talet. Jordanes fortel at *erulane* gjorde krav på, fordi dei var so høge, å vera dei fyrste i namn og rang millom folka i Norderlands. „Dog (etter A. Bugge) av disses legemshøide er også innbyggerne av Grenland, egder, ryger, horder og *romsdøler*; over disse var for ikke lenge siden *Rodulf* konge, som foraktet sitt eget rike og ilte til goterkongen Theoderik den stores skjød” (Thcoderik levde i tida 454 - 526.). Sogegranskarane er i tvil um „disse“ viser attende på alle dessa folka eller berre på *romsdølene*. *Shetelig* i Norges Forhist. og *Magnus Olsen* i „Hedenske kultminner i norske stedsnavne” (side 284 - 85) held baa fram at denne kong *Rodulf* eller *Rolv***) omkring 500 var konge „over et kystrike fra Viken til Romsdalen“, og *Shetelig* meiner at her i det 5. og eit stykke ut i det 6. årh. hev vore eit „folkevandringsrike, en parallell til angelsaksernes i England og frankernes i Gallia, goternes og langobardernes i Italia”. M. Olsen segjer: „Dette rike faller på en merkelig måte i det vesentlige sammen med det kultur-

*) Den svenske docenten Elias Wessén held i verket sitt : „De nordiska folkstammarna i Beowulf” fram ymse nye meiningar, m. a. at *skjoldungane* i Leire (Sjelland) var *erular*, og meiner at dei *erulane* som for nordetter i 512, drog til ættefrendar på dei danske øyane, og ikkje til Norig. Han held seg til Prokop, som me og gjer nedanfyre; me synest Prokops skildring er so greid, at ho ikkje treng umtolkast med tanke på svensk-dansk saga, so Thule vert Sjelland!

**) Jfr. Gange-Rolv-namnet. I sume Romsdalsbygder, soleis i Eid, finst eit mannsnamn som me ikkje kjenner andre stader *Roe*, - me hev visst og høyrte ei form *Rörl*, som kunde vera verdt å granska nærare for ein språkmann. Sjølv *Rolv*namnet nev visst lite eller ikkje vore brukt i Romsdalen. Er dette gamle sideformer, eller rettare : avleide former av *Rolv*?

område, karakterisert ved *skjelettgraver*, som viser forbindelse med vesteuropeisk gravskikk i folkevandringstiden." Både språkvitenskapsmannen (M. Olsen) og arkeologen (Shetelig) kjem til det same resultatet, at desse folka på vestkysten i denne tida hev sers mykje sams. og dertil finst tydelege merke etter frendskap og hopehav med angelsaksane i England. „Der er en merkelig overensstemmelse i drakt, smykker og våben, og nære tilknytninger i håndverk og kunst.“ (Shetelig). Olsen og Shetelig held og fram at „det er også dette vestlandsriket, kystranden, som først har båret namnet Norge, Norwegr (nordveien) Ein lekmann kann ikkje godt koma med innvendingar mot ein lærd her, endå ein skulde tru, at det er ikkje so lett å tenkja seg eit sopass storriket so tidleg; men som Shetelig og segjer det: „Det behøver jo ikke å ha vert særlig fast holdt sammen, fordi det på en bestemt tid hadde en felles konge, som forøvrig også måtte ta sin tilflukt til Theoderik den store.” Spørsmålet um kong Rolv hev vore konge yver vestkystfylka til og med *Raumsdølafylket*, eller um han berre hev vore konge i fylket vårt, lyt stå ope; anten det er so eller so, hev han vore konge yver *raumsdølane**).

Det er sjøvlsgat ikkje umogeleg at bygdene våre fyrr folkevandringstida kann ha vore på veg fram til større samling, til fastare politisk organisasjon; men det er mest naturleg å tenkja seg denne i samband med innflytting av ei *erularyverklasse* ein gong på 400-talet. Gravene frå folkevandringstida fortel um aristokratiske tilhøve med gjæve ætter, som stod høgt yver vanleg folk. Me hugsar at K. Rygh i 1913 skreiv at bygdene våre hev rike eldre jernalderfund, serleg frå folkevandringstidea, sume og eldre enn 400. A. Helland fortel at i 1909 er 49 sovorne fund gjorde i Romsdalen, medan Nordmør berre hev 27. Av dei fell på Vestnes 7, Tresfjord 3, Voll 3, Eid 2, Grytten 8, Hen 0, Veøy 6, Eirisdjord og Vistdal 8, Nesset 2, Frena 2, Boløys 1, Aukra 4, Sandøy 0 og Bud 3. I tida siden 1909 er og fleire fund frå denne tida gjorde, ca. 20, soleis på Sogge, Hole, Månge, Åk, Sæterbø og Nes i Grytten, Kavli og Hen i Isfjorden, Sandnes i Veøy, Syltebø i Eirisdjord, Kjersem og Sør-Sylte i Tresfjoden, Jenset og Klauset i Aukra. Fleire av gravene er rikt utstyrte og gjev tanke um eit mykje utvikla samfundsliv. Hovudgrunnen til dette er visseleg at jarnreiskapar hev vorte kvar manns eige. Men og spelar innsiget av desse framande

*) Professor Koht i „Innhogg og Utsyn” meiner at Rodulf berre var konge yver den eine ættgreina, ranni, som vanleg, soleis av S. Bugge, vert tolka raumii. Sjå elles nedanfyre.

folka, kjende med meir utvikla kulturar, ei mektig rolle i denne nyvoksteren og samfundsskipinga. Det er tvillaust *fylkessamlinga* som går fyre seg no, ei konsolidering av bygdene våre til det historiske *Raumsdølafylket*. (Me skal nærare koma attende til dette i samband med fylkesnamnet.)

Kva som i røynda hev ført kong Rodulf frå Romsdalen - eller Vestlandsriket hans - og til „Theoderiks skjød, hvor han fant det han *søkte*“, er ikkje so godt å segja. Det er vanskeleg å tru at han er faren godviljugt; heller lyt ein tenkja på misnøgde stormenner, som, so veik kongemakta var, hev tvinga eller drive honom burt, og at det han „søkte“ kanskje kann vera *hjelp*. Sjølv sagt hev han ikkje fare åleine. Og var han, som A. Bugge tykkjest meina, sidan han brukar ordlag som „Rodulf, konge av Romsdalen“, „Rodulf, sambygding til Gange-Rolf,“ berre konge i bygdene våre, lyt me tru ei mengd romsdøler fylgde honom på dette sudlandstoget hans. Rodulf må ha vore av *erularætt*, sidan me seinare trur å finna honom som konge yver *erulane*. Denne Rodulf som er nemnd hjå dei, kann ikkje godt vera nokon annan enn *kongen vår*, då alt fell so saman i tid, og då det Prokop og Jordanes fortel og samstavast so godt med dette. Soleis meiner og m. a. A. Bugger og den kjende tyske soge-granskaren *Mommsen*. At han hev vorte konge yver desse erulane i Sud-Europa, fortel soleis um *ættfrendskap*, men det tyder og på at Rodulf hev vore noko *meir* enn vanleg, ein viking- eller krigshovding av dimensjonar. Han hev visseleg kjent tilhøva i Sudlanda, og fyllt av den velkjende erulartrongen til dåd og eventyr og krigsleik hev han fare - „foraktende sitt eget rike“. Det er ikkje umogleg at det ligg noko sanning i dette ordlaget. Var han konge berre i Romsdalen, kann det no tenkjast at her var smått stell og, mot det Europa hadde å bjoda på! Og kann ein gissa på at Rodulf hev fare sudyver etter oppmoding frå kong Theoderik sjølv. Det finst verkeleg eit brev frå honom til erularkongen, der han, Theoderik, skriv at han sender honom våpn og hestar og gjer honom til „våpensonen“ sin - på ekte germansk vis.*) Me må gå, ut i frå at denne kong Rodulf altover heil hev vore ein veldig krigar og dertil vore av erulisk kongeætt, og når

*) Docent Wessén, sjå ein tidlegare merknad um denne forf. sitt syn, finn ut at denne Rodulf „er skjoldungernes store Rolv Krake i Leire“ Ein skulde tru at når Jordanes fortel um at kongen yver desse Vestlandsstammene dreg til Theoderik - og han heiter Rodulf, so kann det ikkje vera Rolv Krake, jamvel um denne, som Wessén meiner og som visst og er rett, er erul,

me då veit kor lite slike karar var stadbundne i denne tida, vert denne utferda hans ikkje so urimeleg likevel.

Mommsen meiner å finna Rodulf hjå Theoderik den store alt 489 og at han døydde i året 493 i eit slag millom erulane og langobardane. I det heile meiner dei lærde at når Jordanes og Prokop hev sopass greide på Norderlanda som dei hev, kjem det seg av di at dei hev havt ei framifrå kjelde til kunnskap nett i kong Rodulf.

Torer me gå ut ifrå dette, skulde me also her ha noko *fast* halda oss til når det gjeld saga vår. Me skulde beint fram ha årstal å stø oss til, at på denne tida var bygdene våre nådde so langt fram i slyring og stell at dei anten hadde *eigen konge, berre for seg*, eller at dei i minsto, som ein *samla landslut, var nord i eit større folkevandringsrike*, den nørdeste luten av dette, truleg. I båe tilfelle er det like forvitneleg kunnskap um tilhøva i bygdene våre me fær. At gravfunda i Romsdalen frå denne tida er uvanleg rike er visst, og det stadfester meir enn noko anna dei synsmåtar som er haldne fram um riksskiping og samfundslaging i Romsdalen på 500-talet. A. W. Brøgger segjer og (Det norske folk i oldtiden, side 188) at „egder, ryger, horder og *raumsdøler* forsvarer i høi grad deres plass i det 5. årh. norske geografi. De er representert ved ganske rike fundserier nettop på de samme områder av kysten, hvor de i vår tid bor“. Når ein les katalogar og årsmeldingar frå Trondheimsmuseet og jamførerer Romsdalsfunda med fund frå andre bygdelag, so vert bygdene våre den reine „gullgruve“ på fyrrhistoriske ting. Folkesetnaden kann ikkje i denne tida ha vore so liten, og det tyder på at strendene og dalane kring Romsdalsfjorden og øyane, serleg Otrøy og Gossa, hev vore unelege og trivelege bustader for fedrane våre. Medan *brandgraver* utan haug er sers vanlege i denne tida i landet vårt, finn me i Romsdalen ofte skjelettgraver med haug, og desse hev då, som rimeleg kann vera, mykje rikare utstyr, då sakene ikkje er herja av bål og brand. Dertil tykkjest det ofte vera *likaste folket* som hev fylgt denne gravskikken, yverklassa. Einskilde av desse funda kann då fortelja oss det reint utrulege um livet dei levde. Det mest vanlege innhaldet i dei er (frå eldre og y. jernalder): sverd, eineggja og tvieggja, skjoldar, spyd, øksar, knivar, ljår, sigdar, lauvjarn, grev, piloddar, hestebeisl, sokser, smidtenger, hamrar, bryne, heiner, båtsaumar, jarnkrokar og jarnteinar o. y. a. smærre jarnsaker. Ofte finst og gull, sylv- og glassaker, serleg det siste. Alt av organisk to er sjølvsgagt burttert. Me kann alle lett tenkja oss til det livet som hev vore knytt til desse våpna og reidskapane, i hus og heim, på gard og grunn og



Myklebostad A.

åker og eng i skog og mark, i krig og fred. Dei hev alt vore meisterlege smedar. Den eldre Edda, veit me, fortel og um sers dugande smedar. Dei smidde sverd so eggfine at dei kløyvde ulldotten med eggja når han kom drivande mot sverdet med elvestraumen.

Krig hev det sjølv sagt vore fyrr det vart *rike* og *fylke*. *Rike*, veit me, tyder velde som er skapt med *makt* (Jfr. Ringerike, Ranrike, Romerike), og fylke tyder på gamalnorsk *flokk* (på 50), og hev på ei eller onnor vis, visseleg av militære grunnar, gått yver til namn på *hovingrike*, landslut. Det kann tenkjast at *fylki* hev vore ei militær inndeling av bygdene, på 50 i kvar flokk. I saga um *Balder* høyrer me at *Moyguyr*, som passar Gjallarbrua, fortel Hermoyr „at hinn fyrra dag riya um bruna å Helveg fimm fylki dauyra manna”. (Jfr. *herad* av herråd, d. v. s. eit distrikt der ein *herse* rådde for herren.)

I denne tida finn me og nokre andre sers viktuge og forvitnelege minnesmerke, som det straks kann segjast um berre slær fast det som fyrr er sagt um denne tidbolken : Det er dei 2 (3) *bautasteinar* med *runor* frå *Myklebostad* i Vistdal og runone på *Runehamaren* eller *Hundsløysa*, ved Innholmen inne i Romsdalsfjorden (milom Veblungsnes og Innfjorden). Dei eldre runone, runor av det gamalnorske ordet *run*, som tyder løyndom, er på 24 teikn. Dei er visstnok laga etter dei gresk-latinske alfabetar av gotar ved Svartehavet, bg er so førde nordetter av erularflokkar, som me hugsar herja der nede på 200 - 300-talet e. Kr. (Jfr. A. Bugge i N. H. og O. v. Friesen i „Røstenen i Bohuslän”, s. 47 og 62). Dei var komne yver Danmark og var kjende i Norig kring 3 årh. Det finst i alle dei tri nordiske landa vel 100 eldre runeinnskrifter. Av dei er ca. 50 i Norig. Berre eit fåtal av dei er på steinar eller bergvegger. d. v. s. hev vore *framme i dagen*. Storhopen er innrita på småting funne i gravene, spennor, sylgjor, kammar o. a., og det hev visseleg vore *tanken* at dei skulde ha ein serskild løyndomsfull -- magisk - verknad til bate for den døde.

Romsdalen hev altso etter måten eit stort tal, 3 (4?) av desse 100 som fell på alle tri Norderlanda, og det skulde vera eit nytt vitnemål um erulisk folkesetnad i bygdene våre. Både var dei gotar (A. Bugge kallar dei elles germanar, men etter målet deira å døma må dei nærast segjast vera ei gotisk grein (sjå Friesen: Røstenen s. 47) og skulde soleis vera serskilde runekunnige, og dertil hev dei representert det *høgste* samfundslaget i bygdene våre, og me veit frå Eddadiktet *Rigspula*, at det var berre *jarlen* og *konungr* som guden

Rig lærde runeløyndomen til. Jamvel haulden, odelsbonden, vart sett utanum denne kunsta. ---

Den eine av dei 3 bautasteinane som hev stått på Myklebostad, skal vera innmura i ein fjøsmur i bygda (Helland), og kann soleis, fyrebels i minsto, ingenting fortelja oss.*) Ein lyt vona at han snart vert attfunnen og kann reisast att på det gamle hovdingsættet som *Miklibolstadr* må ha vore i eldre jarnalder, til minne um gamal tid og gjæve menn. Dei tvo andre er og diverre farne til kvar sin kant. Folk som truleg teoretisk, i minsto um sundagen, tviheld på setninga: „Heidrå far din og mor di,” bruka i lang tid den eine av desse i ei steinhelle, so lenge at runone mest vart burtslitne. So fekk latinskulen i Ålesund tak på honom, og i 1885 vart han send til Universitetet i Oslo. Den andre, som dei fann i 1888 på same staden som den fyrste, - upphaveleg stod dei på ein gravhaug -, er og komen til Universitetet. Og det er vel det beste so lenge ikkje folk ser noko anna enn gråstein i dei og byggjer fjøsmurar og steinhellor av slike verdfulle og heilage sogeminne. Innskriftene på „Myklebostad A,” som er avbroten i båe endane og no berre er ca. 80 cm. lang (breidd 45 cm.), er tolka slik (Sjå Friesen: Rørstenen s. 84): *Asugasyi* Asugastir mannsnamnet Ansegast. Etter S. Bugges tolking står namnet mogleg i genitiv, og meininga er då kanskje grava eller steinen til Ansegast, men helst hev vel runone noko med *magi* (trolldom) å gjera, til vern for den døde.

„Myklebostad B” er no 1,51 m. lang (det er mogleg at denne og er avbroten ein gong), 45 cm. breid nedst og umlag 20 cm. øvst. Sjøelve innskrifta er umlag 1 m. lang, men ho er mykje utydeleg. S. Bugge freistar med denne tolkinga: *Aihuprow ritar dette etter Ormalaib.*

På Runehamaren står *Eirilar Wiwila*, som S. Bugge meiner skal tyda *jarlen Wiwila* den høgætta krigarhovdingen Wiwila. Det er nemnt fyrr at ei gotisk (austgermansk) folkegrein kalla seg for *erilar* (krigarhovding) når dei vart spurde kven dei var. Soleis skal des-

+) Det med ein fjøsmur skal ikkje vera rett. Me hev granska litt dette i sumar (1927) med hjelp av ordførar H. Dahl, Vistdal. Steinen stod ei tid i kyrkjeporten til gamlekyrkja. Da nykyrkja vart bygd, vart denne bautasteinen sundslegen (i 2 bitar ?) og lagd i troppa til sakristiet. H. Dahl fortel i brev at eine halvparten ligg der, og at runor er innrita, men dei er utydelege. Desse er enno ikkje granska, so det er uvisst um det er yngre eller eldre runor. Det gjeld å finna resten av steinen.

ha fått namnet *erular*. Dette ordet torer soleis kanskje vera det same ordet som det frumnordiske *eirilar*, som vårt *jarl* mogleg kjem av. Det er dei, soleis O. von Friesen, som meiner at ein heller bør lesa Hundsløysarrunone „erularen Wiwila” --- eller „Wiwila av erularætta“, då han finn at ordet *jarl* og det frumnordiske *erilar* (eirilar) ikkje dekkjer kvarandre. Provføringa hans i Røstenen er grundig og grei, so det er mogleg det er so. Når det gjeld det *historiske resultatet* av dette, som og må verta ei ny stadfesting av det som er halde fram ovanfyre, um eit innsig av *erular* i Raumsdølafylket i tida 400 - 550, storflokken i samband med kong Rodulf kannhenda, men etter sume ting i saga å døma kjem nye innsig kring 512, då aust erularriket ved Donau vart øydt av langobardane, - so tykkjest det i røynda å verta det same, anten me fylgjer Bugge eller O. v. Friesen; for med tanke på Bugge si framstilling må me hugsa at her møter me på norsk grunn ordet *jarl* (*eirilar*) for fyrste gong (Jfr. og *jarlen* (eirilar) Hror Hrorson som i denne tida reiste stein yver dotter si i Sigdal), og det heng tvillaust nøgje saman med innsig av *erularar* („krigarhovdingar”). For ikkje treng me gå ut ifrå, som J. O. Holm gjer i Romsdals Sogelags årsskrift i 1924, at ordet *jarl* frå fyrsten av her i landet skulde dekkja det me møter i den *historiske jarleinstitusjonen* på 900-talet. Tvert-

Romsdals Soga



Myklebostad B.

imot. Det er visseleg fyrst *sjølve riksskipinga* som hev gjeve *erilar-*namnet (jarl) den tydinga me legg i det. I gamalnorsk litteratur lyt ein ofte setja um jarlenamnet beint fram med *hermann*, krigar; og ein *frimann*. Desse tydingane skulde vera minne og merke etter grunn-



Runor frå Myklebostad B.

tydinga av ordet - og som det frå fyrst av var på norsk grunn - i tilfelle ein då ikkje heller vil fylgja Friesens tolking: at jarl og erul er tvo ulike ord. O. v. *Friesen* held fram at namna *Asugastir* (Ansegast) og *Wiwila* er vestgermanske, helst frå traktene kring nedre Rhin (Røstenen s. 112) og vil gjerne setje innskriftene i samband med eruliske handelsmenn, som i tida kring - eller helst fyrr - 500 vitja dei norske fjordane, - serleg då *Vebungsnesrunone*. Han finn nemleg ut at erulane i tida 200 - - 500 hadde sitt hovudsæte i Danmark, på *Fyn* og i *Sør-Jylland*, i motsetnad til dr. E. Wessén („De nordiska folkstammarna i Beowulf”) som finn ut at det er på *Sjelland*. Desse tvo nye svenske arbeida samstavast i so mykje og hev ofte råkande grunngevingar (S. *Bugge* hev elles fyrr vore inne på det same) at ein kanskje no lyt ta som ein røyn-deting, at dei danske øyane (Sjelland eller Fyn) og luter av Sør-Jylland i denne tida (200 - 500), då erulane hadde slik ei stor-tid i europeisk saga, både som kjernetrop-per i romarherane og som vikingar og sjørørvarar ved alle kystar, hev vore deira *hovudbøle*. I desse stroka finst nemleg og dei eldste runeritingane, frå ca. 250 e. Kr., medan M. *Olsen* finn Vebungsnes- og Myklebostadinnskriftene helst høyrer heime i tida 450 - 550, noko som og på det næraste må falle saman med Friesens syn, sjå Røstenen s. 160. Og dette veikjer ikkje vårt syn på eit erularinnsig i Norig - i Romsdalen, kring 400 - 500-talet eingong. Tvertimot. Me hev ovanfyre peika på *harudane*, som kring 400 - 500-talet fann vegen til Hordaland frå Danmark, frå *Hardesyssel*. Me sette dette i samband med anglar- og saksartoget til England. Denne uroa, eller

annan strid, kann og ha fått erulane på drift. Det er og dei tvo svenske lærde Friesen og Wessén stort sett samde i, endå synsmåtar og framstilling ikkje fell so heilt i hop. Båe er dei samde um at erularriket vert herteke av *danane*, som dr. Wessén i det fyrrnemnde verk provar er frå Melarbygdene i Sverige. Og han segjer beint ut at han finn det sers rimeleg at *danane si hersetjing av Sør-Jylland heng saman med anglane og saksane og jutane si utvandring til England*. Etterpå går so *danane* laus på skjoldungriket (erulane) på Sjelland og tek dette, og det er all grunn til å tru at *danane* sitt herredøme i Danmark er frå fyrr 500-talet, for som *Friesen* segjer det: „Efter år 500 eller något senare äro de (erulane) som bortblåsta ur historien.“ Og so segjer han vidare (Røstenen s. 50): „Danernas erövring av heruliskt område har säkerligen lett til masseutvandring. För segrarna gällide det att i grund krossa de besegrade för att på detta sätt betaga dem möjlighet att hämnas och återtaga vad de förlorat. Säkerligen skulle också herulerna, även om det stått dem fritt att stanna kvar, trygga till liv och lemmar, ha föredragit att med svärdet i *hand söka sig nya utkomstmöjligheter som fria män framför att sitta kvar i sitt gamla land som intränglingarnas skattebönder*“*). *Ved å lesa dette og samstundes tenkja på det innsig av hordar og ryger t. d. som visseleg og på denne tid hev kome til Norig med Danmark som millomland, vil kvar romsdøl skyna at dei erularmerke som finst både i bygdene våre og i andre bygder (t. d. på Bysteinen i Sigdal, der og erilar ordet finst) hev herfolk og ikkje sjøfarande handelsfolk ført med seg, i minsto ikkje i Sigdal!*

Friesen fortel at *Wiwila* er ei forminskingsform av namnet *Wiwar* på Tunesteinen, ein av dei eldste rune-steinane våre. Og den frumnordiske forma *Wiwila* møter me att i gamalnorsken i det mytologiske namnet *Vile*, bror til Odin. Me kann visst alt no segja for visst at innskrifta *erularen Wiwila* fortel oss um eit erularverlde på 500-talet i Romsdalen, men me skal nedanfyre med fornfunda og namneverket, serleg frå Grytten herad, freista føra nye prov og å slå fast det same.

Når det gjeld runeinnskriftene på Myklebostad B., torer me ikkje draga nokor slutning av sjølve innskriftene - me tillet oss likevel å visa til J. O. *Holms* freistnad på eit lite brigde i Bugges prøvetolking; sjå R. Sogelags årsskrift 1924 -. Derimot er steinen, som godt kann vera frå tida 400 - 500 (M. Olsen) eit vitnemål um rune-kunnige folk (erular?) på staden alt i denne tid, og som det er peika

*) Understrika av oss.

på fyrr: Det var berre storfolk, hovdingar, som var runekunnige. - Nemnast bør det og, sidan desse runenamna i Romsdalen skal bera slikt vestgermansk merke, at dei eldre runone var kjende i Norderlanda ei god tid fyrr dei breider seg til dei andre (vest?)-germanske stammar på fastlandet. Men slik erulane herja på alle hav og strender, i aust og vest, so er det greidt dei og kom saman - kanskje og som Friesen meiner - som handelsfolk - med folk frå Rhinstroka t. d. Soleis bør me hugsa korleis erularflokkar var spreidde til so mange kantar av Europa, og korleis ein flokk i lange tider m. a. „samarbeidde“ med saksar-vikingar frå Sør-Jylland og Holstein på herjeferdene i Vest-Europa. Og er det grunn til å tru at det fanst erularelement innanfor hordane og rygene sitt umkverve (Sjå A. Bugge, N. H. I, s. 98). Og kva fortel ikkje desse orda av Prokop, etter at erularriket ved Donau kring 512 vart øydelagt, um erularflokkar på nordferd: „Dei for fyrst framum *slaviske* folkeætter; endeleg nådde dei fram til vanane (der som no heiter Meklemborg). Burtanfyre dei kom dei forbi dei ymse danarætter, utan at barbarane der bruka vald mot dei. *Då dei kom fram til verdshavet, skipa dei seg inn og landa på øya Thule (Norig) og vart buande der.*“*) Di meir ein leitar fram um Romsdalen i denne tidbolken og samtidig dreg samanlikningar med det heimsoga hev å fortelja oss, di vissare vert ein på at ein erularflokk (og Rodulf) er knytt til Romsdalen, og at visseleg mange raumsdøler i dag ætter frå desse.

Professor *Koht* freistar (I „Innhogg og Utsyn, side 10) å dra-ga dette i tvil. Men her er han ikkje so tung i argumentasjonen som han plar vera, og hev heller ikkje - sovidt me hev funne - fått nokon med seg. Som nemnt kjem hjå Jordanes 6 vestlandsætter i rad langsmed kysten, med rannii eller ranni tilslutt. Sofus *Bugge* meinert at dette er berre feil for *raumii*, då boka ofte elles og hev misskri-vingar. Denne tolkinga er rimeleg, serleg når me veit korleis so mange ting i bygdene våre på denne tid er vitnemål um at so må det ha vore. *Koht* vil lesa detta stammenamnet for samni = samnar, eit lite folk som *hordane* gjorde, ende på eller tok upp i seg kanskje hundrad år fyre Jordanes og kong Rodulf levde. Grunnen til profes-sor *Kohts* syn er at han ikkje nokon gong veit um at raumsdølene

*) Wessén og sameleis von Friesen ser ut til å meina at Thule **her** er Sjælland! Som det ovanfyre er peika på, skulde og erularriket på dei danske øyane eller i Sør-Jylland longe *vera* øydt av *danane*. At Thule, som er nemnt i Pyteas-ferda, er Norig, kann det ikkje godt vera tvil um.

hev vore kalla *raumar*. Her lyt ein få lov å gjera den motmerknad: Er i røynda ikkje *raumii* den einaste brukelege og naturlege forma for *raumsdølar* på latin? Og so ein merknad til: Det er vel og berre *Samnangerfjorden* (-bygda) som fortel at det ein gong i det nove-rande Hordaland hev vore samnar? A *Bugge* segjer: „*Muligens* har der også en gang i Samnanger og de tilgrensede strøk av Hardanger engang bodd en stamme, som kaltes samner. Man har ment å finne et minne om denne alt i historisk tid glemte stamme i bygdenavnet Samnanger”. Elles må og både gissinga og skrivefeilen verta større når *rannii* kann bli til *samni!* Men eit endå sterkare vitnemål um at vårt syn skulde vera rett, ligg i dette: I det gamle angelsaksiske *Widsid-kvede* vert *Heapo-Réamas*, „*dei stridslystne raumar*“, nemnde. (Heapo er same ordet me hev i Hade-land). Det er greidt at *Réamas* her gjeld sjøfolk frå Raumsdølafylket - og ikkje frå Romerike (*raumariciae*)!

Kvar denne Rodulf eller Rolv hev butt i bygdene våre, er det vanskeleg å hava nokor meining um, dersom han då berre var kon-ge i bygdene våre. Sjølve *Raumadalen* er mykje tenkjeleg. (Sjå sei-nare dryftinga av fylkesnamnet). Elles lyt ein tru at *Miklibolstadr* i Vistdal langt attende i tida, visseleg kring 4-600, hev hyst mektige menn. Det fortel bautasteinane og gravene frå denne tida, mogleg namnet med: den store garden:‘:). Vanleg hev tida for desse rune-steinane vore sett til 600-650. Målet på steinane, gravfund og ring-fund (*steinringar* - ei serskild gravform frå folkevandringstida) og dertil det lugome lægjet til garden, alt gjev oss lov til å føra den-ne grensa *minst* 100 år lengre attende i tida, gjerne meir. Då So-fus *Bugges* gamle datering tyktest oss noko sein og høvde elles lite til dei resultatata me elles kom til, sende me ein fyrespurnad til profes-sor *Magnus Olsen*, som velviljigt gav oss dette svar:

„Veblungsnesinnskriften må, efter fundet av Eggjumstenen, settes til eldre tid enn litt før midten av 7de årh. (Bugges datering i Norg. Innskr. I. 323.). Trygt tør man gå så høit op som til 6. årh., og jeg vover ikke å benekte at innskriften kan være fra før 500. Ved *Myk-lebostad I* (Asugastir) savnes pålitelige sproglige og runologiske hol-depunkter. Denne innskrift tør nok rykkes tilbake til 5. årh. *Mykle-*

*) I Nettet Busetjingssoga kjem me elles til at Miklibolstadrnamnet tru-leg er yngre enn runeinnskriftene derifrå. Jfr. M. Olsen i Ættegård og Helligdom s. 47-48. Garden hev fyrr truleg havt eit usamansett namn, me trur helst eit mykje vanleg gardsnamn, *Vistar*, og at bygdenamnet, Vistdal, hev si rot i dette.

bostad II er høist usikker m. h. t. lesning og tyding.” Berre *hovdingar* truleg lei på denne tida reisa bauta yver sine, eller seg. Bautasteinar er noko *nytt* i tida. Og berre dei som var framum dei hine, rita runor. Dei var runemeistrar, rådde med den „løyndomen” runone var. Var det ikkje so, måtte so mang ein stein og mang ei bergflate til i bygdene våre ha bore merke etter „løyndomen”, „*trollkunsten*”. Desse tvo orda fortel og at runeriting ikkje var kvar manns sak.

Det er elles noko underleg at me i denne tida hev dei rikaste gravfunda i dei mest sermerkte fjord- og dalbygder. Mangt kann vera rudt burt fyrr folk tok til å ansa på slike saker, og mangt kann enno koma for dagen. Likevel kan ein undra seg yver at dei ytre Romsdalsbygdene, som er so utifrå rikt representerte når det gjeld steinalder og bronsealder, berre møter upp med nokre få fund. Bolsøy, Frena, Aukra, Bud og Sandøy hev tilsaman ikkje stort fleire fund enn Grytten eller Eirisfjord og Vistdal åleine. Skal tru um me soleis kann rekna med at klimabrigde, kanskje og brand, Jfr. Otrøy og Aukra, hev øydt skogen på øyane og drege folkesetnaden meir innnyver mot dei lognare fjordbygder eller skogbygder? Kanskje heng det og saman med at jarnet gjev folk betre hjelpemiddel til å nytte ut *jorda* og *skogen*, medan fiskaren laut hjelpa seg med dei gamle reidskapane, stort set. Men han kunde no få seg betre båtar og, veit me. Den skipsbyggjingskunsta som vikingskipa ber bod um, hev nok ei lang utviklings saga attanfyrre seg! - Ein ting er visseleg rett: *Jorda* tek no til å spela ei mykje større rolle i folket sitt liv enn fyrr, og serleg vart det snud med *ljåen* og *lauvjarnet*, som gjorde at bonden ikkje lengre vart avhengig av det mildare kystklima for krøterflokk sin. No kunde han hausta inn og halda buskapen i hus um vinteren var kald og hard - slik han ofte kann vera i fjordbygdene våre.

Makt og rett og religion.

Innanfyrre denne tidbolken, frå ca. 400 - 600, er det vanleg å rekne at norsk *politisk historie* tek til, sume „rike” på Austlandet kanskje endå eit hundradår fyrr. Fyrst kjem samling og organisasjon av bygda, og vidare samling av bygdene til fylke, rike. At dette er so i Romsdalen, er greidt, det vitnar ikkje berre alt det som fyrr er nemnt, men og den fullferdige organisasjon som *småkongerike* på Harald Hårfagre si landviningstid. Stutt tid seinare, då raumsdølene møter kristendomskravet til Hokon den gode, so høyrer me dei

skyt seg inn under trønderane si avgjersle. Dette gjev eit endå vidare utsyn når det gjeld politisk vokster. Det peikar på at folket i bygdene våre på 900-talet er på veg fram mot ei langt større samling: inn under Trøndelag. Når det heiter at Hokon den gode skipar *Frosta*-tinget og tek med Raumsdølafylket her, so kann dette godt berre vera resultatet av ei lang og naturleg utvikling.

At *våpnmakt* hev spela ei stor rolle ved denne samlinga av bygdene våre, er tvillaust. Folkevandringstida var ei *krigartid*, der herhovdingen var hovudmannen. Me hev og arkeologiske vitnemål um dette: soleis *bygdeborgene* rundt omkring bygdene våre, og ei mengd hellerar, som folk hev nytta som forsvarsstader. *G. Schøning* fortel um tvo slike i Romsdalen. I fjellet *Stolen* ovanfyre garden *Farkvam* på Vågstranda er ei; den andre ligg i fjellet *Aslaksteinen* i Hustad. Dessutan finn Th. Petersen at ei sovora borg hev vore på Tautra. (Sjå R. Sogelags årsskrift 1927.) Og det hev visseleg vore fleire. *Schøning* fortel um *Aslaksteinen* at fjellet øvst uppe er svært bratt på alle kantar; berre på nordsida kann ein „ad en meget besværlig og trang sti” koma upp på det. *Segna* fortel at ein konge (som heitte *Aslak*) hev brukt det som *borg*. Dette er tvillaust rett - at der hev vore ei bygdeborg. Det syner merke etter tvo *brunnar* der, noko som ein finn alle stader, der borgene ikkje ligg ved naturlege vasskjeldor. Desse borgene er mykje eldre enn vikingtida, „da de aldri omtales i historiske beretninger, skjønt det her ofte skildres begivenheter, hvorved borgen måtte ha spillet en stor rolle, hvis de fremdeles hadde vært i bruk. De må tilhøre en *eldre* periode med andre politiske og militære behov”. (Shetelig) Og ein ny dokumentasjon av dei historiske resultatata me er komne til ovanfyre - vedkomande Romsdalsbygdene og - må liggje i dette: „*Norges borger gjenspeiler også en beveget tidsalder i vår forhistoriske jernalder, efter all sannsynlighet tidsrummet 3 - 5 årh., da vi på så mange måter har beviser for at folkevandringenes bølger har grepet inn i norske forhold.**)

Hittil hev desse borgene vanleg vorte tekne for *tilhaldsstader* for folket i bygdene ved åtak av fiendar. Andre, soleis Shetelig og Th. Petersen, meiner at so ulagleg dei ofte ligg til og so tungvinte dei er å koma fram til for bygdefolket, er ikkje dette alltid rett. Derimot hev mange av desse borgene ofte lege rett godt til *strategisk* set, t. d. ved veglinor yver fjellskard, som knyter tvo bygder saman, og soleis hev dei helst vore faste forsvarsplassar for bygdene.

*) Shetelig : Norges Forhistorie s. 172. Understrikinga er gjord av oss.

Namnet Furkvam (Jfr. Aafarnes) skulde kanskje vera eit minne um ei gamal vegline - framum Stolen og ned langs Moelva til Måndalen. For den som ikkje er kjend med tilhøva på staden, vert dette berre gissing. O. *Olafsen* segjer heller ikkje noko meir i *Veøyboka* um namnet, enn at *Kvam* tyder ein *botndal* og *Far* kann vera avleidd av *For*, eit elvenamn, eller av verbet *fara*, altså ein stad der vegen gjekk. Um *bygdeborga* på *Farkvam* skriv *Schøning* (Reise gjennom en del av Norge 1773 - 1775): „Stolen, som kan regnes blandt de høieste fjell i Romsdalen, er dessuten merkverdig derav, at når man fra sjøen går derop, over en med gress, mose og bjørkeskog bevokset, dog temmelig bratt bakkeskråning, 1000 til 1200 skritt opad, finner man der ovenfor en liten innhulet slette, og denne å støte til foten av det bratte og steile fjell, som står perpendikulært i været. Bemeldte slette er *omringet med en stenvmur*, som inneslutter en oval plass, og med begge ender støter til bemeldte bratte fjell. - - - Plassen er omtrent 30-40 fot eller 5-6 favner i gjennemsnitt, og skal, som en bonde berettet mig, ha to åpninger eller porter, en mot sjøen, den annen tett ved bergveggen. Bemeldte bonde m. fl. mente at det var en kirkegårdsmur, andre at denne mur hadde omringet et hedensk alter, et begravellessted eller et dommersæte (steinring); men til alt sådant ligger stedet alt for høit og ubekvem, hvorfor jeg tror at det i de eldre tider må være brukt som et kastell eller tilfluktssted. - Selv fikk jeg ei leilighet å komme dit hen”. Det er frå kapellan Iver Mühlenfort i Grytten og frå futen J. A. *Eeg* på Gjermundnes *Schøning* hev sine kunnskapar um borga. Dei hadde båe vore på staden. Forfattaren av *Veøyboka* hev heller ikkje, diverre, vore og set borga og undersøkt denne viktige fornleivning, som etter alt å døma lyt tidfestast til det bygdesamlingsarbeid som hev gått fyre seg i folkevandringstida*). Det er greidt dette hev ikkje gått berre fredeleg til. Liknande murverk, som no longe er burte, fortel um *Tautra-borga*, som låg på høgste luten av øya, ein bergnabb på garden *Sør-Tautra*. Og kann me gå ut i frå at det finst hellerar i fjellskard og på andre lugome plassar som hev vore brukte på same måten. Som det alt er peika på, er det mogleg at *Sauhelleren* på *Miøy* t. d. ein gong hev vore nytta soleis.

Men voksteren frå bygdeliv fram til større samfund hev og ein annan veg å gå enn gjenom våpn og makt; det er vokster *i rett-*

*) Bendixen (Årsmelding for N. F. B. 1877 s. 234 - 35) hev og av bøndene fått fortalt um borga, men var ikkje stad og såg ho sjølv.


leg samskiping, som visseleg i stor munn er knytt til *religionen*. Serleg M. Olsen (Hedenske kultminner i norske gårdsnavn og Ættegård og Helligdom) hev slege fast at me i *gardsnamna* våre hev dei eldste og tydelegaste vitnemåla um *bygdesamling*. Sjølve gardsnamnet fortel t. d. at staden hev vore eit religiøst sentrum, for bygda eller for fleire bygder. Og på so mange vis veit me at med gudsdyrkinga fylgde, me kann visst segja, det *fyrste rettsliv*. Det likaste prøvet på dette hev me i dei gamle gards- og bygdenamna som er samansette med eit gudenamn og ordet lov, soleis t. d. Frøyslog i Rogaland, Njardarlog i Hordaland og Tyslog i Gauldal. Gudsdyrking hev ikkje her vore ei einskildmannssak, men ei *samfundssak*. Plassar som frå fyrsten av berre hev vore *religiøse* knutepunkt, hev etterkvart, på fredeleg vis, drege med seg bygdesamling og *samfundsskiping*, lov og rett. Me hev og nokre gardsnamn i fylket vårt som hev mykje å fortelja soleis.*) Gudane i folkevandringstida er fyrst og fremst *Njord, Ull* og *Frøy*. Alle desse gudane var knytte til avlekkraft, *grøderikdom* og *godt år*. Hovudbøna i gamal tid hev nok vore : „Gjev oss i dag vårt daglege brød“, og ho hev nok ikkje lydt mindre sterkt enn i våre dagar (Jfr. um Boggeritingane). M Olsen (i Ættegård og Helligdom) segjer: „Livet på den gamle gård bares oppe av religiøs tro; alle de gamle gjøremål året igjennem var ledsaget av faste riter, hvorved man sikret sig guddommelig hjelp, til trivsel for grøden på marken, til trivsel i dyre- og menneskelivet. - - Gårdens liv var dypere sett uavbrutt helg. I alle sysler stod man like overfor oversanselige makter, som arbeidet med til gårdens trivsel, og gårdens stedsnavn måtte preges derav.“ I bygdene våre hev me fleire slike gardsnamn, eller bygdenamn. Ikkje alle er like sikre „kultminner“. Nokre hev me då der det ikkje kann vera tvil tilstades, soleis *Njardarland* (Nerland) i Vistdal, *Njardarheim* (Nerem) i Sylte, *Ullarland* (Ulleland) i Bolsøy, *Helgeland* (Helland) i Vestnes og fyrst og fremst *Veøy*. Truleg er desse gardane og kultplassar: *Helgasetr* Helset) i Tresfjord og Frena, *Frøyset* i Rødven, *Vestad* på Sekken og i Bud, *Njardarbør* (Nærbøen) i Aukra, *Gusjås* i Nettet, *Gujorden* i Bolsøy, *Elgjarnes* (Elgenes) i Vistdal, *Elgisåss* (Elsås) i Bolsøy og *Elgjarnes* (Elnes) i Frena.

*) Og bør merkast dei tri gardsnamna *Skeie* i Voll, *Skeidsvoll* i Tresfjorden (i gn. er *skeid* bane til kapplaupe og kapping, mogleg og til leik) og *Leikarnes* i Vestnes. Desse namna er truleg alle minningar etter garnalt samlande bygdeliv - på fredeleg veg.

Konservator Th. *Petersen* kallar beint fram (i Romsdals Sogelags Årsskrift, 1925) Njardarland i Vistdal *eit heidensk kultsentrum*. Der stod og kyrkja, reist for Kvite-Krist, heilt fram til 1668, då ho vart flutt til *Miklibolstadr*, nedst i dalen. Konservatoren slær fast „at stedet (Njardarland) allerede frå langt tilbake i hedendommen, helt fra *folkeandringstiden*, om ikke fra ennu fjernere tider, hadde sine tradisjoner som et religiøst sentrum, hvor folk var vant til å søke hen.” Gravfund på garden stadfester og denne gamle busetnaden.*) Den nye tida med sine samferdslegreidor hev gjort Nerland til ein heller avsides gard. So var det ikkje då. Th. *Petersen* nemner og dette: „Gården har en utmerket solrik beliggenhet, og ned til Nerland førte eldgamle ferdsselsveier, dels fra Eikesdal og videre over Eirisfjord, og dels over Isfjorden. Disse fjellveier var i oldtiden av langt større betydning enn nu, og har visstnok også betinget en av jakt og fiske båret fjellbosetning, som nu dels er helt forsvunnet og dels er sunket ned til sætergrender. Således kann nok Nerland i oldtiden ha ligget mere centralt enn nu, så centralt at man fant å kunne knytte den offentlige kristne gudsdyrkelse til stedet, hvor der før hadde vært sæte for en *hedensk fruktbarhetskultus*.” Berre den ting at det i det heile teke hev vore *kyrkje* på Nerland i gamle dagar, syner at garden er gamal kultplass. Avdi det skulde verta lettare å få folk yver til kristendomen, var det eit kyrkjeleg påbod um å knyta, so ofte det let seg gjera, dei kristne kyrkjone til dei gamle heidne heilagplassane.

Umlag slik som i Vistdalen lyt me tenkja oss det hev vore på Nerem i Sylte, på Nærbo på Gossa. (Dette namnet *kann* og vera *Nedrebø*), på Ulleland i Bolsøy, Frøyset i Veøy, Helland i Vestnes og dei andre stadene: Alle hev dei vore samlingsplassar for dei næraste bygdene. Det er og ein ting ein bør merka seg: Kor jamt spreidde desse gardane er utyver dei ymse luter i fylket vårt. Som Nerland i Vistdal er Nerem i Sylte og Helland i Vestnes gamle kyrkjeplassar. Helland er samansett med adjektivet *heilag* og *land*. *Helset*, dersom det *er* kultminne, hev og heilag til fyrste staving. Elles er det ingen ting i vegen for at me her hev å gjera med mannsnamnet *Helgi*. Personnamn er vanleg i *set* namn. (Hjellsetnamna i Bolsøy er det eine samansett med hjallr = hjell, og det andre med mannsnamnet Hjalr,

*) Sumaren 1927 fekk me ved vitjing på staden greie på at 2 steinalderfund er gjorde på Nerland; ei steinøks funna for 22 år sidan; denne var sundslega og burtkoma; ein pilodd, truleg av skife, vart funnen for eit par år sidan, men er og burtkomen.



Frå Rødvenfjord.

fortel dei eldste skriveformene frå kring 1400 oss.) *Frøyset* i Rødven må, hev det vore eit kultsentrum, vera avleidd av gudenamnet *Frøyr* eller *Frøya*. Soleis tolkar O. *Olafsen* det (*Veøyboka*). Lægje er lugomt for ein sovoren stad, og det skulde vera rimeleg at Rødven hev havt sin serskilde reliøse bygdesamlingsplass. *Rygh* som og held på samansetjing med *Frøya* eller *Frøyr*, fortel at me hev eit elvenamn med denne rota (*Frøa* i *Flå*), men det kann det ikkje vera spursmål um her inga elv finst, og då står berre ei tyding att: um det skulde hanga saman med eit personnamn *Frøy*, som elles hev vovært sjeldan i Norig. Sjå elles M. Olsen: Hedenske kultminner, side 27. Det må visstnok vera rettast å taka *Frøyset*, trass i det er setnamn, med millom dei sikre kultplassane i fylket. Det er truleg at denne, liksom *Vestad*, høyrer den yngre jernalder til. Ved *Vestad* ligg nærast ei tolking som tek fyrste stavinga *Ve* for *heilagdom* (Sjå nedanfyre um *Veøy*), og ikkje for ei avleiding av eit mannsnamn *Veseti* (*Rygh*) eller av *ved* (vidr). M. Olsen, som ikkje nemner dei eingong i Hedenske kultminner, ser ut til i den nye utgava av Munchs Nordens gude og heltesagn å vera av den meining at *Ve* her er *heilagdom*; me finn det sers rimeleg at både *Bud* og *Sekken* hev havt sine religiøse kultplassar. Garden *Eik* på *Sekken*, nær *Vestad*, vitnar kanskje og um at der eingong hev vore dyrka ei heilag *eik*, noko som var sers vanleg i gamal tid. Namnet *Lund* i *Veøy* kann og vera kultnamn. Me hev ei mengd, ca. 30, gardsnamn i landet vårt som er samansette med elgr, genitiv *elgjar*. Av dei hev me tri i Romsdalen: *Elgjarnes* i *Vistdal* og *Frena* og *Elgisåss* i *Bolsøy*. (Jfr. de

velkjende *Elgisetr* ved Nidaros*). Det lettvinaste var å setja desse i samband med skogkongen, elg, men då genitivforma av elg helst er elgs, sjeldnare *elgjar*, so hev dei lærde lote leita fram eit anna grunnord for denne fyrestavinga, og etter alt å døma må dei ha råka det rette. M. Olsen segjer i H. K., side 268 og 269 m. a.: „Fra alle de germanske sprog kjennes en ordstamme *alh-*, vekslende med *alg-*, som har betegnet noget (ved overnaturlige, magiske krefter) beskyttende, *vern*, *helligdom* (eg. tl.: noget, hvori der er vernende kraft). - At der i urnordisk har eksistert en ordstamme *algio-* med betydningen „vern, helligdom,“ bestyrkes *efter mitt skjønn også ved flere urnordiske runeinnskrifter.*“ (Jfr. runeordet *alu*, som finst so ofte og heng samen med *ahl* -- *algio*). Det av dei tri namna som det er mest tvilsamt um det hev denne tydinga, er Elnes i Frena (Olsen, Rygh). Både i Frena og i Vistdal kann det og tenkjast at det er eit elve- eller bekkenamn *Elgja*, som kann ligge til grunn. Men at den store flokken av desse namna skriv seg frå eit frumnordisk hokynsord *elgr*, avleidd av gotisk-germansk *ahl-*, *algio* eller mogleg og eit tridje ord: det gotiske *ahls*, som tyder tempel, det er det visst all grunn til å tru. „Det synes å måtte betraktes som utelukket, at *Elgjar- Elgi-* er dyrenavnet *elgr* (m)“, segjer M. Olsen, og O. Rygh legg til: „De samansetningsledd, hvormed det finnes forbundet, passer ikke dertil, om enn måskje *elgr* kunde tenkes engang å ha hatt genitivsformen *elgjar*, og forklaringen således blev mulig fra formens side.“ Når det gjeld Trøndelag, so kjem M. Olsen til det resultat st *Elgisetr* i Strinda synest å ha med Njorddyrkinga å gjera, *Elgisetr* på Byneset med *Odins*-dyrkinga. *Elgjartun* i Eidsberg hev visstnok vore knytt til Ull. Noko liknande lyt me tenkja oss i Romsdalen. Frå *Elgjarnes* til *Njardarland* i Vistdal er det knapt ei mils veg, og i same heradet som *Elgisass* ligg, hev me *Ullarland***).

Og er det eit spørsmål um ikkje dei tvo gardsnamna *Gusjås* i Nesset og *Gujorden* i Bolsøy vitnar um heidne kultplassar; namna må på ei eller onnor vis ha sitt opphav i dyrkinga av Ull på *Ullarland*, som ligg tett ved. Dei gamle gudane for grøderikdom og avlekkraft vart alltid dyrka i nærleiken av sjøen eller ved eit vatn. Visse seremoniar kravde det. Og desse tri gardane ligg nære *Osvatnet*, som

*) *Elgisetr* og *Elgisáss* er i tilfelle samansett med eit inkjekynsord *elgi* = „fredhelliget minnesmerke“. (M. Olsen).


**) „Den som hev hug å koma noko nærare inn på desse spørsmåla, finn framifra rettleiding i M. Olsen : *Hedenske kultminner*, kap. 23 og 24.



Frå Osvatnet.

Rygh meiner er eit *yngre* namn på vatnet. Ved å gå ut i frå skrive-måten av Gusjåsnamnet i 1596, kjem han til at det er mogleg denne garden ein gong hev heitt *Gudsjovarås* av Gudsjør = *gudevatnet*, det eldste namnet på Osvatnet. Helgisjør = den heilage sjøen, finn me fleire stader i landet, jamnast knytt til Ull- og Njorddyrkinga.

Men det eldste *hovudsæte*, og visseleg og den store samlings-plassen for all offentleg gudsdyrking i Raumsdølafylke i denne tida, møttestad for fjordbu og øybu, nett i sentrum av fylket, var Veøy, den *heilage øya*, eller *dei heilage øyane*, då den eldste skriveform på namnet, me møter det alt i *Snorre Edda*, er *Veøyar*, altso fleirtal. Det kjem av at „Nordøay” og „Sørøya”, som no heng saman med eit lågt eid, eingong hev vore skilde av sjøen. Fyrste led i Veøy, *Ve*, tyder på gamalnorsk (*gude*)heim, *heilagstad* eller *blotstad*. Det er visseleg Njordyrkinga Veøy hev vore sæte for og; tvillaust den eldste Njord- (Nerthus-) dyrkinga i fylket. Dyrkinga av Njord er utgamal. Alt *Tacitus* (ca. 55.-120 e. Kr.) fortel um den sam-germanske gud-inna Nerthus, som vår Njorddyrking skriv seg frå. Det er godt mogleg at Veøy hev vore ein slik heilagstad alt på Kristi tider, og so lagleg øya ligg, hev ho snart vorte midstad for bygdene, og ei hovudmakt i samlingsarbeidet og samfundsskipinga i Raumsdølafylket. Her skaptest dei fyrste *rettssemjor* millom bygdene, for heilagstaden fødte og bar fram *rettstankar*, som tilslutt sette gjer-



Sørvåg på Veøy.

de og gard for våpn og valdsherredøme i heile fylket. Veøy kom seinare, i fleire hundrad år, til å spela den største rolle. Heile *sogetida* igjenom (ca. 900 - 1319) er ho samlingsplass for det *religiøse*, *politiske* og *økonomiske* livet i fylket. *Hermakta* var og samla her. I *Bonvika* og *Grønvika* samlast leidangsskipa til romsdølene, budde til forsvar eller utferd so snart kongebod kom. Vitnemål frå denne gamle tida er og alle gravrøysane på denne vesle øya, yver 30! Av andre stader i bygdene våre der det etter namnet å døma i den eldre jarnalder hev vore heilagplassar for *guden* eller *gudane*, lyt me nemna *Horgheimr* i Grytten. Dette namnet må hanga saman anten med *horgr* med tyding : fjell-topp, eller *horgr* med tydinga: „et sted innrettet til hedensk gudedyrkelse”. I „Ættegård og Helligdom“ segjer M. Olsen: „Horgr er betegnelse for den eldgamle hedenske helligdom i Norden, efter sin type eldre enn hovet. Og i horgenes tid trådte en sterk naturbunden kultus av fruktbarhetsguden i forgrunnen,” helst av Frøyr, son av Njord, som språkleg er same ord som *Nerthus*. *Tacitus* skildrar denne gudedyrkinga soleis: „Desse folka (d. v. s. germanane) dyrkar *Nerhus*, d. v. s. *mor jord* (Terram matrem), og dei meiner at ho blandar seg i menneskelivet, og køyrer fram millom folka. På ei øy i havet finst det ein heilag lund, og i denne er det ei vigsla vogn, dekt med eit klæde. *Presten* er den einaste som hev lov

til å røre vogna. Når han skynar at gudinna er tilstades i heilagdomen, læt han ho køyra fram i vogna si, som vert drega av kyr, og han fylgjer med i djupaste age. Då er det glade dagar, og det vert halde festar på dei stadene som ho ærer med å gjesta. Då går dei ikkje i krig og tek ikkje våpn i hand; alt av *jarn* er gøymt attum lykjel og lås; fred og ro er det einaste folket då set pris på - heilt til gudinna tykkjer ho er mett av samværet med menneska, og presten fører henne attende til den heilage staden. Deretter vert vogna og teppa og - dersom ein fær seg til å tru det - (tvilen til den romerske kulturmannen Tacitus stikk fram her) sjølve guddomen tvætta i eit avgøymt vatn (eller ein sjø). Trælar gjer tenest ved dette, men dei gløyper sjøen etterpå (so dei also ingenting kann fortelja). Derav ein løyndomsfull redsel og ei heilag vankunne um kva det er som berre daudrvigde menner fær sjå.“ Den *upphavelege* tyding av *horgr* må vera steinhop, kanskje fjelltind, og når ordet seinare hev vorte bruka um ein *heilagdom*, må desse *horgene ha vore laga av stein*, oftast also *steinaltar* ute i natura, og etter sumt å døma finst dei ofte høgt til fjells, eller i skoglundar. Sumt tyder og på at slike *horgar* hev vore knytte til desse gardane som hev namn samansette med *elg* --- t. d. *Elgjarnes*. Fleire ting peikar på at *horgene*, serleg på Island og på Vestlandet, also på våre kantar, hev vore av reint privat karakter. Derimot bygdenamnet Horg i Gauldal skulde tyda på ei *offentleg* horg. Fleire ting fortel og at det må ha vore kvinnone som hev stade for *horga*, soleis og i nokre skriftlege kjeldor, m. a. i Hervarar saga., kap. 1: „Ein haust vart det gjort stort disablot hjå kong Alv, og Alvhild gjekk til blotet - - -; men um natta, medan ho dreiv og smurde offerblodet på horga (raud horginn), tok Starkad Åludreng henne burt, og førde ho med seg heim.” Sidan her er tale um horg saman med stort disablot, må dette og gjelda ei offentleg horg, som og M. Olsen meiner, og han legg til: „Det var en hemmelighetsfull, nattlig kultus, hvori kun kvinner deltok.”

Um *Horgheim* i Grytten segjer M. Olsen, at sidan garden ligg like ved foten av Romsdalshorn „må „fjelltopp“ antas å ligge til grunn for navnet.“ Soleis og O. Rygh. Ei slik tolking er *tenkjeleg* men langt frå fullviss. Og ikkje tykkjest *denne* grunngevinga vera yvertydande : „På Vestlandet forekommer ikke heim i sammensetning med ord for *helligdom* - *Hofheimr* er kun østlandsk, hvorfor det ikke blir rimelig å opfatte første led i *Horgheimr* som et sådant ord.” Det lyt segjast at eit slikt resonnement vert for skjematisk, noko ein skal passa seg for når det gjeld gardsnamn (Jfr. Ættegård og Helligdom).

Dertil so må me hugsa at romsdølene i denne tida hadde sitt naturlegaste samband med *Austlandet*. Det er ingen *språkleg* ting i vegen for at Horgheimr er heilagdomheim, altså ikkje „fjelltoppheim“; og *historisk* set, slik jamn, gild folkesetnad dette dalførret hev havt i folkevandringstida, som me seinare skal sjå, er det fleire ting som talar for denne tydinga, m. a. at i heile dalen finst ikkje ein einaste gard utom denne, som ein med nokor visse kann peika ut hev vore religiøst sentrum for folket i dalen. Ein lyt helst tru at her hev vore ei *offentleg* horg. (Jfr. Horg i Gauldal). Heller ikkje skulde det vera grunn til å tru at *Hornet* (Romsdals-horn er sjølv sagt eit moderne turistord) nokosinne hev vore kalla horg, i tyding eit fjell berre. Rett nok hev horg tydinga ein *bergknaus* (fjelltopp?); men etter alt å dømma, serleg so sjeldan ordet finst i våre bygder, i minsto som fjellnamn, visstnok berre i Horja i Veøy og der hev det visseleg sitt opphav i dei tvo steinaltara, horger, som me snart skal sjå finst der, so lyt me tru at *horg* um fjell hev vore brukt um fjell av *eit serskilt skap*, slik som dei ymse ord på fjell. enno vert brukte i bygdene våre. Me hev alle *ymse* og *ulike* fjellformasjonar i tanken når me høyrer orda: *tind*, *egg*, *ås*, *nut*, *knaus*, *koll*, *soks*, (Vikesoksa) *haug* (Nonshaug), *aksl* (Naustaksla), *hø* (Jfr. Altarhø), *Nebba*, *nakke*, *klepp*, *rabb*, *kjøl*, *rind*, *ris*, *rygg*, *kamb*, *haus*, *horn* o fl. som me kjenner frå fjellnamna i fylket. Hægstad og Torp segjer at i nynorsk er *horg* bruka um *bergknaus*, „helst med bratte sidor og flat topp.“ Det er grunn til å tru at i gamalnorsk hev *horg um fjell* havt ei liknande tyding, altså *ikkje Horn!* (Sjå biletet s. 2). Og når det gjeld denne grunngevinga til M. Olsen at me hev berre denne *eine* samansetjinga med *Horg* og *heim* (av berre nokre få samansette Horgnamn i det heile, ei 9-10 st. visstnok), so fær ein hug å endevenda dette resonnementet soleis: Kor mange av dei 1000 heimgardane i landet ligg ikkje ved ein fjellknaus (ogso ved *tind*, eller *horn*) og endå finst berre denne *eina*ste samansetjinga med Horgr og heim !*)

Som me veit er det leivder etter fleire *horger* i bygdene våre, soleis i *Horja* i Veøy, visstnok 2 stykke, og ei onnor ved *Altarhø* i

*) Schönig tyder og namnet som „heilagdom-heimen“, „et særlig tempel for den egentlige Romsdal alene.“ Og han legg til: „At stedet har vært anseelig, og anseelige menn her har hatt deres bopel, kann ellers også sluttes derav, at til erindring om en eller annen av dem er opreist en bautasten som ennu (1773) står. Mulig har de gamle romsdalske konger, eller nogen av de gamle herrer og jarler såsom Ketill Raum eller andre, ner navt deres resisens: men derom kan intet visst sies.“

Grytten. Desse ligg noko avsides og heller høgt til fjells, so desse *må vera privat-horger* eller ætte-horger, i motsetnad til *Horgheimr* i Raumadalføret, som hev vore ei *horg* for heile dalen. Lagleg og lugomt lægje hev og denne garden som møttestad for bygdefolket.

Den framifrå kjennaren av dei gamle kultminna på Vestlandet, skulestyrar Bendixen (d. 1918), fortel um desse horgene i Grytten og i Veøy: „På to steder i Romsdalen finnes eiendommelige bygninger av stener, opført av menneskehånd, som neppe har noget side-stykke i vårt land.“ Den eine er *Steinaltaret*, bøndene kallar det so den dag i dag, i Veøy: „Ovenfor gården Bergsvik i Veøy prestegjeld fører et skar, Breiskaret, mellem Horja (fjellet) og Skålfjellet; og omtrent en halv mil fra gården, i en med bjerk tett bevokset li, et stykke oppe på Horja (O. Olafsen i Veøyboka: „en 200 - 300 m. oppe i lien frå det sydligste Skålvatn”), ligger en stensetning, som bøndene kaller *Alteret*. Underlaget dannes av tre tykke firesidede heller, den ene lagt efter lengden ovenpå den annen; disse støttes igjen av en mengde større og mindre stener. Den underste helle er minst, den øverste størst og holder omtrent 1,85 m. i lengde og henved 1 m. i bredde og ca. 30 cm. i tykkelse. På dennes bakerste del ligger igjen tre temmelig store stener i en sådan stilling til hverandre at de danner spissene av en trekant, og ovenpå disse atter en stor kubisk sten, hvis sideflate er omtr. 1 m. til 1,25 i bredde, høiden er omtrent 87 cm. Overflaten er ujevn og innsenket på midten. På den øverste helle står man foran den store sten aldeles som foran et alterbord. Høiden av den hele stensetning er omtrent 2,25 m. Dens bestemmelse er ikke lett å forstå, hvis man ikke vil opfatte den som et hedensk alter (horgr). “ -

I „Veøyboka” fortel O. Olafsen at i Horja finst det ein annan merkeleg leivning frå gamaltida og. „Det er en stor helle, ca. 2 m. lang og 1,5 m. i høide, hellen spisser opad. Den står loddrett i bakken, og det sees tydelig at den er satt her av menneskehånd, da den er så godt festet i jorden med sten, som er lagt ned på begge sider av den. Stenen benevnes av folket for *Finnen* og er kjent fra gammel tid. - - Rimeligvis har det været en helligdom. Når man legger merke til at der i Horja, som man sier, finnes to helligdommer, at fjellnavnet også betegner en helligdom, at der like ved finnes 3 vann i en rekke, og at naturtilbedelse ofte var knyttet til hellige vann, så kunde man være tilbøielig til å sette disse helligdommer i forbindelse med de nevnte vann og å se i alt dette en gammel kultus frå den tid, da der var naturdyrkelse i landet.“ - Det skulde soleis her vera

nærmast å tru at fjellet hev fatt namn etter desse horgene. Skulde *horgr* vera so vanleg fjellnamn, er det som nemnt merkeleg at det ikkje er *fleire* tindar og knausar og kollar i bygdene våre som ber dette namnet. Underleg vilde det og vera at nettopp dette fjellet skulde ha fått horg-namnet, - utan i samband med desse to *horgene*, heidne altara.

Um horga ved fjellet *Alfarhø* (Jfr. namnet *Altar-hø*) fortel og Bendixen. Ho ligg ca. 1000 m. y. h. Den lærde rektor Schøning, som reiste gjennom bygdene våre i året 1773 og som fortel so mykje interessant derifrå, gjev ei greid skildring av denne:, - --- en rar alderdomslevning, i form av et *alter*, av stene opsatt næsten firkantet mur, som er opført av store flate stenheller, noget over 2 alner høi og 2 alner på hver side. Man kaller denne, hertillands rare og usedvanlige bygning *Altret*, og vil mene at det er brukt i de romantolskes tider som et alter; men dette er neppe trolig. Denne bygning er vel rettere fra våre aller eldste forfedres tider, og smaker meget av våre gamle *joters* eller *jotuner* begreper om guddommen og dens dyrkning. Merkelig er dette derhos at tett ved dette alter sees 3 sirkelrunde, stensatte kretser, hver 2 alner i gjennomsnitt." -- I. *Nielssen* fortel at ein mann frå Kabben i Grytten kring 1800-talet skal ha laga ein varde av altaret, og han meiner forvisst at det hev vore eit stort oppmura altar av stein, og at det hev vore ein kultus „av ubestemmelig elde." Det er greidt at her hev me atter ei borg, og kanskje ikkje berre ei, for Schøning legg til: „Flere av samme slags altere blev mig berettet skulde finnes på samme sted". Det er oss ukjent um dette er nærare undersøkt. *Slike* horger må, som og er i samhøve med den eldre Gulatingslov, vera av reint privat karakter, i høgda religiøs samlingsplass for ei ætt.

Um denne naturdyrkinga hev me og eit par andre vitnemål frå bygdene våre. Det er tvo merkelege steinar (frå jordfund) av grov, ljøsgrå marmor, Lengda på dei er ca. 25 cm; noko ulike i skap, men serskilt tilforma baa tvo. Den eine er funnen i *Voll*, tett ved kyrkja, den andre på *Setnes* i Grytten. Dei meiner at desse og går attende til tida kring 400 e. Kr., og sogegranskarane er samde um at dei hev vore knytte til religiøs dyrking, d. v. s. at dei hev vore dyrka som symbol på grøderikdom og avlekraft (phalliske steinar). Frå heile landet, visstnok berre frå vestkysten, er kjende ca. 20 slike steinar. Det kann vera av interesse å vita at slike phalliske steinar er kjende frå dei fleste primitive religionar.

Dei siste hundradåra fyrr 800 e. Kr. vert av mange kalla for

småriktida. Me veit at på Harald Hårfagre si tid skulde det i heile landet vera ca. 30 smårike. Det hev då vore det vanlege synet at i denne tida hev dei fleste av desse vorte skipa, endå det er mogleg at det finst dei som går heilt attende til fram mot Kristi tider, d. v. s. inn i romersk jarnalder.

Yngre jarnalder.

Jordfund, faste fornleivningar og den skrivne saga fortel.

Som det alt er halde fram, so hev iminsto folk i romersk jarnalder visst å vinna ut jarnet sjølv, og då fyrst kunde det verta tale um verkeleg vokster og framgang i bygdene våre. Likevel er det fyrst i dei tvo- tri siste hundradåra av den fyrrhistoriske tida, i sjølve vikingtida (ca. 800 - 1000), at det store *gjenombrotet* både i åndeleg og materiell kultur, kjem for folket vårt. At folk no hev lært å laga seg enda likare våpn og reidskapar enn i eldre jarnalder og, det vitnar tallause og rike gravfund frå denne tida um. Soleis kann dei byggja seg likare hus, laga seg større og meir sjøføre båtar, få seg skikkeleg innreidnad og innbu i heimane sine, bord, benker og senger t. d. Husdyra sine veit dei og betre å nytta ut. serleg *sauen*. Vevekunsten er serleg utvikla, det hev me strålande døme på, - slik at mang ei ung gjente i dag hev grunn til å undra seg yver slik hagleik. Og velsmidde jarnreidskapar, både finare og grøvre - t. d. den *jarnslegne plogen*, gav bonden høve til å gå laus på *jorda* med ny kraft. Det vert ei *stortid* i jordbruket. Nye åkrar og engjar og bøar og bygder voks fram alle stader, og i tidbolken frå ca. 400 - 1000 skal folketalet i landet ha firdobla seg. At bygdene våre hev vore med i denne voksteren er greidt, det skal me sjå nedanfyr når me tek fyre oss *gardsnamna* og faste fornleivningar. Dei nye jordbruksreidskapane gjer jorda meir avle-før og grornæm, og nye vokstrar av ymse slag, og hagevokstrar, kjem inn frå Vesteuropa, frå Island, England og Skottland, serleg. Den vegen kom kløver og kål og nepe og nye kornslag. Derifrå kom og nye og betre krøterslag. Og so lærde folk seg til å *nytte ut* betre alt det dei avla på gardane sine. I det heile teke hev folk vorte meir nevenyttige. Det er alt nemnt kor framifrå smedar dei var. *Smed* på gamalnorsk heiter og ein som driv med trearbeid, og verbet *smida* vil segja både å smida, timbra, byggja og snikra, altso all slags arbeid i tre og metall.

At *romsdølene* var med i vikinglivet, hev me ei mengd med vitnemål um, og no treng ein ikkje lenger *berre* å halda seg til jord-

fund og gravfund, enda dei, takka vera den nye gravskikken, haugleggjing, i denne tida er rikare enn nokon gong. Med vikingtida held me på og kjem inn i sogetida, inn i den *skrivne* saga si tid. Gude- og heltedikta, og tilslutt skaldekveda, som jamt hev historisk innhald, fortel oss det utrulege um hendingar, tru og tenkjemåte, seder og skikkar og sosialt liv hjå forfederne våre i desse hundradåra. Og dei eldste lovene våre, Gula- og Frostatingslovene, som rett nok vert nedskrivne fyrst i det 11. hundradåret, dei byggjer på so eldgamal røymslerett, at me minst lyt attende og inn i folkevandringstida etter tilfanget til mykje som der finst og er fastsett lov, soleis t. d. um „bot og baug”, som etter kvart kjem til å løysa av blodhemnen. Dessutan hev me no ei mengd segner og historiske tradisjonar, - og ikkje minst viktig: ymse utanlandske kjeldor, serleg vesteuropeiske, som hev ymse å fortelja um landet vårt, og ved sida av gravfunda er dette ei framifrå hjelp til å få kunnskap um og klarleik yver tilhøva her heimr. (Jfr. det som fyrr er sagt i Widsidkvedet um Heapo Réamas). For i denne tidbolken kjem nordmenne meir og meir med i europeisk kulturliv. Det beste vitnemålet um denne tilnærming til Europa er det vidunderlegaste av alt herfang som desse ville vikingane førde med seg yver bylgja den blå: *Kristendomen*, han som meir enn noko anna ber oss inn i ålmenneuropeisk kulturutvikling med humanare livssyn og livsførsle.

Det er alt peika på korleis arkeologane våre, fyrst og fremst H. *Shetelig*, hev slege fast at det hev vore eit visst samband millom Sud- og Vest-Norig med dei britiske øyane alt i folkevandringstida, ja, endå lenger attende i tida og. Irske årbøker fortel um vikingar, tvillaust norske, som alt i *fyrsten* av 7. årh. herja i Nord-Irland og på Suderøyane. Frå umlag 700-talet er Vestlandsbøndene jamt med i herferdene vestyver; driv burt den gamle busetnaden på Orknøyane og Hjatlandsøyane og grunnar nybygder; vikingbol, stasjonar, kann me gjerne segja desse øyane vart seinare på alle herjeferdene mot England, Skottland og Irland, og tilslutt og mot Frankrike.

Årsakene til vikingferdene kann vera mange. Me vil hefta oss med tvo: For det fyrste den veldige *ekspansjonstrongen* i folket gjennom fleire hundradår, noko som naturleg vart bore fram av tilhøva heime i landet, i ein viss mun og ved påverknad utanfrå: *Bondsamfundet si veldige utvikling*, bonden som „hertek” bygdene, dalane og øyane, ja, liketil „avdalane og utøyane“ og lagar gardar og grender, jamvel der no ingen finst, ofte høgt til fjells. Samfundstilhøva, livsvilkåra, må frå fyrsten av ha vore sers gode, for alt tyder på ein

veldig *folkeauke*. I dårlege tider, ja, elles og, veit me at bonden, og i bygdene våre, *sette* ut barna sine, d. v. s. at svolt, kalde og udyr fekk gjera ende på dei, då det elles kunde verta *for* mange munnar å metta. Serleg gjekk det ut yver gjenteborna. Det er greidt at når folkeauken hev vore so stor, hev det vore mindre med barneutsetjing. Tilslutt lyt me so tenkja, serleg når det gjeld *kysten*, at bygdene tek til å verta folkesette, *uppteke*, kann me og segja. Og då den lett-vinte måten „at leita ser fjår (fe) ok sømdar (frægd)” på fyrst vart kjend, er det greidt at ein slik snåptur um surnaren yver havet kunde både vera freistande i og for seg og kunde gjeva det gildaste herfang. Kvite-Krist og hans moralkrav og bod var lenge ukjende og kom soleis ikkje i vegen. Soleis kunde dei liggja i hi um vinteren saman med folket sitt og sleppa det tunge daglege strevet for føda. Arbeidet som trongst heime, fall på *trælane*. Av dei hørde ein lut til den gamle underkua folkesetnaden, so *træl* kunde soleis generasjon etter generasjon ha vore. Men ei mengd, både kvinnor og menn, vart no her-tekne på desse ferdene og førde heim, til arbeidslavar. *Trælane* vart det økonomiske grunnlaget i denne tidbolken. Me treng ikkje tvila på at i vikingtida rådde den største samfundsskilnad.

Når me tenkjer på desse ættfederne våre i Romsdalsbygdene, for derifrå, skal me sjå, var mange vikingar med, so lyt me minnst *Tacitus* sine ord um germanane, skyldingane våre i Vest-Tyskland og Holstein-Jylland, dei som *elska yrkesløysa*, men *hata ro!* Huga på strid og liv, var dei, men uhuga på kvardagsstrevet. Det er ikkje for ingen ting Widsidkvedet talar um dei *stridslystne* raumar !

Ikkje *alle* vikingane som for ut, kom heim att. Ei mengd slo seg til derute for godt, i England, Irland, Skottland, Nord-Frankrike, og fyrst og fremst: på alle øyane ute i Norskehavet, og då serleg ute på Island.

Ein annan grunn til dette forvitnelege utferdslivet vil me finna når me tenkjer yver kva bygder desse vikingane serleg er komne frå. Det er fyrst og fremst Vestlandet, her medrekna baa Møra og Raumsdal og, som er beraren av vikinglivet. Og me hev høyrte at her var det komne inn germanske element, slengde hit nord av folkevandringsbårone ute i Europa, kanskje so seint som i tida kring 500. Millom dei var og erularflokkar, som me veit heilt frå burtimot Kristi tider (ca. 200 - 300 e. Kr.) hadde drive herjeferder til sjøs saman med saksarane, på kysten av Frankrike og Spania. Me hev peika på samband millom Norig-England alt på 400 - 500 talet, og når me veit korleis det etterkvart utviklar seg til herjingar og vikingferder, då sky-

nar me at det er nett desse urolege nye folkeelementa på Vestkysten av landet vårt, som både hev vore-førarar og sett i gang vikingferdene. Og lyt me tru at det *høgaristokratiet* (neskongar, jarlar og mektige hersar) me finn langsmed kysten i denne tida og som er eit *vilkår* for alle desse svære krigstoktene, og hev si *rot* i dette nye germanske (gotiske) innsiget på 500-talet. Det er visseleg ikkje berre i Raumsdølafylket, men på heile Vestlandet, at desse nykomarane vart yver- og hovdingklasse. *Vikingtida vart soleis eit høve for desse til å halda fram med det gamle krigarlivet sitt, og til å halda seg uppe frå mugen, so dei ikkje sokk ned til berre bønder.* Og no hev me samanhengen, korleis verdshistorisk set dei nordiske vikingtoktene kann kallast dei siste store bårone av dei veldige folkeflutningane på fastlandet i tida 300-500.

At det hev butt gjæve ætter og gilde folk i bygdene våre i vikingtida, vitnar so mangt. Tydelegast fortel dei oss det alle dei rikt utstyrte *gravene* rundt i alle bygder. Dei må ha hyst mektige og gjæve bondehovdingar - eller krigarhovdingar. På desse gravene hev gjerne stått *bautasteinar*, både 5 og 6 m. høge, til minne um mannen. Mange av dei står der og enno ; men, diverre, storhopen er burttekte og brukte - eller misbrukte - til dei mest forunderlege ting. -

Gjer me ei samanlikning millom dei tri fylka, Sunnmør, Raumsdal og Nordmør, når det gjeld gravfunda frå yngre jarnalder, so gjev funda frå bygdene våre oss den tanken at Raumsdal, minst no som då i flatevidd, etter måten hev havt den rikaste folkesetnaden.*) Medan det på Sunnmør til 1909, etter A. *Helland*, var 131 fund frå vikingtida og på Nordmør 141, so fell det 165 på fylket vårt. Yngre jarnalderfund hev me i *alle* Romsdalsherada. Sandøy og Frena hev minst, berre 1 fund kvar. Men *Veøy* og *Grytten* hev baa kring 30 kvar. Dinæst kjem Voll, Bud, Eirisfjord og Vistdal og Tresfjord med rundt 15 kvar. I dei siste 17 åra er det elles i dei fleste av desse bygdene komne til nye fund (ca. 40), soleis fleire i Vestnes, Hen, Grytten og Eirisfjord og Vistdal.

I Raumsdal og Nordmør skal det etter *Bendixen* (Årsmelding 1877, s. 221) vera ca. 1650 gravplassar frå gamal tid, sume uskadde, men dei fleste meir eller mindre skadde og upprota, ofte og heilt ut-

*) Ein kann og merka seg Aschehougs utrekning av folketalet i dei tri fylka i 1665. Han kjem til at Sunnmør hev 13880 menneske, Romdal 11980 og Nordmør 10250! Professor Sars kjem derimot til andre resultat um folketalet i denne tida.

jamna. Men etter det folk rundt i bygdene veit å fortelja, skal det ha vore mange fleire, so ein trygt kann setja talet til ca. 2150. Etter det yversyn ein hev, fell umlag like mange av desse på dei tvo fylka. I bygdene våre er gravene spreidde meir jamt utyver heile fylket enn på Nordmør. *Busetnaden* synest i denne tida serleg å ha vore *langs-med strendene*, på nes og i logne vikar og vågar, -- og det som undrar ein mest: inne i dei *trongaste fjord- og fjelldalane*. Dei opne, breide bygder og skogmarker derimot, slik me finn dei i Eidsvåg, Bolsøy, Eid og Frena, er etter måten fatige på graver, men ein kann tenkja seg, sjølv sagt, at i ei slik bygd som Fanestranda t. d. hev mang ei røys, ja, haugar med, vorte sopa på sjøen ved rudningsarbeid. Det er fyrst i dei siste 40 - 50 åra at folk hev teke til å sjå når det gjeld fornsaker. *Eikesdal* er serleg rik på graver endå so langt inn i Dovre bygda ligg ; det fortel også Schøning: „Den merkverdige alderdomslevning finnes næsten høiest op i Eikesdal, ovenfor Eikesdals-Sæter, ei langt fra *Finnset* (siste garden i dalen). Her sees en mengde stenrøiser og kjempehøier, blandt dem nogen anseelig høie, dels runde, men dels, hvilket er meget rart og usedvanlig, firkantet med en i hvert hjørne opreist sten, omtrent 1 alen høi. Disse hauger er sammenkastet av jord, ovenpå flate, og der med tett sammenpakke- de stener likesom brosatte.” Ein stor del av desse er no rudd burt, men i utmarka skal enno (Helland, 1909) vera ein hop på 25 haugar og „brolagte kretser”. Fleire låg og att på innmarka, såg me på ferd gjenom dalen sumaren 1927. Desse „brolagte kretser“, som ein kann kalla *låge røysar*, fortel elles at det helst er gravplassar frå *eldre jernalder* (Th. Petersen).*) Og i ein avdal, utan folkesetnad no, Gravdalen, eit skard millom Eikesdal og Grytten, fortelst det at der skal vera haugar.***) Fleire slike gravplassar er kjende i Vistdal (Nerland og Myklebostad), og på Syltebø i Eirisfjord ligg enno ca. 20 haugar, dei fleste på ein plass. som vanleg vert kalla *Kjempehaugane*. Sameleis er det i Eirisfjord, ved sudenden av Eikesdalsvatnet i skråninga ned mot vatnet på gardane Øverås og Nerås, i eldgamal tid hev der berre vore *ein* gard, Ass --, ei mengd gravhaugar og låge røysar. Ein eller fleire gravhaugar finst elles på umlag kvar gard i Eikesdal og Eirisfjord. Rike vitnemål frå både eldre og yngre jernalderliv er det altso i desse dalane og fjordbygdene. Alt dette undrar *Schøning*:

*) Bendixen fortel at einskilde låge røysar og hev fund frå yngre jernalder. -

***) Saman med konservator Th. Petersen hev me (1927) vitja Gravdalen, men me kom til det at haugane var naturлага.

„Merkelig er det at disse alderdomslevninger finnes her så høit oppe i dalen, hvorimot i Rød sogn (Eidsvåg), såvidt mig bekjent, intet sådant finnes. Skulde dette da ei vise, at dalstrekningene, de høieste blandt fjellene beliggende daler især, har vært langt sterkere bebodd enn nu, og mest bebodd? Jeg kann ei innse anderledes”. Og han segjer vidare um Eikesdalen : „Jeg tviler ei på at denne dalstrekning jo i for-dums dager har vært langt mere bebodd enn nu, og uten tvil har her stått en kirke (no kapell, ikkje på Schönings tid - 1773). Visstnok har her *bodd store og anseelige menn*, for ovenfor gården *Reitan* står tett ved veien en stor flat bautasten, omtrent 4 alen høi.*) Likeså østenfor Oppigård, og tett ved den, står ennu en annen, næsten fir-kantet bautasten av 3 alens høie. Man vet nu ingen videre oplysning å gi om dem, enn den fabel, at de er skutte dithen av tvende mot hinanden kjempende *jotuler*, av hvilke den ene stod på det fjell Aarøa, den annen på det bjerg Katthammeren“. Det var *stormenn* med ættekjensla som sette bauta yver sine - eller seg. Og då folket gløymde „den arv det er for mannen av godtfolk vera fødd”, so ser me dei *skynar* ikkje ein gong eit slikt gamalt minnesmerke yver farne ætter, gilde ætter. Slik er det i so mang ei bygd. Det er jøtnar og troll som hev sett steinane ! !

Der uppe ved Eikesdalsvatnet, på vestsida, hev me og ein heimgard, som peikar på gamal vyrdeleg busetnad, *Hoeimr.* M. Olsen segjer at „Heimgårdene er gjennomgående særdeles gamle og har vært sæte for storbønder.”

Det som ovanfyre er hald: fram av Schøning, saman med det gamle fornleiver elles kann fortelja oss, reiser for oss eit *heilt busetjingssspørsmål*, ikkje berre når det gjeld Romsdalen, men landet elles og. Og me kann gå ut i frå at det jordfunda fortel oss og det Schøning gissar seg til, er *rett*. Busetnaden heng tvillaust nøgje saman med at det i desse fjord- og fjelldalane, og langsmed strendene, var so mykje *turrare* lende. I Erisfjord, Eikesdal og Vistdal t. d., er det unemnande med myrlendt og rålendt jord mot i de fleste andre bygder, t. d. Eidsvåg. Det er *sandjorda* som er mest vanleg. Dei gamle visste ikkje nokor råd med busetnad på myrlendt og rålendt jord. Det var fyrst det 19. hundradåret som lærde bonden at denne var likaste og årselaste jorda, når ho vart rett nytta. Dinæst kjem tvillaust

- - - -

*) Den steinen som fyrr stod nede ved Reitan, vart ved utskiftinga av ein Oppigardsmann, som åtte ein teig dernede, flutt med til Oppigard, og er no reist i Oppigardstunet.

eit utifrå rikt fugle- og dyreliv i skog og mark og på fjell. Reinsjakta spelar då den dag i dag ei stor rolle i Eikesdal, der kvar mann er storskyttar. Dertil hev både elevane (Eira og Aura) og vatna (Storvatnet, Litlvatnet og Aursjøen) alltid vore sers fiskerike. Og skal det hugsast at Eikesdal - merk at namnet kjem av at det hev vakse *eikeskog* der, og i dag hev ei so grønmæm jord at alt veks betre der enn i andre bygder i fylket. På folkemunne inne i Langfjordbygdene heiter Eikesdal „Kanan“, landet med mjølk og honning!

Vidare grunngeving for at desse dalbygdene i gamal tid spelar hovudrolla, er at Eirisfjord heilt fram til kring 1814 (Sjå Kraft!) vår hovudbygda i indre Langfjorden, medan Eidsvåg i siste hundradået hev fått førarskapen og største folketalet. Endå i 1815 hadde Eirisfjord sokn 803 menneske, Eidsvåg eller Rød sokn 799 og Vistdal 124. Det er i perioden 1815 til 1825 snunaden kjem. Frå den tid kjem breidbygdene med. Det er so mange skifte som bryt inn og fører til dette, fyrst og fremst ymse nye framsteg i jordbruket.

Inkje herad i fylket er likevel so rik på gravplassar som Veøy. *Bendixen* fortel at der skal det vera etter hans teljing 185, og attåt desse skulde det vera ca. 75 som folk visste um, men som då var burtrudde.*) Det er sjølve Veøya og gardane Nesje, Flovik og Selsnes som hev dei største samlingane, frå ca. 30 til 15 kvar. So kjem *Neset* og *Aukra* med ca. 110 - 170 kvar, *Grytten* ca. 100, *Bolsøy* 65, *Eid* 85 og *Frena* berre 33. Desse tala må ein likevel ikkje ta for meir en dei er - ein freistnad på å få yversyn; etter alt å døma er dei heller for låge enn for høge, sjølvsgagt; for det er greidt storhopen av gravene er burtrudde lenge fyrr vår tid. Då ei mengd av gravhaugar og andre faste fornleivningar, t. d. bautasteinar, som var kjende for ein mannsalder eller tvo, no er burtrudde og øydelagde og soleis ukjende for folk flest, so er det visseleg på sin plass i ei Romsdals saga å minna folk um desse. Me tek det me finn hjå *Bendixen* i årsmeldinga til „Norske Fortidsminnesmerkers bevaring“ for 1877 og 1878. *Vestnes* prestegjeld: På *Rekdal* skal liggja store røy-

*) I *Veøyboka*. band I. s. 315, viser O. Olafsen til *Bendixens* fundskilring av gravplassane i Veøy i årsmeldinga 1878, og det syner seg der å vera ca. 250 gravplassar som var å finna eller kunde påvisast då *Bendixen* for der Og folk kunde fortelja um mange fleire, ca. 100. I *Neset* prestegjeld - eitt herad til 1890 - hev me og funne at talet på gravplassar er millom 250 og 300. Nemast kann det soleis at *Nauste*, der no ingen finst lenger, so seint som i 1870-åra hadde ei mengd!



Frå Eirisfjord.

sar; i ei er gjort fund som ikkje er tidfest. På *Hjellstein* ligg nord for elva 4 haugar, 3 små i ei klyngje og ein stor for seg sjølv. Ved husa låg ein stor haug, „Kongshaugen“, som no er jamna ut. Til *landgangsbru* vert brukt ein stor *bautastein!* Han er 5,35 m. l., 55 cm. br, og 21 cm. tjukk. På *Nerås* ligg minst tvo gravrøysar, på *Båtnes* 3 små, på *Langneset* (Frostad) 1 stor røys ved fjorden. Sjølve *Vestnesgarden* hev havt 16 - 17 graver, millom dei fleire langhaugar; alle er nemnde i årsm. 1878, s. 63. På *Helland* er 3 haugar. På *Gjermundnes* hev det minst vore 7, 4 av dei uppe ved husa, 1 ved sjøen og 2 på Gjermundnesholmen. I den tette fureskogen millom Gjermundnes og Leikarnes ligg 9 røysar. På *Ytre Vike* er 4 låge røyser ved nausta, og noko ovanfyre er 4 røysar, ei serleg stor. På *Indre Vike* er rudde 2 røysar, og nede ved stranda er 10 - 12 låge røysar, der eldre jarnalderfund er gjorde. På *Kråkset* er 5 medels store røysar; her og er fund gjort frå eldre jarnalder. På nedre Aas er ei stor røys tett ved sjøen. I *Tresfjord herad* hev me desse: På *Villa* 3 langhaugar, 5-6 rundhaugar og 4 låge røysar. Her er gjorde 3 yngre jarnalderfund. På *Sætre*, ved sjøen, er ei låg røys, uppe på bakken atter ei. Lengre nord, ved nausta, er ei låg røys og ei større. På *Kyrkje-Sylte* låg 3 haugar, den eine med hellekammer. På *Sør-Sylte* skal det vera 6 gravhaugar. På *Nerheim* er det gjort fund på tri stader, tvo av dei tri høyrde iminsto til y, jarnalder. På *Rypdal*, på Dyftingmoen, er ein heil flokk fine haugar, minst 14 stykke. Herifrå er og yngre jarnalderfund,

I Veøy Prestegjeld er i *Vågstranda* anneks desse: På Skålhamneset, *Hjellvik*, er ein haug, på *Reistad* står tett attmed nausta ein bautastein, umlag 2,25 m. høg. På *Kjølset* skal vera ei låg røys. På *Straume*, der kyrkja står, er tett ved nausta 14 runde haugar, 2 langhaugar og 5 låge røyser. Det er mogleg at der er leivder av fleire. På ein bakkekant nær stranda er 6 haugar i rad og derattåt ein langhaug; noko lenger burte er 2 haugar til. Noko høre uppe på marka hev og vore 2 haugar, som no er burtrudde. *Våge* hev vore sers rik på faste fornleivningar, og der er og gjort fund frå y. jernalder på eit par stader. På plassen *Høgreiten* under *nedre Våge* er burt-rudd ei mengd med haugar og låge røysar. No er berre 5 halvt øydelagde att. På heile gravfeltet hev det vore ei mengd små hellesette gravkammer, der det var ei mengd kol og oske og brende bein. Ymse jarnsaker fanst utanfor gravene. Her hev stått minst 1 bautastein. Noko nærare *Vågen* er eit anna gravfelt med 12 heller store rundhaugar, 2 låge røysar og 1 langhaug. Tett ved husa står ein annan bautastein, umlag 2,30 m. lang yver jorda. Denne nemner og Schøning. Tett ved er 3 låge røysar. På *Våge* er og funne ei *ravperle*. På *Våghamn* - ytst på neset - er det ei stor røys. På *Farkvam* er bygdeborga, som fyrr er nemnd.

I *Rødven* anneks: På *Korsnes* ein langhaug på 35 m. 1. 6,5 m. hr., på *Stangenes* er 2 røysar og dessutan ein *stenring* (eldre jernaldergrav). *Holmem* hev 3 røysar, på *Frøyset* ei langvora røys, yver 18 m. i tverrmål, med gravkammer. På *Åfarnes* er 2 røysar. I Veøy hovudsokn er det på sjølve Veøy gjort fleire fund frå y. jernalder. Det skulde ha vore ein del gravhaugar på øya; Bendixen fann berre 3 røysar og ei skipsstø i Bonvika. I den eine røysa låg ein høg stein, som han kom til var bautastein. O. *Olafsen* opplyser i *Veøyboka* at det er talt upp ca. 30 gravrøysar på Veøy og Haugholmen. (Merk namnet på denne siste!). På *Sekkenes* er 5 røysar, på *Vestad*, tett ved husa er burtrudde ca. 15 mindre røysar; ved stranda låg leivdene etter ei sers stor ei, noko aust for denne 3 små. Der låg ein stein som syntest å ha vore bauta. På garden var gjort steinalderfund og. På *Honshella* skal ein haug vera mest sokken ned i myra. På *Skovik* er ei hola. „Kleberstova“. På *Mittet* fann Bendixen ingen gravhaug, men ein stein på ein bakkekant ved strands, ca. 1,50 m. høg, er kanskje ein bauta. Her hev visseleg vore haugar som no er rudde vekk. På *Sølsnes* er 8 røysar. Pr *Vik* er ein stor rund haug tett ved postvegen. Her er gjort fund. Dei merkelege fornfinda i *Horja* er nemnde fyrr. På *Nesjegardane* og inn til *Flovik* er yver

100 gravhaugar,*) jamt yver små røysar, men nokre sers store. På Sør-Nesje er og 3 bautasteinar, 2 på ca. 3 m. og 1 på 1,20 m. Me veit at på desse gardane er gjorde fund både frå bronsetid og eldre og yngre jarnalder.

Eid prestegjeld : Vollgarden i Voll anneks hev mest vore umgjeven av ein ring av haugar, ca. 30. Her er gjorde fleire jarnalderfund, 3 frå yngre. Frå eldre jarnalder er den phalliske steinen som vart funnen her i 1882, saman med nokre små bronseting i eit gravkammer tett ved kyrkja. Millom desse gravene er nemnde til saman 5 „opreiste stener“, som ein vel helst må kalla bautasteinar. Ein stad stod 4 i skeiv firkant, og ein større ein (mål er ikkje oppgjevne) stod for seg sjølv i enden av ein langhaug. På *Roknem* finst og ei gravhaugsamling. På *Bø* i Innfjorden ligg 7 haugar tett ved elva; i ein av dei er gjort fund frå eldre jarnalder, i eit hellesett kammer. Bendixen segjer elles at han ikkje fekk tid å gjera seg skikkeleg ferdig med etterrøkjingane sine i desse bygder.

Grytten prestegjeld : På nordre sida av hovudfjorden kjenner B. ingen fast fornlevning innan G. prestegjeld. På sørsida er *Runehamaren*, som me tidlegare hev nemnt. På *Veblungsnes* skal det etter Schøning ha vore nokre røysar. Der var og ein høg stein, som upphaveleg må ha vore ein bauta. På *Setnes* skal vera rudde vekk fleire haugar, og der er funne ymse jarnsaker. Berre ein stor ein var att. På sandmelen ved elva var m. a. 2 halvt utgravne.***) På *Omlandsteigen* ved Nes (nordre sida av elva) skal vera 3 små haugar, på *Grytten* 1 haug (y. jarnalderfund). På Sogge hev ytst ved elvemelen vore fleire haugar. Fleire hev elvegravinga skore burt. Ymse jarnaldersaker er funne både i haugane -- og i elva! På *Soggemoen* var 9 haugar. På *Devoll* hev vore ei mengd haugar. Herifrå er fleire yngre jarnalderfund. På *Åk* er minst 7 gravplassar frå eldre jarnalder. Haugane hev her som på Sogge lege ved elvemelen. På *Horghheim* står ein *bautastein*. I utmarka på garden Ødeseidet(?) fann Bendixen ca. 20 små, låge røysar, som han vil tru er gravrøysar. På *Marstein* skal ha lege fleire haugar. Fund, er gjorde der, men er ikkje tidfeste. På *Alnestrøan* ligg 6 haugar tett ved landevegen. Herifrå er y. jarnalderfund. Schøning fortel um eit pergamentbrev frå år 1515, der eit byte vert umtala, som går frå „*heidnom haugom*” i Alnes. Dette by-

*) Sjå Årsm. 1778, s. 73 og 74, um desse gravfelta.


***) Me hugsar at eitt liknande phallisk stein (frå eldre jarnalder) som den i frå Voll er funnen på Setnes.

tet gjeld truleg eit par av desse haugane. På *Flatmark (Flate)* står ein bautastein, no berre 75 cm. yver jordfl. Dei hev grave ned til 1,85 m. under yverflata, men endå står han like fast. På *Midten* (Dette må vel vera ein namnefeil - Bendixen hev og sjølv sett spursmålsteikn ved namnet i årsm. 1877 s. 221; ein skulde tru det gjeld Monge) er og gjort fund frå y. jarnalder.*) På *Sæter* fortel Schøning um fleire haugar, Bendixen fann ingen, so dei måtte vera burtrudde. Frå *Sæterbø* er kome eit eldre j.alderfund. Bautasteinen på *Stavheim* er knust og steinringane som skulde vera der, var øydde. Schøning se-ger at „det var sirkelrunde kretser, omkringsatte med temmelig store stener, og mot den østre side besatt med en større høi og flatak-tig sten.“ På garden er funne ein flintkile og ymse jarnsaker, serleg smidreidskapar frå y. jarnalder. På *Ormheim* stod og fyrr ein bautastein. På *Kylling* hev dei eit par gonger ved jordarbeid funne ting frå y. jarnalder. I *Isfjorden* nemner Schøning *steinringar* millom Vøl-stad og grannegarden (Tokle ?). Dei er no burte. På *Breidvik* er 2 gonger gjorde fund frå y. jarnalder, det eine frå gravkammer. På *Hen* er ei røys. Elles hev Bendixen ikkje funne fornlevningar i heile sokna. (Frå Isfjorden er sidan komne til fleire fund frå Hen og Kavli.) *Eids* sokn (Eids prestegjeld): På *Klungnes* er 4 store røysar. På *Lerem* stod fyrr ein runestein (yngre runor, diverre uleselege) ; han var 1,50 m. h., ca. 30. cm. br. og 20 cm. tjukk. På *Kalveneset* på same garden hev det vore fleire røysar, i ei av dei er gjort fund frå uviss tid. På *Haugbrekka*, millom Eide og Frisvoll, er rudd 1 haug, med hellekammer; 2 er att. På *Eidsholmen* under *Eide* er ei låg røys og ved kyrkja ein langvoren haug, ved stranda mot Rødvenfjord var ei fir-kanta steinsetjing, truleg leivder etter ei gravrøys. Tett attmed låg ein bautastein, 4,40 m. h., 53 cm. br. og 25 cm. tj. På *Frisvoll* er gjort fund frå y. jarnalder.

Nesset prestegjeld: Hovudsokna synest vera serleg fatig på minne frå forntida, medan anneksa er sers rike. På *Rød* er i ein gravhaug funne y. jarnaldersaker. Der er 3 andre røysar. På *Tjelle* er ei øks funna i ein gravhaug. På *Nesset* (prestegarden) skal det vera 2 røysar på innmarka, og på sjølve Eidsvåggarden er det tett nede ved fjorden rudd ei heller stor røys med hellekammer. Der fann dei bein og eit sverd. Her er og gardar som Bendixen ikkje hev fått tid til å vitja. Visseleg er under rudningsarbeid, serleg på Rød Tjelle, mangt vorte sopa på sjøen her.***) I annekset *Vistdal* hev

*) På Monge er i 1925 gjort fund frå romersk jarnalder.

**) Bendixen nemner og 14 haugar på Meløya i Sunndalsfjorden.



Vikingtidfund frå Kavli, Isfjorden.

det på Myklebostad vore ei mengd med gravhaugar, serleg på ytste bakkekanten ut mot fjorden. Mest alle er burtrudde. Bendixen såg merke etter 6 haugar. Herifrå er eit eldre jarnalderfund, ei leirurne. Herifrå er og 3 bautasteinar, som er nemnde fyrr, i minsto 2 av dei frå tida kring 500-talet e. Kr. Den eine runesteinen stod saman med 5 andre. Tett ved elva var rudd ei stor røys, i eine kanten av denne stpd den andre runesteinen „der var innsatt i underbygningen til en lade!” Den bautasteinen på *Hanset*, som Schøning fortel um, var komen til Myklebostad, segjer B. På Hanset var ei låg røys og 8 vange gravrøysar burtrudde. På Nerland (Njardarland) skulde det liggja ein stor haug. (Th. Petersen hev sidan grave ut nokre graver i utmarka, som truleg er frå folkevandringstida). I *Eirisfjord* er mange minningar etter den gamle busetnaden. På ut-Bogge skal det vera ei røys. På *Hunneset* utanfor Nauste ligg tvo låge røysar ved sida av kvarandre, ei rund og den andre ein langhaug. På sjølve *Nauste*, ved enden av fjorden, hev det både på øyra og på ytste kant av sideterassane lege store hopar av gravhaugar og einskilde låge røysar, alle er no burtrudde. I ein haug var eit gravkammer, ca. 1,80 m. 1. I kammeret fanst sverdbrot og ymse anna. Ved sida av denne haugen var ei låg røys. **På Sirareitem** er ein stor haug, som bøndene trur er gravhaug, men det er mykje tvilsamt. Ikkje langt frå låg ein liten haug. På Bjørnes skal liggja ein stor langhaug. På *Syltebø* ligg 17 haugar, dei fleste store og fine („Kjempehaugane”). Her er gjorde fleire fund frå eldre og yngre jarnalder. På Ljørvoll ligg ein heller stor haug ved kanten av terassen (Storbakken). Her er funne ein skjoldknapp. Straks ovanfyre, på Steinsvollreiten kann ein sjå restane etter ein haug. På gardane *Øverås* og *Nerås* (Bendixen gjer her den feil at han tek i miss av gardane, so han tek Nerås for Øverås) ligg ei mengd gravhaugar. Tett oppmed Goksøyra, der *Gravdalen* skjer Øveråsmorena, ligg tvo røysar, og lenger nede ved *Korsen* ligg restant etter ei låg røys. På Nerås, oppmed Korsen, ligg på innmarka ein svær haug, med eit uvanleg langt gravkammer, 9,25 m., eit av dei største gravkamra i heile landet. Her er gjort fund frå eldre jarnalder. På Neråsmoen fann B. ei grupp? på 5 låge haugar plus ei låg røys. 2 er gjennomgravne, i den eine er gjort fund frå y. jarnalder. Ytst på moen låg ein liten låg haug.*) På Øvermoen (Åsamoen) nærare elva skal det vera ei mengd med små

*) I ei lita hola tett ved Neråsgarden, „Gamlesmida“, finst slagg og kol og stykke av støypeformer, fortel Bendixen.

haugar. Då heile lendet var so overgrodt med småskog, var dei vande å finna. Ved *Mogjerdet* ligg, minst 1 haug, her er og vandt å finna fram for skog. På plassen Hammaren er gjort y. jernalderfund. Det ser ut til å ha vore ei låg røys her. Nærare Eikesdalsvatnet ligg på eit høgt nes ei lita røys. I *Eikesdal* er kjende 3 bautasteinar, 1 frå *Reitan* og 2 fra *Oppigard*. Ein av dei ligg i ein fjøsmur på *Oppigard*. Han er 2,0 m. l. Som nemnt i ein note er steinen frå *Reitan*, 3,7 m. l., reist i *Oppigardstunet*. Den andre, som no og (1927) ligg i fjøsmuren, hadde stått på ein sers stor gravhaug med fotkjede av steinar og ein større stein i kvar ende. I haugen var gravkammer, der dei fann menneskebein. Nedanfor kyrkjegardsmuren (på *Haugbrekka*) låg restane av ein stor haug. (Leivdene av honom er undersøkt i 1927 av Th. *Petersen*; han finn det er mogleg haugen er frå *eldre* jernalder. Ei mest rund steinhelle, tverrmål noko yver 1 m., låg midt inne i haugen. Truleg er det *solsymbol*. Den hella er no sett i nordøystre kyrkjegardshyrna, der haugen etter kyrkjegardsutvidinga låg. I jorda var ei mengd kolrestar). Nedpå vollen, nedanfor kyrkja, stod fyrr 4 steinar i firkant, berre ein er att (medrekna i dei 3). I røynda kann me soleis i *Eikesdal* rekna med 6 kjende bautasteinar. På *Sæter* hev det vore minst 11 haugar på innmarka (Bendixen segjer at 7 var att og 4 såg han restar av), og i utmarka er det 25 haugar og låge røysar, tilsaman altso 36 gravhaugar; men *der* hev vore fleire, for B. segjer „en stor del er bortryddet.“*) På *Sæter* er gjort ymse fund frå y. jernalder. I *Gravdalen*, millom *Finnset* og *Bjorli*, meiner og Bendixen det skal vera graver. Dette er ikkje tilfelle. *Haugane* der er naturlaga. At Bendixen heller hev teke med i *minste* laget enn formykje, vitnar ein etterrøknad me saman med Th. *Petersen* gjorde i *Eirisfjorden* og *Eikesdal* sumaren 1927: På *Sæter* er ein fin *steinring* (domarsæte) straks nord for skulehuset. På *Einang* (innmarka) var ein haug nyleg burtrudd ved jorddyrking. Her var tydeleg fotkjede. På *Hestneset* ved *Litlvatnet*, tett ved vegen, låg ein haug, ca. 8-10 m. i tverrmål, som etter alt å døma må vera ein gravhaug. På *Hølsteinsgjerdet* ligg ein gravhaug, og på *Linset*, engstykke under *Austigard*, låg ein annan fin gravhaug, 8-10 m. i tverrmål. Ein sjeldan fin og urøyvd haug ligg på *Reitan*, på innmarka, rett nord for husa på bruket som ligg nærast *Eikesdalsvatnet*. På *Øvermoen* (Hjå Bendixen: *Aasamoen!*), der no skogen mange stader er burtrudd, låg ei mengd låge røysar, stort set av same storleik, spreidde yver heile

*) Sjå og Schönings reise, band I s. 123-124.

moen. Det var so mange at me gav upp å telja dei, men ein kann visst gå ut i frå ca. ei 100 stykke. Serleg *lægjet*, men og storleik og form skulde tyda på at heile flokken er låge gravrøysar. Høgt og fritt ligg dei uppe på øvste morena, der det er det likaste utsyn utyver bygda og fjorden frå og ein lyt tenkja på haugleggjinga til Akilles og tvo av venene hans, som det vert fortelt um i Homerdiktet Odysseén.

„Yver dykk alle ihop ein *stor og prydeleg gravhaug* reiste den kraftfulle spjotsvingar-hér av djerne Akaiar høgt på eit framskote nes ved den straumen breid Hellespontos, at han på langan *Ieid skal synleg vera frå havet både av menn som lever i dag og av komande ætter.*“

På denne morena nemner og Bendixen fleire haugar (sjå s. 95), som enno er å sjå. Like fint låg ymse andre haugar, soleis *tri* på *Ljørvoll* (Storbakken). *Bendixen* nemner berre ein her. Dei låg ved gamlevegen, som her ber det råkande namnet *Haugbrekka*. (Jamfør *Haugbrekka* i Eikesdal og *Haugbrekka* i Eide). Ved alle desse brekkone ligg gravhaugar. Den siste av desse haugane på *Ljørvoll* vart sumaren 1927 jamna med jorda under nybrotsarbeid. Restane av dei tvo andre vart utjamna 3-4 år fyrr. På *Frisvoll*, i *Bjørndalen*. er det mogleg at det hev vore ein eller fleire haugar (jordhaugar). Me såg på ein haug som var mest utjamna. Jorda i denne var sers mykje kolblanda, so mykje at det undra oss storleg. Andre stader veit me ikkje um haugar i den store *Frisvollgrenda*, endå der er gjorde både steinalder- og *bronsealderfund*, so busetnaden visseleg er sers gamal der. So vanleg gravhaugskikken hev vore i denne bygda, må visseleg her ha vore haugar, som no er burtrudde. På *Syltebø* kunde me slå fast ei 3--4 haugar fleire enn *Bendixen* nemner. På *Nauste* fann me ei røys på ca. 10 m. i tverrmål på *Nausthamaren*, berre 10 m. y. sjøen. På *Litl-Hunnrset* var det 3 store og ei lita røys, so dette kann neppe vera dei tvo låge røysar (ein rund og ein liten langhaug) som *Bendixen* fortel ligg på *Hunneset*. Me vil heller tru at dei må vera på *Stor-Hunneset*, nokre hundrad meter lenger ute ved fjorden, dit me ikkje fekk tid til å koma. På *Sira* er ein plass som heiter *Likhaugen*, ei 300 -- 400 m. aust for husa på garden. Det er mogleg at her er ein større gravplass. Serleg fin var ein rundhaug, visstnok jordhaug, som var heilt urøyvd. 2 andre, ein langhaug og ein rundhaug, var og tydelege. Dei ligg på ein skograbb. Det skulde ha vore interessant med ei gjennomgraving her, for *Sira* er vingard og visseleg ein av dei eldste gardane i indre Langfjorden. På *Sirareiten*

er fleire haugar, men det er mykje uvisst anten det er gravhaugar eller dei er naturlaga. Det siste er kanskje det trulegaste. Tett ved stovehusa står ein stein, 1½ m. y. jordflata, burtimot ½ m. breid og ca. 17 cm. tjukk. Ingen veit når han er sett der, so det er mogleg ein bautastein. Ei rund gravrøys, tverrmål 10-12 m., ligg på *Solhjell*, midt på nedste terrasseflata. Her hev gamlevegen gått fyrr, veit folk å fortelja. På *Bjørnes* hev det vore 2 røysar, som no er burtrudde. Y. jernalderfund er gjorde i båe. På same garden er på ei terrasse ca. 40 m. y. h., gjort eit bronsealderfund, frå ca. 1300 f. Kr. Th. *Petersen* meiner det er gravfund. På *Slenes* er og eit yngre jernalderfund frå ein haug på ein terrasse. - Dette er ikkje so lite tillegg til Bendixen sine opplysningar um Eirisfjord og Eikesdal, enda det bør segjast at forlite tid gjorde at me ikkje fekk vitja fleire gardar, soleis Vike. Hoem, Meringdal, Horne og Husby, som alle ligg slik til at dei må ha vore av dei gardane som fyrst vart busette i bygda. Det fortel og namna oss. Dei tri fyrstnemnde gardane hev visst aldri vore vitja av fagfolk, diverre. At det er soleis i andre bygder, er tvillaust. På *Eidsøyrrer* fekk me soleis tilfeldig høyra at på Balsnes (*Baldersnes*) er ein fin haug, og nokon fortalde oss og at på *Mjøenneset* i Eidsbygda er det fullt med mindre, visstnok avlange haugar. Um desse kann ein då fyrebels ikkje segja meir.

Bolsøy prestegjeld : I hovudsokna er sers få haugar. Det må hanga saman med at Fanestranda so jamt er oppdyrka, og alt so vore hev sjølvsagt då funne vegen på sjøen. På *Bolsøy* er på *Tingnes**) 3 mindre runde røysar og ein stor langhaug, på *Bolsøynes* er 1 stor røys, der y, jernalderfund er gjort. I marka millom båe nesa ligg ei steinsetjing med 8 store steinar, ståande i heller stor avstand frå kvarandre, men soleis at dei lagar ein *ring* på nær 15 m. i tverrmål. Tett attmed såg B. resten av ein stor haug med fotring. Øvst på øya står den høgste bautasteinen B. har funne i Rømsdal og Nordmør, ca. 5 m. y. jorda. Haugen som han stod på er burte, sameleis 6 runde og 3 langhaugar Klüwer fortel um. Berre resten av *ein* haug er att. På Leitlebostad skal vera 1 sers stor røys, på plassen *Aavika* 2 haugar med hellekammer, på *Tangen* skal liggja fleire røysar, på Varholmen 1 stor og på Tørrisholmen 1. På Geitnes ligg tett ved vegen ein liten låg haug, på *Røvik* er kanskje ein sikker av dei 3--4 haugar tett ved vegen som bøndene trudde var gravplassar. Derimot

*) Dette namnet er interessant, men me kann ingen ting segja um det, då O. Rygh ikkje hev det, og me sjølv heller ikkje er kjende på øya.

er på flata „*Klypra*,” nede ved stranda, 6 låge røysar. På *Dvergsnes* hev det vore 5 og på *Brokstad* 2. På *Mjelve* er 9 ovanfyre vegen og 2 nedanfyre. Nokre er sers store og fine, resten berre små. På *Årøy* stod fyrr ein *bautastein*, 4,5 m., på *Hjellset* fanst fleire store gravhaugar og 1 liten *bautastein*.

Aukra prestegjeld : På *Hollingen* er 4 store og 2 mindre haugar. I ein av dei store var eit hellekammer, 2,5 m. l., 47 cm. br. og 62 cm. høgt. På prestegarden er tvo haugar. I den eine skal vera funne ei „malmkanne med runer på”, som bispen Hagerup (d. 1743) fekk tak på. Dei tvo altara *Høyem* fortel um på *Måsholmen* er kubusforma „vandreblokker”. Nede ved nausta ligg leivder etter 4 småhaugar. *Klüwer* fortel um ein „kjempekrets”, som må vera ei steinsetjing eller låg røys ved prestegarden. Der skulde og nedanfor husa vera ein *bautastein* (*Høyem*). På ein tange som heiter *Remmen* er ei rad haugar, dei fleste små, 9- 10 st. i alt. Nedanfyre på stranda hev vore 9--- 10 røysar. Av dei er 6 att, og staden der dei andre hev lege kann påvisast. Høgst uppe, under *Remmen*, ligg ei stor, men ikkje høg røys. Lenger mot vest hev det vore ei gruppe av fleire store røysar; av dei er no berre 1 umlag uskadd. I fleire av desse er funne ymse ting, m. a. ei hein, ein flintdolk og ymse klinknaglar. Ved *Kjerringsundet* låg den største røysa B. hadde set, ca. 35 m. i tverrmål. *Segna* fortel at ei dronning med 50 mann skal vera gravlagd der. I ei mindre som var tett ved, men no burtrudd, segjer segna at mannen hennar var hauglagd. Der er og ei låg røys („brolagt krets”) på 10 m. i tverrmål. Her er funne ymse jarnsaker. Lenger mot aust er 2 store haugar, ca. 2 m. høge og 19 m. i tverrmål. *Høyem* segjer at det elles på mange stader i prestegjeldet, både på nes og holmar, finst ei mengd gravrøysar, og i nokre av desse er større steinar, og i andre låg dei yverende (*bautasteinar*?). Serleg på *Tangen*, sudvest for prestegarden, skulde det vera fleire. Ved *Småge* er tvo *bautasteinar*, og nemnde av Schøning, ein 1,6 m. og den andre 1,75 m. høg. Det ser ut som her hev vore 2 haugar. Lenger vest er og 2 mindre steinar i skråstilling, og her hev visst og vore ein haug. Litt burtanfor er ein stor jordhaug; der står og ein stein. På eit nes ved garden ligg 3 røysar. På *Horrem* (*Hårheimr*) er ein fin haug, „*Kongshaugen*”, og ei røys. På *Løvik* hev vore fleire gravhaugar, 1 er att. Der står på ein voll litt frå sjøen 4 *bautasteinar* i rad, ein femte stod fyrr ved husa.

Otrøy anneks: Herifrå er m. a. 3 bronsealderfund, 2 er alt funne fyrr B. reiste der. På *Ræstad* er 4 små haugar ved stran-

da og ein langhaug (15 m. X 7,90) tett ved husa. I *Rakvåg* er ein stor jordhaug på øystre sida av elva, no dyrka upp til åker. På *Raknestangen* er 2 store og 4 mindre gravplassar. På *Ålsundsneset* ved *Kvalsvika* ligg 2 store røysar, på *Midsundbøen* 1, på *Hamneneset* 1 og på *Årneskubben* skal det vera fleire. (Sjå årsm. 1869, s. 157). *Sør-Heggdal* hev 3 haugar, ein av dei er serleg stor og ligg nede ved nausta. På *Orset* er 2 røysar, i den eine var eit gravkammer på 2,5 m. langt. Der fann dei m. a. eit leggbein. *Uppstad* hev 1 haug med ein 2 m. lang bautastein. På *Magerøya* er 1 røys, og på *Miøy* er fleire, m. a. 9 tett ved husa, den største 19 m. i tverrmål. På *Tautra* var det på 4 ymse stader tilsaman 12 haugar og 2 bautasteinar. Den eine av desse steinane var serleg fin av form. Lengd 5 m., breidd 73 cm. og tjukk 16 cm. Den andre var og stor ; 5,30 m. l., 47 cm. br. og 21 cm. tjukk. Ein av haugane var 22 m. i tverrm. og 3,75 m. høg. *) *Sandøy* veit B. mindre um, då han kom ikkje dit. På *Finnøy* er ein bautastein 2,25 1. På *Huse* på *Harøya* er 2 røysar og ved *Harnes* 18 låge runde haugar.

Frena prestegjeld : På *Sande* er ei samling haugar, soleis 8 rundhaugar frå ca. 12 m. til 5 m. i tverrmål. På *Okkulberg* er 1 røys og mogleg og ein på *Haukåsfeten*. På *Kvalsnes* 1 røys, på *Vågøy* 1 langhaug av stein (ca. 30 m. X 5) og 2 store runde røysar på fjellknattar. På *Tornes* er 8 fine haugar. Der er og ein merkeleg gamal veg ned til sjøen, steinsett med heller store steinar. Her hev tvillaust ein gong vore nokso våtlendt. *Høyem* vil i dette sjå at mektige folk hev eingong butt på garden. Her er og ei merkeleg steinsetjing : 8 låge, men svære steinar lagar ein ring som er 31 m. i tverrmål. I midten ligg ein stor blokk. I ein åker tett ved er funne ein stor spiralling av gull (Årsm. 1877, s. 186). Utanfor *Hamneneset* ved *Gjøvika* (*Tornes*) er 6 røysar; i nordaust ved *Sandvika* er 2 røysar. Under ein stor hamar, som i nord går ned til vika, finst 2 små, og i steinremmane, på sudsida av vika, er det nokre til. *Høyem* og *Krogh* nemner 2 bautasteinar på *Tornes*. Dei hev truleg stått ved *Sandvika*, der no ingen bur. *Bendixen* fann att ein stubb av den eine og trur elles at båe er vortne nytta ved byggjing av eit kvernhus tett attmed. På *Tornes* er og kjend ei skipsstø.

*) Nærare etterrøkjingar på *Tautra* syner at der hev vore minst 30 graver. Sjå Th. Petersen: R. S. årsskrift 1927. Det er ikkje umogleg at etter dette og det me hev halde fram um *Eirisfjord - Eikesdal*, kann talet på graver i bygdene våre setjast minst dobbelt so høgt som *Bendixen* finn det er.

Bud prestegjeld : I fiskeværet Vika skal det fyrr ha vore fleire større og mindre røysar. På prestegarden (*Kalsvik*) ligg 2 bautasteinar. Den eine var midt i ein åker, den andre, umlag 3 m. l., men berre smal og tunn, låg i åkerreina. Då Schøning såg dei (i 1773) stod den siste i restane av ei røys, som no er burte. Her er og ein langhaug (22 m. X 6). På *nedre Gule* hev vore 5 bautasteinar, tvo umgjevne av steinringar, og dessutan var der 7 runde haugar og 1 langhaug, alle tett ved Gulevågen. 4 bautasteinar er att, den 5. steinen, ca. 2 m. l., er lagd til klopp yver ein liten bekk. Schøning nemner elles 4 haugar til. På *øvre Gule* skal etter Schøning ha vore 2 haugar, og ei stor steinrøys nordvest for nedre Gule, Han nemner og 3 store gravhaugar og 1 liten bautastein på *Hamnes*.

Hustad sokn : På *Hustad* og *Farstad* er millom anna gjorde bronsealderfund. På den fyrste garden, ved elva og ved husa, ligg leivder etter fleire haugar, andre er rudde vekk. I ein er funne glas- og leirperlor, brune med raude stripor. Ved elveosen er ei gamal skipsstø. Ovanfyre garden er bygdeborga *Aslaksteinen*. På *Malefeten* er ei røys. Her er ein steinvoll, 440 m. lang, ligg 9-10 m. yver lågaste fjøre. Vollen er naturlaga. Heile den austlege delen hev vore nytta som gravplass, den største Bendixen hadde set næst *Løken* i Sunndalen. I vest er vollen umlag 6,5 m. br., i aust er han 3 gonger so breid og noko høgre. Vestanfyre ein liten bekk, som går gjennom steinhopen, ser det ut til å ha lege 3 røysar; austanfor rekna B. 66 graver. Sokneprest *Kraft* talar um hundradvis av røysar, men so mange hev det neppe vore, endå noko av grunnen er rudt. I den øystre delen ligg små røysar tett i tett, fyrst i 3 rader, so i 2 rader og endeleg i 1 rad. Ein kann skilja millom 3 slag gravplassar på vollen, „fordybninger,” 3,10 - 3,70 m. i tverrmål, små og låge røysar, 3,25 - 6,5 m. tverrm. og 40-60 cm. høge, og større røysar, som ligg midt på vollen eller i vest og sumtid på god avstand frå kvarandre, 9,50--22 m. i tverrm. og burtimot 3 m. høge. „Den hele stenmasse er overgrodd med mos og lav og frembyr et høist besynderlig syn.” På *Malos* grunn er og nær vollen 1 stor røys, og sudvest for husa er tvo til. På *Nerland*, aust for Hustadvika, er ein liknande voll som på Malefeten, men mykje mindre. Her er 2 små røysar. Sud for steinvollen, på ei høgde ut mot havet, er ei stor røys, ca. 22 m. i tverrmål. Her er funne ymse ting. På same åsryggen finst lenger nord 4 røysar, den største 24 m. i tverrm. På *Farstad* hev visstnok vore 6 bautasteinar, den største ca. 6 alner. Her hev og vore fleire gravhaugar, i ein er gjort fund frå y. jernalder. På *Skotten* og *Sandblåst* skal det ha vore fleire røysar.

Schøning nemner at på Vestad i Bud er 3 høge steinar ved 6-7 kjempehaugar.*)

Bendixen segjer det skal vera tilsaman 70 - 80 bautasteinar i Romsdalen og på Nordmør. Det vert då ikkje mange på Nordmør, for me hev ovanfyre i alt peika på 72 bautasteinar berre i Romsdalen! Dei er jamt spreidde utyver alle bygdene våre, og minner um gjæv bu-setnad og gilde menn.

Medan alle graver med hellekammer t. d. i Trøndelag høyrer til *eldre* jarnalder, er det uråd soleis utan fund å tidfesta ei grav i bygdene våre, då det er gjort fund frå både eldre og y. jarnalder i slike graver. Det ser ut til at folk her hev vore meir konservative, i minsto i *gravskikkane*, og altso ut gjennom vikingtida hauglagt sine døde som dei gjorde i eldre jarnalder. På *same* gravplassen er det ofte haugar frå bae tidbolkane, som ligg der og minner um fortida og peikar på *samanhengen* : Hundradår etter hundradår, på garden, i grenda, i bygda, fekk her, ætt etter ætt, dei som hadde rudt garden og grenda, si siste kvile. Det var so naturleg at kvar fekk liggja på sin eigen grunn, og me må tru at alle desse minningane kring tun og gard um dei farne fedrar, gav både sterk ættekjensle og sjølvkjensle og makt til framtak. Me hev *røter* att gjennom endelause tider, og soga er det som meir enn noko anna er den store kraftkjelda, der desse røter syg næring. Difor bør det bli kvar manns sak på gardane å *retta* noko av det som rengt er: d. v. s. stella vel med graver og haugar, fylla ut og jamna til der „vandalar” i si hækne hev rota upp. (Ei tid trudde nemleg folk at haugane var fulle med alle slags kostelege ting). Bautasteinane som enno finst i uthus, i klopper og tropper eller andre stader, bør reisast att på garden, helst der dei stod fyrr. Me bør syna sopass vyrndad og pietet - eller *kultur*. - Vekk med trollsplinten i auga -- **den** som hev laga bautasteinane um til trollpiler !

Millom desse faste fornleivningane me ovanfyre hev peika på, bør dei sokalla „brolagte kretser”, d. v. s. *låge røyser*, nemnast ser-skilt. Dei finst ofte saman med gravhaugar både frå eldre og yngre jarnalder, sumtid ligg dei og for seg sjølv. Det er visst grunn til, som Th. *Petersen* uttalar på fyrespurnnd um desse, å setja dei millom eldre jarnalder - gravformer. Etter *Helland* er det i 1909 i Romsdal

*) Lesaren må merka seg at umlag alt me hev um faste fornleivningar ovanfyre er etter Bendixen, og at me gjev alt att som han, so når han t. d. segjer *ligg* (notid), so gjeld det tida 1870-1873, då han granska desse bygdene.


og baa Møra kjende millom 100 og 120 slike. Av desse ligg ca. halvparten på sørsida av Romsdassfjorden, på Vestnes og Vågstranda fyrst og fremst. Elles finst dei i dei fleste bygder i fylket vårt, og uppe i dalane, t. d. i Eikesdal (Sæter). Ei onnor gravform, og visstnok frå eldre jarnalder, er dei sokalla steinringar („domarsæte”, „tingstader”). I det heile veit Bendixen um berre ei 8--9 sovorne ringar, soleis på *Myklebostad* i Vistdal, på *Stangenes* i Rødvenfjorden, innanfyrre *Bolsøynes* i Bolsøy og ved Tornes i Frena. Hertil kjem ein på *Sæter* i Eikesdal, som berre hev vore kjend i nokre få år og ligg urøyvd enno (1927).

Reint *arkeologisk* kann me soleis slå fast at det hev vore ein både rik og gild folkesetnad i bygdene våre i folkevandringstida og vikingitida. Samfundet hev vore sterkt lagdelt: kongar, jarlar hersar, hauldar (storbønder), kauplendingar, og endeleg løysingar og træljar. Det er visseleg berre *storfolk* som fekk „Kjempehaugar“ med bautasteinar yver seg. Samfundet var eit *ættesamfund*, og me vil tru at alt tidleg hev dei mektigaste ættene skapt *godseigarveldet*. *Rigspula* segjer at jarlen, då han vart vaksen, vart *ein-eigar av attan gardar!* Rundt omkring seg i bygda hev då gjerne hovdingen havt leiglendingar sitjande på smågardar, avhengige av seg og gode å ha um krig kom på.

Men som det alt er peika på, so hev me frå denne tidbolken og

den skrivne soga

som kann fortelja oss det same um storfolk som styrer i bygdene våre ei god tid fyre 900-talet. Me møter då, ved den tid Norig vert samla av Harald Hårfagre, Raumsdølafylket i hendene på kong *Nokkve*. Nordmør hev og sin fylkeskonge, *Hunthjov*, og Sunnmør er samla under kong *Arnvid*. Fylkeskongedømet ser so ferdig og utvikla ut, at det som alt er nemnt må ha rotfeste heilt attende i folkevandrings-tida. Alt tyder på at kong Nokkve ikkje hev so *lite* samband med grannekongane sine. Dotter hans er endåtil gift med Hunthjov, og soleis mor til den vidgjetne vikinghovdingen *Solve Klove*. Samstundes høyrer me at kong Arnvid på Sunnmør er kalla *frenden* til Solve, og P. A. Munch meiner at Hunthjov sjølv ætter frå ein kong *Hogne* ute på Namdalsøyane. So dette tyder på hopehav, frendskap og venskap millom hovdingane langsmed heile nordvest-kysten, og *det* skulde helst tyda på dei hadde gamal *hevd* til rika sine ; her var det liten strid um rettar og grensor, altso gamal politisk samfundsskiping.



Frå Vatsdalen. I bakgrunnen Jorundarfell.

Kva for ei bygd som hev vore sæte for desse kongane, er vandt å segja noko um. Det er mange segner um kongar og kongebustader i fylket, soleis um ein kong Tiltar, som skal ha butt på Teigset på Tiltareidet (Millom Langfjorden og Sunndalsfjorden). Men som me skal sjå sejnare. so vitnar ikkje sef-namna korkje um stordom, sosialt set, eller um elde. Då lyt ein heller i denne luten av fylket tenkja på Miklibostadr i Vistdal, eller ein stad i Veøy, sidan fylkestinget og fylkeshovet var her, på sjølve øya eller på *Nesjar* t. d. *Vestnes* eller bygdene derikring, *Gjermundnes* t. d., skulde og vore lugomt. Eller ein stad lenger ute ved kysten. I sjølve Romsdalen kann knapt kong Nokkve ha butt, då ei stor og råderik hersætt hadde tilhelde der i vikingtida og kanskje til sine tider gjorde krav på å dele makta med fylkeskongen. Dei mest kjende av desse er *Ketill Raum*, sonen *Torstein Herse* og sonesonen *Ingemund Torsteinsson den gamle*, som var samtidig med Harald Hårfagre. Ingemund vart seinare, kring 1890, landnåmsmann på Island, i *Vatsdalen*, og vart ættfar til ei vidgjeta ætt, Vatsdølene. Den islandske professoren Finnur *Jonsson* segjer at

Ingemund var den merkelegaste av alle landnamsmenn (= menn som tok land) på Island. Og det vil ikkje segja so lite når me veit at ca. 400 *storætter* flutte ut frå Norig i denne tida, tilsaman kanskje ei **20000** menneske, når me reknar med alle. Stormennene hadde alltid mange med seg, og utanum husfolket sitt.

Nett fordi Ingemund flutte ut til Island, hev me gjennom dei islenske ættesogone, då serleg *Vatsdølasoga*, og gjennom Landnamabok, fått greide på denne ætta so godt.

Ketill Raum er den fyrste me høyrer um av ætta som me kann rekna for ein historisk person. Det hev vore dei som hev halde fram at fylkesnamnet skriv seg frå Ketill Raum, men det må vera greidt at Ketill hev fått dette tilnamnet Raum fordi han budde i *Raumsdal*, som det og står i *Vatsdølssoga*. Elles er det nemnt 4 ættleder attyver fyre Ketill. Den siste av dei er hovdingen Jotunbjørn. Ketill var ein namngjeten mann, rik og raust og sterk og rask i allslags karsversk. I ungdomen hadde han fare i viking; men då han vart gamal, heldt han seg på *gardane* sine. Han var gift med Mjoll, dotter til Ån Bogespennar, ein segnhelt som det finst ei eiga saga um. Sonen deira var *hersen* Torstein, som det lukkast for berre i 20-årsalderen, enno med faren levde, å drepa ein vidgjeten røvar, som gjorde so mykje skade på folk og fe når nokon for vegen millom Raumsdal og Uppland. „Ingen kom att som for den vegen,” segjer soga, „jamvel um dei var 15-20 mann i lag.“ Torstein fekk lurt seg inn til honom der han budde. Soga fortel at endå var røvaren, Jokul heitte han, sterk nok til å gjera det av med Torstein; men då han fekk vita kven han var, let han honom få ha livet. Røvaren fortalde honom so at han var son av Ingemund Jarl i Gautland (Sverige). Han bad Torstein fara til far hans med helsing, og oppmoda honom til å gifte seg med syster si, *Tordis*. Torstein gjorde som Jokul bad og gifte seg og med denne svenske jarledottera, og sonen deira vart *Ingemund den gamle, ven av Harald Hårfagre* og med i Hafrsfjord. Det skulde ikkje undra oss, sidan me finn Ingemind på Haralds side her, at det heng saman med gamle mostningshøve millom fylkeskongen og Raumsdals-hersen. Underleg er det at Ingemund ikkje er nemnd i noko av Solskjelslaga, so vidgjeten mann han var. „I den tida då dette hende (dråpet på Jokul) var det *fylkeskongar* i Norig”, segjer *Vatsdølasoga*. Og det er rimeleg, etter det me alt hev høyrte; men me kann sjølvsaft ikkje taka slike ting frå desse sogone for historiske røyndeting, utan me finn det høver og samstavar med ymse andre “kjeldor”. Tida for desse hendingane kann me rekna ut må vera noko etter 800-talet. „Sidan, d. v. s. etter dråpet, let Torstein lysa til tings, *der alle mennene frå bygdene derikring møtte*“, og greidde ut um utferda

til røvarane, heiter det. Dette tinget kann sjølv sagt ikkje vera fylkestinget på Veøy, det visseleg kongen rådde fyre ; det er *hersen* som kallar saman *heradstinget*, som han var hovding for, d. v. truleg her segja berre bøndene i Raumadalføret - eller kanskje og frå dei næraste bygdene, Isfjorden, Voll og Eid t. d. Heradstinga vart vanleg kalla bygdeding, og dei hadde på langt nær ikkje fullt sjølvråde; i dei viktugaste saker laut dei lyda og finna seg i avgjerda frå fylkestinget. Men og kann det tenkjast at ein herse var sers mektig og sjølvrådig, og at desse småkongane), fylkeskongane, greidde lite å koma nokon veg med dei (Jfr. Erling Skjalgsson - Olav Trygvason og Olav Haraldsson). Når det gjeld Torstein Herse kann det etter soga tyda på noko av kvart. Det heiter at Torstein for til jarlen i Gautland med „raumsdølene og mange stormenn” då han skulde gifta seg. Ketill var og med, men for heim so snart brudlaupet var yver. Torstein vart verande der ei tid. Men so hende det seg ein kveld at nokre menn kom frå Norig med tidend um at Ketill Raum var dåen, og at dei vilde „at Torstein skulde koma heim til farsgarden og riket sitt”. So for då Torstein med kona heim til Raumsdal til eigedomane sine og tok ved farsarven. Um *sumaren* for han i herferd og vann seg gods og æra, og um vinteren sat han heime på gardane sine og var ein hæv og umtykt mann.

Nord i Hemne på Nordmør hadde Torstein ein god ven, Ingjald, han var hauld (d. v. s. storbonde, odelsbonde), og han for og um sumaren jamt på herferd. Hjø denne venen var Ingemund, uppkalla etter morfaren, jarlen, til oppfostrings. Tidleg laut Torstein gjeva Ingemund skip, og Ingjald gav sonen sin, Grim, og so for desse tvo fostbrørne i viking saman. Um vinteren heldt dei seg heime, anten i Raumsdal eller i Hemne. Ein gong hende det at dei hadde rundt 60 mann med seg heim til Torstein, og han fødde dei på stormannsvi um vinteren, segjer soga. Alle tykte Ingemund var ein gild kar, både å sjå til og av framferd. Han var dugande i all slags leik og vel øvd i alle idrottar, god og hjulpsam mot småfolk, men hardballe og strid mot uvener. Torstein syntest aldri han fekk synt son sin ære nok då han fekk sjå kva kar han vart.

Desse fyrste vikingåra til Ingemund ser ut til å vera i dei tider då Harald Hårfagre held på med si rikssamling. Og noko underleg er det då at me ikkje i nokor av dei gamle sogone kann finna noko um Ingemund eller Torstein, utanum denne serskilde soga um dei. Ein skulde som nemnt ha venta å høyra dei var med fylkeskongane Nokkve og Hunthjov i kampen mot Harald i sjøslaget ved Solskjel på Nordmør, truleg i året 864, etter gamal rek-

ning. Me veit at kong Harald, etter han hadde teke Trøndelag og Hålagoland går laus på denne landsluten. Og Raumsdølakongen *Nokkve* og kong *Hunthjov* frå Nordmør og sonen Solve Klove samlar skip og menn og møter kong Harald ved den vesle øya Solskjel, nord for Tustna - Stabben, og skal verna rika sine. Det vart ein hard strid. Harald sigrar, her som allstad, sigersæl som han var. Båe kongane fall, men Solve flydde og kom seg undan. *Hermed la Harald under seg dei tvo fylka*. Slaget ser ut til å ha stått på vårparten eller fyresumaren, for *Snorre* segjer at *Harald heldt lenge til i fylka um sumaren og skipa lov og rett for folket*. Til hovding, styrar, yver båe fylka sette han venen sin, *Ragnvald Jarl*, soneson til Ivar Upplendingejarl. Ragnvald fekk seinare tilnamnet den *rådwise* eller *mektige*, og Harald gav honom hjelp både av stormenn og bønder, og attåt skip, so han kunde verja landsluten han styrde for ufred.

Men Solve Klove tenkte ikkje å gjeva seg. Han vilde sjølv-sagt hemna faren og morfaren Nokkve, og dertil er det rimeleg at han tenkte å vinna att båe rika for seg. Han fekk so med seg frenden sin, kong Arnvid på Sunnmør og dertil kong Audbjørn frå Fjordane (Nordfj. og Sunnfj.) Året etter fyrste Solskjelslaget møtttest dei med Harald att på same staden, og at det hev gått sers hardt fyre seg i dette sjøslaget, hev me ikkje berre vitnemål um i Glymdråpa til Torbjørn Hornklove, den vidgjetne hirdskalden til Harald Hårfagre, men og i det store mannefaller på båe sidor. *Hornklove* segjer m. a. :

Pilene regnde frå lufta
og raudt or såra saud blodet.
Haugar av stridsmenn lagdest
livlause framme i rausna,
men kongen hugdjerv vann siger
med hogga skrall mot skjoldar.

Båe desse fylkeskongane og fall, og ei mengd raumsdølar med, vil me tru, men Solve greidde røma på ny. Sidan tok han bustad på *Suderøyane*, men var ein veldig viking og herja ofte på Haralds-riket. På Haralds side fall i dette slaget m. a. tvo jarlar og dessutan 2 av sønene til Håkon Ladejarl (den eldre).

No vart og Sunnmøre lagt inn under styret til Ragnvald Jarl, "Mørejarlen". „Då sette kong Harald Ragnvald Jarl yver båe Møra og Raumsdal" segjer Snorre. Det gamle **fylkeskongedømmet** var altofto gått i grava i bygdene våre ; men sjølve det gam le *fylkeslivet* og alt det som gjenom hundradåra var skapt av *samlingsemne* og *samhalds-*

kjensle, heile den kulturelle *sersvip*, som hug og hått, sed og skikk, rett og religion, mål og minne, ætt og frendskap, hadde skapt millom folket i bygdene våre, *det* var ikkje skipla, og hev sidan nedigjenom tidene halde seg og skilt Raumsdal og raumsdølene ut frå grannane i nord og sud. *Natura* var og den same. Heller ikkje er det grunn til å tru at Ragnvald sitt jarlestyre nokon gong var *tenkt* som nokor spesiell samlingsmakt eller sameiningsmakt i desse fylka. Den nye administrasjonen til Harald og praktiske tilhøve, saman med ein god grand slump, skapte dette jarledømet; dei gamle fylka heldt fram med å leva sitt gamle liv med kvar si gamle fylkesnemning som fyrr, - „båe Møra og Raumsdal,« som det vanleg heiter i sogone.

Det er og no at Veøy tek til å få si stortid, som fylkessentrum; alt tyder på ei sterkare konsolidering av bygdene og større konsentrasjon av fylkeslivet enn nokosinne. Det at Sunnmør av Håkon den gode vert lagt inn under *Gulatinget* og Raumsdølafylket inn under *Trøndelag*, *Frostattinget*, provar og at Møre-jarlstyret som samlingsmakt ikkje stakk so djupt, at det alto ikkje hadde ei nærare sameining millom dei 3 fylka til mål. Tvertimot er det grunn til å tru (som og P. **Vik** hev halde fram i eit tilsvaret til professor Koht um fylkesnamnet), at kvart fylke rådde mykje seg sjølv og merka lite til rikseinskapen i denne tida, og at jarledømet var heller laust samanbunde. Og veit me at Harald sjølv til slutt gjorde ende på denne skipnaden med å gjeva Raumsdøla- og Nordmørafylket til Eirik, sonen sin, og dermed høyrer me ikkje noko meir til „Mørejarlane.”

Ein annan ting som og er verdt å nemna, er at me ikkje i saga hev nokon kjennskap til noko *samting* i denne jarletida millom dei tri fylka. Me veit berre um heradstinga (bygdeting), fylkestinget (Veøy) og dei store lagtinga; frå Hokon den gode si tid er *Frostattinget* den høgste samfundsmakta, eller „instans”, for oss raumsdøler. Skulde det vera tenkjeleg at det var freista med eit slikt samting for jarledømet, so måtte då i det tilfelle Veøy vera den sjølvskrivne samlingsplassen eller midstaden.

* * *

Slaga ved Solskjel var for kong Harald eit strålende fyrespel til dei store hendingane i Hafrsfjord (872). Medan me, som nemnt, inga greide hev på Torstein Herse og sonen Ingemund når det gjeld desse stridane, - den store venskapen me seinare møter millom Harald og Ingemund skulde helst tyda på at dei ikkje var med ved Solskjel, - so fortel Vatsdølasoga oss at ein sumaren Ingemund var på heimferd med meir herfang enn nokosinne, då møtte honom den tidenda frå

Norig at ein her samlast aust ved *Jæren*. Mest alt landsfolket møtte her, i tvo herar, På den eine sida var Harald, han dei gjerne kalla *Dovrefostre* eller *Luva*. Her i *Hafrsfjord* vilde han få den endelege avgjersla med hovdingane i landet, um Noreg skulde vera *eitt* rike - ei genial hugsyn av den unge Vestfoldkongen --, eller um smårikskipnad og neskongetankar framleides skulde råda i landet. I motsetnad til dei fleste vikingane finn me at *Ingemund* vel å vera på *Haralds* side. Der var og Ragnvald Jarl med. Me kjenner alle endelykta: kor alt gjekk som den sigersæle Harald vilde. Livfullt og sterkt strålar tida og hendingane oss i møte frå Ramnsmålkvedet til *Hornklove*, eit kvede som godt kann vera sagt fram fyrste gongen i bygdene våre, i gildehalla til Ragnvald Jarl, t. d., då Harald etter slaget gjesta denne godvenen sin og fekk Hårfagrenamnet. Kor er det ikkje ein frisk og djerv dâm i skildringa av den unge Halvdanssonen berre i dette verset :

„Ute vil han jol drikke
um alt stend til honom,
og leiken hans Frøy fremja*)
den framdjerve hovding ;
ung han leiddest eldstad
og inneseta,
den varme stova
og vottar dunfyllte.”

Og når me ser kar høgt kongen set *skaldane* sine, er det lett å skyna at folket vårt alt held på og tuftar eit verkelrg *åndliv*:

„På deira reidnad godt det syner,
og på gullringom,
at dei er på god fot med kongen ;
kappor ber dei raude
og renda skoldar,
sverd sylvbudde,
serkar ringvovne.,
gullverka andfetlar
og gravne hjelmar,
på hendene ringar
som Harald deim valde.“


*) Leiken hans Frøy = våpenstrid

Det vesle me hev drege fram or Ramnsmål fortel oss og at nordmennene ikkje berre var glade i *strid*, men og i *stas*, og diktet er vitnemål um eit sers aristokratisk liv.

Etter slaget sa *Harald* til *Ingemund*: „Stor venskap hev du synt meg, og mykje æra hev du sjølv vunne. Eg vil alltid vera din ven, og din lut i herfanget skal vera 3 skip med fullt mannskap, og so skal du ha herbunaden til alle dei vikingane du slost med. - - Og når eg får skipa riket mitt, skal eg dessutan løna deg med gjestebod og venegåvor.“ So for då Ingemund heim til Raumsdalen til far sin, som no var åt å eldast, og Harald drog og nordetter til gjestings hjå Ragnvald Jarl, godvenen sin. Kvar Rangvald Jarl *budde*, er mykje uvisst. Det er ikkje urimeleg at han bar tilnamnet *Mørejarl* fordi han knnskje hev butt på eit av Møra (Jfr. Hokan Ladejarl), då helst på *Nordmør*, t. d. i *Tingvoll*, fylkesmidstaden; for som me veit, var han sett til jarl i Raumsdal og Nordmør alt *året fyrr* Sunnmør kom med i hans styringsumråde. Eller me kann og tenkja oss Veøy som bustaden hans. Det skulde liggja, serleg etter at Sunnmør kom med, sers lugomt til for styret i dei 3 fylka. Nærast må det vera å tenkja at anten bustaden til kong Nokkve eller kong Hunthjov vart sæte for jarlen, då gardane til desse sjølvsagt vart kongsjord. Segna fortel at sonen, *Gange-Rolv*, skal ha butt på Roald på Vigra, noko som er lite sætande og må ha sin grunn i ei tru på at Roaldnamnet skulde koma av Rolv. Etter alt å døma er Roald helst eit utgamalt *øynamn*, eldre enn Vigra. (Rygh.)

Ragnvald Jarl fekk ein låk og uventa lagnad. Tvo av sønene til Harald, *Havdan Hålegg* og *Gudrød Ijome*, kringsette huset hans og brende honom inne med 60 mann. Det segjest dei var misnøgde med at faren sette *jarlar* i fylka og ikkje gav dei, som meir høgborne var, rike og rådevelde. Kong Harald var ikkje den, som vilde ha nokon, korkje sønene sine eller andre, å segja seg fyre korleis riksskipinga skulde vera, og me veit at han sette sønene sine hardt til rettes for dctte. *Gudrød* freista å taka styringa i jarledømet, men Harald møtte honom med ein her og nøydde honom å fara burt. Han drukna seinare utanfor Jæren, og Halvdan for i vesterviking, der han snart råka Torv-Einar Jarl, ein av sønene til Ragnvald, som fanga og drap honom.*) Dette skal ha hendt då Harald var i 40-årsalderen, segjer Snorre, soleis kring 890.

*) Kann me rekna Torv-Einar for romsdøl -- faren *styrte* i minsto i bygdene våre - so hev me her den fyrste namngjevne skalden frå Romsdal, eller frå Romsdal og baa Mora, um nokon heller det vil. 5 tausavisor er att etter honom, og han var ingen dårleg skald.



Helgafell. Millom nykyrkja og fjellet ser ein ein liten haug med tvo menneske attanfyre. Det er grava til Gudrun Qsvivsdotter (Sjå Lasksdølasoga).

Raumsdøler gjer landnåm på Island.

På denne tid var *utflytjinga* til *Vesterhavsøyane* alt i fullt gjenge. Nordmennene med sine neskevanar skyna nemleg ikkje denne stortanken til Harald, det å samla landet, det å skipa eit fast og ordna styre. Me veit bøndene vart harme då han vilde ha ein sokalla naseskatt (Jfr. ordlaget „pr. snude” !) til å greida utgiftene til dette nystyret med. *Skatt* var noko nytt, ein skipnad innkomen frå Vesteuropa; og når soleis skattekrava kom, trudde dei at det vilde segja at dei no ikkje lenger hadde fullt og fritt rådevelde yver gardane sine, altså: han tok *odelen* frå dei, heitte det. So for dei heller or landet, til Orknøyane, Hjatland, Færøyane og Island, sume og yver Kjølen og ned i Helsingland og Jamteland. Det var nok jord å få enno for den som vilde vera seg sjølv, eller helst : *seg sjølv nok* og ikkje vilde inn i det nye samfundslivet som rikssamlinga i røynda innleidde i bygdene våre, i landet vårt. Fyrst og fremst låg det store, ubygdde Island

og lokka.*) *Ingmund Herse* (den gamle) tok og til å tenkja på dette etter at faren, Torstein, var død. Han hadde nok inga lyst til å fara frå heimbygda og gardane sine ; men ein *spådom* av ei finnkjerring gav honom ikkje ro: Ho hadde sagt at *lagnaden* hans var å fara ut til Island, der han skulde verta både ein gjæv, gamal og vurd mann og bli ættfar til namngjetne menn. Her er det ei *stormakt* me møter hjå nordmennene, *lagnaden*. „Ingen kann si *forloga fly*,” står det i fylkesvisone, og enno i dag bøyggjer me oss med orda „*sidan det er so lagje*.” Det er soleis ikkje „*ovriket*“ til Harald, som fær Ingemund inn på desse tankane, som han ikkje greider å slå frå seg att. Nei, kong Harald talde honom frå og gav honom ei gild kone, Vigdis, dotter til Tore Jarl den tegjande, son til Ragnvald Jarl. Vigdis var både fager og rik, segjer soga. Tore hadde jarledømet baa Møra og Raumsdal til styrings, sidan faren vart innebrend. Han var sjølv gift med ei dotter til kong Harald, *Ålov Årbot* (== er den som gjer åringen god). Ei onnor dotter av Tore, *Bergljot*, vart gift med Sigurd Ladejarl ; son deira var *Håkon Jarl*. So me ser Ingemunds giftarmål med Vigdis fører han inn i det gjævaste frendskap, både med Mørejarlane og Ladejarlane.

Likevel, til Island barst det med Raumsdalshersen, „ikkje for di eg hev hug, men fordi det er so *laga*,” sa han til kong Harald. Kongen var ikkje glad for dette, men sa likevel : „Det vil no verta ein hæv mann av deg, same kva land du kjem til.” Etterpå heldt Ingemund *avferdsgilde* for venene sine og hovdingane, og der kunngjorde han at han vilde skifte bustad. Dei tykte det var stor skade at han vilde fara ut ; men då han sa frå at kven som vilde skulde få fara med honom, lauskarar og bønder, gjorde mange hève menn seg ferdige til å fylgja med honom. Ingen annan utveg var det: *lagnaden* stod jamvel yver *gudane*. Soga nemner at forutan Ingemund sjølv og Vigdis hadde dei med seg dei 7 borna sine, fem søner og tvo døtter. So var det jarlesonen *Jørund Hals*, bror til Vigdis, med huslyd. Nemnd serskild er sonen hans, Mår, ein gild kar. Dessutan er nemnd ein som heitte *Fridmund*, ein *Tore*, ein *Revkjell*, ein *Ulv-*

*) M. Olsen hev elles i «Ættegård og Helligdom» slege fast at i røynda er det ein sterk folkeauke, folkeekspansjon, som er hovudårsaka til utflyttinga. Det syner seg nemleg at få drog ut frå landsluter der det var *nok jord*, soleis frå Trøndelag. Det er ingen grunn til å tru at trønderane fann seg lettare i Haralds styre enn andre. Gardsnamn og forfund fortel um ny jord som vert folka i alle bygder i Trøndelag på denne tid. På Vestlandet derimot er jorda alt uppteke. -

kjell og ein **Bodvar**, som vart med, alle gode bønder frå Raumsdal, truleg. Um dei var gifte eller ei er unemnt, men at fleire av dei hadde huslyd med, skulde ein tru, sidan dei set eige bu på kvar sin gard. Og hev Ingemund med tvo av trælane sine, Kvate og Åsmund. I *Vatsdalen* på Nordlandet sette dei bu ; der var det både vakkert og uneleg, dessutan gilde beite og bra skog. Ingemund fann seg ein lugom stad, der bygde han eit stort *hov*, 100 fot langt. Sidan vart garden heitande *Hov*. Rundt omkring i dalen reiste so dei andre seg heimar. For å få seg retteleg hustømmer gjorde han seg snart ein tur til Norig; der vart han verande ein vinter hjå kong Harald, som let sine folk greida med tømmerhogsten. Han gav honom og det framifrå skipet Stigande.

Ingemund vart hovding for vatsdølene og ein mektig gode (gode svarar nærmast til *herse* på norsk) på Island. Hov var *ettegard* med „*storfamilie*“, d. v. s. at der budde Ingemund *saman* med **alle** *sønene sine* heilt til han døydde. Då vart *Torstein*, den eldste og hævaste av *sønene* til Ingemund, hovding i alle dei bygder faren hadde rådt yver. Han budde på Hov, som faren; men dei andre brørne fekk seg etter kvart gardar og flutte ut, *Jokul* på Tunga*), Smed på Smedstad og *Tore*, som fekk godordet, på Nautabu. Skipet Stigande fall på *Hogne*, og han for på handelsferder. Systemne, Tordis og Jorunn, vart og godt gifte. „Det var hævt å vera mågar med vatsdølene i denne tida“. Og godt hopehav var det millom alle dei frendane. Etter *Torstein* vart sonen Ingolv hovding på Hov. Han var stor idrottsmann og fager som få. Kvinnone var sers hipne etter Ingolv, som det og står i visa :

„Alle møvar vilde med Ingolv ganga.
dei som var vaksne ;
stakkars henne, sa ho, som er forlita.”

Sjølv var Ingolv noko av ein skald og dikta og song kjærleiksvisor um Valgerd, syster til Hallfred Vandrådaskald, som og var frå Vatsdal.

Ragnvald Jarl hadde mange søner forutan jarlen *Tore* Tegjande. Ein av dei, *Rollaug*, tok og land på Island. Han vart den mektigaste og mest vyrde landnåmsmann på Austlandet (Hornafjord) ; ein annan, **Torv,-Einar** (nemnd ovanfyre) vart jarl på Orknøy og ættfar til mange mektige menn, soleis Orknøyjarlane. Og den mest namnfræge

*) Sjø seinare um skalden *Jokul*, son til *Bård*, som var son til *Jokul* Ingemundsson. -




Frå Bergtorskvål.

av dei alle vart *Gange-Rolv*, som kong Harald laut landlysa for strandhogg i Vika. Han vart *hertug* av *Normandi* (911) og verson til den franske kongen og ættfar til Rudejarlane, soleis **Wilhelm Landevinnar**, som skapte *normannarstyret* i *England* i 1066.*) Det finst danskar som hev freista å gjera Rolv til *dansk* hovding, noko som strider både mot norrøne, engelske og franske kjeldor, altso er heilt grunnlaust. Gjævare ætt enn Ragnvald Jarl si hev korkje Raumsdal eller dei tvo Møra fostra, endå *Giskøyatta* og er namnspurd med alle sine gjæve menn. -

Ofeig heitte ein annan vyrd raumsdøl. Han var vorten usamd med kong Harald og vilde dra til Island, men vart drepent av kongsmenn fyrr han kom avstad. Kona hans, *Asgerd*, for likevel med sønene sine. Bror hennar, *Torolv*, fylgde med. Dei slo seg ned på Sudlandet, Markafljotbygda, der garden *Bergtorskvål* vart hovudsæte for ætta. Soneson til *Ofeig* var den vidgjetne fagnadmennen *Njål* Torgeirsson : lovlærd, vis og framsynt, fredsam, hjelpsam, godlyndt og med framifrå hjartelag, men likevel uredd når noko røynde på, er nokre av dei fagnadorda som er sagde um honom. Me veit at han vart inebrend på *Bergtorskvål* saman med kona si, *Bergtora*, og sønene sine ved den vidgjetne „*Njålsbrenna*” i 1011. *Njål* er hovudpersonen i den gilde *Njålssoga*, som og fortel um hans venskap med *Gunnar* på *Lidarende*. *Laksdølasoga*, og ei stor og forvitneleg islandsk ættesaga,

*) *Gange-Rolv* si ætt er soleis: 1) *Ivar Upplendingejarl* 2) *Øystein Glumra* 3) *Ragnvald Mørejarl*, (død ca. 890), 4) *Gange-Rolv*, jarl i *Nordmandi*, død 931, 5) *Vilhelm*, drepent 943, 6) *Richard I*, død 996, 7) *Richard II*, død 1026, 8) *Robert Djevelen*, død 1035 og *Vilhelm Landevinnar*, konge i *England* 1066. Her er nemnde son etter far heile vegen. Alle frå og med *Gange-Rolv* er *Rudejarlar*. -



Frå Laksådal.

fortel um ætta til Ketill *Flatnev* (nev = nase), som slo seg ned på Vestkysten; kring Kvamsfjorden, ei grein av Breidefjorden. Soga tek til soleis: „Ketill Flatnev heitte ein mann, son åt Bjørn Buna. Han var ein mektig herse i Norig og av stor ætt: han budde i *Raumsdal* i Raumsdøafylket, det er millom Sunnmør og Nordmør.” Orda her er greide nok; men då Bjørn Buna skal vera frå Sogn, er dei lærde redde at her er ei misfaring millom Ketill Raum (ættar til Ingemund) og Ketill Flatnev, endå Ketill Raum lever ca. 100 år fyrr! Ketill Flatnev lever nemleg samstundes med Harald Håfagre og fer ut, til *Skottland*, fordi han er misnød med å verta „træl og leiglending” under kong Harald.*) „Torstein, dottersonen hans, herja vidt omkring i Skottland og fekk jamnan siger. Sidan gjorde han forlik med skottane og tok åt seg halve Skottland og vart konge der.“ Skottane heldt

*) So tydeleg som soga uttalar seg her, skulde ein tru, dersom det er so umogleg ar son til Bjørn Buna i Sogn er komen i hersestilling i Raumsdal, noko me elles finn rimeleg at det er likso lett vint å løysa floken med at det er eitkvart gale i det som står um Bjørn Buna, anten bustad eller farskap! Laksdølasoga seger ingenting um kvar Bjørn Buna var frå. Njåls soga segjer Bjørn Buna er son til Grim Herse or Sogn,

ikkje semja, og Are Frode fortel Torstein fall på *Katanes*. Mor til Torstein, Unn den djuptenkte, enkje etter Dublinkongen *Olav Kvite*, for so til Island saman med tvo av brørne sine, Bjørn og Helge, og ein måg og dertil mange andre. Unn var den merkelegaste av alle landsnamskvinnor, vyrdeleg, mektig og rådvis. Frå desse ætta mange gilde islendingar seiare. Dei likaste budde i Laksådal, på Hjardarholt og Hoskuldstad. Nemnast skal herre *Olav På*, som var gift med *Torgjerd*, dotter til Egil Skallagrimsson, og sonen deira, *Kjartan*, ven til Olav Tryggvason - og Gudrun Osvivsdotter, Are Frode ættar og frå Unn. På *Orknøyane* gifte Unn burt dotter til Torstein Raude, Gro. Ho vart mor til Greilod, som vart gift med *Torfinn Jarl*, son hans Torv-Einar Jarl, som seinare heile Orknøyjarleætta kjem frå. På *Færøyane* gifte ho burt Olov, andre dottera til Torstein. Frå dei kjem den gjævaste ætta der i landet, den som dei kallar *Gotuskjeggane*; av dei nemner me særleg Trond i Gata og Sigmund Bresteson. Endå må nemnast ein kjend landnåmsmann: *Torstein Svarvad* (= den bråkande?). Han var son av *Raud Rugga*, som ein og må tru må ha vore herse i ein lut av fylket vårt, då det heiter at han *rådde yver Raumsdal*. *Torstein* og broren *Torolv* var store vikingar, men tilslutt barst det til Island med Torstein, og der let han etter seg ei stor ætt.*)

Som me ser er raumsdølene rikt representerte både millom vikingane og landnåmsmennene, og me skal sjå nedanfyre at når ikkje endå fleire flutte ut, heng det tvillaust nøgje saman med at bygdene våre hadde ikkje so klene vilkår for ein naturleg ekspansjon *innerter*, d. v. s. at enno låg ei mengd unytta jord i fylket, der det kunde verta gardar, der det vart gardar, og grender med, som tok mot den store folkeauken på denne tid. Det finn me som ein hovudregel i heile denne tida at utferdene er *minst* frå dei likaste jordbruksbygdene. Men og må det hugsast at bygdene våre, serleg då i ytre Raumsdal, låg rett lugomt til for dette ferdalivet, slik opne, breide Norskehavet lokka der rett utanfyre stovedøra til utferd og eventyr. Og *sjøfolk* veit me bur i kystbygdene våre den dag i dag!

Med Harald Hårfagre kann me segja me er komne inn i historisk tid. Bolken 933-1030 høyrer i røynda *óg* til *vikingtida*, som varer ved heilt til kristendom og handel og høgre kultur i det heile set stoppar for dette plundrelivet, eit liv som visseleg på so mange vis bar heim mykje nytt og gildt både åndeleg og materielt set, men

*) Um desse landnåmsmennene finn ein i ymse ættesogar, og dessutan i Landnåmbok.

som og måtte avkrefte det vesle folket vårt, slik det no øydsla med kraft og evnor yver halve verda. Var det samla folketal kanskje burtimot 200.000 i denne tida, som det hev vore halde fram av sume, so vil me skyna at ho måtte kjennast berre denne utflyttinga til Vestershavsøyane og Island. Folketalet på Island vert kring 930 sett til ca. 20,000 menneske. For dei 400 landnåmsmennene som er nemnde i Landnåmabok hadde alle med seg huslydar og frendar og vener, og ofte ei mengd træljar. Og mange slo seg ned andre stader, i England--- Skottland, i Irland og Frankrike. Og på „austerveg” fer mange, og sume slær seg til i Russland, ja, alt til Konstantinopel (Det austromerske riket) fer sume ! Heller ikkje kunde vel *fylgjone* for folket vårt, når me trnkjer på moral og *karakter*, bli berre av det gode ved eit sovore liv. Men ei *rik* tid er det trass i alt, ei *stortid* for folket vårt. Det er som den yre ungdomen som brått ein dag vaknar og kjenner han hev *krefter*, *kjenner han er til*, -. og so vert det ikkje berre at han *bruker* sint krefter, - det hender og, diverre, at han misbruker dei.

Namneverket i fylket.

Gards- og grendenamn. Fylkesnamn og bygdenamn.


Gardsnamna.

I dei siste tider hev me, noko som det sovidt er peika på ved dryftinga av ymse kultsentrum i Raumsdal (Jfr. Njardarland, Ullarland, Frøysetr, Helgaland, Gudsjovaráss, Elgjarnes, Veøy o. fl.), fått ei framifrå hjelp til å klårleggja gamal busetnad og gamalt liv i bygdene i studiet av gardsnamna og bygenamna, ja, alle slags namn som er knytte til livet og busetnaden i landet i det heile. Storhopen kann, berre me fær utgreidt den språklege tydinga av dei, fortelja oss mykje. Både det einskilde ordet og dei ymse samansetningar går sjeldan lengre attende i tida enn til gamalnorsk, eller sumtid til frumnordisk språkføring og kann soleis utan serleg stor vanske løysast.

Me kann vera trygge på at kvart einaste ord eller namn hev si serskilde årsak og si serlege tyding ; fyrst eit rett råmande eller karakteristisk ord, kanskje og knytt til ei eller onnor hending, hev fest seg for godt til garden, haugen, vatnet, øya, staden, og vorte namnet, oftast for alle tider. Den reine språkkunnskap kann also i ei mengd tilfelle hjelpa oss å løysa so mange name-gåtor og med same ofte gjeva oss ein viss historisk kunnskap um staden. Det er greidt at namn som hev *frumnordisk* målform og ord i seg er eldre enn 600

--700 e. Kr. i minsto, då me reknar at det frumnordiske eller samnordiskt målet tek til å kløyva seg i *gamalnorsk*, *gamalsvensk* og *gamaldansk*. Dei yngre runone, med 16 teikn, høyer til den *gamalnorske* tida. Men so finn me og ord som me ikkje rekk tyda, serleg øynamn og fjordnamn langsmed kysten. Professor *Magnus Olsen*, føraren i nordisk namnegransking, hev i fleire verk, då serleg i „Hedenske kultminner i norske stedsnavn” og i „Ættegård og Helligdom“, det siste verket frå so seint som 1926, grave fram dei forunderlegaste ting i frå norsk saga gjenom stadnamna ; alle, vil skyna at serleg når det gjeld gransking av *bygdesoga*, vil ein her få framifrå hjelp. Um desse „dunkle” øynamna segjer han : „Det merkelige er at slike sproglige dunkle øinavn særlig optrer langs den kyststrekning, hvori menneskelig bosetning kan spores lengst tilbake i vårt land. Der er fremdradd en stor masse minner om et primitivt veidefolk, som må ha levd tusener av år før Kristi fødsel. Vi står her både overfor et *sprog-* og et *raseproblem*.“ Me kjem ved desse orda til å tenkja på alle dei hundrad steinalderfunda i Raumsdal, då serleg ved kysten, og finn at språk- og namnegranskaren kjem heilt til det same resultatet som arkeologen : *At fyre den yngre steinalderkultur i minsto, ca. 3000 f. Kr., må bygdene våre ha havt ein annan folkesetnad (rase med anna mål, truleg ættingar etter vesteuropeiske reinsdyrfolk, som det fyrr er peika på. Soleis skal herads- og bygdenamnet Frena koma av fjordnamnet Freni, genitiv Frenja, som er utydd, segjer Rygh. (Personleg må me segja at det er underleg um ikkje ordet skulde ha samanheng med det gamalnorske verbet frenja - bure, belje, raute - med tanke på fjorden i storm og uver). Riksfjord (Gossa) og Rakvåg (Otrøy) o. fl. er og „dunkle“, endå det er freista med ymse gissingar. Mest rimeleg er å tenkja seg tvo gamle fjordnamn, her som so ofte elles, gjev bygda eller grenda (garden) namn, den fyrstee **Raki** **og** den andre **Riki**. Raki kann ha samanheng med bein, rak,, rett. Mogleg kann og namnet hanga saman med verbet *reka* -- ein stad, der mange ting *rak* i land. Og hev me substantivet *rak* = drivgods; at det kann hanga saman med substantivet *raki(m,)* råde, *væte*, er heller ikkje urimeleg. So liten, ca. 2 km. berre, som Riksfjord er, kann *Riki* vanskeleg hanga saman med *rikr* mektig, *stor*, som *fyrestavinga rikr* i namn ofte vert tolka. Ved fleire øynamn, t. d. *Ona*, *Orta*, *Tautra*, *Marøy* og *Bolsøy*, må ein halda seg til heller halve gissingar, endå det må segjast at Rygh sine tolkingar høyrrest ikkje urimelege ut. *Bolsøy* gjev Rygh ei sovora tyding : I sogetida hev det vore *Bylingsøy* ; ei endå eldre form må vera *Bylingr* (utan øy-en-*

ding), og det fell då lett å tenkja på *Bolungr* ung okse. Ei sovora tyding er sjølv sagt mogleg, men må reknast for uviss. *Tautra* heng kanskje saman med ordet *toturr* ein klut eller ei fille (Jfr. Giske, og ei låg flat øy; namnet skal koma av *qizki*, „som synes å bety et stykke tøy eller skinn“ (Rygh)). Me hev nok vitnemål um at busetnad hev det vore jamvel i eldre steinalder på desse øyane, so namna kann vera utgamle.



Dyrehovud av bronse frå Tornes i Frena.
(Vikingtid).

Og finst det *gardsnamn* (no ofte grendenamn) som språkleg set er uråd å finna nokor løysing på. Eit framifri døme hev me i *Bogge*, der me hev dei vidgjetne helleritingane frå yngre steinalder, og der óg fleire steinaldersaker, soleis flintfund, er gjorde. Erkebisp Aslak *Bolts* jordebøker fortel oss at namnet på 1300-talet var *Boggar* (fleirtalsord) i nominativ, og i dativ var det *Boggum*. So lagleg desse Boggegardanr ligg, i fin sudhelling ned mot Eirisfjorden og med rikt skogglende i ryggen, er det greidt at ein slik gard må ha eldgamal busetnad. Her er me nett inne på ein annan ting som kann fortelja oss mykje um garden, um ung eller gamal folkesetnad der: *Sjølve lægjet, lendet og naturtilhøva i det heile på staden der han ligg*. Det er greidt det at dei som kom fyrst i bygdene våre, **valde seg** bustad (Jfr. når ein skal ha lær av ei hud, - ein vil ikkje ut i kantane og fetane!). Me er visse på at dei tok ikkje den klenaste beten i bygda, endå det sumtid kann synast so med *våre* augo. Våtlendt og myrlendt mark, der no dei gildaste gardane kann liggja, rådde dei ikkje med. Grøfting av jorda høyrer det 19. årh. til. Dei heldt seg gjernast noko i høgda, i sudhallet, dei fyrste, og elles på lugome turlendte strok langsmed fjordane og strendene.

Å fylgja vegen til *namnegranskaren* fram til alle hans forvitnelege resultat, vil verta for langt. Me må nøgja oss med i store drag å nemna noko av det han hev nått fram til. Han vil då m. a. fortelja oss at „de usammensatte naturbetegnede gårdsnavn“, - me kann gjer-

ne kalla dei dei *sjølvgeivne* gardsnamna, som oftast er dei *eldste*. Og dei hev sjeldan bunden artikkel i enden,*) t. d.: *Vik, Nes, Blø, Ås, Berg, Kvam, Dal, Sæt, Eid, Eik, Voll, Li, Bø* (gamal form for Øvrebø og Nedrebø i Voll) *Holm, Åk, Mork, Nesje* (Nesjar), *Herje* (Herjar), *Bogge* (Boggar), *Rød* (Rjodar), *Tjelle* (Tjallar), *Sogge* (Sodgar), *Stokke* (Stokkar), *Vike* (Vikar), *Holte* (Holtar), *Hatle* (Haslar), *Aure* (Aurar) *Valle* (Vellir), *Dale* (Dalir), *Sylte* (Sultar), *Sætre, Flate* (Flatnar), *Gjerde, Eide, Hånde* (Horni), *Hole, Venje, Malm* (Malmar), *Male, Sande, Småge, Strande, Mjelve, Våge, Bjørke, Tokle*. Her er ei mengd velkjende namn frå bygdene våre, tekne ut mykje på ein slump, av slike „sjølvgeivne” eller naturgeivne namn. Endinga e vitnar anten um ei gamal fleirtalsform, eller er ei gamal stivna dativending (i) i eintal. Ofte kann det vera vandt å avgjera um det er eintals- eller fleirtalsform. *Dale* og *Eide* t. d. kann godt vera av eintal dativ i *ei* bygd, og ei fleirtalsform i *ei* onnor**).

Me kann gå ut ifrå at alle desse er gamle namn, ja, sume av dei høyrer til dei *eldste*, ikkje berre i fylket, men i heile landet, då busetnaden, som ovanfyre er halde fram, er serleg gamal på Raumsdalskysten. Språklege ting fortel og dette, då all kunnkap i gamalgermanske og ariske mål (Me høyrer til den ariske eller indoeuropeiske folkeætta) ikkje rekk til ved tydinga av sume. Forutan *Bogge* kann nemnast *Tjelle* i Nesset, *Herje* i Veøy (Herje truleg av eit utydd elvenamn *Her*), *Tokle* i Isfjorden, *Aak* i Grytten og *Blø* på Miøy. Um *Sporsem* (Sporsheimr) på Gossa, segjer og Rygh at det „er et enestående navn, som neppe kan forklares med full sikkerhet.“***) *Løkra* i Grytten er eit vinnamn, men „denne stammes betydning er ukjent“. (Rygh). At ogso naturgeivne samansette gardsnamn *kann*, i visse tilfelle, vera likso gamle, gjev *M. Olsen* fleire døme på.

Ser me t. d. på namna samansette med *nes* og *vik* kring fjordane våre, so finn me ei mengd av dei. Var det berre *eitt* nes og *ei* vik, so var det greidt. Då kunde garden bera dette ei-

*) Rygh: Innledning s. 12: „Der gis dog en del undtagelser, navn, som i *senere* tid har fått artikkelen tillagt. De fleste av disse navn tilhører det nordenfjelske. I entallsnavn er denne overgang sjeldnere, i flertallsnavn er den rett hyppig”. Serleg i Trøndelag er det so I Nesset hev me eit døme i *Tovan*.

**) Det hender jamvel ikkje so sjeldan, at det *same* namnet i ymse kjeldor hev både *eintals-* og *fleirtalsform*, soleis t. d. *Horni* og Hornar (Eirisfjord) Sjø elles Rygh: Innl. s. 10.

***) Sjø nærare grunngeiving av fyrestavinga *Spor* til *heimr* hjå Rygh: R. A. s. 302.

samansette namnet, på same vis som folk i alle bygder i dag kallar dei fjordane, som på kartet hev ymse og ulike namn, berre for *Fjorden* („Det er vind ut på Fjorda“, „Dei fiskar godt nede på Fjorda, på Vågja, i dåg“ o.s.b.) Det er og mogleg at Romsdalsfjorden i gamal tid, slik som M. Olsen fortel um Trondheimsfjorden, berre bar namnet *Fjorden*. Me må tru at „Fjorden“, sjøen, ned gjenom tida ikkje hev vore eit *stenge* millom bygdene våre, men at han heller hev *samla*, at han hev vore den beste og naturlege ferdslvegen når bygd skulde møtast med bygd, eller gard med gard, so alle lærde å kjenna fleire nes, fleire vikar. Gardar som Vik i *Voll*, Vik i *Veøy* og Vike i *Vestnes* t. d. vil me tru er sers gamle; det syner elles og gravfund og lægje. Dei skulde helst høyra til ei tid med so lite samkvæme at her trong ingen taka i miss. Men etterkvart som *Veøy* herad t. d. fekk større folkesetnad, so vart det uråd at meir enn *ein* gard, mogleg den *eldste* VIKgarden, kunde ha det namnet, og for å halda dei ut frå kvarandre då, so fekk me *Hamnevik*, *Flovik*, *Bergsvik*, *Romdalvik*, *Skovik*, *Storvik* og *Hjellvik*. Sameleis når det gjeld *nes*: Ved sida av *Nesie* (fl. av nes) som hev rikeleg vitnemål um høg alder, kom *Aafarnes*, *Sondnes*, *Hunnes*, *Grovanes*, *Hengnes*, *Sekkenes*, *Stangenes*. (Her er medtekne gardar berre i *ubunda* form). Fleire av desse gardane som her er nemnde med samansette namn *kann* ha si rot i utgamal tid. På Sandnes t. d. hugsar me det i 1926 vart funne ein flintplass frå eldre steinalder; men dette *namnet* må høyra til seinare tider - til germansk folkesetnad, det er greidt. Men på denne garden hev me som nemnt tidlegare eit av dei eldste jarnalderfunda i fylket. Det er ikkje *ynge* enn 300 e. Kr. Ein skulde tru dette fundet fortel at Sandnes i minsto er gard på Kristi tider. Derimot går kanskje andre av dei heilt ned i vikingtida.*)

Når det gjeld andre gardsnamn enn dei usamansette eller naturgjevne namna, so kann serleg dei namna som er samansette med -- *vin*, -- *heim*, - *stad*, -- *land*, - *set* og - *rud* fortelja oss mest um busetnaden i bygdene våre.

„Vingardar“

hev me i heile landet umlag 1000 av. Etter det *Rygh* hev kome til, er det heller mange vinnamn i Romsdal, enda storbygdene i Trøindelag og Austlandet hev storslumpen av desse. „Vingardane“ ligg godt

*) I Egils saga høyrer me at garden *Sandnes* på Alsteinøy i Hålogaland er *storgard* på 800-talet.

til, grunntydninga av *vin* skal vera *beitemark* eller naturleg *eng*. M. Olsen segjer : „Ved *vin* har våre forfedre betegnet den for øiet tiltalende, gressgrodde mark, den naturlige, -- ikke kunstig opdyrkede, - eng hvor det var godt å slå sig ned med kreaturene.” Disse gardane hev vore sæte for gilde ætter i alle bygder, „På vingårdene har vi funnet bosatt menn og kvinner, som har fått med sig i graven et rikt utstyr av våben og smykker. Det er gjæve *krigere* og velstående *bondefolk* ---.« Disse gardane hev havt si stortid straks etter Kristus, i romersk jernalder og i folkevandringstid; men einskilde av dei kann gå attende heilt til bronsealderen. På den andre sida er det og mogleg at einskilde av dei kann nå fram i vikingtida. Vingardane i Romsdalsbygdene endar no gjerne på a. Disse er visstnok vingardar: Øverås og Nerås i Vestnes heiter hjå Bolt „øvra Asyn” og „nedra Asyn” og må soleis ha vore Åsvin (beitemarka ved åsen), medan dei andre usamansette eller samansette *åsgardar* i fylket, t. d. Øverås og Nerås i Eirisfjord i soge-tida hev vore skrive Åss -, dativ á Åsi. Venåsgardane i Bud og i Voll hev båe i gamal tid vore *Vináss*. Vidare hev me *Villa* (Villin) i Tresfjorden, *Ora* (Urdin) i Eid, og i sjølve Romsdalen er desse **8**: *Grytten* (Grytin -- Grytinarn sokn i 1364), *Nora* (Nor-in ; nor trong stad i ei elv, eit sund i fjord eller innsjø), *Fiva* (Fifin; fyrste led er fifa gamalt plantenamn på myrull), **Ven-**je (Vinjar, fleirtal av Vin), *Mjølva*, (Mjolvinn, fyrste led mjol tyder visstnok her finn sand), *Skiri* (Skirin, fyrste led eit elvenamn *Skira*); *Løkra* (Lykrinn, fyrste leden vanleg i namn, men *ukjnend* tyding) og *Sletta* (I 1347 skrive á *Slitin*, etter forma i dag skulde ein ha venta Slettinn, fyrste leden skulde vera adj. *slett*). I Isfjorden hev me Hen (mogleg Há-vinn) og *Grøtta* (Grytin, Greptinn eller Grettinn, her er det uvisst um fyrste led kjem av grjot(stein), av goptr grop, grav, dæld eller av eit eldre elvenamn på Henselva, Grefta eller Gretta). I Eirisfjord hev me *Sira*, (Sirinn sokn i 1362, fyrste led kjem av ei frumnordisk form på sjø*): *siwir*, alto *garden ved sjøen*). *Lange* i Vistdal hev vore *Langvinn*. *Aukra*, prestegarden på Gossa, hev vore *Aukrin* (fyrste led heng saman med *åker*) og endeleg hev me i Bud *Skotten* av Skotinn, upphaveleg Skotvinn (fyrste led *skot* truleg „fremspring av land, især høit land“, her kanskje meint Stemshesten). Etter dette skulde me ha 19 slike vingardar i fylket vårt. Det undrar oss mykje

*) På fyrespurnad um *Sira* segjer M. Olsen: „Jeg er ikke overbevist om at *Sir-* (urnordisk *Siwir-* som Bugge vil) hører sammen med *sær* eller *sjor* (sjø).“

at me i sjølve Romsdalen finn so mange vinnamn, 8 stykke, og tek me med Isfjorden, so hev desse tvo bygdene yver halvparten av alle, medan herad som Nasset, Veøy og Bolsøy ingen hev. Serleg interessant er det å vita at me og der i dalen finn dei fleste

„Heimgardar“,

fleire enn nokor av dei andre bygdene våre hev, 5 stykke av dei 26 i fylket. Desse heimnamna i Raumsdølafylket endar no alle på *em*, medan det på Austlandet t. d. gjerne er *um*. Dei fleste av heimnamna i landet tidfester M. Olsen fyre 600-talet e. Kr., ja, sume går visseleg heilt attende til Kristi tider, mogleg endå lenger, då der og finst samansetjingsled (Jfr. *Sporsem*) som me ikkje kann tyda, eller ein og lyt attende til andre gamalgermanske mål enn gamalnorsken for å greide dei. Ved sida av Grytten herad hev Frena og Aukra dei flesta heimgardar, tilsaman 8, serleg lyt ein undra seg yver å finna 4 av dei : *Horrem*, *Sporsem*, *Solem* og *Eikrem* berre på Gossa*). Av heim-gardar er det i heile landet berre umlag 1000; utruleg er det å finna so mange som 26 i dette vesle fylket vårt. Ikkje berre i *elde*, men og *sosialt* set, segjer Magnus Olsen, står heimgardane høgt ; det er soleis karakteristisk at i Asgard (gudane sin heim) finst ingen gudubustad på --*stad*, *-land*, eller *set*, men fleire på *heim*, soleis Frøyr i *Alfheim*, og Odins bustad, Valhall, stod på garden Gladsheim. Den eldste tydinga på *heim* er „*ein stad, der det bur mennrsk*“. Det er fastslege at i fyrrhistorisk tid var heimgardane jamt yver gilde ætte gardar. M. Olsen: „Vi har fra mange hold samstemmige vidnesbyrd om at *heimr* er en forhistorisk betegnelse for gård, *ætte-gård*“. *Sosialt* set skulde vingardar og heimgardar alto so stå umlag likt. På ein slik ættegard budde *ætta* gjerne samla - og saman, under husfaren sitt yverstyre, medan grenda hev yngre alder og hev vakse fram sidan ymse ættelemer tok til å flytja ut. Vitnemål um dette *ættelivet* på garden so langt attende som i eldre jarnalder hev me og i dei svære *hustuftene*, upp til 30 - 40 m. lange, ja, ei einskild jamvel på 50 m., som er gravne fram frå denne tid, serleg på Jæren og Lista.

„Stadgardar“

hev me i Romsdalsbygdene 25 av, og det må reknast for heller lite, sidan det i heile landet er ca 2,500. Desse gardane skriv seg sers ofte frå ei tid lemer av *storætta* hev teke til å *flytja ut til eige bu* frå

*) Sjå Magnus Olsen : Ættegård og Helligdom s. 159 og 160.

ein eldre storgard (frå ein vin- og heimgard, eller frå ein enno eldre gard med sjølvgjeve, „naturbetegnende” namn*). Ofte kann det og her vera tale um *deling* av ein slik gard (Jfr. Øverås og Nerås, As og Sørås t. d., som eingong berre var *ein* gard Ass, og Øvrebø og Nedrebø (Voll), som i fyrrhistorisk tid berre heitte *Bø!*). Ein vil serleg setja denne tida til *vikingtida*. Stadgardane finst nemleg helst i dei rike jordbruksbygdene, på Austlandet og i Trøndelag (Nord-Trøndelag 199 og Sør-Trøndelag 166), der det var rikeleg med jord. Medan *ættelemene* på Vestlandet t. d. tok ut og var serleg aktive i herjingane på framande land, ofte busette dei seg der og, eller dei vart landnåmsmenn på øyane i Norskehavet og på Island, so gjekk det i desse bygder som hadde nøgda med jord unytta, eit *indre landnåm* for seg. Det er soleis verdt å merka seg at so typiske fjordbygder, avgrensa av storfjellet nær sagt på alle kantar, som Romsdalen og Eirisfjord - Eikesdal er, der finst ikkje eit einaste stad-namn, medan i Veøy t. d. er 5, i Bolsøy 5 og i Frena, Aukra og Bud til saman 9. I desse bygdene veit me at det den dag i dag er nok jord til nygardar.

Storflokken av stad-gardane i landet er samansette med *person*-namn, noko som ikkje finst i *vin*- og heimgardar. Tek me soleis dei 5 i Veøy, finn me at fire hev til fyrste led eit mannsnamn: *Grebbe-stad* (Grebbe), *Ottestad* (Ottar), *Reistad* (Reidar) og *Kolstad* (Kolr). Berre *Vestad* på Sekken står for seg sjølv, som og Vestad i Bud, med samansetjinga *Ve* heilagplass. Gardane Myklebostad, Myrbostad, Skjelbostad og Fannebostad, er ikkje vanlege stad- (**stadir-**) gardar, men namna er samansette med det gamalnorske ordet *bolstadr*, som beint ut tyder *bustad*, *gard*. (Bolstadr er kanskje *teigblandingsgard*, motsett *Bø*, gard med meir *samla* innmark).

Um alle desse gardsnamna samansette med personnamn (Jfr. her og t. d. eit namn som *Frisvoll* i Eirisfjord og Eid, og Fresvik i Nesset, som er samansette med mannsnamnet *Fridrek*), stegjer M. Olsen: „Man tør vanskelig undlate å se dette mylder av *personlig br-tonede gårdsnavn* på *sosial* bakgrunn, den samme som vi så tydeleg skimter mellom tingene i de islandske ættesagaer. På *ættegården*, hvor en *storfamilie* har holdt til, er det blitt for trangt for flere av de mannlige medlemmer. De har med sin *enkeltfamilie* fått nytt bosted i ættegårdens omgivelser, eller de har ryddet og slått sig ned noget

*) På Island, veit me, er ei mengd av desse vestlandske stad-gardane. Sjølve den islandske busetjings saga kann fortelja oss mykje både um elde til stad-gardane i det heile teke, og um kva slags folk som jamt yver bygde desse gardane.

lengere borte.“ (Jfr. det som er sagt s. 113 um Ingemundssønene på Island). Mange stader kann det og beint fram ha vore *deling* av ein eldre gard, og då kann godt det opphavelige namnet ha kome burt. Soleis vil M. Olsen tenkja seg det når slike stadgardar t. d. ligg rett i *hjarto* i ei bygd, på ein stad der ein etter alt å døma må rekna med den *eldste* busetnaden. Ein parallell til dette er det når ein eldgamal Ass-gard hev vorte til Øverås og Nerås, ein likso gamal Bø-gard til Øvrebø og Nedrebø eller Sæbø, eller ein Vikgard til Øvrevik og Nervik t. d. Sumtid hev og det opphavelige namnet kvorve som gardsnamn, men gått yver til *bygdenamn*, t. d. **Eikesdal**, etter kvart hovudbølet vart kløyvt i Utigard, Austigard, Uppigard og Reitan.

Stad-(stadir)-gardane står sosialt set ikkje so høgt som vin- og heimgardane, men det er og jamnast gode bondegardar, med busetjing av frie bondeætter. Dei skriv seg serleg frå tida 650 til umlag år 1000. Det ser me m. a. av det at endå so mange personnamn me finn knytte til stad-gardar, er det berre *eitt* i heile landet som er kome inn med kristendomen - : Jonstad. Eit undantak lyt gjerast med stadr- og bolstadrgardar, som *ikkje* er samansette med personnamn, soleis t. d. *Husastadr* i Bud, **og Miklibolstadr** i Vistdal. Desse gardane *kann* vera eldre. Vitnemål um dette hev me i Vistdal både i dei *eldre* runesteinane og dei eldre jarnaldergravfund som er gjorde på denne garden. (Sjå elles s. 69).

Ei heil horg av dei namna som er samansette med *-dal*, *-vik*, *--våg*, *--nes*, *-øy* o. fl. liknande fell i tid helst saman med stadgardane. Ofte kann dei vera rudde av småårsfolk. Derimot hev me tydelege prov for at ymse samansetningar med *-bø* (gard), t. d. *Sæbø* i Voll og *Husaby* (bø = by*) i Eirisfjord, kann høyra til dei eldste gardsnamna våre. Husabygardar er det ca. 50 av i landet, alle sentrale gardar.

„Land-gardar“

er det få av i fylket vårt, visstnok berre 11 (på Nordmør 8), medan det i heile landet finst ca. 2000. Den historiske tydinga av land i gardsnamna er *eit jordstykke, der årvisst gardsarbeid vert drive*. Desse landnamna høyrer til tida 400-800, d. v. nærast segja folkevan-dringstida og småriktida, men mange *kann* vera yngre. At mange av landnamna i Romsdal høyrer til dei eldste i denne flokken i heile

*) Rygh: „En velbebygget gård, der har mange, gode eller prektige huser.“ M. Olsen: „Dette gårdsnavn synes også å ha en spesiell betydning, som tar sikte på politisk - administrative forhold“.

landet, d. v. s. at dei går fram mot 400-talet, er det gjort greidc for ved dryftinga av *Njardarland*, *Ullarland* og *Helgaland*, som alle tri, i visso dei tvo fyrste, er knytte til folkevandringstida si gudsdvrking. *Meland* i Vistdal*) og kanskje og *Nerland* (Nedreland ?) i Bud er truleg noko yngre, kanskje frå vikingtida, då namna vitnar um gardkløyving (*Meland Medalland millomgarden*). Og er Rygh si tyding av *Bjermeland* i Tresfjorden rett - ho høyrest med same noko urimeleg ut, so er denne av dei *youngste* landgardane. Han segjer nemleg at det er mogleg garden hev fått namnet sitt av *Bjarmeland* ved *Kvitehavet*, neppe kjend her heime fyrr kring 900 talet. *Stokkeland* i Vestnes, som nærmast tyder *rudningsland*, er vel kanskje og frå vikingtida.


M. Olsen held fram „at flere ting tyder på at landgårdenes sosiale nivå gjennomgående ikke ligger særdeles høit; de er oftest utløpere av modergårder“. Det vil igjen segja at det er *sæter* og *støl* og *sel* som fær bufast folk heile året, noko som atter skulde føra med seg at mange stader laut nye sætrar og stølar reisast. Dette gjeld elles fyrst og fremst Austagder, som hev 510 landnamn, og Rogaland, som hev 434. Landgardane svarar sosialt set til setgardane. Det viser seg at dei landslutene som hev mange landgardar, soleis dei tvo ovarmemnde fylka, dei hev få -setgardar, tilsaman berre 3, medan Møre fylke, som samanlagd berre hev 31 landnamn, hev 242 -setgardar.

„Set-gardar“

er det 49 av i Raumsdal, 94 på Sunnmør og 99 på Nordmør. Det er so mangt som talar for at -setgardane frå fyrsten av ikkje hev vore verkelege gardar. Rygh hev tolka *set* av sitja, nærmast bustad. Det vil ikkje M. Olsen godkjenna; han meiner det språkleg tyder *ein stad, der ein er og nyttar beitet eller graset* (Jfr. Sæter), eller det kann vera *fast* busetnad, men hus og gardsbruk er av det mest uvande slaget, utan kyr, men kanskje med gris, geit og sau. Ofte hev det visseleg vore som med landgardane: Støl og sel og sæter som hev vorte ein slags gard. Dei prova professor M. Olsen fører for dette, er sterke. At det høver godt for Romsdal, lyt me og vedgå, endå det kann vera fleire undantak (jfr. Frøyset, Rødven, og Helgasetgardane i Sylte og Frena). Setnamna er og heller jamt samansette med

*) Det er visst all grunn til å tru at dette namnet - Meland -- *ikkje* er landnamn, men ei forvringjing av Melann (= sandmelane), då det er ei mengd sandmelar på garden, som i dagleg tale heiter *Brækkå* på grunn av at veggen går i ei svær *brekke* (braut) her. Soleis og Rygh.

personnamn, og desse vitnar ofte um lågætta folk eller små livshøve, t. d. *Finnset* i Eikesdal og Eidsvåg (av mannsnamnet Finn, eller „et sted hvor utøvere av „finsk“ trolldom har bodd“, mogleg ein finn), *Griset* i Voll (av mannsnamnet Gris eller ein stad, dei hev griser), *Teigset* i Eidsvåg (helst av eit mannsnamn Teitr, eller samansetjing med *teig* = eit lite jordstykke. Jfr. grannegarden Myrset), *Løset* (fyrste led er lodu -- ei løe), 4 *Linset* gardar,*)



Økseblad av jarn frå Sogge, Grytten. (Vikingtid).

visseleg plassar der dei dyrkar *lin* ; Talset (av tegl bregne), Snuset (anten av mannsnamnet Sadur, eller det hev vore ein stad der dei hev drive med *sauehald*). Ein ting er og visst at um det er sume av desse gardane som no med våre far- og ferdslagreidor er vortne meir sentrale i bygda, ligg dei jamt yver i *utkantane*, tenkjer me på gamletida ; lægjet kann og sumtid segja oss at *den* staden, eller *den* jorda, der sume av dei ligg, etter alt å døma, fyrst seint hev fått busetnad eller hev vorte gard. Ein eller annan *storgarden* finn me og i bygdene våre helst ligg på dei stadene, der me trur det måtte vera mest lugomt i gamal tid å livnæra seg.

Um alderen på desse setgardane segjer konservator Th. *Petersen* - og M. Olsen er samd med honom ---: „Navneklassen på set synes i det nordenfjelske Norge i utpreget grad å *vere knyttet til den yngre jernalders kultur*“, det vil soleis segja tida 600-1000 e. Kr. Ein gard som *Klokset* (*Klukkarsetr*) i Nesset kann umogleg vera eldre enn frå 11. århundrad, me veit det var ingen *klokkar* i bygdene

*) I Eikesdal er ein *Linset* gard - no nedlagd som sjølvstendig bruk, som ikkje er nemnd hjå O. Rygh.

fyr med kristendomen, dersom då ikkje denne (Klokkset) upphaveleg hev vore ein usamansett *Setrgard*. (Soleis M. Olsen). Likevel må ein ved *setgardane* vera varsam, so og når det gjeld alle dei andre gardsnamna, so ein ikkje kjemmer dei alle med same kammen. Det kann og vera *setgardar* som hev gått ut frå gamle odelsgardar og byggjer vidare på gamle, gode tradisjonar. Serleg bør det gjerast undantak for dei usamansette *setgardane Sætre* i Tresfjord og *Sæt* i Voll og *Sæter* i Eikesdal t. d., då desse både er eldre og tvillaust står hørgre sosialt set enn gardsnamn med vanleg set-ending.

Yngre jarnalder-gravfund hev me både på *setgardar* **og** *stadirgardar*; rekna i prosent er det ingen skilnad i fundtalet. Fund er gjorde på 6 av dei 49 *setgardane* og 3 av dei 25 *stadgardane* i fylket vårt. Til samanlikning kann nemnast at på Nordmør er gjorde berre 4 soverne fund på 99 *setgardar* og ikkje eit einaste fund på 47 *stadirgardar* (1922).*) Th. *Petersen* hev privat uttala til oss, at seinare fund på *setgardar* gjer at alderen på einskilde av desse gardane kann mogleg tidfestast eit hundradår lenger attende - til ca. 500. Fund i Romsdalen, på garden *Neset*, Neset herad, går og i den leid. Herifrå er tvo eldre jarnalderfund.

„Rudgardane“,

den yngste gard- „gruppa“, høyrer til i det 12. og 13. århundrad serleg, og sosialt set står dei lægst, det er småfolk, trølar og kotkarlar som tufter på eige tun. Kristendomen kom og førde til frigjerjing for trølane, og mange av desse gardane. ca. 3000, mest alle på Austlandet, ber vitnemål um dette, t. d. : *Skjelmerud*, *Suggerud*, *Muserud*, *Pukerud* (= smådjevlerudning), *Nauterud* o. fl. Me skynar lett at desse gardsnamna ikkje heng saman med nokon aristokratisk busetnad! Gjekk me nøyje gjennom alle gardsnamna i bygdene våre, skulde me visseleg finna merke etter det same sosiale frigjeringsarbeid her og, den same sosiale vokster for det lægste samfundslaget, trølane. Sjølv sagt heng desse *rudnamna* og saman med eit ålment *indre landnåmn* i dei breide Austlandsbygdene i sogetida, på same vis som *setgardane* er vitnemål um eit soverne i Møre og Raumsdal i vikingtida. Det er dei store skogbygdene som no lyt gjeva plass for bufaste bønder. Nokre namn finst det og i Romsdal med *rud*, soleis *Rudgjerd* (Ryjord) i Veøy og det usamansette *Rød* (Rud) på Gossa og *Røsoch* (Rudsakr) i Sandøy herad. Rød i Neset hev i gamal tid fleirtalsforma Rjodar av rjodr - ein open, grøn plass i skogen.

*) Sjå elles Th. Petersen : Meldalsfundene, 1922.

Det nyttar sjølv sagt ikkje her å gjeva seg i ferd med alle gardsnamna i byedene våre. Tanken var berre å peika på nokre sam- og serdrag ved ymse namneflokkar, og korleis desse namna, og alle namna, når dei vert granska, kann hjelpa oss til å få ein tanke um den faste busetjingssoga i bygdene våre. Som nemnt er dei sjølv-gjevne eller „naturbetegnede“ namna som regel sers greide. Når me vil døma um deira elde, må me berre hugsa på at alle namn i *bunda* form er mykje yngre enn dei andre, d. v. s. er frå tida sidan 1300-talet, kanskje serleg frå 1600-talet, fram til kring 1850-åra. Soleis slike namn som Bøen, Haugen, Teigen, Reiten, Bakken, Neset, Moen, Hagen, Åsen, Orvika, Lauåsen, Brauta, Hamaren o. fl.

Attersyn.

Ein ting vil visseleg mange undra seg yver når dei hev lese denne utgreidinga um gardsnamna og busetnaden i Romsdal - det same gjeld og landet elles: Korlois kann det hanga ihop, når det er påvist *fast* busetnad med krøter og korn i bygdene våre, alt frå yngre steinalder, at det truleg er berre eit *fåtal* av namna som går stort lengre attende enn til Kristi tider, endå me vil tru at sume, soleis dei som enno er utydde, t. d. Bogge, Tjelle,*) Tokle, Aak, Blø o. fl. kann gå attende til den Fyrste busetjing av jorddyrkande folk, soleis som Magnus Olsen paviser i tidsskriftet *Oldtiden* (festskriftet til K. Rygh) i 1914 um Vistenamnet på Jæren. Her lyt M. Olsen atter få koma til orde. Han segjer i „Hedenske kultminner“, side 93, etter han hev drege fram same spørsmålet: „På den annen side synes det dog å stå fast, at befolkningen i Norges yngre steinalder og i bronsealderen har vært praktisk talt *fast* bosatt og har drevet akerbruk, d. v. s. hver stamme eller familie iallfall innenfor et snevert område, i en enkelt bygd. Rimeligvis har der kring Kristi fødsel eksistert gårder (eller landsbyer) i Norge. Man har dog ikke derfor lov å si : Denne bebyggelse må gjenspeiles av en bestemt gruppe gardsnavn. For å kunne resonnerer således må man først godtgjøre, at den antatte stedsnavn-gruppe *ikke* kan være gått tapt efter bronsealderen. På grunn av forhold, som jeg ovenfor har berørt, vil jeg tvertimot påstå, at sten- og bronsealderens gårdsnavn som helhet betraktet i Norge ikke er bevarte ned i historisk tid.***) Der har inntruffet noget som har for-

*) Jamfør her Tjelle i Skånevik, sjå M. Olsen: Ættegård og Helligdom, side 185.

**) Her gjer forf. ved ein note oss merksam på Viste-garden t. d., som han meiner hev same namnet no som før.

anlediget at de gamle *gårdsnavn utslettedes og nye kom isteden*. Hvad dette „noget” har vært, derom kan vi kun uttale formodninger.”

Dette „noget” kjem so forfattern til må hanga saman med at *klim-tilhøva* vart so mykje, verre dei siste hundradåra f. Kr. (sjå um dette s. 52) at jordbruket heilt måtte leggjast um frå kornavl og åkerbruk til berre feal, og det vart endå berre smått stell, iminso nordanfjells. „Dette (klimaskifte) måtte føre til at de gamle aktrer for en stor del blev utlagte til beiteland, og når så samtidig befolkningen tynnedes, dels som en direkte følge av stadige uår, som svekket befolkningen fysisk og utsatte den for farsotter og herjinger (Jfr. hungersårene i Islands nyere historie), dels ved derav mulig foranledigede utvandringer til fruktbarere egne lenger sydpå, måtte grensene mellom de gamle gårder (landsbyer) i stor utstrekning ophøre å eksistere. Hele bygder, som tidligere var fruktbart kornland, kunde således komme til å ligge folketomme, eller der bodde en sparsom befolkning som hadde sine *vinjar*, sitt beiteland og sine engsletter, der hvor det i bronsealderen hadde ligget åker og eng jevntfordelt. En ny rekke bosetningsnamn holdt da sitt inntog med de nye betegnelser for de enkelte enger og beitestrekninger, som blev nødvendige.”

At eit slikt namn som Bogge hev halde seg gjenom bronsealder og jernalder i indre Romsdal, er sers rimeleg, dersom bygdene der ikkje var reint folketome ei tid då. Det er greidt det måtte verta ein levande tradisjon um denne heilage staden med alle desse merkelege bergritingane, og denne tradisjonen, knytt til denne heilage plassen, trygda so namnet liv gjenom alle tider.

Raumadalføret og fylkesnamnet.

Alt *Jordanes*, hugsar me, bruker forma *raumii* for *raumsdøler*. Sume undrar seg yver denne forma (sjå s. 68 og 69). Attåt det som fyrr er halde fram, lyt me då peika på at hjå den same forfattern finn me ein parallell til forma *raumii*: *grenii* eller *grannii*, d. v. s. *grenlendingane*. Og døme på at *bygda* (eller landsluten) hev gjeve *folket* namn, slik som del vel og helst er i fylket vårt, det hev me visseleg i *raumariciae* = folket på *Romerike*.

Me minnest at kring 500-talet må den politiske samlinga av bygdene våre til fylke ha gått fyre seg, eller kanskje og : alt ha vore ferdig. Me finn at denne må vera gjord i samband med innsiget av ei *krigaryverklasse*~, erularfolk. Den ytre samlinga hev tvillaust vore ei maktsamling, og det er so mange ting som tyder på at denne sam-

linga hev gått fyre seg nett frå sjølve Raumsdalen, kanskje og med hjelp frå dei næraste bygdene: Voll, Eid og Isfjorden. Eit vitnemål um dette skulde soleis vera at alle dei andre bygdene hev mått finna seg i å ta namnet på dette einskilde dalføret som samnamne på alle bygdene. Det skulde sjå ut som Raumsdalen gjer landnåm (med krig) rundt i bugdene og skaper *Raumsdølafylket*. For oss tykkjest einast denne vegen å vera framkjøym, vil ein skyna korleis det einskilde bygdnamnet hev fått slik herrerom. Elvenamnet *Rauma* ligg tvillaust til grunn for namnet. Gjennom Gudbrandsdalen yver Lesja ned langsmed Rauma er ein utgamal ferdseisveg, det vitnar og både stadnamn og fornfund. Denne vegen for visseleg so mang ein flokk både i folkevandringstida og fyrr. Desse er det helst og som hev gjeve fjorden inn til Nes namnet *Raumsdalsfjord*, som seinare, ved fylkeskonsolideringa truleg, er vorte namnet på sjølve hovudfjorden.

Eit sovore namn er gjeve av *ferdafolk*, meiner M. Olsen.

„Det går gjerne slik hvor en beferdet landevei munner ut gjennom fjorden.” Professoren nemner serskilt Romsdalsfjorden „hvorigjennem storveien tvers over landet kommer ned.“

Det som likevel veg mest når ein skal døma um kva stode sjølve *Raumsdalen* (Raumadalføret) må ha havt millom bygdene våre folkevandringstida, er dei rike og interessante *gravfunda* som er gjorde der frå denne tidbolken, visstnok 13 - 14. Dessutan hev me ru- none på Hundsløysa og den phalliske steinen frå Setnes. *Namneverket* i dalføret skal me og sjå er sers forvitneleg. Serleg rike er funda frå gardane *Åk, Sæterbø, Sogge og Hole*, men og frå *Mjølva, Marstein, Nes, Grytten, Sletta og Monge* er interessante fund. Frå den siste garden er eit fund som går heilt attende i *romersk* jernalder. Frå *Åk* er dette : Ein bronsekjel, 2 leirurnor, treskål, barbarisk gullmynt etter keisar Maxentius, død 353 e. Kr., tvo bronsespennor, ringspenne av bronse, ravperle, snellehjul, ullty, knivskaft av tre, sverd o. y. jarn- og trestykke - alt dette frå eitt stort gravrom. Frå same garden, samanblanda frå fire gravrom, er m. a. dette: Tri leirurnor, tvo krossforma bronsespennor, tvo andre spennor, tvo nåler, tvo knivar, reimspenne, sigd og klinknaglar. Frå *Hole*: jarnreidskapar og vevesaker, tri leirurnor, knivskalt av tre, jarnstykke, saumhovud, stor sylvspenne, tri krossforma bronsespennor og tvo andre, sylvbrakteat („hengesmykke”), tvo glasperlor og ei ravperle, brot av glasstaup, bronsering, ymse sylvstykke, trekarkit, tvo snellehjul av leir o y. a. Fund frå haugar med gravkammer på *Sæterbø* er like rike og hev same aristokratiske karakter. På *Sogge* er gjorde fund både i 1916 og 1918.



**Spenne frå Åk, Grytten.
(Eldre jarnalder.)**

andre bygder og frå denne tida. Men um me tek av dei likaste: Eirisdal og Vistdal eller Veøy, so er funda både fatigare og færre. Grytten herad hev elles og sers mange og rike fund frå vikingtida, visstnok nær 40.

Dette synet styd og namneverket i dalen. Ingen stad i heile fylket fortel gardsnamna um slik gamal og gjæv, busetnad; ingenstad er namna so *aristokratiske*. Dei går jamt yver attende til eldre jarnalder, til folkevandringstid og romersk jarnalder, og sume er visseleg endå eldre. I bolken um gardsnamna høyrde me at storhopen av *vin-* og heim-gardane serleg vert rekna til dei fyste hundradåra etter Kr., mogeleg ned til ca. 500 - 600. Sume kann godt vera eldre. Og det forvitnelege er at upp gjennom heile dalen, heilt fram til fylkesgrensa (Uppland), ligg dei i rekkje og rad, med høveleg miliomrom, alt i alt 13 slike vin- og heimgjardar. Dei ligg so tett at ein lyt til slik sentrale storbygder som Levangerskogna eller Voss -- eller heilt ned til Oslofjorden for å finna noko liknande. Det kann soleis merkast at t. d. Veøy herad, som hev so utifrå godt eit lægje, ingen vingard hev, og berre ein heimgard (Holmem). Desse 13 gardane ligg slik, nedanfrå og oppgjennom dalen : *Grytten (prestgarden)*. *Mjøva, Nora, Fiva, Vinje, Horgheim, Lyngheim, Romheim, Skiri, Stavheim, Løkra, Ormheim, Sletta*. Og kann det vera av interesse å nemna at dei tvo næraste bygdene, Isfjorden og Eid: hev desse vin- og heimgardane : *Hen, Grøtta, Undheim, Ora, Siheim og Lerheim*. Tek me so med det tridje grenseheradet, Voll, med Venås og *Roknheim*, finn me soleis i og i næraste bygdelaga til Raumndalføret ei samling av dei „gjævaste” gardsnamna me hev i bygdene våre, soleis 12 av dei 19 vingardane i fylket gilde ættegardar skulde vera allesaman. Serskilt bør nemnast at *Siem* skal vera same namnet me hev i dei tvo kjende

storgardane og kongsgardane til dei fyrste hist. ynglingane: *Sem* ved *Tunsberg* og *Seim* (Sæheim) ved Bergen, berre det at dette gardsnamnet viser attende til ei endå eldre form for sjø (siw - siwir), enn det sæ, genitiv sævar, nie hev i *Sem* og *Seim*, og endå tydelegare i *Sæbø* i Voll, d. v. s. garden ved sjøen. Den same rota finn me og i *Sira* i Eirisfjord, som og skal tyda „garden ved sjøen eller fjorden“. *Siem* ligg ved eit lite vatn. I Trøndelag kjenner me til fleire *Siemgardar*, gilde gardar alle saman.

Men det er ikkje berre det at desse bygdene hev so mange vin- og heim-gardar, og det same med røter (fyrste led) som er beint fram uråd å tyda, jamvel med gamalgermanske mål, t. d. *Løkra* (Lykrin); her finn me og ei mengd med eldgamle usamansette, „sjølv-gjevne“ namn. som etter det M. Olsen meiner, mange av dei, skal -- eller kann - vera mykje eldre, ja, dei kann endåtil vera „modergård“ til vin- og heim-gardar. Eit eldgamalt og uskynleg namn i Grytten er soleis *Åk*. Andre er *Sogge* (Sodgar, visstnok av shida), *Monge* (av stammen Mong - som heng saman med mengja = blanda saman), *Halsa* (utydd), *Hole* (dativ eintall *Holi* av holl „en isolert rundaktig forhøining), *Nes*, *Flate* (Flatmark), *Stokke* (Stokkar). Brude (Fruar). På fem av desse er det gjort store eldre jarnalderfund, so dei forsvarar plassen sin. Gamle gardar er og visseleg desse : *Veblungsnes* (uviss tyding), *Setnes*, *Devoll* (Digervoll ein stor gard), *Skorgen* (av *Skorgo* hjå A. Bolt), *Marstein*, *Tomberg*, *Kylling* (A. B. av *Kyllingon*), *Alnes* og *Sæterbø*. Denne siste garden hev i gamal tid berre heitt *Sæter*. Herifrå er tvo eldre jarnalderfund, hugsar me. I *Eid* hev me desse usamansette namna *Berg*, *Hamre*, *Straume*, *Halle* (dativ eintal av *Hasl*) og *Eide*; i Isfjorden *Tokle*, (utydd) og *Dale*, *Breilid* og *Kavlid* kann og vera gamle. Likeeins *Norvik*, *Torvik* og *Klungnes*, tvillaust og *Frisvoll*, i gamal tid visseleg berre *Voll*. Gamle namn i *Voll* er etter forma : *Vik*, *Bø* (Øverbø og Nedrebø), *Sæt*, *Holte*, *Berild* (av *Berurjodr* - elvenamnet *Bera* og *rjodr* ope rom i skogen - jfr. *Rød* i *Neset*), *Hovde*, *Voll**, *Skeie*, *Sæbø* og *Skjellbostad*. I desse bygdene finn me soleis ei mengd med gamle og vyrdelege namn som skulde tyda på gild folkesetnad. Og er det å merka seg at i *sjølve Raumsdalen finst ikkje eit einaste stad-, set- eller landnamn*, heller ikkje i *Eid*, og berre tvo stadnamn i *Isfjor-*

*) På *Voll*, *Bø*, og *Hovde*, m. a. er gjorde jarnalderfund. Frå *Eid* er det og ei 2 -- 3 fund frå denne tida, soleis på *Lerhcim*. I *Isfjorden* er det i det siste gjort rike fund på *Hen*.


den, Vølstad og Erstad, baa tvo samansette med personnamn (Vifilr og Eirikr). I Voll er det heller ingen *stadirgard*, men ein *bolstadr-gard*. Derimot er der 4 vanlege setgardar.

Dette skulde og tyda på at storhopen av dei namna som er nemnde er sers gamle; *jorda i desse bygdene, då særleg i sjølv Raumsdalen og i Eid, må nemleg ha vore uppteken på den tida stad-og setgardane vart rutte, altso fyre (5 - 700-talet*. Det eine etter det andre (jfr. og det som er halde fram fyrr um *Horgheimr* og horger) fær oss til å halda på *folkevandringstida som stortida for dalen*, d. v. atter segja : på kong Rodulf si tid um lag. Og skriftlege kjeldor, utanum det som vert fortalt av Prokob og Jordanes um Rodulf og erulane, serleg det me finn i dei ymse sogone um ætta til Ingemund den gamle, Torstein Herse, Ketill Raum og fl., peikar attende på at Raumadalføret hev fostra og fødd gjæve menn, som hev sete mektige i sine bygder, og um noko kom på, hev kunna lita trygt på frie våpenføre bøder sitjande ættestolte og sjølvbyrge rundt på gardane i bygda eller i næraste bygdene.*) Dei skulde ikkje vera lenger: undan enn dei i ein snøggvending kunde samlast. Ein må ha lov etter alt det som er halde fram ovanfyre å tru at det er erularinnsig me hev med å gjera i Raumsdalen, og at dei frå fyrsten av, iminsto, hev halde seg som *krigaryverklasse*. **) I røynda so var vel krig i denne tida det likaste grunnlaget for ei verkeleg yverklasse. - Det er dei som meiner (soleis Th. Petersen, jfr. ogs. 58 og 59) at den eldre jarnalderkultur i sjølv Romsdalen, slik med møter han i gravfunda, nærast peikar på samband med Vestlandet, og meiner soleis at busetnaden her er komen utanfrå kysten. Konservatoren segjer seg elles samd med oss i sjølv synet på den rolle Raumadalføret spela i denne tida:” Såvel det arkeologiske materiale fra den romerske jernalder og folkevandringstid, således som det til dato foreligger, som også gårdsnavnene, peker mot at vi, særleg i den nedre del av den egentlige Romsdal, har å se et kulturcentrum i distriktet, og dette har bragt mig på den tanke, om ikke også fylkesnavnet skulde være utgått herfrå.” Vår meining er og at *Åk-kulturen*, um me kann kalla han so, syner samband med Vestlandet, men *utfrå den synstad at heile kulturstoda til folkevand-*

*) Minningar um gjæve menn er sjølv sagt bautasteinane på Veblungsnes, Horgheim, Flate (Flatmark), Stavheim og Ormheim. Å tidfesta desse let seg vanskeleg gjera. -

**) Me minnest her Friesens utgreiding um korleis erulane vart drivne ut or riket deira i Danmark (Sjælland) av danane frå Melarbygdene.

***) Privatbrev, dagsett 1/11 1927.



Utsyn yver Romdalen frå Stavheim.

dringsriket på Vestlandet (til og med Romsdal) er sterkt merkt av alle desse, innflutte ættefrendane frå sør, hordar, ryger og raumar t. d. Raumsdalskulturen er inga grein av ein høgare utvikla kultur lenger sør på kysten, men hev det same opphavelige kulturgrunnlag, d. v. s. er ein parralell til hordane og rygene sin kultur, er altso samtidig med denne. Det er all grunn til å halda fast på at desse innflyttarane til bygdene våre er komne yver Romerike framum Mjøsa upp Gudbrandsdalen og ned Raumadalføret. Denne ferdselsvegen er utgama. Då både det gamle namneverket - og fornfunda med ber bod um dei same tilhøva både øvst og nedst i dalen, vil det for den lokal-kjende falla vanskeleg å skyna at ei innflytling sud- og vestfrå skulde finna på å leita seg upp gjenom den tronge Raumsdalen heilt fram

mot Lesja, når so mange mykje lugomare bygder i fylket vårt låg midt i leida for dei! Men kom dei austanfrå, vart busetnaden her den naturlegaste. Dalen var, serleg den nedre delen, ikkje so verst, og vegen attende -- og sambandet ut i verda att -- visste dei! Fyrebels stogga dei ved fjorden, og gjorde kanskje folket som fyrr var i dalen til træljar eller leiglendingar. Men desse krigslystne Europaherjarane, som „elska yrkesløysa. men hata ro” kunde ikkje lenge gjeva seg med dette. Snart kom turen til grannane i Isfjorden, Eid' og Voll. Bygd etter bygd kom etter kvart inn under Raumsdalskongen. Hev *Møre* vore samnamn eingong på heile kystlina millom *Stad* og *Bjørnør*, som sume meiner, so hev visseleg raumsdølene ved fylkeskonsolideringa på denne tid herteke det som no er Raumsdalskysten. At Raumsdal heilt sidan fylkesamlinga (ca. 500) hev gått ut i storhavet, er greidt, heller ikkje fyrr, sjølv sagt. Soleis ser og Th. Petersen det.*) og *Veøy*, som truleg frå fyrsten berre hev vore eit kultsentrum for næraste umkverven, for ei ætt, eller i høgda for bygda, veks etterkvart fram til å bli den religiøse midstaden og samlingsstaden for bygdene. Heilagdomar hev alltid havt si serskilde dragande makt på folk. Dette gjer snart *Veøy* til den politiske midstaden og. Kongemakta var i røynda *veik* hjå alle germanar- og gotarfolk; alle frie menn hadde rett og plikt til tingmøte og avgjersle. Her ved Njord-heilagstaden vert skapt age og tru på andre verde enn våpen og valdsverk, tru og trong til lov og rett, og her lærer raumsdølene, *dei som Raumsdalskongen styrer yver*, kvarandre å kjenna og å veksa saman; serleg dette siste gjekk ikkje so fort.

Kvar *kongen* hev butt i dalen, kann me berre gissa oss til. Gravfund, og gardsnamn med, skulde helst få oss til å peika ut *Åk*, men som fyrr nemnt : Det er so mange gardar i dalføret som vitnar um stormannsliv både i denne tidbolken og i vikingetida, at det er vanskeleg å draga fram *ein* framum dei hine. Kor mykje av dalen si saga i farne hundradår stig oss ikkje imøte berre me høyrer namnet *Horgheimr*?

*) «Romsdal, som oprinnetlig navn på en begrenset lokalitet, „Raumas dalføre,” blev båret viden frem under folkevandringstidens politiske konsolidering, som for Romsdalens vedkommende åpenbart utgikk fra de tnektige ætter i den ytre del av Raumadalen Denne konsolidering trengte sig konisk ut mot havet, og antagelig allerede adskillig før 500 er det politiske begrep Romsdalen skapt og utvidet til å omfatte hele dette rike, det nuværende Romsdal. På den måde erobret så å si Romsdalen et stykke av det område som tidligere var omfattet av Møre.“ -

Raumanamnet

bør ha ei lita dryfting for seg.

Ein skulde tru at det no var full semje um at det er *elvenamnet Rauma* som er opphavet både til namnet på dalføret og fylket. Ovanfyre hev me halde fram, på so breidt historisk grunnlag som plassen tillet det, korleis bygdenamnet, avleidd av elvenamnet, hev vorte *fylkesnamn*. Det er dei som kjem med vektige språklege innvendingar: Raumsdal må ha eit fjordnamn *Raumr* eller *Raumir* til grunn, elles vilde me ikkje finna denne genitiv-s'en i fylkesnamnet, og dei held på at sjølv den store Romsdalsfjorden hev heitt Raumr (eller Raumir) og at fylket soleis hev fått namn etter fjorden (jamfør Nordfjord t. d.). Dette er det full grunn til å halda fram - og til å sjå litt nærare på. Det er rett me skulde ha venta Raumdalen som bygdenamn, og me vil tru at *det* det upphavelege namnet. Men no må me hugsa at bygdenamnet hev denne same genitiv-s'en som fylkesnamnet: Raumsdal. Skulde det so vera tenkjeleg eller mogleg at dette dalføre med si Raumaelv skulde, mosett dei andre bygdene våre, ha fått fjordnamnet knytt til seg? Me lyt nok svara nei. So står einast denne løysinga att: Som me alt hev peika på, segjer M. Olsen, at eit namn som Romsdalsfjord er gjeve av *ferdamenn*. Soleis er det mogleg at fjordsgreina inn til Raumadalen alt tidleg hev fått namnet Raumr, genitiv Raums, og dertte hev so verka attende på bygdenamnet. Raumsdal vart lettare enn Raumadal (Jfr. Surndal i tale-målet i staden for Surnadal).*) Og med fylkessamlinga og det større hopehav som fylgde denne bygdene imillom, gjekk namnet på denne fjordgreina yver på hovudfjorden i Raumsdølafylke, som frå fyrsten må ha vore namn på fylkeskongens styringumråde, utan omsyn til gamal namneskikk. Det er fyrst *rikssamlinga som gjev landet vårt Norogsnamnet* og. I folkevandringstida, omkring 500, då dei norske stammene frå Vika til Raumsdal var samla til eitt kystrike, då var det truleg dette kystriket som vart kalla Nordwegr, ikkje vidare område i minsto.

Dei gamle trudde helst fylkesnamnet skreiv seg frå segnkon-

-
-
*) Rygh : N. E. s. 186: „Navnet Raumsdalr formoder S. Bugge er å forklare av opi. *Raumisdalr*, av fjordens navn *Raumir*, som er dannet av *elvenamnet* på en tid da omlyden ikke var inntrådt - „*Fjorden*“ er sjølv sagt her greina inn til *Raumadalføret*. Ein parallell hev me i Øyrisfjord (Eirisfjord) - av eit fjordnamn *Øyrir*, laga av elvenamnet Aura - Eira.

gen *Raum*, son av *Nor*, som skulde vera ættfar til alle nordmenn, og Norigsnamnet med!

Andre meinte at den folkestammen Jordanes (ca. 550) fortel um, *raumii*, gav dalen og fylket namn etter seg (Jfr. Hordaland og Rogaland), noko som kunde vera rimeleg nok; men som det er halde fram: her må det vera *bygda*, dalen, som hev gjeve *folket* namn; folkrenamnet *raumii* treng ikkje gå lenger attende enn fylkessamlinga, som sjølv sagt er *eldre* enn sogeverket til Jordanes. Rauma er visseleg eit *utgamalt* elvenamn, og skal tyda *ei elv som er strid og straumfull*, noko som skulde høva rett framifrå på denne elva. Eldstc, namnet på Glåma (kanskje berre nedre luten) skal vera *Raumelfr*, og det er då rimeleg at me her gjer ei jamføring millom Raumsdal og Raumarike (Romerike) eller raumar og raumarikingane (*raumii* og *raumariciae*), d. v. beint fram segja *bygdene ved desse elvane og folka som bur i desse bygdene*.*) Og er det halde fram fram bynamnet *Rom* i røynda hev det same opphav. *Rom* ligg og ved ei elv, veit me. At det er dalvinden *rauma*, „skjelle“, som me segjer i sume andre av bygdene våre, som ligg til grunn for namnet, er ikkje rimeleg; men ein kann visst trygt gå ut i frå at *rauma* um dalvind hev same grunntyding som Rauma, elvenamnet, heng also saman med *strøyme*, kanskje og *suse*, *bruse*. Ein skulde soleis tru at J. O. H., i årsskriftet til R. S. 1922, er på rett veg når han held fram „at det må antas at *rauma* i betydning dalvind, er en skundær dannelse” av det ordet me hev i Rauma-elva, also eit verb eller substantiv fyrst brukt um å *renne stridt*, *strøyma sterkt*, *brusande*, um vatn, seinare t. d. og um vind. Kvifor er det ikkje umsnudd ? kann ein spyrja. Her lyt me hugsa at dei fleste, nærsagt *alle* elvenamna våre er *sers* gamle, og dertil, dei me kann tyda, peikar på at dei er *naturgjevne*, *sjølvgjevne namn*, d. v. atter segja : det er *serdrag ved sjølvve elva som ligg til grunn for namnet*. (Jfr. her Aura, Eira, Driva, Surna, t. d.)**) Grunntydinga til båe orda vert som sagt det same, so språkleg set hev det ikkje so mykje å segja anten bygde og fylkesnamnet kjem av *raumevind* eller *Raumaelv*.***) *Historisk* set er det av stor interesse at me kann slå fast at Raumanamnet er eit norskt *naturgjeve* namn, og ikkje eit stammenamn : for det nøyder oss til å tru, noko som andre

*) Desse namna, tvillaust med same grunntyding, hev sjølv sagt vakse fram uavhengige av kvarandre.

**) Sjø O. Rygh : Norske Elvenamn s. 7, 32 og 253.

***) Th. Petersen segjer og at „elvenavnet er sikkert i ethvert fall det primære, landsdelens og folkets navn det sekundære“.

ting tyder på og, at innsiget av *erular* eller av andre frendefolk på 400 - 500-talet, ikkje hev vore større enn at den gamle busetnaden med si namneføring -- og det gamle livet i det heile teke, lite hev vorte skipla, d. v. s. at dei nye folka etterkvart hev mengt seg med desse sine gamle ættefrendar, som budde i bygdene frå fyrr. Dette stadfester og gardsnamna, som fleire stikk attum folkevandringstida.

Skulde me derimot tenkja oss at dalførret og fylket bar namn etter ei folkegrein, *raumii*, so lyt me tenkja oss ikkje berre eit *innsig* av folkevandringsfolk, men ei verkeleg *hersetjing* med burtdriving av den gamle folkesetnaden (Jfr. anglar og saksar driv burt keltane i England). Då måtte Raumsdalen attanfor denne tida både ha havt eit anna namn og ein annan folkesetnad, noko som må segjast vera *mykje* urimeleg, serleg hugsar me at då lyt og elvenamnet Rauma helst skriva seg frå folkenamnet!! Nei, Rauma er i si tyding so typisk for elva og hev denne vakre klangen og eldgamle norske dåmen som alle dei gamle elvenamna våre hev, so det skulde ingen grunn vera her til å laga kunstige spekulasjonar, der alt skulde vera heller sjølv sagt og greidt.

Noko um dei andre herads- og bygdenamna.

Bygdenamn, som dei fleste stadnamn, er på ei eller onnor vis skapte av *naturtilhøva* på staden. Det er ymse naturlege *serdrag ved staden* som *legg* til grunn, sumtid ei eller onnor hending og. Dessutan hev me einskilde personnamn som kann vera knytte som fyrestaving til *stad* og *-set* m. a. Når det gjeld *bygdenamna* våre hev serleg fjordnamn og elvenamn vore med og skapt mange av dei, slik som i Romsdalen. Veøy, den heilage øya, kjem i ei serstode, enda det og var naturtilhøva på staden som visseleg gjorde denne til ein slik kultplass. Me hugsar Njorddyrkinga heldt seg til logne øyar og ellers lugome plassar ved vatn eller sjø. På same vis som mange naturgjevne gardsnamn er klåre å tyda, er og mange bygde- og heradsnamn det, soleis *Sandøy*, *Vestnes*, *Vågstranda*, *Nesjestranda* (gardsnamnet Nesjar), *Voll*, (upphaveleg eit gardsnamn), *Eid*, *Eidsvåg*, *Eidsøyra*, *Vike* (upphaveleg gardsnamn, Vikar), *Heggdal*, *Eikesdal*, *Osmarkane*, *Hustad* (Husa-stadr). Bud (Budaver) heng saman med fiskebud (rorbud, opplagsbud). *Holm*, *Husøy*, *Sørstranda*, *Sandnes*, *Isfjorden* o. fl. er alle sers greide. Ei form som *Vestnes* må sjølv sagt koma av at det finst eit anna nes på motsett kant, ein skulde helst tenkja på eit Austnes,

men det veit me heiter *Gjermundnes*, neset på austsida av *Tresfjorden*. Her er det elva, *Tressa*, som hev laga bygdenamn, som *Måna* i *Måndalen*, t. d. og *Tomra* i *Tomrefjorden*. *Sylte* herad (no *Tresfjord* herad) skriv seg frå gardnamnet *Sylte*, i gamle dagar *Sultar*, som heng samau med substantivet *sylte* og verbet *sylta*, som me alle kjenner so godt. *Sylta* kann etter Ross tyda „en liten sump, ofte uten synlig avløp“. Namnet fortel um ein stad med låglendt og våtlendt jord, helst nære sjøen. Det same gardsnamnet hev me i *Sylte* i *Frena* og *Syltebø* i *Eirisfjord*. Dette siste namnet er og, i den eldste skriftforma me hev, frå 1362, skrive *Sultar*, **â** *Sultum*.*) *Rekdal* heng truleg samnn med eit gamalt elvenamn, *Reka* (ei elv som fører med seg mykje, eller der mykje rek. Nemnast bør det og at ved elveosen ligg eit skjer, som ennu heiter *Reka*.**)) *Fiksdal* må og komma av eit gamalt elvenamn. Rygh meiner at *Fiks* hev kome fram med ei umstilling av bokstavane frå *Fisk*, at *elva soleis*. hev heitt *Fiska*, m. a. no elvenamn i *Gausdal*. Slikte umstillingar er so vanlege, soleis ofte *Aks* - istaden for *Ask* - (i *Vikedal*, *Skånevik* o. fl. st.) at ein må taka denne tolkinga for god.

I *Grytten* er fyrste leden *griotr* = stein, *kupul*; andre leden er *vin*. --

Veblungsnes, av eit gamalt gardsnamn *Vebungen*, er vanskelig å tyda. Rygh meiner at det mogleg kann vera samanheng mellom dette og *øy-* og skjernnamnet *Vevlungen* (*Vevlingen*) i *Kinn* og ved *Ona*. *Åsen* hev ordet *vevling* um ein slags vott, og substantivet *vevl* um eit banketre, handyvle; sjå og verbet *vevla* rulle klæde. Underleg er det at namnet hev bunda form; det skulde føra ein inn på den tanken at eit fjell-namn (alltid i bunda form) ligg til grunn.***)

Åndalsnes, av gardsnamnet *Åndal*, som Rygh her ikkje på grunn av uttalen torer tolka som *Aandal* i *Frena* og *Øre*, der det heng saman med eit elvenamn *Arna*. Ein eldre utflytt romsdøl fortalde oss nyleg at han i si tid aldri hadde høyrte anna uttale enn *Am-dal*. Det spørst so um dette er rett, um ikkje eit gamalt elvenamn *Åma* ligg til grunn for dette namnet. *Isterdalen* hev namn etter sideelva til *Rauma*, *Istra*.

*) *Diplomatarium Norvegicum*, band III, side 259.

**) *Sokneprest Rekdal* hev uttala til oss at namnet *ikkje* kjem av elva. Då me ikkje er lokalkjende torer me ikkje uttala oss nærare um dette, berre visa til O. Rygh: *Norske Elvenavne* s. 189 og same forf.: *Norske Gårdsnavne*, band XIII, s. 220. Namnet på *skjeret* gjer tolkinga ovanfyre sers rimeleg.

***) *Sjå* og *Årsskriftet* til R. S. 1925, s. 13 og 14.

Kors (Kross) hev vorte soknenamn, då det ein gong var kyrkjenamn. I siste luten av den katolske tida vart *Flate kirkja* (Flademarch !) vigd til „den heilage krossen“. Ei slik krosskyrkja er og nemnd i Veøy, i 1343.

Hen, upphaveleg gardsnamn, vin-namn, utydd. Dei gissar på ei gamal form må ha vore Hå-vin. Ein kann der tenkja på hár = høg og hå (gras) eller ei tridje utydd rot i gardsnamnet *Hå* på Jæren. Dette same namnet finst fleire andre stader i landet, soleis i Vang i Valdres, i Rakkestad og i Ådalen. Isfjorden (Isa-fjord), både um fjorden og bygda, må ha fått namnet sitt av at fjorden lett frys til um vintereren, segjer Rygh, og gjer samanlikning med Isa-fjodr på Island. Me skulde likso gjerne tru at eit elvenamn *Isa* ligg til grunn. Dette elvenamnet finst og fleire stader i landet.

Eirisfjord. Frå 1358 hev me ei dativform *Øyrisfirdi* (firdi dativ av fjord). Aslak Bolt bruker både Øyrisfjord og Eriksfjord. Det er greidt at både fjorden og bygda i gamal tid må ha heitt Ørisfjodr. (Sjå note side 137). Namnet heng saman med *aur*, *grus*. Når ein veit at nedste luten av bygda, Nauste, berre er låge, avsette *elveøyrrar* (Jfr. elvenamna Eira - Aura,) er det greidt at namnet er på sin plass. Forma Eiriks-fjord hev ingen heimel.

Vistdal (Vistardalir) hev kanskje namn etter hovudelva i dalen, som Rygh meiner må ha vore *Vistr*, d. v. s. „den stille og rolige.*) Elles kjem ein og lett til å tenkja på det gamalnorske ordet *vist*, fl. *vistar*, som mykje vert umsett med *bustad*. (Jfr. det eldgamle gardsnamnet *Viste* på Jæren). Eit fjordnamn *Visti* kann og tenkjast på „Vågen“ inn fra Langfjorden.

Neset. Prestegjeldet hev, som er sers vanleg, t. d. i Aukra, Veøy, Grytten o. a. namnet sitt etter *prestgarden*. Det er ungt som prestegjeldsnamn, sidan 1740-åra, då det vart utskilt frå Veøy. *Neset* var prestegard, kapellangard, fyr og, heilt sidan 1686. *Uttalen* syner at *Neset* er -set-gard og hev ingenting med *nes* å gjera. Rygh trur helst den gamle forma er Nøytiset, av *nøyti* ein krøterflokk. I 1520 er namnet skriva *Nødesetter*, det tyder og på at her er det ikkje samansetjing med *nes*, som *lægjet* kunde tyda på.

*) Etter å ha vitja Vistdalen sumaren 1927, må me segja at me ikkje kan ta god Ryghs tolking. Det er få elvar i Romsdalen, som renn slik i *straum* og *stryk* som Vistdalselva. Me vil heller tru at bygdenamnet heng saman med eit gardsnamn *Vistar*, truleg eit eldre namn på Myklebostadgardane. Myklebostad er etter M. Olsen (sjå Ættegård og Helligdom s. 47) neppe eit serleg gammalt namn.

Rød, det gamle soknenamnet, er ikkje av rud (rydning), men av *Rjod* = ei opa, grøn glenne i skogen.

Bolsøy hev mogleg samanheng med bolungr = ung okse. (Sjå elles s. 118-119)

Røvik (Vågane) skal koma av eit *elve*- eller bekkjenamnet *Røa* tett ved garden. *Kleive* er ei gamal fleirtalsform av det velkjende ordet ei kleiv, fl. kleivar.

Fanestranda skal koma av eit gammalt fjordnamn Farni, avleidd av *Forn*, som Rygh meiner hev vore det gamle namnet på elva frå Osvatnet. *Bolt* (ca. 1430) talar og um *Fanaskoghe*, som må ha vore ei eldre form for Osmarkane. Som me ser heng *fjorden* og bygdenamnet sers nøgje saman. Soleis finn me det og med *Innfjorden*, hjå A. B. Ignafjord, der fyrste leden må vera eit gammalt namn på elva, som renn ut i fjorden.

Mittet hev truleg og namn etter elva, som fyrr hev heitt *Metta* eller *Mitta*.

Rødven (gamal form *Reffund*) hev vi mykje uviss tyding, og namnet er vanskeleg å få noko nærare greide på, då skrivemåten ned gjenom tidene skifter so mykje. Mogleg eit fjordnamn frå fyrsten. Og hev det vore tenkt at elva ved garden ein gong hev heitt *Røyva*, og at namnet heng saman med henne.

Sekken hev tvillaust namnet sitt av *sekk*. Skap og form på øya hev ført til dette namnet, som me og finn andre stader.

Frena. Namn etter fjorden, *Freni*, utydd (Sjå elles s. 118). *Nordre* og *Søre Bjørnsund* (fleire småøyar). *Sund* samansett med *Bjørn* må koma av at ei-kor av øyane hev havt *Bjørn*-namnet. Til grunn for dette må liggja at øya anten i *skapnad* hev mint um ein bjørn, eller at her må ha vore bjørn, set eller drepen. Det er ei mengd *Bjørnnamn* i landet, og ofte på stader der denne karen, bamsen sjølv, etter mangt å døma, lite hev halde til, slik at det nærmast hev vore ei storhending med ein slik gjest (*Bjørndal*, *Bjørneli*, *Bjørnevik* o.s.b. Og kann tenkjast at *mannsnamnet Bjørn* kann liggja til grunn.

Harøy (Jfr. *Haram*). Rotordet *har* meiner M. Olsen er det same som det svenske dialektordet *har*, som vert brukt um *steingrunn*, *fjell-lende*, ein stad der det er *knausut*.

Tornes. Rygh vil gjerne setja både *Torhus* i Eirisfjord og *Torhus* i *Bolsøy* og *Tornes* i *Frena* i samband med eit personnamn, helst kvinnenamnet *Tora*, eller og eit elvenamn *Tora* når det gjeld *Tornes*. Den gamle forma skulde soleis ha vore *poru nes*, *poru hus*. *Torvik* i *Eid* segjer han kjem av tare (tang), upph. *par-vik*, som so



Frå Elnesvågen.

seinare hev gått yver til Torvik. Dette siste er mykje rimeleg. Og den andre tolkinga av dei tri fyrste namna er sjølvsagt mogleg. Men ein må ha lov å halda fram at det vil vera underleg um ikkje noko av desse Tor-namna skulde ha samband med dyrkinga av *Tor*, hovudguden for bonden i vikingtida. Han stod då for ver og væte og avgjorde år og avling. *Torhus* i Eirisfjord ligg sers lugomt til som kultplass, midt i bygda og grannegard til Sira, der kyrkja hev stått sidan kristendomen kom til landet. Erkebisp O. *Engelbrektsson*. ca. 1530, skriv og namnet soleis at det kann tolkast slik : *Thorishus*; dette er visstnok eldste skriftforma me hev på det.*)

Stavik må vera ei samansetjing med *stav* == stav, stökk. På Island t. d. hev me elvenamnet *Stafá*, visstnok bruka um ei elv som rein *beint*. Mogleg er det at eit liknande elvenamn ligg til grunn her. Ofte finn me det i samansetjing med *-nes*. *Stavnes* er ein lang smal tange eller eit nes, som stikk beint ut i sjøen.

Elnesvågen er som fyrr peika på kanskje ein kultplass, som Elsås i Bolsøy og Elgenes i Vistdal. (Sjå elles s. 73-76).

Malme (av fleirtalsforma *Malmar*) heng saman med ordet *malm* (= sandmo, grusslette), som enno finst i svensk talemål. Det er mogleg at det fyrst hev vore namn på elva. Me hev elvenamnet *Malma* i Singsås, som soleis skulde ha umlag same tyding som *Aura* i Eikisdal, ei grusfylt eller ei grusførande elv. Jfr. Auregardane og Aureosen, her og er det truleg elva som, fyrst hev havt Auranamnet.

*) M. Olsen svarar på fyrespurnad um *Torhus* og *Tornes* : «Så sant *Turus* (uttala so) er sm. s. med - hus, kan det ikke inneholde gudenavnet *Tor*. (Det vil alltid i genitiv ha s - pórs). „Hus“ kjennes aldri ellers i sms. med gudenavn. *Tornes* i Frena (af Thornese A. B.) er neppe opstått av Pórs-nes. Vi skulde vente det første s her som annetsteds i dette navn, var bevart.“

Malmsjøen i Sør-Trøndelag (Børseskogn) inneheld same grunnordet.

Aukra, alt nemnt som *-vingard*, frå fyrsten av berre namn på prestegarden. No er det namn både på herad og prestegjeld. Namnet skal vera samasett med *ákr* og *-vin* til *Aukrin*, ei sideform til det vanlege *Qkrin*. Sume hev trudd at namnet skulde ha endinga *øy* (*Akerøy*), noko som er heilt gale. Det syner dei eldste skriveformene av namnet (i Aukrenne). *Aukra* ligg på øya *Gossa*, i 1495 skrive „i Gossyn“.*)

(*Otrøy* er truleg samansett med dyrenamnet *otr*. Det er og eit par andre øyar langsmed kysten, soleis ei øy ved Namsenfjord, som ber dette namnet.

Ræstad, fyrste leden truleg mannsnamnet *Reidar*. Det kunde og tenkjast, men tykkjest lite rimeleg, at den vesle elva (bekken) som renn framum garden hev bore namnet *Rea* t. d.

Heggdal. Det skulde vera naturlegast her å tenkja på hegg, trenamnet, og *ikkje* på „et derav dannet elvenavn“.

Tautra hev som fyrr nemnt ei noko uviss tyding. (Sjå side 119).

Miøy, i gamal tid truleg *Midja*, noko som ligg i midten. Namnet kann koma av at ho ligg millom tvo andre øyar. Men og lyt ein tenkja på at fylkesgrensa millom *Raumsdal* og *Sunnmør* går yver øya. Ein grei parallell her hev me i Sverige i innsjønamnet *Mien*, på grensa millom *Skåne* og *Blekinge*. Namnet skal beint fram vera *grensevatnet*.

Magerøy heng mogleg saman med *Mágarøy*, fyrste led då truleg mår -- genitiv mávar = måse (sjøfugl).

Ona er tydd som ein stad der ein kann *vona* å finna noko,

*) Magnus Olsen skriv i „Festskrift til A Kjer,“ 1924: „Ønavnet Gossen i Akerø herred i Romsdalen, kjennes ikke fra eldre tid enn 1495 (Dipl. Norv. I 709): i Gossyn, en form der med hensyn til endelsen ikke med trygghet kan bygges på. Sammenholder man dem med den nuværende uttaleform *Gå'ssa*, dat. *Gå'ssen* (bestemt form i hunkjønn, blir det klart at navnet har lyd *Gossa* eller *Gorsa*. Denne siste form legger jeg til grunn for forklaringen. Det er eiendommelig for den ganske store øi, at dens indre er opfyldt av myrer. Det må da synes tiltalende å se i *Gorsa* en avledning av et ord *gors* -, „myr, dynd«, som er nær beslektet med gammelnorsk *gor* „mavevelling“, norsk dialekt, „*gor*“, „dynd, søle, mavevelling, fiskeinnvoll“, angelsaksisk *gor* „møk“, gl. høytysk *gor*, „møk sump“, og videre bl. a. med nedertysk „*gore* „gjæring, møk, pytt“ ; norsk dialekt *gurm*, „mudder, bæreme“, *gurma* „tykt mudder, grøtet masse“. Det er mig en tilfredsstillelse å nevne at sogneprest L. Solheim (nu prest i Kopervik, tidligere i Bud) for adskillige år tilbake uavhengig har foreslått for mig den samme etymologiske forklaring“. -

ein fangstplass. Me hev og på kysten ei lita øy Vona. Gamalnorsk ón = ván. Same rota (ón) finst i fleire namn i landet.

Orta skal koma av *Urptir*, d. v. s. plassar der sjøfugl *verp*. (Sjå side 37). Same øynamnet finst ved Smøla.

Marøy kann tenkjast koma av *marr* = hest, eller *marr* = hav (jfr. marbakke), men lyt vel reknast noko uvisst.

Husøy tyder beint fram ei øy med fast busetnad.

Molde er det gamle gardsnamnet til Molde-gård. „Gård” er eit nyare tillegg, sidan byen voks fram. Molde er ei fleirtalsform av moldr (mold), *Moldar*. Det skulde soleis, som dei fleste usamansette og naturgjevne namn, vera sers gamalt. Rygh segjer og at eit elvenamn *Mold* eller eit fjellnamn *Moldi* (jfr. Moldtu i Herøy) kunde tenkjast liggja til grunn. Her lyt det då i tilfelle vera elva som hev gjeve garden namn. Og kann det tenkjast det heng saman med det angelsaksiske ordet *molda* = hovudskål, det øvste av „issen.” Det skulde høva sers godt som fjellnamn, slik me finn det i Sunnmør og på Agdenes (Moldtuen). Av fjellnamnet kann so elvenamnet att vera avleidd. -

Ett og samfund.

Åndeleg og materielt liv i vikingtida.

Me hev vore inne på at samfundet alt i vikingtida hev vore mykje *lagdelt*. Både kongar, jarlar, hersar, hauldar (odelsbønder) og træljar hev vore nemnde. Men millom hauld og træl hev me og *millomlag*: fyrst vanlege *nyrudningsmenn*, so *kauplendingar*, d. v. s. bønder som hadde *kjøpt* gard, so *leiglendingar*, som leigde jord på *åremål* av ein jordherre og betalte landskyld, og endeleg fær me dei *fri-gjevne* og *løysingane* fyrr me når fram til den heilt ufrie klassa, trælane. Prof. *Johnsen* held fram i „Norges Bønder” at denne lagdelinga er koma so langt i slutten av vikingtida at berre *halvparten* av bøndene i landet var sjølveigarar. Jorda heldt på og hopa seg upp hjå ymse odelssetter og stormenn. På *ætta* var *heile det gamle samfundet tufta*. Det var *ætta* som var grunnlaget for alt samhald og gav den einskilde trygd, ikkje riksmakta. *Ættlaus* var *rettlaus*. For enno var samfundet eit maktsamfund og ikkje eit retts-samfund. Rettssamfundet fær me fyrst med landslovene til Magnus Lagabøtar i 1276. Vart ein mann drepen, hadde *ætta* å hemna dråpet, og hennen kunde råka kven somhelst i *ætta* til dråpsmannen. Denne blodhennen kunde føra til svære ættestridar, som gjekk i arv frå ættled



Avlstein frå Hovde i Voll.
(Vikingtid).

til ættled. Og kunde dråpet sonast med bøter. Då greidde og ætta det, ikkje den einskildc. Ætt gav ætt. Lenge var det ei skam ikkje å ta skikkeleg hemn: „Eg vil ikkje bera far min i pungen“, sejer ein son som vert boden bøter.

Fastsetjings av mannebøtene tyder på at denne sterke lagdelinga, soleis kann ein i minsto taka lovene, hev vakse fram noko etter kvart og at den fyrste gangen bøtestraff vart fastsett med lov, galdt det berre *ei* bot lik for alle bønder. Lovene går seinare, både i Gula- og Frostatingslova, ut i frå *bonden*, d. v. s. *odelsbonden*, ved straffeutmålinga, soleis at dei klassane som er høgre eller lægre fær bøter i høve til honom. Gulatingslova hev dette høvet: For drap på ein odelsbonde (hould

1 (= 96 kyr)*), herse 2 (96 X 2), jarl 4 (96 kyr X 4), og endeleg ein konge

8 (96 kyr X 8). Det same høvet finn me nedetter: for ein kauplending eller leiglending 1/2 (48 kyr), for ein frigjeven 1/4 (24 kyr). *Frostatingslova* hev eit noko anna høve, som 2 til 3. Bøteverdien for *bonden* (1) ser me soleis er *grunneiningen* som lovene går ut i frå. Sjølv sagt kunde ei onnor ordning koma i staden ved friviljug semje millom partane. Ættene var i sumt underlagt riksmakta, *fylkestinget*, der alle frie menn møtte og tok avgjersle. Det hev visseleg gått triveleg fyre seg mang ein gong når romsdølene kring jonsokleite møttest på Veøy. Dei heldt ting ute, tett ved fylkeshovet. Der gav dei lover og dømde. Vart t. d. ein mann dømd utlæg på fylkestinget, so hadde ikkje ætta hans rett til å verja honom.

Det *materielle* grunnlaget for odelsbonden si maktstode var *jorda*; odal-jord er sjølveigande jord kring bustaden, motsett kaupland og skog og myr og utmark, i det heile teke jord som ved arv

*) Dei gamle nordmenn, slik me so ofte finn hjå dei ymse folkeslaga fyrr *mynt* vart laga, umgjorde alt til *kuverde*, som var den vanlege økonomiske eining då.

var gått frå ætt til ætt i lange tider. Det kann soleis nemnast at både nyrudd jord og kaupland fyrst etter 4 *ættleder* på garden vart odelsjord. So segjer Frostatingslova, som Raumsdølafylket mot slutten av vikingtida kom inn under. Gulatingslova, som skal vera noko eldre, segjer at fyrst etter 6 generasjonar er kauplendings- eller nyrudningsgard odalsjord. 120-200 år laut soleis til fyrr bonden på ein sovoren gard vart rekna millom haulder. Me skyнар det var folk som visste å halde på sin vyrdnad!

Kann me gå ut i frå at det er nokolunde rett at busetnaden i tida 400-1000 har firdobla seg, so er det greidt at det hev vore mange som hev stade utanum odelsbøndene, hauldane, sin flokk.

Ættekjensla bygde og ein forunderleg gard kring denne odelsjorda, so det var mest uråd at ho kunde koma ut or ætta att. Det var *odelsretten*. Vilde eigaren selja, hadde ætta forkjøpsrett, og var garden komen på framande hender, kunde ætta etter Frostatingslova løysa inn att garden etter billeg takst i 3 *ættleder*, etter Gulatingslova i 5! Soleis kunde ikkje jorda verta ei handelsvare. Um ein kauplending t. d. aldri so gjerne ynskte å slå under seg odelsjord, so fann han snart det var for stort økonomisk vågespel, for stor risiko.

Tidleg må *bygda* ha vorte ein maktfaktor ved sida av ætta. Bygdefolket møttest på heradstinget og avgjorde der, med ein *herse* i brodden, mindre rettstrettor t. d. Heradstinget var på langt nær fullrådig, og var saka av større verde, laut ho fram på fylkestinget. Men dei mektigaste ættene spela alle stader hovudrollone når avgjersle skulde takast. Dei kunde på so mange vis fremja sine ynske.

Når det galdt giftarmål, so vart det og berre teke umsyn til ætta. For mannen galdt det å finne kone i vyrdelege og rike ætter, so ekteskapet berre kunde føra til maktauke. Det spørst alltid um ættebaten, aldri um den einskilde og hans eller hennar hug.

Ætta sitt liv var nøgje knytt til *garden* eller *gardane* i bygda. Ei mengd hustufter som er framgravne alt frå eldre jarnalder (ca. 400 - 500), fortel alt då um so store hus at dei må ha hyst heile ætta. Soleis er på Ferkingstad på Karmøy gravne fram 9 hustufter, ei på 45 m. lang, ei onnor jamvel på 50 m., og dei andre er 15-30 m. lange. På Nærbø på Jæren finn me noko liknande. Ofte hev husa vore delte med millomvegger. Ytre veggene hev vore låge, bygde av stein og jord og skråna so mykje utvendig at dei tett på hev gått i eitt med marka. Taket hev vore tekt med never og torv. På slike stader kann det ikkje berre vera tale um ættesæte for vanlege bønder; det må ha vore *hovdigsæte*. Dette arbeidet med utgraving av hustufter

er so nytt og hev ikkje vore drive av fagfolk og med plan andre stader enn på stroket Lista-Jæren--Karmøy, so framtida kann på dette umkverve koma til å fortelja oss forvitnelege ting um denne eldgamle busetnaden i Romsdal og, endå me visseleg kann gå ut i frå at hus og heim stort set hev vore skipa slik som på sudvestkysten av landet. På ein vanleg gard, - Frostatingslova talar um bu på 12 kyr, 2 hestar og 3 trælar, ofte var dei nok og mindre, --var det ein brote med hus. Fyrst stova, eldhus og bur, og so alle uthusa : fjøs, stall, løe, sauhus, smie o.s.b. Magnus Olsen formar sitt syn på gamalt bondeliv og gammal gardsskipnad soleis: „Og som gården var en livsbetingelse for mannen, var ætten det også : gårdsbruk forutsetter kontinuitet, familie, ubrutt innbyrdes hjelp innad og *vern* utad. Alt dette gir ætten, og sterkest er ætten når dens medlemmer bor tett sammen, brødre eller frender med hver sin husstand på samme gård (som kan være delt op i „bruk”) eller på modergården med utflyttergårder eller nyrydningsgårder nær ved (ny-bøli). Forøvrig har der alt fra gammel tid av også bestått former for samarbeid og gjensidig vern mellem de forskjellige ætters medlemmer : dugnad, grannelag, bygdeding og bygdehelligdom o. a. Ætten behøvde ikke å konsolidere sig lokalt; man kunde leve godt og trygt blandt grannhæve naboer, for hvem god, gammel sed var rett, og i hvis samfund retten i bestemte forhold var blitt fastslått.“


Garden med næraste fangstplassar var det økonomiske grunnlaget for ein huslyd, og når det gjeld den viktugaste ferda på gardane, skulde ein tru ein kom nær levemåten i desse orda av *Johannes Skar*: „Livemåten hadde dei av buskap og grøde, og so fiska dei derattåt og gjekk i dyreskog, - der var då so flusande med dyr og fisk i heiane“. Desse orda gjeld og bygdene våre, berre det at forfedrane våre attåt og hadde den „velsigna sjøen“ til alle tider på året. Jordbruks-tilhøva skulde ein tru i alle desse fine bygdene våre jamt yver var gode. Og so må me hugsa alt vikingferdene førde heim yver havet; me veit at romsdølene mannjamt var med på desse ; ein skulde vel heller ikkje tru anna, slik rolle sjøen og båten spelar for oss den dag i dag. Dei tri : guten og sjøen og båten, dei vert nok tidleg vener derute i havgarden enno, dei. Trongen, vågemod og vona um vinning, er tilstades no som i vikingtida.

M. Olsen fortel at ordet *granne* upphaveleg tyder „*dei som hev vore saman um hus*“. So dette ordet hev nok vore like kjent i bygdene våre i gamal tid som i våre dagar, og det skulde soleis vera ei minning um hopehav og ættesamliv i bygdene våre, slik me hev set det var på Karmøy t. d. Vatsdølasoga fortel og um dette, korleis roms-

dølen Ingemund den gamle på Island levde på garden sin *Hof*. Der var det ættekjensle og vyrndad for forfedrane som rådde. „I denne ånd levde lykkeætten på Hof i Vatnsdal, Ingemundssønnene, som omfattet sin far med pietet og holdt broderlig sammen“ (M. Olesn). Det same fortel Njåls saga um Njålsætta på Bergtorskval, minst 30 ættelemer finn me her og under same tak.

Men heilt kann me ikkje skyna vikingtida med alle herjingane rundt heile Europa og dette aristokratiske livet som bar dei uppe, utan å hugsa på at det fyrst og fremst er det store *trælehaldet* som er grunnlaget for denne ekspansjonen og dette stormannslivet. Trælar hev det

vore i landet so langt attende som den fyrste faste busetnaden truleg, *visseleg*, dersom denne kom med ny innvandring og nye folkeslag. Mykje av den gamle folkesetnaden vart då trælar. Men i vikingtida kom det inn ei mengd irske, angelsaksiske, velske (franske), ja, endåtil ymse slaviske element. Og i Hålogaland gjorde dei finnane til trælar. Elles var dei *irske* trælane mest vanlege. Det kunde ofte vera av gjæve folk. Soleis Melkorka, som *Hoskuld*, av ætta til Ketill Flatnev, kjøpte. Prisen var 3 mark i sylv for henne, og det vart då rekna for tridobbel betaling. Ho var dotter til Myrkjartan, irarkongen, segjer saga. Son til henne og Hoskuld var den vidgjetne Olav På på Hjarðarholt i Laksådal. Landnåmsmannen Hjørleiv skal åleine ha havt 10 irske trælar. Likaste alderen på dei var millom 15-40 år. Trælane *stod utanfor samfundet*, hadde soleis ingen rett. Bonden kunde utan vidare drepa trælen sin um han vilde. Men vart ein træl



Vikingtidfund frå Hanset, Vistdal.
(ca. 900).

drepen av framande, kunde eigaren sjølvsagt krevja skadebot - som var det eit anna husdyr ! Trælen hadde ingen rett til å eiga noko, heller ikkje hadde han lov til å gifta seg. Men i røynda var det ikkje so ille, som lova lydde. Bonden hadde soleis interesse av at dei „øksla” seg, fekk born, og ofte fckk dei ha for seg sjølv det dei arbeidde i hop i fristundene (Jfr. Erling Skjalgsson på Sole og trælane hans). Mange kjøpte seg tilslutt frie, og me kann vera visse på at mykje jord i bygdene våre er ruddt av træljar. Mange frigjevne reiste seg og etter kvart sjølveigande bu.

Ingen ting fortel oss betre um det daglege livet hjå forfederne våre i fyrsten av vikingtida, enn det vidkjende Eddadiktet *Rigspula*, d. v. s. guden Rigs tale (pula -- tale). Det er *Heimdal* som kallar seg Rig og gjer seg ei ferd på jorda og vert ættfar til *træl*, *bonde* og *jarl*. Menneska vert kalla „sønene til Heimdal”. Det er vanleg meining at dette diktet er skrive vestan- eller nordanfjells, so det skulde nett skildra noko av tilhøva i våre bygder på denne tida. Det er ei forvitneleg ferd å fara med Rig; liv og samfund i den siste heidne tida stig oss tydeleg i møte i desse knappe målande skildringane: „I old er sagt, gjekk han dei grønne vegar, den trauste gubben, trollkunnig ås (gud). Veldig og sterk kom Rig reikande.“ Fyrst kjem han til hytta åt trælen: „Kom til eit hus, døra var stengd. Inn mun han ganga, eld var på golvet, gråhærde ektefolk grov fram i åren, Åe (oldefar) og Edda (oldemor) med aldrugt skaut.” Rig (diktaren) skildrar trælane som det *eldste* lag av folket. Rig kunde dei råder segja og sette seg midt i millom dei med kvinne og kar på kvar si led. Då tok Edda ein diger leiv, „tung og klumput og tett med såder“. Dette var trælekost. Seinare er likevel nemnt „sod ho bar på bord“ for Rig. Sidan fekk Edda ein son, som er skildra svart og fæl og ugermansk, so her lyt ein tenkja på ein eldre folkesetnad, ættingar etter dei, fyrste innfluttarar. „Barn fekk Edda, svart av hamlit, vart heitande *træl*. Hendene hadde skrukkut hud, kropne knokar, kartneglar fæle og digre fingrar. Fælt var andlet, lutryggja var han, med lange hæljar“. Arbeidet hans var : „Bastreip binda, byrder gjorda, ris bera heim all dagen lang“. Kom so ei farande fyrkja til gards „med saur (skit) på solom, solbrende armar, kroknasa var ho, bar namnet Tir (trælkvinne)“. Midt i sessen sette ho seg. „Sat hjå henne sonen i huset. Dei rødde og runa (tala i trumål) og reidde seg seng, *Træl* og Tir“ --- endå dei ikkje var gifte, ikkje var mann og kona, men berre kar og kvende; men „born dei ol uneleg saman”. Og dei fekk namn, gutane: Fjoskar, Høyarakar, Horunge, Digrunge, Krokrygg og

Langlegg; gjentone heitte: Drumba og Kumba, Tjukklegg, Nasegrev, Skrikargjente, Fillegjente, Trælkvende og Tranebein. „Hev træleætter sitt upphav frå deim“. Det heiter vidare um arbeidet deira: „Dei laga skigard, frøydde åkrar, ol upp griser, gjætte geiter og grov upp torv“. I eit anna Eddakvede, Helge Hundingsbane, finn me dette veraset um trælearbeid: „Du skal, Hunding, her åt alle *fothlaug* gjeva og eld gjera, hundar binda, hestar gjæta, gjeva svina sutr, fyrr i seng du deg legg“. Elles hadde nok trælane med alt fjøsstellet, og laut derattåt greida med mjølsteinane. Elles kunde desse trælane ofte få det godt, serleg då dei kvinnone som mennene fann kunde vera „umframkonor“, frillor. Soleis *Melkorka*. Det kunde nok henda at den rette husfrøya mislika dette; det kunde og sumtid føra med seg strid og kiv (sjå Laksdølasoga), men som oftast laut konone berre bøygja seg for mennene sine her. Samfundet *var* no eingong slik. Desse trælane, er det greidt, var jamt yver lite truande. Odin segjer i Håvamål: „Ein sjølvrådig træl skal ingen tru.“ Når trælane lydde, er det lett å skyna at det var ikkje alltid elsk til husbond og herre -- „trældomsfrykt“ rådde vel helst trælehugane.

Fra trælesamfundet fylgjer me Rig til *bonden*: „Kom til ei hall, døra på glytt. Inn han gjekk, eld brann på golv. Ave (bestefar) og *Amma* (bestemor) åtte huset. Sat dei ektefolk med syslom sine“. Mannen telgde teinar til *veven*. „Skjegg var *skipa*, hår *klypt* i skallen, stramt sat skjorta, skrin stod på golv.“ Me kjenner med ein gong ei reinare luft slær oss i møte, -- det er menneske som held på og lagar *kultursamfund*. Og her er det anna arbeid enn hjå trælen: „Sat der kona og sveivde *rokken*, strekte armane og spann til vev. Bar ho sveig (krokfall) og bringeduk, halsplagg ho hadde og band yver herdar“. Rig sette seg midt på ein benk, med mann og kona på kvar si side og „kunde deim råder segja.“ „Fulle skåler fram sette kona, kalvesteika var beste kråsa (godmat).“ Um ei tid fekk „bestemor“ ein son, ein ekte *german*: „Kona sveipte den raudleitte sellen med dei spelande augo og kalla han Karl (- bonde)“. Her kjem motsetnaden til træleungen tydeleg fram, svart og fæl og langhæla som *han* var. „Voks han gjorde og vel han treivst. Uksar han tamde og ardar (al plog) gjorde, timbra stovor, sette upp lødor; kjerror han smidde og køyrde plog.“ Det er ein vel utvikla bonde- eller jordbrukskultur me møter her på so mange vis -. So fær son til bonden seg kone: „Heim dei ho førde med lyklehankar og geiteskinnsstakk, kona til Karl. Sat *ho* med *brurelin*. So breidde dei blægja (liva som ekte-folk) og bu sette“. Her ser me det er skik-

keleg giftarmål. „Born dei ol uneleg saman.” Og dei fekk slike namn: Mann, Dreng (djerv kar), Hauld, pengn (kongsman), Smed, Breide, Bonde, Bundinskjegg (ein med fletta, velordna skjegg, d. v. nærmast segja ein storkar), Bumann, Bodde (gælisk form for bonde), Brattskjegg og Krigsman. Desse namna er alle sers karakteristiske for bonden og det liv han levde, trygg og breid på gardane sine, men ofte ute i lag med hovdingen på krigsferd. „Enno var det døtter med desse namna: Brur, Viv, Blyg, Gjæv, Stolt o.s.b. Hev bondeætter sitt upphav frå deim.“ Kona til bonden heiter i diktet *Snor* verdotter. Som me ser vert ho køyrt til gards til Karl, der brudlaupet skal stå. Og ho hev lykklar i beltet til teikn på at ho er husfrøya. Giftinga gjekk sers høgtideleg fyre seg. Dei vart vigde med ein Torsvigd hamar; og kalla dei på Frøy, som skulde gjeva ektefolka mange born og mykje lukka. Endå lenger attende i tida *kjøpte* mannen kona til „odel og eige”. Seinare vart kjøpesummen kona si eiga. Hadde mannen ikkje gods, so hende det at han *arbeidde* for henne (sjå Øyrbyggjasoga). På denne tida då Rigspula er vorta til, er kvinna si stilling i samfundet god. Mannen har mått gjeva upp retten både til å selja henne, byte ho burt, eller gjeva ho burt til vener. Heller ikkje kann han lenger nøyda henne til å fylgja seg i grava, noko endå-til *skriftleg* kjeldor veit å fortelja oss um.

Frå bondegarden berst det til *hovdingen*: „Kom til ein *sal*, mot sud vende døra, *opa* ho stod (gjestmilde), ring var i stolpen. Gjekk han so inn, golvet var strålagt.“ Her „såg mannen og kona kvarandre i augo. (Desse må soleis ha gift seg av *kjæleik*). Fader og moder med fingrane leika. *Mannen* sjølv snudde strenger, smidde bogar, skjefte piler. *Frua* gav ans på armene sine, strauk yver linet strame ermar, batt upp skrud. *Dings* (sylgja) var i bringa, sid var kjolen og serken blåleitt”. So finn Rig atter sin plass millom mann og kona og gjev sine råder. „Fann då moder *myensterduk* fram av bjartaste *lin* og breidde på bord. Lagde so brotar av braud på duken, *tunne*, *kvite* kveiteivar”.

På bord ho sette „*sylvlagde* fat, slikjande flesk og steikte fuglar. fin var i kanna, *krota* var *staup*. Dei drakk og drøste med dagen leid”. - Her møter me det skire yverklasseliv. „Ein svein fekk moder, var sveipt i *silke* og aust med vatn. *Jarl* vart han kalla. *Gullbleikt hår*, globjarte vangar, atall i augo som orm du såg.

Upp vaks der jarl i garden. Skjold mun han svinga, strenger leggja, alm bøygja, orvar (piler) skjefte, på hestar rida, hundar eggja, sverd bruka og symjing øva. Rig gav *honom* runelærdom og namnet

sitt eige, nemnde honom son, bad honom eigna til seg *odelsvollar, odelsvollar --- utgamle bygder.*”

Eineigar vart jarlen av attan gardar. „Gåvor han skifte, gav åt alle eignaluter, øyker staute; hogg sund og heiv ut haugar av gull. Av for dren-ger, ok våtvegen (for til sjøs), kom til halla der *Herse* budde; ei møy han hadde, var mjå um hand, kvitleitt og klok, var kalla *Erna*“.

Dei feste møya „og førde ho heim, gifte ho med jarl og skautet gav ho. Dei hugnadleg saman i *heimen* budde. *Med ætter auka sin alder dei naut.* Upp so voks dei jarl sine born. Dei hestar tamde og hivde spjot, emna skjoldar og oddar kvesste og upp dei seg tamde i *tavlespel* og *symjing*”. Jarlen sin yngste son er Konungr (= konge), som kann *rita runor*, driva jakt, døyva sverdegg, få sverd til å bita og sår til å svida o.s.b. Han fann seg ei møy, „fagrast av kvende. Bruna var bjartare, brjostet ljosare, halsen kvitare enn klåre mjølla (mjell snø). Flust var med gull der dei flutte saman“.

Når det gjeld *religion* og tenkjemåte elles i vikingtida, so gjev andre Eddadikt oss, serleg *Hávamål*, den høge (Odin) sin tale, ein forunderleg rik kunnskap um dette. Og dei hadde ei heil mengd li-vereclar, som vitnar um so høg kultur at det vøre godt um folket vårt enno hugsa dei. Tek ein for seg den *Eldre Edda*, kann ein få vita so uvanleg mykje um det rike, skiftande livet i den veldige vikingtida. Det er vokster i alle leider. *Raumsdasbygdene er og med i denne ålmenne frammarsjen til folket vårt ut or den fyrrhistoriske tida og inn i sogetida, inn i sogetida, med kristendom og europeisk kultur og eit velordna landsstyre.* Striden millom heidendomen og kristendomen gjev -- ved sida av rikssamlinga - tida sin serskilde dâm. Det nye tekst med det gamle, og grunnen vert lagd til samfunds-nybygg både religiøst, moralsk, politisk, økonomisk og i herstell. Det beste vitnetnålet um dette finn me i sogetida sin litteratur.



Fingerring av gull
(Vikingtid).

Romsdalsbygdene i sogetida (umlag 900-1319).

Frå Håkon den gode til borgarkrigane.

Politiske ovringar. Den nye herskipnaden med skipreidor og vitar.

Som me alt hev halde fram, førde ikkje Ragnvald Jarl og Tore den tegjande sitt styre i baa Møra og Raumsdal til noko nærare

hopehap millom desse fylka, tvertimot vart dette skipla ved Harald sjølv, då han yverlet Hålogaland, Nordmør og Raumsdal til Erik, son sin, noko som helst skulde tyda på at Tore no var død. Eirik vart og sett til yverkonge, veit me, men heile styret hans vart stutt, då den yngste broren, *Håkon Adalsteinsfostre*, dreiv honom or landet og sjølv tok ved styret. Me veit at han skipa dei store lagtinga, og heile Mørejarlskipnaden - som me alt hev vore inne på knapt heller var tenkt til noko varigt verk, -rakna for godt, med di Sunnmør vart lagt til Gulatinget, medan Raumsdal og Nordmør gjekk inn under Frostatingslova. Håkon skal ha skipa heile landet langsmed kysten (so langt som laksen gjekk upp i elvane) i *skipreidor*. Kvar av desse hadde å bu ut eit krigsskip og møte med det naudsynlege mannskap, når kongen hadde bruk for det og so lenge som lova fastsettv, frå fyrsten av 2 månader, seinare 3 kvart år, utan utlogor for kongen. Var det eit år kongen ingen leidang baud ut, då skulde skipskosten reidast ut likevel; soleis vart det ein fast skatt på folket i skipreida; denne vart ikkje *mindre* enn naseskatten som Harald Hårfagre hadde pålagt, og som dei no slapp. Men bøndene gjekk gjerne med på skipreideskipnaden, då dei såg denne var naudsynleg (hugs striden med Eirikssønene), og dessutan var sjøelve skipnaden komen i stand ved *tinging* og semje millom konge og folk, og soleis ikkje smaka av *påbod* og *ovriki*, slik skatteskipnaden til faren gjorde. Gulatingslova, Utgerdarbolk, fortel at Nordmør skulde bu ut 20 tjugesessor,*) Raumsdal 10 tjugesessor og Sunnmør 16 fem og tjugesessor. Gåvebrevet til Magnus Lagabøtar frå ½ 1277, der han nemner talet på alle skipreidor i kvart fylke, hev eit noko anna tal, 16 skipreidor på Sunnmøre og Nordmøre og 8 i Raumsdølafylke. Alt no er truleg den åttingnemninga koma i bruk i fylket vårt, som varer ved til 1820, då me fekk tinglag i staden. Kring 1520 er Nordmør på 8 tinglag med 4 vær, Romsdal på 8 åttingar og 2 vær (Bud og Ona) og Sunnmør på 13 skipreidor. Det er greidt at Romsdalen, då som no, var minst av dei 3 fylka; dei tvo andre er enno umlig 1/4 part større i flatevidd, men det må etter måten ha vore tett folka. I jordeboka til Aslak Bolt fær me vita namna på desse åttingane eller skipreidone, likeeins namna på dei ymse gardane som då hørde til erkebispesætet i Nidaros. Det er *Stims* eller *Frena* åittungr, no Våge tinglag, *Sunds* åttungr, d. v. s. Aukra herad (so nær som Sporseim, som hørde til Øyrisfjardar åttungr

*) Det høge talet på Nordmør kjem av at heile Fosen (Ut trøndelag) då hørde til Nordmørfylke.

og Sandøy herad, og dessutan garden Bjorkusetr (Bjørset) i Bolsøy. Til *Bylingsøyar* eller *Fanne* åttungr, no Bolsøy tinglag, hørde mest heile Bolsøy og noko av Veøy, til Vestnes åttungr hørde Vestnes og Tresfjord og dessutn garden Berill (Berurjodr) i Voll. *Øyrisfjardar* åttungr, no Nesset tinglag, hørde Eirisfjord og Vistdal herad og i Nesset herad gardane ved Langfjorden, soleis Rjodar, Heimvikar, Solbjorg og Eidsvåg. (Gardane uppe på Tiltareidet og på Eidsmyra hørde Tingvallar skipreida til). Dessutan altso Sporseim på Aukra. Til *Læreims* åttungr hørde Eid herad og Holm sokn i Veøy, til *Straums* åttungr Voll herad, Vågstranda sokn og Sekken av Veøy herad, og av Grytten herad gardane Sætanes og Grytin, til *Nes* åttungr resten av Raumadalen og heile Isfjorden, dessutan garden Torvik i Eid herad. Som me ser femner Stims og Sunds åttungr yver alle bygder ute i *Raumsdølamynnet* i sogetida.

Den sjølvsgade motestad for leidangsskipa frå dei ymse skipreidone i fylket, hev vore Veøy. Gamle skipstøer finst der både i Grønvika og Bondvika. (Sjå seinare um Veøykaupangen). *Snorre* fortel at saman med lova um skipreideskipnaden i landet, fylgde og eit anna militært pålegg: „at dei skulde gjera *vitar* (vedstopul til å setja eld på) på høge fjell, so dei kunde sjå frå den eine til den andre, og folk segjer at soleis kunde herbod fara på 7 dagar frå den synste viten til den nørdeste skipreida på Hålogaland”. Både i Gulatingslova, Frostatingslova og i Magnus Lagabøtars landslov, landevernsbolken, finn me greide reglar for denne vite- eller vardeskipnaden, soleis um vakthaldet, og um bøter, dersom vakta ikkje gjer si plikt. Det vart ein verdfull og praktisk skipnad gjennom mange hundrad år, og ei mengd vitnemål i bygdene våre veit å fortelja at jamvel so seint som i krigane 1807--1814 loga vardane på „tind og nut” i bygdene våre, loga og lyste for norske gut, varsla at no var fåre på ferde og at han no laut ut til vakthald um heim og fedreland. O. *Olafsen*, som hev skriva so mykje um *vitar*, segjer m. a.)* „I Romsdalen har levninger av viter og vakthus holdt sig til den senere tid; i ethvert fall var der sådanne å se i min ungdom, og jeg har sett flere. Tradisjonen er, selv om levningene er forsvunnet, dog ennu levende i vedkommende bygd, og Romsdalen hører i så henseende til de beste bygder i landet. Alle viter synes å ha vart i full stand i 1808 --14, og flere har rimeligvis den gang vært tendt. Den åpne og brede fjord

*) Romdals Sogelags årsskrift 1922, s. 42. Me held oss her mykje til O. Olafsen si framstilling.



Vitehuset på Lunds-fjell.

bød anledning for kapere og krigsskip til å avlegge et besøk til et eller annet sted, og man måtte derfor være forberedt på å motta gjestene. Det var få egner på Vestlandet, bortsett fra Jæren og Lista, som bød så gode naturlige forhold for viternes praktiske anvendelse som Romsdalen. Den brede fjord med det vide utsyn og de utmerkede utsiktspunkter, som fantes snart sagt overalt, egnet sig fortrinlig for vitene og deres anvendelse”, Slik som vårt land ligg til, kom helst vite-herboda sunnanfrå langsmed kysten. Og Romsdalsvitane stod soleis i samband med ei rad av vitar på Sunnmør, soleis på Godøy, Gamlem og Molnesfjellet på Vigra. Dei meiner at både Gamlemsviten og viten på Molnesfjellet kunde sjåast langt inn yver ytre Romsdalen. Siste viten på Sunnmør - nær grensa - er viten på Drøna ved Miøy. Denne er velkjend både i skrifter og tradisjon, og logen herifrå kunde ein sjå langt inn yver Romsdalsfjorden, kanskje heilt inn til Molde. I samband med denne stod *Aashamarviten* på halvøya millom Tomrefjorden og Tresfj. Denne hev og eit utifrå lægje. J. *Brovold* fortel i sitt arbeid um Vestnes både um denne og vidare um vitane på *Hoemskamen**) og på *Kjøpstadheida*. Logen til fleire av desse vitane kunde sjåast av folk på nordsida av Romsdalsfjorden, so-

*) Agnar *Skeidsvoll* hev halde fram til O. Olafsen at denne viten låg på *Villa-heida*. B. *Dahl* nemner i *Molde og Romsdalen* ein vite på Ramnehaugen i Vestnes ; um dette er ein annan vite, eller ein av desse som alt er nemnde, kann berre ein lokalkjend avgjera.

leis på *Nordnesje* i Veøy. „Jeg kann fra min barndom godt minnes levningene av den, tømmerstokker som stod opreinst og levninger av vakthuset. Vi skolebarn lekte her når vi gikk på skole. Utsikten fra viten utover den brede fjord og innover Romsdalsfjellene er herlig.“ (O. Olafsen). Viten på *Horja* i Veøy er og velkjend. For ein mannsalder attende var i minsto leivningar å sjå der etter denne. Herifrå er serleg fin utsyn innover Fanefj. og Osmarkane. På Vågstranda var det ein vite på *Lundshamaren*. Me hev ei teikning av „vitehuset“ der frå 1866, so dette stod endå. Denne var visseleg for dei stroka som ikkje kunde sjå vitane på Nordnesje og Horja, soleis Eidsbygda og luter av Vågstranda. I Torvikbygda hev me viten på *Vetakollen*. Sjølve *namnet* fortel oss tydeleg her um denne historiske staden. Den siste kjende viten lenger inne i fjorden er viten på *Nesaksla* i Grytten herad. At det og hev vore ein eller tvo vitar upp i gjenom Romsdalen, so krokut dalføret er, er greidt. Soleis ein øvst i dalen, kanskje kring Ormheim, - ein som stod i samband med *Einstad-viten* på Lesjaskogen. Oberst *Gullowsen* hev og i ei avhandling i „N. hist. tidsskrift“ peika på at det må ha vore ein vite i *Flatmark* sokn. *Viten på Morkhaugen* ved garden Mork i Veøy (millom Holm og Mit-tet) er og nemnd av oberst Gullowsen, og *tradisjonen* um denne er og levande i bygda. Denne stod tvillaust i samband med Nord-Nesjeviten og viten på Horja og lyste so vidare inn yver Langfjorden mot Nassetbygdene. *Lægjet* skulde peika ut *Storhaugen* (998 m.), som ligg straks upp for Ranvika, som ein sjølvskrivne viteplass med vid utsyn yver til Sørstranda og Vistdalen, Nasset prestegard og Boggestranda og kanskje heilt innyver til viten eller varden på *Vardefjellet*, som lyste yver heile Eirisfjordsbygda.*) *Gullowsen* nemner og ein vite han kallar *Kleppevarden* i Eidsvåg. Denne låg, segjer han, ovanfyre „gjestgivergarden“, ½ mil ovanfyre Eidet. Namnet *Kleppevarden* ser ut til å vera ukjend i Nasset, og det vedk. forf. fortel er so utydeleg, at noko meir kann umogleg segjast um denne.***) *Vetta-fjell* (614 m. h.) på grensa mot Bolsøy og Øre (på Osmarkane), er og etter namnet å døma ein utgamal viteplass. *Lægjet* høver framifrå. Denne viten vil-

*) Denne er ikkje nemnd hjå O. Olafsen, heller ikkje Storhaugen, som elles må reknast for noko uviss.

***) Skulde nokon ha nokor greide på Kleppevarden, var det gildt um dei vilde opplysa dette. Eidet kann vel ikkje heller takast for Eidegarden på Eidsøyra, slik at Kleppevarden er det same som *Eidshaugen*, og at gjestgjevargarden var på Eidsøyra. Her må nokon stad ha vore ein vite for desse bygdene ved Sundalsfjorden.

de ein kunna sjå yver heile Osmarkane, og han hev visseleg stått i samband med vitar på Nordmør. Det er mogleg at viten på Horja og var synleg heilt dit. På Fanestranda hev me viten på Tusten (Tusen) ved Aarøydalen. O. *Olafsen* gjev att ei melding etter ein gamal mann, Iver Olsen *Bergsgjerdet*, som i krigsåra i 1807-14 hadde vore med og halde vardevakt her då : „Han fortalte at han med andre nettop satt tilbords og fikk sig mat, da *Bodstikha**) kom med bud om at vitevakt straks skulde settes. Han blev så forvirret eller forskrekket at han slapp matbiten han holdt i hånden, sprang op og løp avsted. Dette lille trekk gir oss en forestilling om stemningen og det dystre alvor, som la sig over folket ved budskapet om krigen“. Frå Tusten er det ei vid utsyn; derifrå kann ein sjå fleire av dei vitane som er nemnde ovanfyre. Denne viten lyste yver fleire av herada i ytre Romsdalen, soleis yver Frena, Aukra og Bolsøy. O. *Olafsen* held fram at det mogleg hev vore ein lokalvite på Moldefjellet, Varden, som skulde vera til vern for byen, slik me finn ved dei fleste byar. Denne er då i minsto *ikkje* eldre enn byen, men hev truleg spela ei rolle i krigane 1807-14. På Skalten, millom Frena og Bud, hev det vore ein vite; folk veit å fortelja um at denne var i bruk i 1808-09. Likeins er viten på *Mælen* millom Hustad og Kornstad, umlag 6 km. frå Stemshesten, velkjend. Jonas *Eikrem* fortel**) at i ytre Romsdalen hev det vore vitar på *Buafjellet* i Bud, *Hjelmanburet* på Gossa og *Berge-tippen* i Julsundet.

Spursmålet um det hev vore *two* viterekkjor, ei på berre låge høgder, bruka i skoddever, og ei på høgder millom 600 og 1000 m. kanskje, bruka i klårver, torer me *ikkje* segja noko visst um. Sumt kann tyda på noko sovore, men det er mogleg at dette i tilfelle er resultatet av ei *utvikling* av *vitesystemet*, og høyrer kanskje fyrst heime i tida kring 1814.

*) *Bodstikka* går visseleg attende i fyrrhist. tid i Norig. Ho vart bruka til å samla folk til tings, til herbod o. a. Ho var laga av tre, av ei serskild form, og vart send frå gard til gard ; det var kvar manns plikt å senda ho til grannen. Ho hadde gjerne form av ei *herpil* når ho varsla ufred og skulde samla herfolk. Den ruta herpila skulde gå, var nøgje fastsett, og den som skipla denne eller elles *ikkje* gjorde si plikt, laut bøta hardt for det. Sjå t. d. Olav Trygvasons saga (Snorre), kap. 48 og 65.

**) I Årsskriftet til Romsdals Sogelag 1925.

Den fyrste freistnaden på å innføra kristendomen

i Norig er og knytt til Romsdal og Nordmør. Håkon den gode, veit me, hadde teke ved kristendomen i England, og då kongen totte han hadde fått stønad av nokre mektige menn til å fremja kristendomen, segjer saga, sende han bod til England etter ein bisp og andre lærarar, og då dei kom til Norig, gjorde kong Håkon kunnigt at han vilde bjoda folket taka ved kristendomen yver heile landet. Han tok til, som nemnt, på Nordmør og i Romsdalen, der han bygde og let vigja nokre kyrkjer og sette prestar til dei, men möringane og romsdølene*) hadde ikkje lyst til so utan vidare „å skifta seder“ -- (me må hugsa at den tid spurde dei lite um læresetningar; religionsskiftet var derimot ei umlegging i liv og levnad, also eit sedskifte) - og dei viste saka til trønderne, og *dei* vilde ikkje gjeva frå seg den trua „som fedrane våre og alle forfedrane hev havt fyre vår tid, fyrst i brennalderen, og no i haugalderen, og dei hev vore mykje gjævare enn me, og me hev berga oss godt med den trua.“ (Asbjørn frå Medalhus). Resultatet vart at uttrønderne for med fire skip sør til Nordmør og drap der 3 prestar og brende tri kyrkjer, og so for dei attende. Men kongen vart ovende harm yver denne framferda og forlet Trøndelag og dreg sør til Nordmør og var der, truleg på garden sin Birkestrand på Frey, um vinteren og våren etter og samla folk til oppgjerd med trønderne. Men so fekk han bod um Gunnhildssønene sine herjingar kring Vika og fekk so mykje å gjera med dei at han laut gjeva upp kristendomskravet (Agvaldsnes på Karmøy, Frey på Nordmør og Fitjar på Stord). Nokon ny freistnad på å kristna folket vart heller ikkje gjord av kong Håkon, og romsdølene heldt fram og dyrka sine gamle gudar langt inne i Olav Trygvason si tid og visseleg endå lenger.**)

Endå ein gong finn me bygdene våre nemnde i saga på Håkon den godes tid. Det er den vidgjetne islandske skalden Egil *Skallagrímson* si ferd frå Gudbrandsdalen ned igjenom Romsdalen. (Me hugsar dotter til Egil, Togjerd, var gift med Olav På, og soleis var

*) Slik Snorre nemner romsdølene her, må Håkon helst ha vore inne på fylkestinget på Veøy og tinga med dei der.

**) At denne fyrste freistnaden med å innføra kristendomen, vart gjord i Romsdalen og på Nordmør, var kanskje ikke berre eit tilfelle, då Håkon venteleg ikkje venta seg so stor motstand her, som t. d. i Trøndelag, der „blotjarlane“ sat. Me veit at folk frå våre bygder hadde herja so lenge og mannjamt på kristne land, at kongen kanskje rekna med at dei var noko påverka av kristendomen, eller i minsto hadde tapt trua på dei gamle gudane.

mor til Kjartan). Det var eit fylgje på 12 mann; ein kunde ikkje godt fara færre på den tid. Frå Veblungsnes fekk dei seg båtskyss sør til Sunnmør, der han vitja syster til venen sin Arinbjørn Herse, Gyda, som sat lendmannsenkje på storgardrn Blindheim på Vigra. På denne ferda fekk han øva ei av storhendingane sine: fella den svenske slåstkjempa *Ljot* i holm-gang, han som ikkje vilde lata den fagre dottera til lendmannskona i fred med friarferdene sine.

I tida etter Håkon den gode hev me striden millom Gunnhildssønene og Ladejarlane, då *Eirik Gråfeld* og broren Erling (i 963 kanskje) brende inne den gjæve Sigurd Ladejarl, far til Håkon Jarl. Dei rømde so sudetter til Nordmør, der dei heldt seg lenge. Men so fekk Håkon Jarl ein stor trønderher på beina og nøydde dei draga seg ut frå Nordmør og ned til Raumsdalen og Sunnmør. Sidan drog dei seg attende til Vika, men um nokre år stemnde dei atter nordetter med so stor flåte at jarlen, som i denne tida hadde sete i fred i Trøndelag i jarledømet til far sin, vart redd og rømde til Danmark, etter at han fyrst hadde fare med herskjold og herjing yver Nordmør, Raumsdal og Sunnmør og drepe mykje folk. Ikkje so lang tid etter kom jarlen yver Sverike uventa attende til Trøndelag, der tvo av Gunnhildssønene hadde teke styret, og desse vart so drivne ned til Møra og Raumsdal, og no gjekk det ei tid att med yverfall og dråp av folk og fe for kvarandre, visseleg ei lite lysteleg tid for bygdene våre. Sumtid vart Gunnhildssønene tvinga heilt sør um Stad. Men endå ein gong samla dei seg Gunnhildssønene og skræmde Håkon Jarl or landet, til Danmark. No som fyrre gongen samlar han herfolk og dreg ned til Møra og Raumsdal og skulde møta dei; men det vart berre ein ny herjeferd til uboteleg skade for bøndene i bygdene; og ikkje likare vart det då Harald Gråfeld for ei tid fekk makta att i landsluten og kom med sine krav um bøter og pålegg av straffeskattar. Dertil kom fæle uår, med snø jamvel sumars tid, segjer Snorre. I utlægda nede hjå danekongen var det det lukkast jarlen med knep å lokka Harald Gråfeld dit og få han drepen. Då fekk jarlen, under danekongen sitt yverherredøme, Trøndelag, Nordmør og Raumsdal og 5 Vestlandsfylke til styrings. Her styrte han mest som han lysta, men fekk elles mykje bry med den siste Gunnhildssonen, kong Ragnfrød, som han endeleg dreiv ut or landet med ein ovstor her frå heile Nord-Norig. Den avgerande striden millom dei stod inne i Sogn, og der var *raumsdølene* med. Snorre hev denne merkelege framstillinga av dei som var med i heren til jarlen: „Han hadde mykje folk frå Hålogaland og Namdalen, so hadde han mykje folk frå sjøbygdene radt frå Byrda i

Fosen, der grensa var millom Naumdøla og Nordmørsfylke og til Stad. Der samla seg ein her til honom i Trøndelag med, og (ein) i *Raumsdal*“. Og at det gjekk hardt fyre seg, det ser me m. a. av diktet *Vellekla*, på meir enn 20 vers, av *Einar Skålaglam*, som på farsida ættar frå Raumsdal.*)

„Minnast de må, at han som
for Møra verjemål åtte,
den framdjerve, nordan let fara
ein ferd av menn ned til Sogn - -
Då herane saman høvdest
heile Norig det dunde;
nøgda det flaut frammed nesa
av nåkalde mannekroppar“.

Storhendinga i Håkon Jarls liv var likevel Hjørungavåg-sigeren yver jomsvikingane og danekongen Svein, der han braut av alle bruer med Danmark og på nytt reinste sjølvstyremerket i landet fullt ut. På nytt gjekk *herpila* yver dei landslutene han styrde i, soleis og i *Raumsdal*, um å møta denne storfåren. Vitane loga og lyste i alle bygdene våre og dreiv mann *av huse* i kvar skipreida, for når det galdt landeverje, skulde full leidang ut, d. v. s. ca. 80 mann frå kvar skipreida, soleis frå Raumsdølafylke kanskje 800 mann:**) Ikkje so liten vart denne samla herstyrken (150 skip. segjer Snorre), no „oddeg *gjaren* (jarlen) skulde av og freda landet åt far sin; fullsett var leida av skjoldar“. Håkon sjølv drog straks då dei fyrste gjetorda nådde Nidaros um ransferdene til jomsvikingane på sudvestkysten, ned til

*) Einar, fødd ca. 945 og død umlag 990, var son til Helge, son til Ottar, son til *Bjørn Austrøne*, son til *Ketill Flatnev*. At Bjørn var bror til Unn er nemnt s. 116. Han budde i Bjarnarhamn ved Breidefjorden. Bror til Einar er Osviv den spake (kloke), far til Gudrun Osvivsdatter. „Ho var den fremste av alle kvinner som voks upp på Island både i venleik og vit“. Einar er som skald serleg knytt til Håkon Jarl, som han dikta ei dråpa til (att berre 1 vers). Han skil seg frå dei andre skaldane soleis at det er Håkons *fredsstyre*, det at han „*gagnar landet*“, han diktar um, medan det vanlege var å skildra hovdingen i *strid*. Mor til Osviv og Einar, Nidbjørg, er mogleg ei dotterdotter til Gange Rolv. Av Ketill Flatnevs ætt er og skalden *Rev Gjestsson*, fosterson til skalden Gissur Gullbrå (med på Stiklestad). Mor til Rev, Steinun, var og skald (sjå „Njåla“).

**) Soleis Osc. Alb. Johnsen. Sjøå og Veøyboka I, s. 65.

Professor *Hasund* i „Bønder og Stat“ held berre på 40 mann i ei tjuagesse. Dette er mykje rimeleg, sidan lova segjer at kvar 7de mann skulde ut. Folketalet i bygdene vilde bli for stort, skal ein rekna med 4-5 mann i kvart rom, d. v. 80-100 mann på kvart skip.

Nordmør, Raumsdal og Sunnmør på speiarferd, medan jarlesonen *Eirik* samla trønderne og førde denne herstyrken sørretter. Stormotet i Hjørungavåg kjenner me : „Til fagnad minst det møtet var for uvenom“, for: „mange langskip ved møtet på Møre jarlen rудde under vikingom; vidt dreiv skrova med varme likhaugar ladde“.

Kristendom og kyrkjeskipnad.

Raumsdal under svenskekongen (1000- 1016).

I 995 kom Olav Trygvason til landet - og til styret. Og med den sterke tru og eldhug som er sermerkt for den nyumvende, gjekk han med ein gong laus med sitt kristningsarbeid, og kristendomskravet som Håkon den gode sette til raumsdølene, var no ikkje til å koma undan. Han stemnde bøndene i Sogn og Fjordane, Sunnmør og Raumsdal til å møta seg på *Dragseidet* på Stadlandet. Han baud dei kristendomen der, slik han gjorde det andre stader, og so snart dei såg herstyrken hans, vart dei litt skræmde, og då kongen tilslutt berre sette dei tvo vilkår, anten å halda slag med seg eller so godviljukt å taka imot kristendomen og lata seg døypa, so vart det avgjort at alt folket skulde lata seg kristna. So for kongen til Nordmør og kristna dette fylket. Det er all grunn til å tru at desse ca. 50 åra som var gjevne sidan Håkon den godes kristningsfreistnad, hadde ført heile landet nærare kristendom og europeisk kultur i det heile teke. Mange ting i sogone vitnar i den leid. Me veit ikkje med visse um at kongen fekk reist fleire en 3 kyrkjør i si stutte styringstid, ei på Mosterøy, ei på Selje og ei i Nidaros, so raumsdølene fekk knapt si fyrste kyrkje, som visseleg var på Veøy, fyrr på Olav Haraldsson si tid. Etter Olav, veit me, kom (med jarlestyret til Eirik og Svein) både eit kristeleg-religiøst og nasjonalt atterslag. Hendingane ved Svolder førde soleis til eit stutt framandstyre i bygdene våre.

Sigerherrane, danekongen, svenskekongen og jarlane, skipa landet millom seg. Svenske-kongen fekk m. a. 4 fylke av dei 8 trønderfylka og båe Møra og Raumsdal. *Svein Jarl* styrde desse for honom. Ei minning um dette svenske yverherredømet, i namnet i minsto, i bygdene våre hev me endå so seint som på Olav Haraldsson si tid (1017,*) då det kom sendemenn frå svenskekongen og skulde

*) Olav Haraldsson gjesta visseleg bygdene våre fyrste gongen på si ferd langsmed kysten i 1016, etter han hadde kvitta seg med Svein Jarl ved *Nesjar*. Det er og mogleg at han då hev vore inn til fylkessentret Veøy og vorte hylla av raumsdølene.


krevja inn skatt i desse landslutene. Kong Olav freista med lempe å få dei til å snu, det og nokre gjorde; men dei andre tok likevel på veg sud-yver til Nordmør og Raumsdal; men då sende Olav folk etter dei, og let dei so hengja på Byåsen ved Nidaros, slik ein kunde sjå dei dinglande lika langt ute frå fjorden. Olav Trygvason sitt kristendomsarbeid i bygdene våre vart nok berre reint utvertes, det me og kann skyna av det at ca. 25 år etter møtet på Dragseidet, i 1021 helst, finn me Olav Haraldsson opp-teken med same gjeremålet. Det heiter hjå Snorre at fyrst gjorde han seg um sumaren




Veøykyrkja, ca. 750 år gamal.

(1021) ferdig med Nordmør og Sunnmør og drog um hausten til *Raumsdal* og kristna folket der, etter alt å døma utan nemnande motstand. Inne på nes let han etter seg skipa sine og drog yver Romsdalen og Lesja til Gudbrandsdalen, der han hadde sitt vidgjetne møte med Dale-Gudbrand og dei gamle gudar, då serleg Tor, som Kolbein sterke klubba ned for godt. Det var visseleg på Veøy, på fylkestinget, at vedtaket um at kristendom og Kvitekrist skulde råda i fylket vårt, vart gjort, men det er vel grunn til å tru at Olav sjølv fyrst hev vitja dei mektigaste menn i dei ymse bygder fyrr bøndene fekk pålegg um å møta på tinget, sidan både sumaren og hausten går med til dette kristningsverket i Raumsdal (og Møra). Og her hev det truleg alt no vorte vedteke å byggje ei fylkeskyrkja, Det hev berre vore ei trekyrkje. Den vene, vyrdelege fylkeskyrkja av stein, *Peterskyrkja*, som ho er kalla i dokument frå 1308, og som enno står på Veøy, er truleg frå tida 1150-1200. I minsto ikkje yngre; det fortel *stilen* oss, at ho er bygd, slik som alle fylkeskyrkjone i landet vårt, soleis og steinkyrkjone i Tingvoll og i Borgund, i den *romanske* rundbogestilen, som rådde heilt her i landet fyrr erkebisp Øystein, byggjaren av Nidarosdomen, kring 1180 førde den *gotiske* stilen med dei kvasse bo-

gane med seg heim frå England. So serleg djupt stakk denne nye læra neppe heller hjå folk på Olav Haraldsson si tid, enda det er interessant å sjå at jamvel ein slik „fritenkjar“ som Hallfred Vandrådaskald, ven av Olav Trygvason, - altso alt kring år 1000, hev fått uroa i blodet ved den nye læra: „Eg munde no andast sorglaust, um eg visste velberga dermed sjela. Otte eg ingen våttar, alt um for helvite eg fælest“, segjer han i eit vers straks fyrr han døydde. Eit anna vitnemål, i motsett leid, er at einskilde jamvel so seint som på Snorre si tid, dreiv på med det reine vikinglivet, og Olav Haraldsson sin gode ven heilt til 1027 (til Russlandsferda yver Valldalen til *Vorma i Romsdalen* og vidare yver Dovre og Gudbrandsdalen til Sverike), *Kalv Arneson*, vart no rein viking tilslutt. Trass i at Olav gjorde sitt beste, han fekk soleis skipa ei kyrkjelov, ein kristen-rett, for heile landet på Mosterøy i 1023, vart det ikkje i hans tid bygt meir enn ei eller tvo kyrkjer i kvart fylke. I meir enn ein mannsalder, til Olav Kyrre si tid, heldt misjonærar, serleg angelsaksiske, som preika på morsmålet, på med ferder frå bygd til bygd for å rotfesta den nye læra. Fyrst då fekk bispar og prestar sine faste bispedøme og kyrkjesokn å greida. Sin endelege skipnad fekk kyrkja vår fyrst i 1152, då ein paveleg kardinal var her uppe og m. a. skipa erkebispedømet i Nidaros, som og Romsdal kom inn under. Men innan denne tida var det nok vakse fram mange kyrkjer i bygdene våre; ved sida av fylkeskyrkja på Veøy ymse heradskyrkjer - og mogleg og privatkyrkjer, bygde av stormenn (jfr. um Dale-Gudbrand). Desse kyrkjone hev vore stavkyrkjer. Overlærar *Schneider* veit å fortelja at i Romsdalen skal det vera kjende 15 stavkyrkjer. 12 av dei vart brende eller nedrivne i det 17. og 18. årh. Av tri skulde leivningar vera att. Soleis står gamlekyrkja i Rødven enno, men ho er ikkje so lite brigda ved ymse reparasjonar ned gjennom tidene, soleis er tårnet frå ei seinare tid; det som no er, er truleg frå 1612, då vinden tok gamletårnet. Prof. *Dietrichson* held i verket sitt um stavkyrkjone fram at Rødvenkyrkja høyrer til den *gotiske* stavkyrkjeperioden, d. v. s. at ho då neppe er eldre enn 1250, kann soleis vera frå Håkon Håkonsson si tid. Bendixen meiner, ut frå ei latinsk innskrift på ein plankeende i kyrkja, at ho er frå det 12. årh. Det skal og vera ei runeinnskrift i kyrkja. Denne er tydd soleis: „*Øystein rita runone*,“ og: „*Til Gud vil eg*“. Eit krusifiks av tre finst her og som mogleg går attende til det 14. årh. Den store blømingstida til stavkyrkjone er på Sverre si tid, merkeleg nok. Slik me veit denne blodige borgarkrigtida sådde hat og villskap frå landsende til landsende, er det forunderleg å sjå kor desse ser-



Interiør frå fylkeskyrkja på Veøy.



Rødvenkyrkja (frå ca. 1250).

rnerkte og vyrdelege byggveka vert reiste i bygd etter bygd. Den eine av dei andre det skulde vera leivder av, er visstnok kyrkja på *Rød*, som etter Schøning var „en simpel stavbygning”, som fyrst i 1885 vart riva; koret og sakristiet m. a. vart selde på auksjon! Dørene vart sende til Bergens Museum, altartavla, preikestolen og kalk og disk


vart nytta i nykyrkja på Eidsvågarden. Kyrkjeklokkene finst enno i ein stopul på kyrkjegarden på Rød. Denne „sundleminga” er i stil med so mangt anna som hev hendt i bygdene våre! Tridje kyrkja med gamalt stavverk er i Eid. Bendixen segjer at kun nogen enkelte deler av stavverket“ er att. Denne kyrkja er so lenge reparert og umbygd at ho er snart en „reberbane“, segjer Helland. Alt i 1661 var stavkyrkja der „i brøstfeldig tilstand“. Sideveggene i langskipet er mogleg dei einaste leivdene etter denne stavkyrkje, som hev havt større umvølingar i 1724, 1796 og 1872-74. Andre stavkyrkjor hev vore Vestneskyrkja, riva kring 1660, Valla kyrkja, riva ein gong på 1700-talet (kyrkja er nemnd hjå A. Bolt), *Sultar* (Tresfj.) kyrkja, riva kring 1660, *Gryttinar* kyrkja, nemnd alt i 1364 og fleire gonger seinare. Denne stod, etter Schøning, heilt til 1728, då ho ramla saman. *Flata* kyrkja eller Krosskyrkja er nemnd i 1498, riva kring 1670. *Hennykyrkja* (i 1635 St. Andreae k.) er riva kring 1830, då „en meget gammel, opført alene av stav og bord“, vart avløyst av ei ny kyrkja. Jens *Kraft* segjer i „Romsdals Amt”, s. 177, (prenta 1831) : „Volds og Hens kirker er meget gamle bygninger, av hvilke den siste, der er en elendig stavbygning, snart vil bli nedrevet, da en ny kirke av sten er under arbeide, som formodes å bli ferdig i 1832“. *Sirinar* kyrkja (Eirisfjord) nemnd i 1362 og 1426 og 1661, riva truleg i 1710, da bygda fekk ny kyrkje ; *Njardarlands* kyrkja (Vistdal) er nemnd 1494 og 1661*), riva truleg i 1665 da ny kyrkje vart reist på Myklebostad, *Kleifa* kyrkja, riva 1697, *Bylingseyar* (Bolsøy) kyrkja riva kring 1660, *Vågeyar* kyrkja (Frena) nemnd fyrste gong 1336, nokso forkoma i 1661 og vart riva ca. 10 år etter, *Aukrinar* kyrkja, nemnd hjå A. Bolt, brend av lynet 1711. *Sandeyar* kyrkja er i minsto til i katolsk tid, sameleis eit kapell på *Ona*. *Buda kyrkja*, nemnd 1589, nedbrend kring 1700 og endeleg *Husatada kyrkja*, nemnd 1539, i 1661 ei krossforma stavkyrkje. Forutan fylkeskyrkja hev på Veøy og vore fleire trekyrkjor, d. v. s. stavkyrkjor, so talet vert yver 20, iminsto ved 1500-talet.

Åra kring 1030. Kong Olav og Jokul Skald.

Brotet med danestyret i Frekøyarsund.

Raumsdalsbygdene er og nemnde nokre andre gonger i Olav Haraldsson si tid. Soleis fortel Snorre at kong Olav um våren 1027 for frå Trondheimen med mykje folk og sudyver til Nordmør og sam-

*) Stavkyrkja på Njardarland var i 1661 „ganske forrådnnet”.



Kors-kyrkja, bygd i 1797. Treverk og tømmer frå gamlekyrkja er nytta i denne, då gamlekyrkja i 1789 var i „temmelig god stand“.

la leidangsfolk både der og i Raumsdal, og for sidan vidare til Sunnmør og nedyver Vestlandet. Alle stader samla han hermenn, for han var ute og leita etter Knut den mektige, som han hadde høyrte etla seg til å fara i herferd mot Norig. Nede i Vika let han noko av mannskapet fara heimatt, d. v. s. at når han herja utanlands, som han no tenkte seg, hadde han ikkje rett til meir enn halv leidang. Fyrst for han til Danmark og herja fælt på Sjelland. Snart kom og svenskekongen Onund, som no var i venskap med Olav, med stor leidang, og Snorre fortel at desse tvo no tenkte taka Danmark og Skåne frå Knut, og båe kongane herja so med heppe, heile sumaren på Skånekysten, men endeleg kom so Knut heim frå England og la til slag med kongne i Helgeåa i Skåne, der det gjekk berre ille med Knut, serleg på grunn av det spikket kong Olav gjorde honom, då han demde upp vatnet Helgeåa kom frå og slepte det so nedyver elva att og reinsa stygt upp i daneheren. Det et greidt at raumsdø-

lene hev vore med med halve leidangsfloten sin her. Året etter (1028) kom Knut til landet med ein stor her, etter han fyrst hadde kjøpt og tinga dei fleste norske stormennene yver på si side; dei var hatige på kong Olav for di han på so mange vis hadde lege i vegen for deira maktauke, serleg då han sette inn sine lågætta *årmenn* rundt i bygdene lit å dela makta med dei gamle vyrde *lendmennene* i bygdestyringa og på ei vis ha eit augo med desse for Olav. Knut vart hylla av trønderne på Øyreting, og han sette *Håkon Jarl* (son til Eirik Jarl) til å greida med styringa for seg og for deretter attende til Danmark. Då sigla Olav frå Vika, der han hadde halde til, nordetter tangsmed kysten. Då han var komen til Steinvåg (der no Aalesund ligg), kom nokre av *hirdmennene* til kongen, som hadde sete heime um sumaren, nordanfrå *Frekøyarsund*, sundet millom Frekøy*) og *Bud*, og sa kongen den tidenda, at *Håkon Jarl* og mange *lendmenn* var komne um kvelden til *Frekøyarsund* med stort mannskap; “og dei vil taka livet av deg og heren din, konge, um dei ser seg syn til det”. Det er grunn til å tru at desse *hirdmennene* var *raumsdøler*, som enno var kongen trugne, og som soleis skunda seg fyre med varselsbod, då dei fekk greide på at *Håkon Jarl* og trønderne var komne til *Frekøyarsundet*. Då Olav berre hadde 12 skip, medan *Håkon* hadde 25, trudde han seg ikkje til strid, men drog inn Storfjorden til Muri i Valldalen, fylgde so elva uppetter til han nådde Langevatn, og vidare langsmed *Vormaelva* ned til *Sletta* i Romsdalen. Denne vegen er lengst når ein skal yver til Lesja, for dit for kongen; han låg soleis ei natt på *Einbu*, men segna i Valldalen fortel han tok denne vegen for å kunna *rida* heile tida. Men og kunde dei ha fare yver til Ulvdalen, øvst i Romsdalen og ned til *Brøste*, nær Lesjagrensa. Jarlen tok skipa til Olav. Det som kongen sjølv hadde styrt, fekk islendingen *Jokul Bårdson* frå Vatsdal, sonesonen til Ingemund den gamle (Sjå s. 113). Han hørde til millom jarlen sine menn. Sidan vart *Jokul* fanga av heren til Olav på Gottland. Kongen let han leida av og vilde hogga hovudet av honom. Dei virra ein vier i hovudet på honom, og ein mann tok og heldt i. *Jokul* sette seg ned på ein bakke, og ein mann skulde til å hogga honom. Men då han hørde kvinen, rette han seg upp, og hogget kom i hovudet på honnom, og det vart eit stort sår. Kongen såg det vart banesår og sa det fekk vera med det. *Jokul* vart sitjande og kvad då dette verset :

*) No Drågen (Drågja), nord for fiskeværet Bud.

„Såra sveid av møde,
sete hev eg ofte betre;
med ofse or flengja gufsa
ut den raude spruten.
Or breide såret blodet
brusar; eg *herding* fær læra.
Gjevsmilde, hjelmprydde hovding
heidrar meg med sin vreide.”

Etter dette døydde Jokul, segjer Snorre - som rimeleg kunde vera! Me synest diktet fortel mykje um Jokul, han står ikkje attende for sjølve Tormod Kolbrunarskald når det gjeld mannsmod, humør og bitande spott, og me bør minnst han, me, sidan heile hans ætt hev si rot i Romsdalen.

Olavs fall på Stiklestad 29. juli 1030 vart i røynda til frelse for hans folk. Det førde til at ein og kvar tok til å leggja merke til kva han stridde for: eit sterkt kongedøme innerter med rom og rett for den einskilde, jamvel for vanlege bønder og ikkje berre for lendmenn, og nasjonalt sjølvstende *utetter*; i det heile fred og orden og vern mot framandt styre. Og framfor alt: den nye verdsreligionen kristendomen med humanare livstøring og større kultur, noko som kjem etter kvart synet til folket vert vendt meir ut mot Europa. Kvar romsdølene heldt til Stiklestaddagen, veit me ikkje, men at Olav og kom til å råda i hugane her, fortel m. a. denne vesle segna,*) som me tek med her um „trollpila“ ved Bolsøykyrkja. Ho er nedskriva av *sjølve Henrik Ibsen*:

„På en av sine reiser la Hellig Olav engang tillands med sine skip ved Bolsøy i Romsdalsfjorden. Her tyktes ham være et godt sted å bygge en kirke på; han kalte da almuen sammen og fikk den til å tinge byggmester. Ryktet om denne kirkebygning spredte sig vidt og bredt og rakk da tilslutt også frem til en trollkjerring, som på den tid holdt til på fjellet Skåla i Veøy sogn, 1 mils vei fra Bolsøy. Dette huget henne naturligvis ikke at der reistes en kristen kirke så nær ved, og hun besluttet å volde verket et brekk når tiden kom. Hun forhastet sig dog ikke; men da kirken sågodtsom var fullreist, tok hun en dag sin armbue frem, la en pil på strengen og skjød. Pilen rakk

*) I årsskriftet til Romdals Sogelag 1924 gjev fylkesskulestyrar Sand att fleire liknande segner.

dog ikke så langt som siktet var, men traff jorden et stykke fra kirkegården, hvor den blev stående, og hvor den endnu er å se lik en bautasten. Den er 6-7 alen høi." Både her og andre stader finn me korleis Olav no vart den sjølvsgde stridsmann mot alle troll og trollmakter i folket. Einast *han* visste å plasera den kristne kyrkja slik at ho både då og gjennom alle tider kunde stå sterk og skotfri for fiendemaktene.*)


Frekøyarsund er og nemnt i 1033. Denne sumaren for Svein Alfivason i herferd mot ein kong Trygve frå England, som sa seg å vera son til Olav Trygvason og dronning Gyda. Dei fleste lendmennene i Trondheim fylgde kong Svein, men Kalv Arneson på Egge og Einar Tambarskjelvar på Husaby var leide danestyret og sat heime. Fyrr kongen fekk samla leidangen, kom Kalv likevel på å taka ein tur ned til bror sin, Torberg, på Giskøya, for å få ei politisk samrøde med honom. Venteleg hadde han alt no fått tanken å gjera Magnus Olavsson til konge. På nordvegen att, då han kom til *Frekøyarsund*, låg kong Svein i sundet med heren sin. Då Kalv kom roande sunnan-til inn i sundet ropte dei til kvarandre, og kongsmennene bad Kalv leggja til og fylgja kongen og verja landet hans. Kalv svara: „Det hev eg gjort nok av, og vel so det, kann henda, å slåst med våre eigne landsmenn til å gjeva Knytlingane makta”. Dermed rodde Kalv og mennene hans nodyver og heim. Ingen av dei andre Arnesønene var heller med på denne herferda. *I røynda fekk me det fyrste øyne brotet med daneveldet til siger for kong Olavs nasjonalkongedøme i Frekøyarsundet den gongen.* Straks etter møttest Kalv med Einar Tambarskjelvar, og alt tidleg neste våren, i 1034, var dei på veg til Gardarike etter Magnus.

*) Frå Olav Haraldsson si tid hev me ei sers interessant *myntsamling*, funna på garden *Nesbøen* i Kleive i 1891. Tilsaman var det 389 mynter og dessutan ein sylvbarre på 108 gram. Den samla vekt på alt var kring ½ kg. Det såg ut til at dei var nedgravne i ei firkanta øskja av ask. Av myntene var 240 heile. Av dei var 146 angelsaksiske og 100 tyske og 143 var meir eller mindre skadde. Dei *ynge* myntene er prega i åra 1014-1029, av dei eldste er eit par arabiske, frå næraste tida kring 900. Vel 100 er tyske, soleis 22 frå Køl'n og 8 frå Mains, 1 er russisk - frå kong Jaroslaw si tid, konge samtidig med Olav; men det mest interessante er at storhopen, 267, er angelsaksiske, soleis 91 frå kong *Adalråd* si tid og 168 frå Knut den mektige si styringstid. Serleg dette fær oss til å tenkja på korleis kong Knut hadde sendemenn ute til å *kjøpa* dei norske stormennene på si side. Sume trege kjøpet, *Bjørn Stallare* fyrr Stiklestad, etter jamvel *Tore Hund*, slik han fer på Jorsalaferd. Det skulde ikkje undra oss um dette var pengar som ein stormann i Bolsøy ein gong grov ned og vigde til undergang, i trege og anger yver si svik mot Olav, yver at han hadde late seg lokka av „gullet det blanke”.

Fredsstyret frå 1035-1135. Kong Øystein dør på Hustad (1123).

Kong Magnus den gode innleidde eit hundradårigt fredsstyre i landet. I denne tida er det ein rik *indre* vokster i bygdene, serleg på Olav Kyrres tid, han som utan uro fær vigja heile sitt liv til landsens styr og stell. Ymse nyskiping vert det i hus og heim, i levemåte og klædnad, til større trivnad og kulturvokster. Vitnemål um eit aukande handelsliv hev me i fleire nye byar på den tid, soleis Oslo og Bjørgvin, og ved nyorganisasjon fær kyrkja fastare tak på folk; og ikkje liten framgang fylgde, både åndeleg og materielt, med *klosterstellet*, som no vinn inngang i landet. Munkane gjekk gjerne fyre i jorddrift, i hagestell og i ymse handverk, serleg i byggjingskunst, og ikkje minst: i åndsliv. Dei var dei fyrste som førde den *latinske* bokstavskrifta heim, so me kunde gå laus å skrive ned lovene våre, dei ymse sogeverka o. a. Eit nytt samband med europeisk åndsliv vart dermed skapt. Hovdingane lydte i denne tida godviljugt kongane, og på ymse herferder, i Danmark og England t. d., synte Norig større makt utetter enn fyrr, ja, riket var beint ut det sterkaste i Norderlanda. I heile denne tidbolken er det ikkje noko serleg å finna i sogene um Romsdal, endå slike hendingar som møtet millom Magnus den gode, t. d. og bønder frå Frostatinget og Gulatinget i *Langøysundet* ved Averøy på Nordmør (1040), der kongen slutta si hardferd mot faren sine motmenn og bøygde seg for bøndene sitt krav og vart den *gode* styrar han er kjend for, visseleg sette far etter seg i folkehugen, likeeins som herferdene i Danmark, serleg Lyrskogheideslaget og Harald Hardråde si ferd mot England. Romsdølene var visseleg med baa stader, med halv leidang, slik det skulde vera i ferd utanlands. Og er det mogleg at ikkje so få raumsdøler var med i den mislukka uppreisten Steigar-Tore frå Gudbrandsdalen og lendmannen Egil Aslaksson frå Forland på Averøy i Nordmør gjorde mot Magnus Berrføtt. Soga segjer at Tore samla folk på Uppland og for so yver Lesja ned til Raumsdal og Sunnmør, der dei fekk seg skip og drog nordyver til Egil og vidare til Trøndelag. Etter alt å døma var det helst upplendingar og folk frå Sunnmør, Raumsdal og Nordmør som stod bak denne uppreistfreistnaden. Egil på Forland var nemleg gift med sonedotter til Torberg Arneson frå Giskøy.

I det 12. hundradåret, serleg i *borgarkrigtida*, er bygdene våre ofte nemnde i soga. Um sumaren 1123 var den folkekjære fredsstyraren *Øystein Magnusson* i veitsle på kongsgarden *Husastadr* i yt-



Frå Hustad.

re Romsdalen. Ein dag (29. august) vart han bråsjuk og døydde. Liket vart ført nord til Nidaros og gravlagt i Kristkyrkja (reist av Olav Kyrre)*). Det er eit ålment ord at yver ingen manns lik hev so mange menn stått sorgfulle, som yver liket til kong Øystein, sidan kong Magnus den gode døydde“, segjer Snorre. Øystein var då berre 33 år gamal. Kong Øystein var både ordhag og lovkunnig; han hadde eit eige lag til å vinna folket for seg, og tok mange rådgjerder til framhjelp for det. Det segjest at det og var han som fyrst fekk „sett i bok“ landskapslovene. Ei ny kyrkjelov, som la tunge byrder på bøndene både i alle Romsdalsbygdene og andre stader, skal skriva seg fra Sigurd Jorsalafarar og Øystein si tid : *Kyrkjetienden*, d. v. s. ein tiendepart av all årsinnkoma skulde gå til kyrkja, og det vil atter segja : $\frac{1}{4}$ part av ho til kvar av desse : prest, kyrkja, bisp og dei fatige. I den gamle kyrkjeretten frå Magnus Lagabøtar si tid finn me at tiend skulde svarast av : gardsleige, ølkar, kvernar, badstovor, brødomnar, skogsleige, saltkjelar, not og nøter, buleige, leigeku og ulltiend av alle sauer på utgangsøyar. Og med *desse* tiender, segjest det, skal det vera som det alltid hev vore : av all såd, rug, kveite, hamp, lin, nepor og erter, skrei, sel, kval, håkjerring, spek, all fisketiend, tiend av all veideskap, av salt, av plassar der dei bryt kvernstein, av handelsvaror, all arbeidshjelp og av smedar,, av tjøre kvar tjugande ask, av jarn kvart tjugande pund. - Dette syner oss både dei svære skattane som skulde ut til kongen - me hugsar at fyrr er *leidangen* ein tung skatt -- og dessutan gjev det oss slikt eit framifrå bilete av arbeidslivet i bygdene på denne tid. Me møter beint fram heile den materielle kultur i sogetida i desse få linone.

*) Der Kristkyrkja stod, vart ei 50 år seinare Nidarosdomen reist.

Romsdalen i borgarkrigstida og styringstida til Sverreætta.

Hendinga ved Sekken i 1162. Romsdølene Eirik av Hen og Nikolaus av Vestnes.

I 1137 kom Sigurd *Slembe* saman med Magnus Blinde, som han hadde teke ut or Nidarholmklosteret, og mange trønderstormenn nedyver langsmed kysten. Dei skildest utanfyre *Raumsdalsmyynet* (millom Sandøy og Bud), truleg for skuld usemje. Sigurd for straks vestyver havet, medan Magnus tok inn til *Veblungsnes* og yver Lesja til Uppland, der han straks etter møtte Tjostolv Åleson og kongsbarnet Inge (Krokrygg) ved Mynne, ved sudenden av Mjøsa. Det var borgarkrig, og det er all grunn til å tru at denne ferda inn gjenom Romsdalsbygdene ikkje gjekk fyre seg utan dei vanlege borgarkrigsherjingane, serleg retta mot hovdinggardar, der motmenner kunde sitja.

I 1161 fall kong Inge Krogygg i striden mot *Håkon Sigurdsson Herdebreid*. Håkon skulde no ha vore den einaste sjølvskrivne hovding og konge i landet, etter gamal norsk arvefylgjelov. Stormennene, som stridde for eiga makt, vilde likevel ikkje godkjenna honom, og tok ein av *sine*, Magnus, son til Erling Skakke til konge; det reine *lovbrot* var dette, for “kvinnekne“ braut arveretten.“) Medan Magnus og Erling helst heldt til i Bjørgvin (ættegarden deira var Stødle i Sunnhordland), studde Håkon seg serleg til trønderne, men og til bøndene i Romsdalen og Møra, truleg. Soleis finn me lendmannen Aaskjel på Forland millom hans menn. I 1262, um våren, baud han ut leidang og etla seg til å fara til møtes med Magnus og Erling. Etter å ha fått saman trønderne, drog han sudyver til Nordmør og Romsdalen og heldt fram med å bu seg og samla folk. Han kom og inn til *Veøy*, og sende derifrå nokre av mennene sine, Sigurd Jarl og lendmannen Onund Simonsson, inn i Raumsdal til å samla folk og skip, og han sende menn både til Nordmør og Sunnmør i same ærend. Då kong Håkon hadde vore nokre få dagar i byen (*Veøy*), siglde han

*) Magnus var son til Kristina; dotter til Sigurd Jorsalafarar. Sume held fram at når mange heller fylgde Magnus enn Håkon, so var det fordi M. ætta frå Sigurd J., medan Håkon var av Gilleætta, som skulde vera so ille likt Dette er berre ein laus påstand. Kor stod ikkje Magnus *Sigurdsson* åleine? Og kor samla ikkje Harald og Inge likaste folket i landet um seg ? Kristina var eit lauslyndt kvinnfolk, og Magnus, sonen, var „mikill drykkjumadr og kvennumadr“, soleis ikkje det grand likare enn Magnus Sigurdsson. Det er maktumsyn mest som avgjer kva parti ein tek.

burt og noko lenger sør på, og tenkte at då kunde dei so mykje fyrr taka på med ferda si, og mannskapet kunde koma snarare etter. I ei hamn på ei av øyane ytst i Romsdalsfjorden (helst på Tautra, Miøy eller Otrøy) la dei i land. Håkon hadde då 14 skip. Han sjølv og mennene hans var uppe på øya og leika seg; men lendmennene hans sat på ein haug. Då såg dei ein båt kom roande sunnanfrå imot øya. Det var tvo mann i båten, og dei rodde so kvast at dei la nakken i kjølen og tøygde seg likso mykje framyver, og då dei kom i land, feste dei ikkje båten, men sette på spranget baa tvo. Då stormennene såg dette, rødde dei seg imillom um at desse mennene visst hadde tidender å segja, og dei stod upp og gjekk imot deim. So snart dei møttest, spurde Onund Simonsson : „Kann De segja noko um Erling Skakke, med di De fer so heitt?” Då svara den som fyrst fekk upp målet for trøytteleik: „Han siglar sunnantil imot Dykk med 20 skip eller so umlag, og mange av dei er dugleg store, og no kann De snart sjå segla deira.“ Då svara ein heitte Eindride Unge : „For nær nosa“, sa kallen, „han vart skoten i auga!” Dei skunda seg straks dit som dei leika seg, og straks etter let luren og bles til slag og kalla heile heren til skipa so fort som mogleg, og dette var ved det leitet då det mest var ferdige med matlaginga. Då stemnde alt mannskapet til skipa, og kvar sprang ut på det skipet som var nærast, og skipa vart soleis ujamnt manna. Nokre tok til årane, og nokre reiste mastene og snudde skipa nordetter og stemnde til *Veøy*, for der venta dei seg mykje hjelp av bymennene. Straks etter såg dei segla på flåten hans Erling, og so fekk dei augo på kvarandre. Eindride Unge hadde eit skip som heitte Draglaun, eit stort busse-langskip, og dette hadde for lite mannskap, då dei som fyrr hadde vore umbord der hadde sprunge yver på andre skip, og det var det attarste av skipa hans Håkon. Då Eindride kom rett ut for øya Sekken, då kom Bøkesuda, som Erling Skakke styrde etter deim og haka seg fast. Skipet hans Håkon var mest kome inn til *Veøy*, då dei hørde at lurane gjekk, for dei skipa som var nærmast, snudde attende og vilde hjelpa Eindride, og no la dei til slag frå baa sidor, som dei best kunde koma til. På mange skip kom seglet ned tverrskips, og dei batt ikkje ihop skipa, og dei la seg side um side. Slaget varde ikkje lenge, fyrr mannskapet spreiddest på skipa til kong Håkon; sume fall, og sume sprang yverbord. Håkon slengde yver seg ei grå kappe og sprang umbord på eit anna skip, men han hadde ikkje vore der lenge, fyrr han tottest merka han var komen millom uvener, og då han no såg seg um, såg han ingen av mennene eller skipa sine nære ved.



Sekken. (Sørsida.)

Då gjekk han umbord på Bøkesuda og fram til mannskapet i stamnen og bad um grid, og stambuane tok han til seg og gav honom grid. I denne slåstinga hadde det vore stort mannefall, men mest av mennene til Håkon. På Bøkesuda var Nikolas, son hans Simon Skalp, fallen, og dei gav Erlingsmennene sjølv skulda for dette dråpet.*) Dermed vart det stans i slaget ei stund, og skipa skildest frå kvarandre. Då vart det fortalt Erling at kong Håkon var umbord, og at stambuane hans hadde teke Håkon til seg og truga med at dei vilde verja honom. Erling sende ein mann fram i skipet og bad han segja stambuane det, at dei skulde vakta på Håkon so at han ikkje kom burt, men sa at han skulde ikkje segja imot at kongen fekk grid, um stormennene rådde til det og Håkons menner so prøvde på å få forlik. Stambuane sa han skulde ha takk og ære for dette. Då let Erling blåsa kvast i luren og bad mennene sine at dei skulde leggja imot dei skipa, som ikkje var rudde endå, og sa at dei kunde ikkje få betre åføre til å hemna kong Inge. Då sette alle i herrop og eggja kvarandre upp og rodde fram. I dette ståket fekk kong Håkon banesår. Men då han var fallen og mennene hans merka det, rodde dei kvast fram og kasta skjoldane og hogg med båe hendene og vyrde ikkje livet. Men det at dei var so uvyrdne, vart dei snart til stor skade, fordi at då fann mennene hans Erling berre hoggstader på dei, og ei heil mengd fall av mannskapet til kong Håkon. Det kom seg mest avdi at folkemunen var stor og mennene hans Håkon ikkje livde seg vidare; ingen turvte nemna grid av Håkonsmennene, so nær som dei som stormennene tok i si varetekt og lova løysepengar for. Av heren til Håkon fall mange. Men nokre skip kom seg undan og *rodde inn i fjordane*, og soleis berga dei livet. Liket til kong Håkon

*) Nikolas hadde sjølv vore på tale som konge i staden for Magnus. Han var dotterson til Harald Gille.

førde dei inn i *Raumsdal* og jorda det der; men kong Sverre, bror hans, førde det sidan nord til Nidaros og let dei leggja det i steinveggen i Kristkyrkja, på sudsida i koren,

Sigurd Jarl, Eindride Unge, Onund Simonsson, Frirek Kjøna og endå fleire hovdingar heldt flokken samla og let skipa etter seg i Raumsdal, og sidan for dei til Upplanda.*)

Slaget ved Sekken og dråpet på den unge Håkon Herdebreid der (han var berre 15 år gamal), er ei av storhendingane i dette hundradåret, og kanskje få i det heile teke hev vore meir lagnadstunge for landet. Hadde stormennene med Erling Skakke i brodden samla seg kring den unge kongen og fått semje istand med mennene hans, noko som skulde vore naturleg, sidan han var den einaste rettkjende erving til kongedømet, vilde folket vårt vonleg dermed ha spara seg alle dei bloduge stridar som varer heile hundradåret ut og vel so det, og soleis avkrefter heile nasjonen for lange tider. Ikkje likare vart det etter at Erling Skakke (for kryninga i 1164) laut kjøpa kyrkja si hjelp og drog henne og med i denne bloddansen, og det slik at ho ofte tapte sine verkelege fyremål av syne, so då kong Sverre kom, laut han vende våpna sine både mot lendmennene og kyrkja.

Kong Sverre, veit me, kom til å reisa uppatt „Olavs lov“, d. v. s. den gamle erveretten, som lendmennene vyrklaust braut då dei hogg ned broren Håkon ved Sekken. Og i hans tid er romsdølene ofte nemnde, sumtid som motmenn, men dei fleste er helst i bygdene våre, soleis som i Trøndelag, på hans side. I 1179 fall Erling Skakke på Kalvskinnnet. Året etter byd Magnus ut full leidang heilt aust i frå Lindesnes og nordetter til Raumsdal og baa Møra. Då vart dette diktet kvede :

„Hovdingen fylgde
hordar og ryger,
sogningar. filar
og fjordefolket,
raumsdølske menner,
møringar alle,
med erkebispen alt Trøndelag.”

Ein kann lett sjå at dette er dikta av ein av *Sverre* sine folk

*) Me hev i heile framstillinga ovanfyre av striden millom Håkon og Erling Skakke og møtet deira ved Sekken halde oss so nær den ypperlege skildringa til Snorre som mogleg. Me held på og kjem fram til Snorre si eiga tid no, so Snorre hev visseleg havt god kunskap um denne hendinga.



Frå Vestnes.

- og skal syna den makt Magnus hadde, og endå *tapte* han i storslaget på *Ilevollane* (1180). Rett nok hadde Magnus erkebisp Øystein på si side, men på langt nær ikkje „alt Trøndelag“. Heller ikkje „alle møringar og raumsdalske menner“. Ja, professor *Koht* held jamvel fram ein stad,*) fordi einskilde møringar og romsdøler, då serleg *Nikolaus av Vestnes*, er so ofte nemnde og fær so mykje lovord i Sverresoga, „at ein må tenkja seg ein møring eller romsdøl hev vore sogumann for sumt av forteljinga um baglarstriden.“ Det ser ut til at Nikolaus av Vestnes er ein av fyrste hovdingane til Sverre i den siste styringstida hans. Det kjem alltid tydeleg fram at han er stormann, hovding - mogleg lendmann. I 1196 var han soleis saman med kong Sverre i Vika og stridde mot baglane, som hadde bisp Nikolas til førar. Ein gong kom baglane sør frå Danmark, der dei ofte fekk hjelp. Då drog kongen sjølv på njosning saman med Nikolaus av Vestnes ut gjenom Oslofjorden. Dei hadde 30 skip. I Saltøysund, nørdest i Båhuslen, møtte dei baglane og slo dei, endå Sigurd Lavard, ein uekte son av Sverre, synt seg som ei dugløyse her. Nikolaus av Vestnes derimot var skjotast på land“, altså fyrstemann i åtaket på baglane. Sidan ein dag, med dei låg ute i fjorden, heldt kongen husting, og spurde folk til råds kva dei skulde taka seg til.

*) Innhogg og Utsyn.

Då svara Nikolaus, som det ser ut til, for heile heren : „Me tykkjer ille um å bli liggjande her matlause. Anten vil me no leggja åt og slåst, sigra eller falla, eller so vil me burt ein stad, der me kann få oss mat.“ Kongen svara : „Der segjer du nok det som alt herfolket helst vil; men so ille de tykkjer um å liggja her, so likar dei det slett ikkje betre, dei som ligg her innanfor oss.*) Sidan de no vil burt, so skal det likevel bli so.“ Dei drog so vestyer til Bjørgvin, der dei fleste fekk heimlov; men kongen drog til Nidaros, og Nikolaus av Vestnes vart truleg med honom. I 1197 var atter raumsdøler og møringar (full leidang) med kong Sverre på hans herferd mot Oslo, der han vann slik ein glimande siger yver bisp Nikolas og baglane. Denne gongen fekk kong Sverre so stort herfang, at då han skifte det millom folket sitt på Hovudøya, fall det tvo merker sylv på kvar, endå heren var på burtimot 6000 mann. Dette var midsumars. Um hausten skildest kongen med heren sin i Hellesund, og medan han sjølv um vinteren sette seg til i Bjørgvin, so for dei med storskipa beinaste vegen nord til Trondheimen. Fyrst kom dei dit nord med tri skip *Eirik av Hen* (frå Isfjorden), *Øyolv Avleson****) og Arne Skadered. Her hev me altso ein ny stormann og birkebeinhovding frå Raumsdal; han og hev etter dette vore med i Oslo. Hen, den mest sentrale garden i breidbygda i Isfjorden, hev tvillaust som Vestnes, vore ein gamal storgard på denne tida, kanskje kongsgard. Um baa desse tvo raumsdølene hev vore lendmenn, er ikkje so godt å segja. Den eine kann kanskje ha vore kongen sin *systemann* i Raumsdølafylke, slik *Øyolv Avleson* var kongen sin *systemann* i Orkdølafylke.***)

Med same desse tri skipa nådde Trondheimen, fekk dei høyra at baglane var i byen og hadde gjort mykje skade for folk. Dei kom inn til Munkholmen i grålysinga. *Eirik* rodde inn i elva med tvo skip, *Øyolv* la inn åt sanden innanfor Sverresborga, og dei stemnde utanfor byen upp til brua. Baglane vart ikkje vare birkebeinane fyrr dei kom inn i byen og lurane gjekk. Då sprang baglane, sume til kyrkjone og sume upp til brua. Dei vart drepne mest alle, men sume fekk nåde. Dette var 28. november. Birkebeinane sette so skipa sine på land utpå Øyra; dei hadde då byen i si varetkt, og likeeins

*) Dei hadde stengt baglarskipa inne i ein fjordarm. Då Sverre hadde heller få skip mot baglane, kvidde han seg tvillaust å gå noko hardare på.

**) Arne og faren *Øyolv* var Sverre sine likaste menn i Trøndelag. Dei var frå Orkdal (Geitastranda).

***) Me skal lengre nede koma attende til styringa i denne tida, med lendmenn, systemenn og lagmenn.



Frå Hen i Isfjorden.

styringa på landsbygdene. Det ser ut til at både Nikolaus av Vestnes og Eirik av Hen er av dei hovdingane som støtt er med Sverre i denne tida. I mai næste våren (1198) er dei visseleg båe med i sjøslaget ved *Raudberget*, millom Rissa og Stadsbygd, endå berre Nikolaus er nemnd. Slaget vart nærast uavgjort. Nikolaus av Vestnes vart såra der. Det kom eit skot fram i stålhuva hans og gjekk i gjennom, men det såret tyktest lite å sjå til, so han let ikkje stella noko vidare med det; soleis gjekk han i badstove og trudde ikkje det var so fårleg; men då sette det seg verk i hovudet, og han låg berre ei lita rid fyrr han døydde, - „og *det var eit stort tap*”, segjer saga. Ein annan stad i Sverresoga er og Nikolaus nemnd som den fyrste millom dei „gjæve karane“ Sverre miste i desse stridane sine med baglane. Kongen heldt seg no i Nidaros, medan baglane tok ut Trondheimsfjorden og drog sudyver og tok leidang og alle utreidslor yver båe Møra og Raumsdal, og sume stader røva dei, segjer saga. Etterpå var dei og ein tur nord i Hålogaland og herja. Bisp Nikolas var med på desse ferdene. Dei samla styrke og kom att til Trondheimen i juni 1199, men leid eit uboteleg nederlag i slaget på *Strindsjøen*, i fjorden innanfor Nidaros. *Eirik av Hen* er med i dette slaget og med sitt skip, og det ser ut til at ingen av hovdingane til Sverre hadde større ære av at det gjekk so godt for birkebeinane i dette slaget enn Eirik. Seinare møter me ikkje namnet hans i saga. Det er grunn

til å tru at han levde lenger enn Sverre; for hadde han falle i nokon av dei siste stridane hans, vilde han visseleg ha vore nemnd. Men han hev neppe heller fått sete i fred i Isfjorden, for i året 1200 herja ein baglarher i Raumsdalen. Denne hadde lege i Nidaros eit bil medan Sverre var i Vika, men hadde so vorte burtjaga av ein bondeher frå Gauldal og Orkdal. I 1201 kom baglarkongen *Inge* yver Lesja ned i Raumsdal, der han fekk seg skutor og for sør med landet; dette hende med kong Sverre dreiv med umlgæringa av Slottsfjellet i Tunsberg, der han vart sjuk. Han døydde i Bjørgvin 9 mars 1202.

Det vert no fred eit par år, men so logar striden upp verre enn fyrr, villskapen og råskapen veks; hugs berre skildringa frå baglane sitt yverfall på Nidaros i 1233: „Ein baglar jaga i gata ein birkebein. Denne drog mot kyrkja; ved kyrkjehyrna hogg baglaren honom ned. Med same han datt i koll, såg han det var sin eigen bror, då kasta han sverdet og bar seg ille“. Ofte hende det at dei hogg hender eller føter av ein mann og let han so fara; slik var tida. I samband med dette baglaryverfallet på Nidaros står og ei hending frå bygdene våre. Kong Inge Bårdsson skal halda brudlaup i Nidaros for syster si, Sigrid. Baglane dreg so nordyver i von um å koma uventa yver birkebeinane i brudlaupet, det dei og gjorde. Men då dei kom til Borgund, stogga dei og tok all leidangsskatten som birkebeinane hadde samla der, brente so 4 langskip og drap 40 mann. Dagen etter kom dei til Langøy, og herifrå sende dei Filip av Veigen*) og Tord Dokka inn til Veøy, då dei hadde fått greide på at birkebeinane dreiv og bygde eit langskip der. I millomtida rodde resten av baglane nord til Lyngvær, millom Sandøy og Bud. Derifrå for dei vidare nordyver um kvelden då dei fekk god bøl. Filip og Tord kom same kvelden inn til *byen* (Veøy) og la til i ytre vågen, d. v. s. *Sørvåg*. Langskipet til birkebeinane låg i den indre vågen, d. v. s. i *Nordvågen*. Systemannen *Jon Angrad* hadde samla ei mengd leidangsgods der; dette tok dei no, men langskipet brente dei. Berre få av folka hans fall i hendene deira, for dei kunde lite gjera fyrr det vart ljost um morgonen, og då var dei fleste birkebeinane rømde frå byen. Sidan for Filip og Tord og nordetter og var med i „blodbrudlaupet“ i Nidaros, der brudgomen fekk svære sår, og kong Inge berre so vidt fekk berga seg, og mange av mennene hans fall. På attendeturen frå Nidaros baud baglarkongen Erling Steinvegg ut leidang mot kong Inge langs kysten, soleis og i Raumsdal. Utanfor Stim, ved *Marholmen*,

*) Ein høgætta austlending og baglarhovding.

sud for Kvitholm fyr, heldt han på og skulde knipa Håkon Galen, halvbror til kong Inge, som var på veg til Nidaros med herfolk.

Ved riksmøtet i *Björgvin* i 1223 vert baa Møra og Raumsdal saman med Trøndelag og Hålogaland hertugdøme under Skule Bårds-son. I lengda var ikkje dette nok for Skule, og han tok i 1239 kongsnamn på Øyreting. Same året sende hertugen ein flokk hermenn sudyver frå Nidaros med det fyremål å koma uventa yver kong Håkon i Björgvin, men ein av Hakon sine hirdmenn, *Grim Keikan* frå Gauldal, skunda seg landevegen yver Orkdal og Surnadal og vidare yver fjordar og eid alt fram til Björgvin med bod um dette. I alle bygder der han for fram fekk han og varsla kongen sine systemenn; soleis Aasulv Jarlsfrende i Tingvoll, *Arne Blakk i Raumsdal (Veøy)* og Peter frå Giskøy i Borgund. Dei varbelgane (namnet på Skule sine folk) som var sende sudyver mot Håkon, kom ikkje lenger enn til Sunnmør, då dei fekk høyra at Håkon visste um deira ferd. Håkon baud med same ut full leidang, og dei tri systemennene frå Møra og Raumsdal kom seg og med mykje møde og store fårar fram til Björgvin, der dei fortalde at Skule sine folk hadde delt seg i småflokkar og dreiv inne i fjordane og gjorde stor skade på folk og fe. Dei fleste kom seg undan i tide, men varbelgane brende og herja dei folketome gardane utan nåde, serleg på Nordmør og i Raumsdal. Kongen fekk og melding um at hertugen hadde sett inn sine menn i alle sysler nordanfyre Stad. Håkon fekk i ein fart 25 skip sendt nordyver og råka tri av dei nyutnemnde systemennene til Skule i Borgund. Desse vart tekne og førde som fangar til Håkon; dessutan vart ei mengd av folka deira drepne og mykje leidangsgods teke.

I 1240 etla Håkon seg å fara mot Skule i Nidaros. Då hadde hertug Skule alt sett nye systemenn både på Møra og i Raumsdal. Kongen sende difor m. a. Arne Blakk og Aasulv Jarlsfrende, dei gamle systemennene hans i Raumsdal og Nordmør, i fyrevegen nordyver. Ute i Raumsdalsmyrnet ein stad fekk dei greide på at Skule sin nye systemann i Raumsdal, *Finn Knatt*, var inne på Veøy med mennene sine. Dei kom uventa yver honom og folket hans og hogg ned dei fleste, soleis vart Finn sjølv drepn. Det er greidt at for Arne Blakk var denne hemnferda mot Skule sine folk den reine lystreis. Etter at Skule er felt og det vert fred og ro att, so vert Arne å nyo sett til systemann i Raumsdal.

Fylkes- og bygdestyring i denne tidbolken.

I desse 400 åra millom 900 og 1300 er det ikkje so lite skifte i administrasjonen av bygdene våre. Me hugsar at fyre denne tida styrde *hersen* i bygda (heradsting) og *kongen* i fylket (fylkestinget). Med rikssamlinga fekk me ei tid *jarlestyre*, som forutan Raumsdal og umfata Sunnmør og Nordmør. Frå ca. 930 høyrer me heller ikkje meir um Mørejarlane, men me kjem på ein måte med i ei større landslutsamling (landssamlinga var enno i røynda berre i namnet), då *Frostatinget* fær det siste ordet i alla saker raumsdølene sjølv ikkje kann semjast um på fylkestinget på Veøy. Sunnmør derimot kjem inn under Gulatinget. Austlandet hev og sitt *Landslutting*, som lyfte seg samlande yver dei einskilde bygdene. Som me ser, peikar dette no meir mot *tri* republikkar i Norig enn mot *eitt* rike. Og me veit at gjennom heile sogetida er det ålvorlege motsetnader millom desse, slik at det er ikkje underleg at me fyrst i 1270-åra (med Magnus Lagabøtar) fær *ei* lov for heile landet, noko som meir enn noko anna fortel at dei 3 store landslutane med sine gamle serlover og trass i alle motsetnader likevel held på og vert eitt rike - og nordmennene eitt folk.

Dei gamle hersane, jarlane og neskongane høyrer me lite til etter Harald Hårfagre si tid. Den vanlege meining er at det alt er Harald som gjennomfører *lendmannsstyringa* i landet, denne skipnaden som varer ved heilt til kong Sverre si tid. Dei leidande menn innanfyre dei gamle storættene gjekk i kongen si teneste, slik at dei vart kongen sine umbodsmenn, kvar i si bygd eller sin landslut, og dei fylgde kongen med sine huskarar eller hirdmenn, um strid kom på. I løn fekk dei gjerne landskyld av kongsgardar og land til bruks av kongens hand, og vart soleis heitande *lendmenn* („lendir menn“). Dei vert verande bygdehovdingar som fryr, ja, i den fyrste tida kjenner dei seg visseleg nærare knytte til bygda og bøndene enn til kongen;*) men serleg det siste hundradåret fyrr Sverre, kjem *bygdehovdingane* i bakgrunnen, og dei held seg no mykje ved hirda (hirdstyrarar) og er ofte kongelege rådgjevarar. Dette fører dei lett ut på farlege vegar, til å nytta si makt til fremjing av eigen bate, det dei fekk høve til når det var barnekongar (formyndarstyring) eller *veike* kongar - og fleire kongsemne. Dette ser me sers tydeleg i fyrste borgarkrigstida, der dei gamle lendmennsættene spelar hovudrolla, - og er alltid meir ute

*) „Det gjekk soleis i kvart fylke, som lendmennene fann det klokast for bondene,“ segjer Snorre.

for seg sjølv enn for landsbaten. Det er mogleg at Olav Haraldsson si ordning med *årmenn* (kongelege gardsstyrarar) i noko mun førde lendmannen burt frå folket. Desse fekk det meste av bygdestyringa, dei skulde greida med innkrevjing av landskyld av kongsjorda og bøter, bjoda ut leidang og greida med straffer o. a. Berre når folk ikkje vilde *lyda* årmannen, hadde lendmannen å gjeva dei sin studnad. Det var visseleg *mistru* til lendmennene som fekk Olav til å gjennomføra denne skipnaden, som sjølv sagt lendmenne ikkje godviljugt vilde finna seg i, dei me best ser i Stiklestadmøtet, som er ein rein *maktstrid* : stormannsstyre eller ei sterk kongemakt.

Soga namngjev tvo lendmannsætter på Sunnmør, på *Blindheim* på Vigra og *Arnmødlingane* på Giskøy, sameleis er kjende tri frå Nordmøra fylke : på *Yrjar* (Austtrått) og *Rein* i Fosen og på *Forland* på Averøya.*) Det er mogleg at der hev vore enno fleire. Minst ein eller tvo lendmenn må og ha butt i Raumsdølafylket, for det var lendmannen som skulde ha yvertilsyn med all styring, serleg leidangstellet. Og var det han som nemnde ut dei bøndene, som skulde representera fylket på dei årlege møta på Frostatinget. Um Nikolaus av Vestnes eller Eirik av Hen var lendmenn på kong Sverre si tid, er ikkje so godt å segja. At dei høyrer til kong Sverre sine fremste menn er greidt, men dei er ikkje *nemnde* lendmenn, det dei heller ikkje treng vera um dei *var* lendmenn; det hender jamvel ofte at soga kallar ein me veit er lendmann rett og slett bonde, odelsbonde, som på den tid nærast var eit yverklassenamn. Men som me hev halde fram fyrr, so er det tvillaust rettast å taka den eine av dei for kongen sin *systemann* i Raumsdal. Systemennene fær nemleg under Sverre både lendmanns og årmanns makt og rett og vert *faste kongelege embetsmenn* i syslone; som oftast svarar dei til fylka.***) Men det hender ofte at systemannen ved sida av hev lendmannstitel. Lendmann er no meir eit *ærenamn*, ja, frå 1277 til 1308 fær dei jamvel europeisk adelstitel : *baronar*. Dei fleste av desse (no er berre nokre få lendmannsætter att) står då kongen likevel sers nær, er rådgjevarar og hjelpesmenn i styringa. I eit bladinnlegg um Raumsdalsnamnet held professor Koht fram: „Korleis skipnaden (i baa Møra og Raumsdal) var under lendmannsstyringa på 1000- og 1100-talet, det hev me lite greide på. Men helst ser det ut til at det var berre *ein* lendmann for alle tri fylka i hop, og han blir

*) Hovdinggardane *Hustad*, *Birkestrand* på Frey og *Selva* ved Agdenes er og velkjende.

**) Enda i 1197 er årmenn nemnde, soleis og i innleiinga til Frostatingslova av Håkon Håkonsson. I lovgjevinga til Magnus Lagabøtar er årmenn derimot ikkje nemnde.



Frå Tresfjord. (Eldre j.fund frå Sør-Sylte i 1928).

då kalla „lendmannen på Møra.” Korleje professoren kann koma til noko so urimeleg og etter vårt skyn stikk i mot alt saga segjer, er oss ei gåte. Me hev alt nemnt 5 lendmannsætter i denne tida i dei tvo Møra, og me skal hugsa, at um ikkje lendmenn i desse ættene alltid er nemnde *samtidig*, spelar alle 5 ættene ei stor rolle i saga alt fyre Sverre si tid, lendmennene si stortid. Og dertil kjem : Lendmennene var i røynda *ein erveadel*. Det heittest vera so at kongen kunde gjera til lendmann kven han vilde, men me veit at det hende sjeldan at han gjekk utanum dei *gamle* ættene, desse som hadde havt førarskapen hjå folket frå utgamal tid, og hadde den vyrndad og age som trongst i soverne umbod. Serleg vil me visa til vedtaket som vart gjort på riksmøtet i Bjørgvin i 1163, då lendmennene enno sat i si fulle makt, um lendmennene si plikt til å møta på Gulatinget. Fyrr den tid var det skikk og lov at *alle* lendmenn skulde møte. På grunn av dei utrygge tilhøva i landet vert det fastslege at minst *ein* lendmann, i dei fylka som ligg lengst undan, soleis i Egdafylke og Ry-fylke, 2 *lendmenn*, skal vera heime i tingtida. Men *alle andre* lendmenn i lagdømet vårt (6 fylke) skal fara til Gulatinget.” Det er grunn til med Ebbe Hertzberg å gå ut i frå 2--4 lendmenn i kvart av dei større fylka. Same forfattar segjer og at i tida millom Olav Haraldsson og Sverre kann minst 80 lendborne ætter påvisast i saga, og han trur på eit lendmannstal frå 100 til 120 i heile landet. Andre vil ikkje gå so høgt, men held seg millom 50--80. Då vert det og 2 eller 3 på kvart fylke i landet, og dessutan bør ein hugsa på at kvart av dei 8 små trønderfylka må visseleg ha havt færre lendmenn enn eit so vidsveimt

fylke som Nordmøra fylke t. d.*) Det er rett nok som Koht segjer at me hev lite greide på denne tida i det heile, men eitt er visst: Mø-rejarltida nærast kring 900-talet er den einaste tida me i det heile veit um at dei tri fylka (båe Møra og Raumsdal) hev vore *eitt* styringsumråde (jarledøme) heilt fram til *amtsskipnaden* (Romsdals Amt) kom med eineveldet (1660). Frå ca. 930 og til kong Sverre si tid (1177-1202) hev Raumsdal also vore lendmannsstyrt. Kvar denne eller desse lendmennene hev havt sitt sæte, er uråd å segja noko nærare um.

Kong Sverre fann lendmennene i det heile for maktstore, ofte styrde dei då reint som småkongar, so sjølvvrødne dei var, og frå hans tid gjekk *fylket* yver til *ei sysla*, eit fast embetsumkverve, med ein kongeleg utnemnd systemann i brodden. Likeeins som Raumsdal, fekk Sunnmør og Nordmør sine serskilde systemenn. Og då syslone vart til len på 1400-talet, då heldt same skipnaden seg. Det hende nok at t. d. Raumsdal og Nordmør fekk same lensherre, men vart likevel stødt rekna for serskilde len, og, som me skal koma nærare attende til i neste band av Romsdals Soga, då dei mindre lena vart lagde inn under dei store hovudlensmennene på 1500-talet, då gjekk Sunnmør til Bjørgvin, Raumsdal og Nordmør til Nidaros, noko som var sjølvtsagt etter den gamle lagdøme- og bispedømeskipnaden.

Ein veldig maktmink for systemannen låg det berre i det at hans embete ikkje var *ervelegt*, slik lendmannsembetet stort set hadde vore. Dertil sette kong Sverre inn Lagmenn, som gjorde „orskurder“ or lovene, frå fyrsten av for „kotkarlar“ og småfolk i det heile, men sidan vart desse verkelege domarar, slik „orskurdene“ vart rekna for dom. Etter me fekk ei *landslov*, vart det slutt med Frostatinget som *landslutting* i gamal meining. Ved sida av syslone fekk me ei ny lagdømeskiping, med 9 faste lagmenn, 3 nordanfjells og 2 for kvart av dei gamle lagdøma. Med Håkon den 5. Magnusson (1299-1319) vert det ikkje so lite umskiping både i lokalstyringa og i sentraladministrasjonen. Fyrst på hans tid kann me verkeleg tale um eit *riksråd* („hans gode menn“). Norig synest å stå sterkt i hans tid, og som symbol på denne maktstade - ogso kulturelt - står den strålende Nidarosdomen som nett no er ferdigbygd, det ypparste gotiske byggverk i Norderlanda. Men alt i 1328 brann ho, eit fyrebod um den politisk-nasjonale og økonomiske nedgangen i landet som no sette inn.

*) Det er verdt å merka seg at etter måten få lendmenn er nemnde i Trøndelag, endå bygdene her er meir umtala i sogone enn nokon annan landslut.



Romsdal Sogelags stemna på Veøy 1924.

Veøykaupangen.

Midstaden både i det religiøse, det politisk-militære, det rettlege og i det økonomiske i sogetida hev vore den vakre Veøya midt inne i Romsdalsfjorden, noko inn for Sekken. Som det hev vore peika på fyrr, so hev visseleg alt i fyrrhistorisk tid både fylkeshovet og fylkestinget vore her, og etter kvart fredelegt *handelsliv avløyste* vikinglivet og *kristendomen* med sine nye krav til umgjeenge millom menneska knekte heidenskapen, voks Veøy og fram til å verta den *økonomiske* midstaden i fylket. Kaupangen er fyrste gongen nemnd i samband med slaget ved Sekken, i 1162, og so reint liten kann han ikkje ha vore, sidan Håkon Herdebreid „venta seg stor hjelp av bymennene“, Dette treng då ikkje segja so sers mykje. O. Olafsen*) hev visseleg rett når han reknar heile heren til Håkon berre på ei 250 -300 mann, og um då kaupangen kunde skaffa honom ei 50--60 mann, so var det inga ring hjelp. Og det kunde Veøy greida berre med eit folketal på kring 300. Noko meir kunde det heller ikkje godt vera når ein ser på kva jord på, øya kunde ha vore høveleg til bygrunn. Det finn O. Olafsen ikkje kann vera meir enn ei 120---150 mål, altso stroket millom Nørvågen, framum prestegarden og kyrkja til Sørvågen og so eit stykke i nord for dette til „Mortensteinen“ og noko i sud mot Bondvika. Her kann då ha støtt i Kaupangen si likaste blømingstid i det 12. og 13. hundradåret ei 80-90 våningshus

*) Sjå Veøy 1, s. 334 ff.

umfram dei andre husa, som det oftast var nokso mange av. Sjølve byen er knapt eldre enn frå Øystein og Sigurd Magnusson si tid (ca. 1100), mogleg berre frå den fyrste styringstida til Gilllessønene. Den vakre Peterskyrkja, fylkeskyrkja, kann, som det fyrr er peika på, vera bygd alt kring 1150, visseleg fyrr 1200, sidan ho er i romansk stil. Ho er nemnd fyrste gangen i 1308 i eit testament til Bjarne Erlingsson. I 1343 er og nemnd *Krosskyrkja*, visseleg ei stavkyrkje. P. A. Munch fortel og um ei tredje kyrkja i Kaupangen : Mariakyrkja. Dessutan er i ymse brev (diplom) frå millomalderen nemnde fleire gardar på Veøy, soleis: *Kongsgarden*, *Blyfotgarden*, *Bjarnegarden* (Bjarne Erlingssons gard ?) *Marteinsgarden*, *Skråpgarden*, *Teistegarden* og *Ripegarden*. Det kann vera av interesse å ta med noko av innhaldet i desse gamle breva.)* Bjarne Erlingsson, som visstnok hev havt sin eigen gard på Veøy og kanskje vore syslemann i Raumsdal ei tid, gjev i 1308 burt ei mengd jordgods til kyrkjes, kloster og einskildmenn. Soleis fekk St. Peterskyrkja på Veøy ½ pund i *Rundtal* på *Stranden*.

I *Bjarnegarden* hev den 19. mai 1343 vorte stadfest at Asbjørn Asbjørnsson hev selt garden sin *Sogge* i Romsdalen til Erling Vidkunsson (av Bjarkøyætta, likeeins som Bjarne Erlingsson). Vitne er *Benedikt*, prest i Krosskyrkja på Veøy, Arne Steffensson og Ivar Otteson. Enkja til Asbjørn, Gjertrud Sigleivsdotter, er tilstades og vedkjenner seg denne handelen.

Eit anna brev frå 14. oktbr. 1358 gjeld garden *Bogge* i Eirisfjord. Vitna er Arne Blyfot (Blyfotgarden) og Eiliv Arneson.

I eit anna diplom av 20. juli 1390 frå *Sogge* kunngjer Sigurd Marteinsson, Olav Vilhjalmsson og Jon Andreasson at dei var tilstades på Veøy siste måndag fyrr Margretamesse og var vitne til at velborne Jon Marteinsson og Ingrid Mysteinsdotter gjorde ein avtale, der herr Jon sikra henne so mykje jord i *Torvik*, som herr Sigurd og fru Ingebjørg, d. e. herr Sigurd Hafthorsson og kone Ingebjørg Erlendsdotter, gav Uppgard. husbonden hennar, og henne i hennar levetid. Sidan skulde jorda falla attende til Jon Marteinsson. Dei personane som er nemnde høyrer til dei mektige Sudrheims- og Losnaættene.

Den handelen Veøy dreiv hev truleg for det meste vore *millomhandel*. Dei varone dei kjøpte av bøndene rundt i fjordane, drog

*) Sjå og D. N. II. 279 og 259, III 399, XIII. 25, III. 341, X. 166, III. 966, V. 683, I. 990 og IX 402, um saker frå åra 1347, 1362, 1375, 1368, 1369, 1438, 1430, 1489, 1490 og 1497. Ved å taka fyre seg dei ymse diploma frå denne tida, vil ein finna ei mengd um gardkjøp i bygdene våre. Rettledning um kva brev ein skal ta fyre seg, finn ein i O. Rygh: N. G. XIII. Diploma er nemnde for kvart gardsnamn.

dei til Bjørgvin eller Nidaros med og fekk avsett der. Det var vel helst *skinn, huder, fisk og sild, tjøre og trelast*. Det er elles fyrst på reformasjonstida det vert noko skot i trelastutførsle frå bygdene våre (vasssaga). Og hev det nok vore ein grand umsetnad av kjøt, smør og korn, serleg til bruk for bymennene sjølve. Mange av dei hev visseleg vore handverkarar, skomakarar, smedar, båt- og skipsbyggjarar t. d. Dei arbeidde då kanskje for folk i både den eine og andre bygda og fekk matvaror til betaling. Mot slutten av denne tida gjorde kongane mykje for å hjelpa fram byane, soleis freista dei hindra bøndene sjølve i å drive handel, noko som ikkje få dreiv med i sogetida. Serleg med „hansetida” og „svartedauden“ (1349) kom det reine atterslaget for byane, soleis og for Veøy, som visseleg alt no vart knekt for alltid. Eit dokument frå *Olav Håkonsson* si tid, dagsett 19. august 1384, fortel oss sers mykje um dette: „Me og vårt råd, bispar, riddarar og andre, både læke og lærde, kann vel i sanning merka at kaupstadene våre Bjørgvin, Nidaros og Vågen og dei andre småbyane, som hev vore fyrr, er forderva og lagde aude, fordi at farmennene ikkje lenger reiser til dei kjøpstemna med varone sine, som dei for til fyrr.

Me forbyd å fara til andre kjøpstemne enn dei som her er nemnde: Dei frå Finnmark og Helgeland til *Vågen*, dei frå Namdalen, Trondheim fehirdsle og Nordmøre til *Nidaros*, dei frå *Raumsdal* til *Veøy* og dei frå Sunnmør til *Borgund*. Og bymennene våre i Bjørgvin skal fara til *Vågen* og der halda kjøpstemne“. Serleg ille for byane vart det at hanseatane tok til å draga inn i fjordane og drive tuskhandel direkte med bøndene. Det er lett å skyna at det laut gå ut med Veøy i denne tida. (ca. 1400).

Merkeleg er det at det er so få minningar um denne farne tida i Veøy. Rettnok er fylkeskyrkja det fagraste fortidsminne bygdene våre eig, men elles er det sers lite. Skipsstuene og gravhaugane er nemnde fyrr.*)

Sogetida er på so mange vis ei rik tid for folket vårt. Men det er no mange spursmål ein må lata liggja når plassen er liten; serleg når det gjeld det religiøse og kulturelle livet er so altfor mykje usagt. Men den rike litteraturen me hev frå denne tida er både billeg og lett å få tak på i originalutgåvor for kvar og ein, so *denne* sida ved sogetida sitt liv *kann* ein lettare fara yver.

Det var ei lagnadstung hending at „Haraldsætti øydstet” i 1319. „Ilt vart skifte“ som kom med barnekongar, formyndarstyre og framandstyre. „Måttlaus, modlaus og minnelaus vart lyden” i lange tider, ikkje berre i Veøy. Det vart nok tunge vegar å gå, i *ættleder*, for både den eine og den andre i Romsdalsbygdene.

*) Det bør nemnast at Veøy i si likaste tid (ca. 1200) kanskje hev havt ein myntverkstad. *Schive* (i sitt verk um dei norske myntene) segjer tri mynter skal vera herifrå. Ei av dei hev stemplet V, dei tvo andre Ve.

Innholdsliste.

Innleiing	side	5
Tida fram til rikssamlinga. Den eldre steinalder.		
Istida, strandlinor og terassar	„	8
Den fyrste busetnaden	„	11
Kvar dei fyrste romsdøler er komne frå	„	13
Bustad, livsvilkår og levemåte i eldre steinalder	„	18
Den yngre steinalder og den faste busetnad.		
Helleritingane på Bogge	»	24
Myrpålane	»	31
Harøyhytta og Ortagammen	»	36
Miøyholone	»	38
Ein ny folkesetnad. Krøter og korn og fast busetnad	»	42
Bronsetida	»	46
Jernalderen. Den eldre jernalder.		
Siste bolken fyre Kristus. Pyteasferda	„	50
Den romerske jernalderen	„	54
Folkevandringstida og småriktida. Nytt folkeinnsig	„	55
Makt, rett og religion	„	70
Yngre jernalder.		
Jordfund og faste fornleivningar fortel	»	83
Den skrivne saga tek til	»	103
Raumsdøler gjer landnam på Island	»	111
Namneverket i fylket.		
Gardsnamna	»	117
„Vingardar“	»	121
„Heimgardar“ og „Stadgardar“	»	123
„Landgardar“	»	125
„Setgardar“ og „Rudgardar“	side 126	og 128
Attersyn	side	129
Raumadalføret og fylkesnamnet	»	130
Raumanamnet	»	137
Noko um dei andre herads- og bygdenamna		139

Ætt og samfund. Åndeleg og materielt liv i vikingtida side 145

Romsdalsbygdene i sogetida.

Frå Håkon den gode til borgarkrigane. Politiske ovringar.	
Den nye herskipnaden med skipreidor og vitar .	» 153
Den fyrste freistnaden på å innføra kristendomen .	» 159
Kristendomen og kyrkjeskippnad. Raumsdal under svenskekongen	» 162
Åra kring 1030. Kong Olav og Jokul Skald.	
Brotet med danestyret i Frekøyarsund	167
Fredsstyret frå 1035-1135.	
Kong Øystein døyр på Hustad (1123)	172

Romsdalen i borgarkrigtida og styringstida til Sverrerætta.

Hendinga ved Sekken i 1162.	
Eirik av Hen og Nikolaus av Vestnes	174
Fylkes- og bygdestyring	» 183
Veøykaupangen	» 186

.....

Boka hev 77 illustrasjonar.

.....

Rettingar :

- Side 10, siste lina: Molde skal vera *Malo*.
- Side 63: 11--14 lina skal lyda: I saga um *Balder* høyrer me at *Modgudr*, som passar Gjallarbrua, fortel Hermodr "at hinn fyrra dag rida um bruna å Helveg fimm fylki daudra manna".
- Side 112: fylkesvisone skal vera *folkevisone*.
- Side 120, siste lina: ei- skal vera u-